


Anders Austefjord



VÅRE SPRÅKLEGE
RØTER

Ei innføring i indoeuropeisk

VÅRE SPRÅKLEGE
RØTER
Ei innføring i indoeuropeisk

av

Anders Austefjord

E-bok publisert mai 2011

ISBN 978-82-8088-408-4

<https://bora.uib.no/>

© Anders Austefjord 2011

FØREORD

Den indoeuropeiske språkvitskapen er eit imponerande byggverk, som mange granskarar har vore med å reisa i over tohundre år. Som venta er litteraturen omfattande. Ein vil finna alt frå korte artiklar om spesialemne til framstillingar i fleire bind. Mykje av det som er skrive krev store førehandskunnskapar. I denne boka prøver vi å teikna nokre hovudtrekk når det gjeld lydlære, formlære og ordlagning. Dessutan kjem vi inn på framveksten av faget, og vi kan heller ikkje unngå det spanande og omdiskuterte spørsmålet kor indoeuropeisk frå først av vart tala. Vona er at interesserte lesarar kan tileigna seg eit grunnlag til å byggja vidare på. For å gjera det lettare går vi til dels ut frå moderne språk, særleg gjeld det i formlære.

Prof. Oddvar Nes og cand. philol. Oskar Vistdal har lese manuskriptet og gjeve gode råd og verdfull rettleiing. Førstebibliotekar Rune Kyrkjebø har teke seg av utgjevinga som nettbok, og kona mi, Ellen Margrethe, har teikna framsida. Alle desse skuldar eg stor takk.

Bergen, april 2011
Anders Austefjord

INNHALD

1 Oversyn over dei indoeuropeiske språka i gammal og ny tid

Indo-iransk	9
Tokarisk	10
Armensk	10
Hettittisk	10
Gresk	10
Slavisk	11
Baltisk	11
Albansk	12
Italisk	12
Germansk	13
Keltisk	13

2 Kort historikk

Den eldste tida fram til 1860-talet	15
Den andre perioden med indoeuropeiske studium	18

3 Det rekonstruerte indoeuropeiske lydsystemet

Det ”klassiske” (junggrammatiske) systemet	23
Laryngalteorien	26

4 Lydutviklinga fram til nokre av dei seinare greinene/språka

Germansk	27
Indo-iransk	34
Gresk	37
Italisk	41
Slavisk	45
Baltisk	49

5 Formlære (morfologi)

Innleiande merknader	53
Nomenet	55
Stammedanning av substantiv og adjektiv	57
Kasusformer av substantiv og adjektiv	60
Pronomen	64
Meir om adjektiv	65
Artiklar	66

Talord	69
Verbet	72
Dei grammatiske kategoriane til verbet	72
Det finitte verbet frå ein indoeuropeisk synsstad	76
Dei infinitte verbformene	87

6 Ordlaging

Innleiande merknader	95
Samansetjing	96
Nominale samansetningar	96
Verbale samansetningar	98
Avleiing	99
Nominale avleiingar	100
Verbale avleiingar	108

7 Ordtilfang, kultur, utbreiing

Det indoeuropeiske ordtilfanget	115
Det indoeuropeiske urområdet	122

Litteratur	127
-------------------------	-----

Språknemningar og teikn	128
--------------------------------------	-----

OVERSYN OVER DEI INDOEUROPEISKE SPRÅKA I GAMMAL OG NY TID

Mange av språka i verda – truleg dei fleste – kan delast inn i det vi med eit metaforisk uttrykk kallar språkfamiliar. Som namnet seier, er desse språka i slekt med kvarandre. Med det meiner ein at medlemene av ein og same familie kvar for seg er ei vidareutvikling av eit felles urspråk. Dette er normalt ikkje overlevert, men kan i nokre tilfelle eit stykke på veg rekonstruerast. Den største språkfamilien er utan tvil den indoeuropeiske, som m.a. omfattar det aller meste av Europa, Amerika og Australia. Ein kan og nemna at utanom sino-tibetansk er indoeuropeisk den einaste språkfamilien som er på frammarsj; alle andre er nokolunde stabile, eller dei går attende når det gjeld talet på brukarar.

Her følgjer eit stutt oversyn over greiner og einskildspråk som indoeuropeisk kan delast inn i. Vi reknar dei opp frå aust mot vest. Det samsvarar også til ein viss grad med tidspunktet for den eldste overleveringa.

1.1 INDO-IRANSK

Alt for over 3000 år sidan vandra folk med indoeuropeisk språk inn i det som no er Iran, Pakistan og India. Her oppstod det etter kvart skriftkulturar. Dei eldste tekstane har religiøst innhald. Frå India kjenner vi dei ca. 3000 år gamle vedahymnene, og det er vanleg å kalla språket i desse *v e d i s k*.

I India oppstod det tidleg ein grammatisk tradisjon, der grammatikarane gjorde eit svært grundig arbeid når det galdt analyse og normering av skriftspråket. Dette er best kjent under namnet *s a n s k r i t* og hadde sin klassiske periode om lag 400 f.Kr., men dei overleverte handskriftene er av yngre dato. Namnet tyder 'finslipt' (i samsvar med dei grammatiske reglane). Som lærdomsspråk og liturgisk språk for hinduisme og buddhisme har sanskrit levd vidare til i dag. Talespråket gjekk etter kvart over i mellom- og nyindisk. Til sistnemnde høyrer m.a. *u r d u*, *b e n g a l i* og *h i n d i*.

Dei eldste iranske minnesmerka er innskrifter frå ca. 500 f.Kr. Ein skil gjerne mellom *g a m m a l p e r s i s k* og den austlegare varianten *a v e s t i s k*, som har namn etter den heilage boka Avesta. Eit moderne språk er *p e r s i s k*. Iransk er no namnet på ei gruppe nærskyldte språk, persisk er eitt av dei. Hit høyrer også t.d. *p a s h t o* i Afghanistan, *o s s e t i s k* i Kaukasus og *k u r d i s k* i grenseområdet mellom Tyrkia, Irak og Iran.

1.2 TOKARISK

Dette er ei grein som for lengst er utdøydd, men som er kjend gjennom ca. 1300 år gamle innskrifter frå Tarimbekkenet i Sentral-Asia. Området høyrer no til den kinesiske provinsen Xinjiang. Det er her tale om to nærskylde språk: t o k a r i s k A og B. Interessant er det at denne greina langt mot aust har ein del felles trekk med vestlege språk som italisk og keltisk. Døme på dette viser vi m.a. s. 50. Ikkje berre det; ein har også funne mumiar kledde i drakter med mønster og vevnad som minner om kiltstoff. Det synest her å dreia seg om eit folk som kom langt vestfrå og slo seg ned i Sentral-Asia.

1.3 ARMENSK

Truleg kom dette språket med indoeuropeiske innvandrarakar til det kaukasiske området for om lag 2500 år sidan. Det utgjer ei eiga grein. Skrifttradisjonen går attende til det 5. hundreåret e. Kr. Som ein del andre folk i Kaukasus har armenarane sitt eige alfabet, laga av munken Mesrop kort etter år 400. Leksikalsk vart armensk tidleg sterkt påverka av iransk, noko som gjorde at granskarane like til 1870-åra såg på språket som ein medlem av denne gruppa.

1.4 HETTITTISK

I nærleiken av Ankara fann ein tidleg på 1900-talet leirtavler med innskrifter på eit til då ukjent språk. Det viste seg at det her dreidde seg om eit indoeuropeisk språk, og at dette hadde spelt ei viktig rolle i det mektige hettittar-riket, som gjekk under ca. 1200 f.Kr. Dermed døydde også språket ut. Då det vart oppdaga på nytt, var det nærliggjande å kalla det h e t t i t t i s k. Nokre av tekstane er nær 4000 år gamle, og dermed dei eldste som ligg føre på noko indoeuropeisk språk. Trass i det har hettittisk eit etter måten enkelt formverk, særleg når det gjeld verbalsystemet. Ein del granskarar meiner at hettittisk skilde lag med resten av indoeuropeisk på eit tidleg stadium og difor har ei særstode.

1.5 GRESK

Eit anna språk som kan følgjast langt attende i tida, er g r e s k. På Kreta fann ein tidleg på 1900-talet dei såkalla linear B-tavlene med innskrifter frå ca. 1400 f.Kr. Innskrifter frå Peloponnes er nesten like gamle. Alle er skrivne i ei stavingsskrift av ukjent opphav. Språket er ei tidleg form for gresk, som ein gjerne kallar m y k e n s k etter stadnamnet Mykene. På 800-talet f.Kr. overtok hellenane det fønikiske alfabetet. Ei viktig vidarefør-

ing av dette skriftsystemet var at dei innførde eigne vokalteikn, noko dei semittiske alfabet mangla.

Innskrifter og litteratur frå klassisk tid er for det meste på fire hovuddialektar: j o n i s k - a t t i s k, d o r i s k - n o r d v e s t g r e s k, a k h e i s k og e o l i s k. På 300-talet f.Kr. oppstod det eit fellesspråk, k o i n é, som m.a. Det nye testamentet er skriva på. Frå koiné har nygresk med sine to skriftspråk (k a t h a r é v o u s a og d i m o t i k í) og ei rad dialektar utvikla seg.

1.6 SLAVISK

Denne greina av indoeuropeisk deler ein inn i tre grupper: a u s t - , v e s t - og s ø r - s l a v i s k.

Til den første høyrer dei tre russiske språka, nemleg s t o r r u s s i s k (det ein til vanleg kallar r u s s i s k), v e s l e r u s s i s k (betre kjent som u k r a i n s k) og k v i t e - r u s s i s k.

Vestslavisk omfattar p o l s k, t s j e k k i s k, s l o v a k i s k og s o r b i s k. Det sistnemnde vert tala i Lausitz søraust for Berlin.

Sørslavisk er den gruppa ein kan følgja lengst tilbake i tid. På 800-talet sette slavarapostlane Kyrillos og Methodios om Bibelen til ein sørslavisk dialekt. Dei laga også eit eige alfabet, det kyrilliske, som med ein del endringar framleis vert nytta av dei gresk-katolske (ortodokse) slavarane. Dette bibelspråket, også kjent som k y r k j e s l a v i s k eller g a m m a l b u l g a r s k, har opp gjennom hundreåra hatt nokolunde same stilling i den gresk-katolske kyrkja som latin i den romersk-katolske. Det har også hatt stor innverknad på nasjonalspråka, ikkje minst russisk. Til sørslavisk høyrer også det språket ein tradisjonelt kallar s e r b o k r o a t i s k. Særleg etter at den jugoslaviske staten gjekk i oppløysing i 1990-åra, har nemninga vore omstridd; no er det vanlegare å snakka om s e r b i s k, k r o a t i s k og b o s n i s k. Dei skriftlege variantane av desse språka stemmer likevel godt overeins i grammatikken og storparten av ordtilfanget. Ein lett synleg skilnad er at serbisk vert skriva med kyrillisk, men kroatisk og bosnisk med latinsk alfabet. Dei andre sørslaviske språka er s l o v e n s k, b u l g a r s k og m a k e d o n s k, sistnemnde med skriftspråk frå 1947.

1.7 BALTISK

Dei baltiske språka hadde tidlegare ei vidare utbreiing enn i notida. Om det vitnar stadnamn innover på russisk og kviterussisk område. Dei to nolevande språka er l i t a u i s k og l a t v i s k. Frå det 16. og 17. hundreåret kjenner ein det no utdøydd g a m m a l - p r ø y s s i s k.

I den grammatiske strukturen har baltisk halde på mange gamle trekk. Særleg gjeld dette litauisk, som mange ser på som det mest alderdommelege av alle nolevande indoeuropeiske språk. Difor har litauisk også alltid hatt ein heidersplass innanfor den jamførande språkvitskapen. Ei genitivform som *sūnaus* (til *sūnus* 'son') kan visa dette. Truleg har endinga *-aus* halde seg uendra like sidan indoeuropeisk urtid.

1.8 ALBANSK

Ei grein for seg utgjer *a l b a n s k*, som ligg føre i ein nordleg og ein sørleg variant. Skriftnormalen er langt på veg eit kompromiss mellom desse to, likevel med hovudvekt på den sørlege. Førhistoria til albansk er uviss, først og fremst fordi språket er mykje omforma grammatisk. Der er òg ei mengd lånord frå nabospråka, særleg latin, slavisk og gresk. Meir enn 400 år med tyrkisk herredøme har like eins sett sitt tydelege preg på ordtilfanget. Nokre granskarar meiner at albansk er ein ætling etter oldtidsspråket illyrisk (s. 14). Uansett kan ein undra seg over at albanarane trass i ei heller turbulent historie har greidd å ta vare på språket sitt.

1.9 ITALISK

Dette er ei fellesnemning for nokre indoeuropeiske språk som i oldtida vart tala i Mellom-Italia, mellom dei *o s k i s k* og *u m b r i s k*. Best kjent er *l a t i n*, opphavleg språket i byen Roma og landskapet Latium. Utbreiinga av latin heng nøye saman med veksten av Romarriket. Særleg i den vestlege delen trengde latinen unna dei eldre lokale språka – berre baskisk har overlevd til inn i vår tid. Etter at Romarriket hadde falle ihop – Vestrikket vart oppløyst i 476 – gjekk den talte latinen (også kalla vulgærlatin) med tida over i dei *r o m a n s k e* språka. Desse er: *I t a l i e n s k*, med skriftspråk som i hovudsak byggjer på dialekten i Toskana. *P r o v e n ç a l s k* i Sør-Frankrike var i mellomalderen eit viktig kulturspråk, særleg som medium for trubadurlyrikken. Krosstog og krigar enda denne blomstringstida, men provençalsk lever vidare som talespråk og har i seinare tid styrkt stillinga si. *F r a n s k* vert utanom i Frankrike også tala i deler av Sveits og Belgia. Vidare er det hovudspråket i den kanadiske provinsen Quebec. I mange tidlegare franske koloniar som t.d. Kamerun og Tchad fungerer fransk som felles medium for folk frå ulike språkgrupper. *K a t a l a n s k* er no eit viktig språk i Catalonia i Spania, der det offisielt er likestilt med spansk. I Andorra er det jamvel offisielt einespråk. Etter at Franco-epoken enda, har det vore ei aktiv katalansk målreising, som også har fått innpass i byane, t.d. i Barcelona. *S p a n s k* – også kalla *k a s t i l j a n s k* – er det romanske språket som har vidast utbreiing. Som eit resultat av "oppdagingane" i tidleg nytid talar no, med unntak av Brasil, storparten av folkesetnaden i Mellom- og Sør-Amerika spansk. Også i USA er der ei stor gruppe spanskspråklege (ca. 35 mil). *P o r t - u g i s i s k* er utanom Portugal også offisielt språk i Brasil, og vert dessutan nytta ein del i tidlegare portugisiske koloniar som Angola og Mosambik. I den sveitsiske kantonen Graubünden finst ein del romanske dialektar som ein gjerne samanfattar under namnet *r e t o* –

r o m a n s k eller l a d i n s k. R u m e n s k er geografisk skilt frå dei andre romanske språka. Det stammar frå romarar som busette seg i Dacia, etter at dette området ca. 100 e.Kr. var blitt innlemma i Romarriket. Rumensk er både i grammatikk og ordtilfang ein del påverka av nabospråka, m.a. har det som bulgarsk og albansk etterhengd bunden artikkel. På dette punktet kan det rett nok vera rumensk som har påverka dei to andre.

1.10 GERMANSK

Denne greina deler ein liksom slavisk tradisjonelt inn i tre grupper: a u s t -, v e s t- og n o r d g e r m a n s k.

Den austgermanske gruppa er no utdøydd. Best kjent er her g o t i s k, som er overlevert gjennom ei bibelomsetjing frå ca. 350. Så seint som på 1500-talet vart ei gotisk ordliste nedteikna på Krim (k r i m g o t i s k). Også dei mindre kjende språka til stammer som vandalar, gepidar og burgundarar ser ein på som austgermanske.

Til vestgermansk høyrer først og fremst e n g e l s k, n e d e r l a n d s k og t y s k. Frå nederlandske kolonistar i Sør-Afrika stammar boarspråket a f r i k a a n s. Langs sørkysten av Nordsjøen finn vi f r i s i s k. I den nederlandske provinsen Friesland (hovudstad Leeuwarden/Ljouwert) er frisisk offisielt språk ved sida av nederlandsk. Dette er eit resultat av aktivt målreisingsarbeid. Også på tysk område – særleg på øyane utanfor Schleswig – vert det tala frisiske dialektar. Desse skil seg mykje frå språket i Friesland. Dei er også innbyrdes nokså ulike, noko som er ei medverkande årsak til at det ikkje har lukkast å få til eit felles skriftspråk her. Likevel fekk frisisk i 2004 status som såkalla amtsspråk i Nordfriesland og på Helgoland.

Nordgermansk kan ein følgja tilbake til 200-talet e.Kr. Fram til ca. 700 vert språket kalla u r n o r d i s k. Dette kjenner ein frå ei mengd runeinnskrifter, som viser at dei språklege skilnadane mellom dei nordiske landa den gongen må ha vore endå mindre enn i dag. Rik og mangslungen er litteraturen på n o r r ø n t mål. Dei moderne språka er n o r s k, s v e n s k, d a n s k, i s l a n d s k og f æ r ø y s k.

1.11 KELTISK

Desse språka er no avgrensa til nokre område på Dei britiske øyane og i Bretagne i Frankrike. Dei moderne språka kan delast i to grupper, nemleg g o i d e l i s k eller g æ l - i s k og b r i t a n n i s k.

Til goidelisk høyrer i r s k, s k o t s k-g æ l i s k og m a n s k. Mansk døydde ut i siste halvdel av førre hundreåret, men sidan har det langt på veg lukkast å liva det oppatt. Ein del har lært det som andrespråk, og det skal no jamvel finnast born som veks opp med mansk som hovudspråk. Det har også offisiell status på øya Man.

Britannisk omfattar w a l i s i s k (også kalla k y m r i s k) og b r e t o n s k i Bretagne. Bretonsk stammar frå britanniske flyktningar i tidleg mellomalder. Ein medlem av denne gruppa er k o r n i s k, som til slutten av 1700-talet vart tala i Cornwall. Også her har ein freista med gjenoppliving, og det skal no vera om lag 300 personar som snakkar kornisk meir eller mindre flytande.

Keltisk måtte tidleg vika for m.a. latin og germansk, men lever i tillegg til dei nemnde språka òg vidare i stadnamn som *Paris, Bonn, Bøhmen, Wien, Galatia* osv.

Nokre andre indoeuropeiske språk er kjende frå gamletida eller førhistorisk tid. Det gjeld m.a. i l l y r i s k, som i tidleg jernalder var utbreitt frå Austersjøen til Middelhavet. Overleveringa har lite omfang; for det meste gjeld det namn og einskildord. Andre oldtidsspråk er v e n e t i s k, t r a k i s k og f r y g i s k. Om dei minner i alle høve bynamnet Venezia og landskapsnamna Trakia på Balkanhalvøya og Frygia i Vesleasia.

KORT HISTORIKK

2.1 DEN ELDSTE TIDA FRAM TIL 1860-TALET

Den historiske språkvitskapen oppstod tidleg på 1800-talet, og var framfor alt ein tysk disiplin. I hovudsak er det to grunnar til denne dreinga over på det historiske. Der må vi først nemna romantikken, som fekk si mest utprega form i Tyskland. Som kjent var romantikken som åndshistorisk retning sterkt oppteken av tidlegare tider, ikkje minst mellomalderen. Gamle manuskript av Nibelungenlied og anna dikting vart henta fram og ivrig studerte. For å forstå tekstane riktig, var det nødvendig med ein god del språkleg arbeid. Snart fekk det språklege tekststudiet sin eigenverdi, og forskarane begynte etter kvart å interessera seg for samanhengen mellom det gamle språket og det moderne. Kva hadde i mellomtida skjedd med lydar, former, setningsstrukturar og ordtydingar? Ved å stilla slike spørsmål var ein straks inne i eit historisk studium av språket.

Den andre grunnen til den språkhistoriske interessa var at europeiske språkfolk litt før år 1800 fekk kjennskap til sanskrit (sjå ovanfor). Dette førde med seg ikkje berre auka interesse for India og indisk kultur. Studiet av sanskrit bar også rike frukter for språkvitskapen. Gjennom dette arbeidet fekk europearane kjennskap til den gamle og på mange måtar høgtstående grammatiske tradisjonen i India, noko som òg var fruktbart for studiet av europeiske språk. Endå viktigare i denne samanhengen var at granskarane no for alvor fekk syn for slektskap mellom språka. Leksikalske korrespondansar mellom gresk, latin og germansk hadde lenge vore kjende, t.d.

gr. *agros* (agronom) – lat. *ager* – no. *åker*

alle med nokolunde same tyding. Ei nærliggjande forklaring var at det i slike tilfelle dreidde seg om lån; desse språka høyrer til den same kulturkrinsen, og så mange kulturelle impulsar hadde vandra frå Hellas til Rom og så vidare til dei germanske folka, så kvifor ikkje også leksikalske einingar? Men no viste det seg at ordet også finst i sanskrit, der med den lett atkjennelege forma *ajras*. Og her var det ikkje lenger nærliggjande å rekna med lån, ettersom India høyrde til eit heilt anna kulturområde. Den rimelegaste forklaringa var at kvart av orda representerte ei vidareutvikling av ei felles urform, altså måtte dei respektive språka vera i slekt.

Det synt seg snart at fleire andre europeiske og asiatiske språk høyrde til same familien, såleis keltisk, slavisk og persisk. Studiet av slektskapen mellom dei kom snart til å utgjera

ein ny disiplin, nemleg *den samanliknande språkvitskapen*. Familien fekk sjølvsagt også sitt namn, mest utbreidd er *indoeuropeisk*. I Tyskland er *indogermanisch*, som er ei oppkalling etter den austlegaste og vestlegaste greina, framleis mykje nytta.

Det kan vera nærliggjande å omtala kort tre granskarar som gjorde eit grunnleggjande arbeid i den tidlege fasen av indoeuropeiske studium. Som sjølve grunnleggjaren reknar ein gjerne tyskaren FRANZ BOPP (1791–1867). Han la seg i unge år etter studiet av det nyleg oppdaga sanskrit. Det var ikkje først og fremst ordlikkskapar som den nyss nemnde som gjorde inntrykk på han. Meir feste han seg ved uregelrette trekk i bøyinga som gjekk att i fleire språk. Særleg byr verbet på mangt som i så måte er påfallande. Dei som har lært tysk, kjenner presensformer som *ist* (3. pers. eintal) og *sind* (3. pers. fleirtal av *sein* 'vera'). Desse kjenner ein lett att i skt. *asti* og *santi*. (Lesaren kan lett finna ut kva som er likt og ulikt.) Liknande former finst òg i latin: *est*, *sunt*. Dette kunne ikkje vera tilfeldig. Og det kunne like lite dreia seg om lån som når det galdt *ajras*, *agros*, *ager*, *åker*. Bøying er i det heile eit område der språk i liten grad påverkar kvarandre. Også her måtte forklaringa vera arv frå eit felles urspråk. Studiane til Bopp resulterte først i boka *Über das Conjugationssystem der Sanskritsprache in Vergleichung mit jenem der griechischen, lateinischen, persischen und germanischen Sprachen* (Om konjugasjonssystemet i sanskrit jamført med det i gresk, latin, persisk, og germanske språk, Frankfurt am Main 1816). I seinare arbeid la Bopp stadig fleire språk under lupa, m.a. keltisk, baltisk og albansk, som han heilt riktig klassifiserte som indoeuropeiske. Han skreiv òg ein jamførande grammatikk over "alle språka som er i slekt med sanskrit". Også dette verket hadde ein ageleg tittel: *Vergleichende Grammatik des Sanskrit, Zend, Griechischen, Lateinischen, Litthauischen, Gotischen und Deutschen*. Det kom ut i fleire deler i åra mellom 1833 og 1852 og fyller ca. 1500 sider. Bopp sette seg ambisiøse mål: Han ville rekonstruera det opphavlege formverket i desse språka med dei overleverte formene som utgangspunkt. Han prøvde òg å analysere vidare fleire av dei rekonstruerte formene – det ein kallar intern rekonstruksjon. Endeleg ville Bopp finna ut kva lydendringar som hadde funne stad. Mest fruktbart var det første av desse måla. Han såg på gresk og sanskrit som mest like urspråket i grammatisk struktur. Ut frå dette kunne strukturen i dei andre språka forklarast som forenkling eller omdanning. Dette synet rådde lenge grunnen og er framleis vanleg. Meir om det seinare. Når det galdt dei to andre måla, var Bopp meir spekulativ. Såleis meinte han at mange verbformer hadde si forklaring i samansetningar med rota **es-/s-* 'å vera'. Dette har seinare vist seg å vera eit mistak. Bopp såg tydeleg at lydutviklinga langt på veg var regelmessig. Han nytta jamvel ordet *Lautgesetz* 'lydlov' for å framheva dette. Likevel var Bopp ofte ukritisk når han ville forklara dei ulike formene frå ein lydhistorisk synsstad.

Materialet Bopp arbeidde med var sers omfattande. Det dreidde seg om upløgde mark og feilskjer var ikkje til å unngå. Han la likevel eit fundament som all seinare gransking innanfor indoeuropeisk har kunna byggja på.

Den andre av pionerane som skal nemnast i denne samanhengen, er dansken RASMUS RASK (1787–1832). Interesse hans for språk og språkslektskap vakna tidleg, og i sitt heller korte liv rakk han å skaffa seg kjennskap til mange språk, også slike som ikkje høyrer til indoeuropeisk, t.d. eskimoisk, baskisk og samisk. Medan Bopp var aller mest

oppteken av formverket, var det lydkorrespondansar som særleg vekte interesse hos Rask. Han var såleis den første til å skildra dei endringane vi seinare kjenner som *den germanske lydforskyvinga*. Dette gjer han i boka *Undersøgelse om det gamle Nordiske eller Islandske Sprogs Oprindelse* (1818). Den var resultatet av ei pristevling som Det danske vitskapsakademiet arrangerte i 1811. Rask jamfører nøye ei mengd ord som liknar kvarandre i form og tyding og fester seg særleg ved regelrette korrespondansar, dvs. slike som går att i mange ord. Her byr konsonantane på flest overraskingar. Der andre indoeuropeiske språk som gresk og latin har *p*, har germansk *f*. Vidare fann Rask korrespondansar av typen *k – h*, *d – t*, *t – þ*, *g – k*. Nokre døme kan illustrera dette:

gr. *patēr* – lat. *pater* – gno. *faðir* 'far'
lat. *cornu*¹ – gno. *horn* 'horn'
lat. *dēns* – gno. *tōnn* 'tann'
gr. *treis* – lat. *trēs* – gno. *þrír* 'tre'
lat. *augere* – gno. *auka* 'auka'

At det var slik, måtte vera resultatet av *ei regelbunden lydutvikling*. Ein tenkte seg då at latin, gresk og andre språk i desse orda hadde halde på dei opphavlege lydane, medan dei etter faste reglar hadde vorte endra i germansk. Denne oppfatninga har stort sett halde seg til i dag.

Med endå større beleggsamling enn Rask synte JACOB GRIMM (1785–1863) regulariteten i lydutviklinga. Hovudverket hans er *Deutsche Grammatik* i fire band (1819–1837). Her har *deutsch* ei vidare tyding enn den som no er vanleg. Grimm trekte inn materiale frå alle germanske språk i gammal og ny tid. Han gav ei utførleg og systematisk framstilling av den alt nemnde germanske lydforskyvinga, som difor særleg i engelskspråklege land vert kalla *Grimms lov*. Sentralt hos Grimm står oppfatninga av språket som ein organisme som har sine eigne lover for vekst og forfall. Vekstperioden låg i den førhistoriske tida, og den resulterte i eit høgt utvikla, etter manges meining fullkome formsystem, som seinare kom i forfall, dvs. det vart nedslite og forenkla. Dette ser vi tydeleg når vi jamfører former i gammalgermansk med tilsvarande i moderne germansk, t. d. got. *habaidēdum* (1. pers. fleirtal preteritum av *haban* 'ha') og no. *hadde*, eng. *had*. Langt utover i hundreåret var dette eit vanleg syn på språkhistoria, og det kan neppe vera tvil om at blømande naturvitskapar som botanikk og anatomi påverka tankegangen til språkgranskarane i samtida. Naturvitskapane med sine eksakte metodar kom såleis til å legitimera den unge språkvitskapen.

Hos alle dei tre nemnde og deira næraste etterfølgjarar var det likevel ei mengd oppfatningar som seinare viste seg å vera feil, m.a. i synet på vokalismen. Såleis var det vanleg å sjå på *a*, *i*, *u* som dei opphavlege vokalane i indoeuropeisk. Grunnen var først og fremst at desse tre har ein sentral plass i sanskrit, som ein rekna som det mest alderdommelege av dei overleverte språka. Men dette synet kunne også støtta seg på vokalvekslingar i germansk:

¹ *c* vart alltid uttala [k] i latin.

ty. *finden* : *fand* : *gefunden*
no. *finna* : *fann* : *funne*

I ettertid har det vist seg at vokalismen i desse verbformene er spesifikt germansk. På den måten fekk ein også eit feil syn på avlyden, dvs. den vokalvekslinga som m.a. ligg føre ved sterke verb – meir om dette seinare.

Den tidlege perioden av samanliknande indoeuropeiske studium tok slutt omkring 1860. To arbeid av tyskaren AUGUST SCHLEICHER (1821–1868) markerer avslutninga, nemleg *Compendium der vergleichenden Grammatik der indogermanischen Sprachen* (1861) og *Die Darwinsche Theorie und die Sprachwissenschaft* (1863). Gjennom det første får forskinga si tematiske og gjennom det andre si metodiske avslutning. Sistnemnde tittel viser tydeleg den naturvitskapelege orienteringa.

2.2 DEN ANDRE PERIODEN MED INDOEUROPEISKE STUDIUM

Etter nokre år med heller liten aktivitet byrja omkring 1875 den andre perioden, den såkalla junggrammatiske. På den tida kom det ut fleire arbeid som på avgjerande måte kom til å styrkja inntrykket av at lydutviklinga er regelrett. No vart det jamvel vanleg å tala om *unntakslause lydlover*. Det har vore hevda – og truleg med rette – at oppfatninga av den fonetiske utviklinga som eit resultat av unntakslause lover var det mest karakteristiske kjenneteiknet ved junggrammatikarane.

I land med germanske språk er det best kjende av desse arbeida ein artikkel av dansken KARL VERNER (1846–96) med tittelen 'Eine Ausnahme der ersten Lautverschiebung'. Den kom ut i 1877 i *Zeitschrift für vergleichende Sprachforschung*. Og *die erste Lautverschiebung* er den same som den germanske, som vi alt har vore inne på. Både Rask og Grimm har i inn- og utlyd ei mengd former som ikkje stemmer med hovudreglane ($p > f$, $t > þ$ osv.). Vi skal kort sjå på eit døme som ikkje stemmer med regelen $t > þ$ og nyttar då latinske og gotiske former. Gotisk høver som så ofte elles godt når det gjeld germansk, ettersom språket i sitt lyd- og formverk er nokså alderdommeleg. Vi tar orda for 'bror' og 'far', som begge er gamle og har vid utbreiing i indoeuropeisk:

lat. *frāter* 'bror' – got. *brōþar* ($t > þ$)
lat. *pater* 'far' – got. *fadar* ($t > ð$, skrive *d*)

Ordet 'bror' ter seg som venta: ($t > þ$), medan 'far' i gotisk har den stemde lyden [ð]. Slikt verka gåtefullt for den eldre granskargenerasjonen, men no viste Verner at utviklinga i germansk ikkje var tilfeldig, den kunne nemleg forklarast ut frå plasseringa av aksepten i indoeuropeisk: I ordet for 'bror' låg den opphavleg på første stavinga, difor utvikling til den ustemde $þ$ mellom vokalane i samsvar med hovudregelen. Ordet som tyder

'far' hadde derimot aksentuert endestaving i indoeuropeisk, og sikkert også i den eldste germansken (urgermansk), noko som førde til at konsonanten vart stemd: $p > \delta$. Seinare vart aksenten generelt trekt fram til første staving i germansk, men den stemde konsonanten vart ståande uendra. Verner jamførde dei germanske formene med former i indoeuropeiske språk der aksenten ikkje var bunden til ei viss staving, t.d. vedisk *bhr̥tar-* og *pitár-*. Oppdaginga til Verner kan formulerast slik: Dei ustemde indoeuropeiske plosivane p, t, k er i germansk blitt stemde frikativar i innlyd mellom vokalar og i utlyd etter vokal når aksenten opphavleg *ikkje* låg på nærast føregåande vokal. I eit ord som *brōþar* derimot med aksenten på første vokal frå gammalt av, der ser vi den "normale" utviklinga $t > þ$. Oppdaginga gjorde eit veldig inntrykk. Den viste nemleg at det som tidlegare såg ut til å vera tilfeldig, eigenleg var heilt regelrett, det galdt berre å finna forklaringa og formulera regelen. Det er typisk at Verner kalla utviklinga til stemd konsonant 'eit unntak', men snart vart den kjend som 'Verners lov'. Dermed fanst det ikkje lenger noko unntak frå den germanske lydforskyvinga; alt fall på plass innanfor eit fint regelsystem. Det var heretter heller snakk om reglar for unntaka enn unntak frå reglane.

Tidlegare har vi vore innoom det sterke verbet *finna* med vekslinga $i : a : u$ både i norsk og tysk. Nærare gransking viste at denne såg annleis ut frå først av, men også at den historisk er heilt identisk med vokalvekslinga vi har i mange andre sterke verb, t.d.

bita : beit : bite

Junggrammatikarane kom etter kvart fram til at i, a, u hadde ein perifer plass i det indoeuropeiske vokalsystemet. Dei viktigaste vokalane var e og o . Det var også tydeleg at desse to ofte veksle med kvarandre innanfor bøyning og ordlaging. Klårast går dette fram gjennom eit par døme frå gresk. Vokalismen er her nemleg nokså opphavleg og gjennom-siktig. Verbet 'bera' heiter i 1. pers. eintal presens *pherō*. Vi ser lett at dei to orda liknar på kvarandre. Det avleidde substantivet 'berar' har forma *phoreus*. Vokalvekslinga er tydeleg. Verbet for 'sjå' har i presens stammeforma *derk-* og i perfektum *dork-*. Slik veksling kallar vi *avlyd*, og ettersom det dreier seg om to ulike vokalar, er det *kvalitativ* avlyd. Men vokalen kunne også falla bort, ofte med stavingsberande r, l, m, n som resultat. Slike former har halde seg best i sanskrit, jamfør verbalsubstantivet *bhṛtis*² 'det å bera, burd'. Her dreier det seg om *kvantitativ* avlyd. Ofte finst dei to typane i kombinasjon. Ikkje minst tydeleg er dette ved dei sterke verba i germansk. Slik ser ein rekonstruksjon av rotformene til *finna* ut:

**pent- : *pont- : *pŋt-*

Det som har skjedd med vokalane under utviklinga fram til dei overleverte formene er nett som venta etter lydlovene: $e > i$ framfor nasalgruppe, $o > a$ i alle posisjonar, og ein stavingsberande konsonant får i germansk alltid ein u som støttevokal framfor seg. Sjølv-sagt har den germanske lydforskyvinga endra konsonantane. Nøyaktig same skjema gjeld

² Teiknet under r viser at lyden er stavingsberande. Jf. tilsvarande i tsjekkiske ord som *Brno* (bynamn) og *hrdlo* 'strupe'.

for *bita*. Her er det kopla med halv vokalen³ *y/i* slik at resultatet i dei to første formene vert diftong: ieur. *ey, oy, i* > germ. *ey, ay, i* og vidare til norsk *i* (lang), *ei, i*.⁴

Vi ser her korleis eit klårare innsyn i lydutviklinga har opna augo for tidlegare ukjende samanhengar i moderne språk og korleis det har vore til nytte ved rekonstrueringa av lyd- og formverket i urindoeuropeisk.

Rekonstrueringa av det felles grunnlaget som ein meiner alle overleverte språka har utvikla seg frå, har heile tida vore ei sentral oppgåve for den indoeuropeiske språkvitskapen. Som venta, og som vi har sett døme på, var det særleg i den tidlege fasen mykje prøving og feiling. Men oppdaginga av nye lydlover og strengare metodiske krav har ført til sikrere resultat. Heilt sikre kan desse likevel aldri bli. Rekonstruksjonane er snarare å sjå på som fellesnemnarar for det føreliggjande mangfaldet. Metoden går ut på at ein jamfører dei eldste kjende formene innanfor kvar målgrein og så arbeider seg bakover mot det felles utgangspunktet. Føresetnaden for utforminga av den komparative metoden er ei regelbunden lydutvikling, dvs. lydlover. Til illustrasjon kan vi ta 3. pers. eintal presens av verbet 'vera' i fem språk:

skt. *asti*
gr. *esti*
lit. *esti*⁵
lat. *est*
got. *ist*

Spørsmålet er kor langt det på dette grunnlaget er råd å komma i retning av eit felles utgangspunkt. Ein lyd eller ei lydgruppe som går att i alle overleverte formene, set vi også opp for fellesforma. Konsonantismen er såleis klar: *-st-*. Men elles er der ein del divergens. Som ein første freistnad kan ein gå ut frå det numeriske. Tre språk har *e* i framlyd, eitt har *a* og eitt *i*. Altså prøver vi med *e* som opphavleg vokal. Tre har utlydande *i*, to manglar denne. Difor tek vi med *i* for den rekonstruerte forma, som etter dette blir **esti*. Men dette verkar usikkert. Sanskrit er det tidlegast overleverte av dei fem språka, dei eldste vedahymnene er som vi såg om lag 3000 år gamle. Bør ein ikkje difor heller rekonstruera *a*, altså **asti*? Dette kan verka vanskeleg, men det finst likevel ein utveg. Det er nemleg fullt høve til å dra inn tilleggs materiale. Vi skal først finna ut om *a* i sanskrit er opphavleg eller ikkje. Det viser seg at ein kort *a* i dette språket svarer både til kort *e*, *o* og *a* i europeiske språk, og ei tid var det vanleg oppfatning at sanskrit på dette punktet som så ofte elles var mest arkaisk. Ein tenkte såleis at urindoeuropeisk hadde kort *a* som hadde halde seg i sanskrit, men var blitt spalta i dei europeiske språka. Omkring 1870 var det likevel fleire som feste seg ved at til *k* i europeisk svarer stundom *k* og stundom *c* [tʃ] i sanskrit:

lit. *katras* 'kven av to' – skt. *kataras*
lit. *keturi* 'fire' – skt. *catvāras*

³ For nærare omtale av halv vokalane, sjå nedanfor s. 24.

⁴ Også denne vokalen er lang, men det er sekundært. Gammalnorsk hadde framleis *biiti* med kort *i*.

⁵ Dette er ei eldre form. I moderne litauisk heiter det *yra*, som høyrer til ei anna rot.

Forklaringa måtte vera at *a* i *catvāras* går tilbake til ein *e* som har forandra (palatalisert) *k*. Også såkalla redupliserte perfektumformer av typen *cakāra* 'han/ho har gjort' peikar i same lei. Såleis var det langt på veg prova at ieur. *e* har gått over til *a* i indisk, og vi kan med monaleg betre grunn enn før halda på *e* i rekonstruksjonen. Framleis spøkjer likevel got. *i* (*ist*) i bakgrunnen. Kan ikkje urforma også ha hatt *i*? Her viser likevel eit fyldig materiale at *i* har halde seg både i indisk, gresk, litauisk og latin. Med denne vokalen som utgangspunkt måtte ein difor overalt hatt **isti* eller **ist*. Enno kan vi ikkje vera visse på kor vidt utlydande *i* er opphavleg. Eit litt nærare studium av germansk fortel likevel at føresetnaden for *t* i den gotiske forma er at den tidlegare var dekt av vokal, elles hadde den falle bort:

got. *baírai* = skt. *bharet* 'måtte han bera' (optativ)
 got. *baírīþ*⁶ = skt. *bharati* 'han ber' (indikativ)

Dette tyder på at *t* i gotisk på eit tidlegare språktrin var følgd av vokal. Alle overleverte formene med utlydande vokal har *i*. Dessutan syner tilleggsmateriale frå germansk at endevokalen må ha vore *i*. Rekonstruksjonen **esti* står såleis ved lag.

Ein kan gå vidare med ein formanalyse av **esti*. Det kan gjerast ved å sjå på t.d. 1. pers. eintal av same verbet: skt. *asmi*, lit. *esmi*⁷ osv. Dette fører oss attende til ei urform **esmi*. Av den går det fram at **es-* er rotelement og *-mi*, *-ti* er bøyingsendingar. I det tidlegare nemnde ty. *sind* osv. har *e* falle bort på grunn av avlyd (sjå s. 25).

I **esti* ser vi at endinga er føydd direkte til rota. Andre verb, t.d. skt. *bharati* 'han/ho ber', got. *bairīþ* har ein bindevokal mellom dei to delene av ordforma: ieur. **bher-e-ti*. Såleis var det mogeleg å etablera det viktige skilet mellom *a t e m a t i s k* bøyning: **es-ti* og *t e m a t i s k* bøyning: **bher-e-ti*.

På denne måten har forskarane gradvis bygd opp kunnskapen om det urspråket som kvart av dei kjende indoeuropeiske språka er ei vidareutvikling av. Så spørst det kva verdi desse rekonstruerte formene har. Til det er å seia at dei i høg grad er med og kastar ljós over førhistoria til dei overleverte einskildspråka, som vi såleis kan sjå i eit nytt og vidare perspektiv. Det kan langt på veg avgjerast kva for trekk ved einskildspråka som er arkaismar og kva som har si forklaring i seinare utvikling. For å halda oss til presensformene av verbet 'vera', så ser vi altså at *e* i gresk, litauisk og latin er ein arkaisme, medan derimot *a* i sanskrit og *i* i gotisk er av yngre dato. Like eins tyder alt på at utlydande *i* i sanskrit, gresk og litauisk stammar frå urspråket; bortfallet i latin og gotisk har skjedd på eit tidspunkt mellom urindoeuropeisk og historisk dokumentert latin og gotisk. Det er såleis den greske og den litauiske forma som er mest alderdommelege; dei er jamvel identiske med den rekonstruerte urforma.

Så spørst det kor pålitelege rekonstruksjonane er. Kan vi vera visse på at urindoeuropearane gjekk rundt og sa **esti*, **bhereti* osv.? Svaret er som sagt at ein aldri kan vera heilt

⁶ Når *t* i *ist* ikkje er råka av den germanske lydforstyvinga, er grunnen at den står etter *s*. (Sjå s. 27.)

⁷ Også dette er ei gammaldags form. Den moderne forma er *esu*.

sikker når det er tale om ein rekonstruksjon. Det gjeld både språklege trekk, bygningar eller kva det måtte vera. Særleg er det eitt moment av uvisse her. Det går ut på at eventuelle element i urforma kan ha forsvunne sporlaust på vegen fram til dei overleverte formene. Dei kan ikkje rekonstruerast ved hjelp av den komparative metoden. Når det gjeld **esti*, reknar mange granskarar med at det her frå først av var ein konsonant i framlyd, nemleg ein såkalla laryngal (sjå s. 26).

3

DET REKONSTRUERTE INDOEUROPEISKE LYDSYSTEMET

Ved hjelp av den komparative metoden klarte særleg junggrammatikarane å rekonstruera det indoeuropeiske urspråket i sine hovudtrekk. Ikkje minst viktig var synet på lydlovene som tilnærma unntakslause, og det kan vel seiast at dei mest overtydande resultatata ligg nettopp på det lydlege området. Men som det gjekk fram av former som dei alt nemnde **esmi*, **esti* og **bhereti*, gjekk etableringa av morfologien langt på veg hand i hand med det lydlege. Vi skal no sjå litt nærare på lydane.

3.1 DET "KLASSISKE" (JUNGGRAMMATISKE) SYSTEMET

a) Konsonantane

Ustemde plosivar:	p, t, k, k^w
Stemde plosivar:	b, d, g, g^w
Stemde plosivar med aspirasjon:	bh, dh, gh, g^wh
Ustemd frikativ:	s

Systemet skilde mellom ustemde og stemde plosivar. Innanfor dei stemde var det igjen opposisjon mellom uaspirerte og aspirerte, dvs. dei aspirerte vart uttala med eit lite pust etter seg.

k^w , g^w , g^wh hadde lepperunding som ein tilleggsartikulasjon.

Påfallande er det høge talet på plosivar, medan systemet berre hadde ein frikativ.

Her følgjer rekonstruerte indoeuropeiske røter og ordformer med desse konsonantane i framlyd. Fleire av dei vil ein kjenna att frå germansk og andre språk. Dei vert også nytta i det følgjande.

**pēd-/pōd-* 'fot'; **treyes* 'tre' (talordet); **kun-* 'hund'; **k^wod* 'kva'.

**bel-/bol-* 'sterk'; **dekṛn* 'ti'; **gen-* 'avla, fø'; **g^wem-* 'komma'.

**bhereti* 'han/ho ber'; **dhē-/dhō-* 'gjera' (jf. eng. *to do*); **gheyem-* 'vinter, frost'; **g^wher-/g^whor-* 'brenna, varm'.

**sed-* 'sitja'.

Nasalar og likvidar: *m, n, l, r*

Desse finn vi i framlyd av t.d. **mātēr* 'mor'; **newos* 'ny'; **lewk-* 'lysa'; **rowdh-/rudh-* 'raud'.

Nasalar og likvidar er klangføre lydar, som også kan danna stavingskjerne på same måte som vokalane. Eit døme er **dekṃ* ovanfor, der nasalen står i utlyd etter ein annan konsonant. Fenomenet er også velkjent frå moderne europeiske språk, jamfør vestno. *hatl* eller tsj. *hrdlo* (fotnote 2) og *vlk* 'ulv'.

Endeleg har vi dei to **halvvokalane** *y* og *w*. Den første er lik vår *j*, altså ein palatal glide-lyd utan friksjonsstøy. *w* er framlyden i eit ord som eng. *water*. Døme: **yugom* 'åk'; **weyd-* 'vita'.

b) Vokalane

Korte monoftongar

i *u*

e *o*

a

y-diftongar

ey *oy*

ay

Lange monoftongar

ī *ū*

ē *ō*

ā

w-diftongar

ew *ow*

aw

Monoftongane dannar eit system som er kjent også frå mange moderne språk, t.d. spansk, som rett nok ikkje skil mellom korte og lange vokalar. Vi finn tre opningsgrader og dessutan motsetninga urunda fremre og runda bakre. Den opnaste vokalen *a* er nøytral når det gjeld opposisjonen fremre – bakre. Kvar vokal har ein kort og ein lang variant. Dei mest frekvente vokalane ser ut til å ha vore *e* og *o* (dei korte variantane). *a* var monaleg sjeldnare. *i* og *u* kan tolkast som halvvokalar i vokalisk funksjon, dvs. *i* og *u* stod framfor konsonant og i utlyd. *y* og *w* finn vi framfor vokal og like eins som glideelement i diftongar.

Her er rekonstruerte former som inneheld desse monoftongane og diftongane.

**k^wis* 'kven'; **kun-* 'hund'; **ed-* 'eta'; **oktō* 'åtte'; **ageti* 'han/ho køyrer' (jf. no. *aka*).

**g^wīwos* 'levande' (i slekt med no. *kvikk*); **dhūmos* 'røyk'; **dhē-/dhō-* 'gjera, setja, leggja'; **mātēr* 'mor'.

**deywos* 'gud'; **oynos* 'ein'; **aydh-* 'brenna'.

**tewtā* 'folk, land'; **rowdhos* 'raud'; **awg-* 'auka' (orda er i slekt).

Vi skal no bli litt betre kjende med avlyden. Sentral er som alt nemnt vekslinga mellom kort *e* og kort *o*. Desse to kallar ein gjerne *fulltrin*: *e*-fulltrin og *o*-fulltrin. Som vi også såg, kan vokalen falla bort. Resultatet vert då *nulltrin*. På den andre sida kan vokalen gjerast lang, då høver sjølvstilt nemninga *langtrin*. Også det høyrer til den kvantitative avlyden (sjå ovanfor s. 19). Skjematisk ser systemet slik ut:

Fulltrin	nulltrin	langtrin
<i>e - o</i>	0 (null)	<i>ē - ō</i>

Mellom *e* og *ō* har vi både kvalitativ og kvantitativ avlydsveksling. Alle trina finn vi m. a. i rota **bher-* 'å bera'. Altså **bher-* : **bhor-* : **bhr-* : **bhēr-* : **bhōr-*. Dei tre første ligg føre ved det aktuelle verbet i norsk: *bera* : *bar*⁸ : *bore*⁹. Preteritum 1. pers. fleirtal av dette verbet heiter på gotisk *bērum*, og i gresk finst til same rota substantivet *phōr* 'tjuv' (den som ber bort).

Ei veksling mellom *a* og *o* førekjem òg, men den er sjeldan. *e* og *a* vekslar ikkje med kvarandre i det indoeuropeiske urspråket. *i* og *u* står utanfor avlydssystemet, men dei opptrer som nulltrin av diftongane *ey*, *oy* og *ew*, *ow*, t.d. *ey* : *i*, *ow* : *u*. Vi har alt sett døme på det i samband med tempusbøyinga av verbet *bita* (s. 19–20).

Noka fullgod forklaring på avlyden finst neppe, men den synest å ha samanheng med aksenttilhøve i urindoeuropeisk. Den kvalitative vekslinga reknar ein med har oppstått i ei tid med musikalsk aksent, dvs. det dreidde seg om heving/senking av tonelægjet. Nulltrinnet må derimot ha komme til i ein periode då språket i hovudsak hadde trykkaksent slik vi kjenner den frå norsk t.d. Det er nett den aksenttypen som fører til vokalreduksjon i trykklette stavingar. Langtrinnet kan i ein del tilfelle ha si forklaring i bortfall av ein lyd med kompensatorisk lenging av føregåande vokal som følgje. Men på dette punktet er mykje uklårt.

Vi har no i store trekk sett på det som kan kallast det klassiske indoeuropeiske lydssystemet, som var ferdig rekonstruert i 1870-åra. Dette er framleis ein tenleg fellesnemnar for systema i dei historisk kjende språka, og vi vil difor nytta det i det følgjande.

⁸ *o* > *a* i germansk.

⁹ *r* > *ur* i germansk. Denne lydgruppa vart i visse samanhengar utvikla vidare til *or*. I alle desse formene er langvokalen av nyare dato.

3.2 LARYNGALTEORIEN

Før vi ser nærare på vidareutviklinga av det rekonstruerte indoeuropeiske lydsystemet i nokre av dei einskilde greinene, kan det vera på sin plass med eit par ord om det som vert kalla *laryngalteorien*.

Avlyden var ikkje *berre* eit skifte mellom fulltrin, nulltrin og langtrin. I nokre røter veksla langvokalar med reduksjonsvokalen \varnothing ,¹⁰ utan at kortvokalar kunne påvisast. Ei slik var den alt nemnde **dhē-/dhō-/dhə-*. Ein variant **dhe-/dho-* fanst ikkje. Såleis kunne det her ikkje vera tale om langtrin av ei kortvokalisk rot. Men alt i 1879 kom den unge sveitsiske granskaren FERDINAND DE SAUSSURE (1857–1913) på å forklara dei ”opphavlege” langvokalane \bar{a} , \bar{e} , \bar{o} som resultat av ei samandraging av kortvokal og ein ukjend lyd som han symboliserte med *A*. På denne måten greidde han å sameina to tilsynelatande heilt ulike typar avlydsveksling, nemleg den vanlege typen *ey : oy : i; ew : ow : u* og den sjeldnare $\bar{e} : \bar{o} : \varnothing$. Ein rekonstruksjon som **dhē-/dhō-/dhə-* kan såleis førast attende til **dheA-/dhoA-/dhA-*.

Seinare har det vist seg at hettittisk i nokre tilfelle har ein frikativ som svarer til den ukjende *A* hos de Saussure. Denne vert transkribert som *h*, *hh* og tolka – truleg med urette – som ein laryngal (lyd laga i strupehovudet). Såleis har i alle høve teorien fått si nemning. Avlydssystemet vart enklare og urspråket fekk fleire frikativar. Ein einaste frikativ (*s*) verkar ikkje særleg truverdige. No er det vanleg å rekna med tre laryngalar, og nytta *h* som symbol: *h₁, h₂, h₃*.

Vi nemnde s. 22 at rota ieur. **es-* opphavleg kan ha hatt ein laryngal i framlyd. Etter laryngalteorien kunne ei indoeuropeisk rot ikkje byrja med vokallyd. I dette tilfellet høver *h₁*, som fall bort utan å farga følgjande vokal, altså **h₁es-*. Den har heller ikkje late etter seg spor i hettittisk (*eš-*). Derimot førde *h₂* og *h₃* til til *a-* og *o-*farging av vokalen, og dei har halde seg i hettittisk, jf. lat. *ante* ’før, framfor’ og het. *hanti* ds. < ieur. **h₂enti*.

Fleire einskildproblem har fått si løysing ved hjelp av laryngalteorien. Vi vil likevel ikkje gå nærmare inn på teorien i denne innføringa og nyttar heller ikkje laryngalar i rekonstruksjonane.

¹⁰ Det er den trykklette utlydsvokalen i t.d. no. *alle*. Også i indoeuropeisk var den opphavleg trykklett.

4

LYDUTVIKLINGA FRAM TIL NOKRE AV DEI SEINARE GREINENE/SPRÅKA

Når ein først har rekonstruert det indoeuropeiske lydsystemet med flest moglege av dei overleverte språka som utgangspunkt, kan ein også gå andre vegen og skildra endringane frå urspråk til einskildspråk. Emnet er omfattande og mangt er framleis uklårt. Vi skal ikkje ta med alle greinene som er nemnde i oversynet lenger framme, men konsentrerer oss om seks av dei. Det er dei som er best kartlagde. Det blir berre tale om nokre hovudtrekk. Vi byrjar med

4.1 GERMANSK

Det kan vera nærliggjande å ta denne greina først ettersom vi allereie har vore borti lyd-forskyvinga.

a) *Konsonantane*

Lydforskyvinga er det mest karakteristiske trekket i germansk jamført med andre indoeuropeiske språk. Difor vil den bli relativt utførleg skildra. Som vi såg ovanfor, hadde det indoeuropeiske urspråket tre rekkjer med plosivar: ustemde, stemde og stemde aspirerte. Alle blir endra under utviklinga til germansk.

Ustemde plosivar: $p, t, k, k^w > f, \beta, x^{11} (h), x^w (h^w)$

Døme: $p > f$: ieur. **pātēr* 'far' = got. *fadar*; gno. *faðir*¹²
 $t > \beta$: ieur. **treyes* 'tre' (talordet) = got. *þreis*; gno. *þrír*
 $k > x(h)$: ieur. **kerd-* 'hjarta' = got. *haírtō*; gno. *hjarta*
 $k^w > x^w(h^w)$: ieur. **k^woteros* 'kven av to' = got. *hvaþar*; gno. *hvaðarr, hvárr*

Resultatet er ustemde frikativar. Etter *s* uteblir lydforskyvinga. To frikativar ved sida av kvarandre (t.d. *sþ*) er nemleg ikkje lette å uttala. Eit døme er ieur. **ster-* 'stjerne' = got. *stairnō*; gno. *stjarna*.

¹¹ *x* er ein velar spirant som den vi har i tysk *doch*. Den vart tidleg vidareutvikla til pustelyden *h*, først i framlyd framfor vokal.

¹² I ei kort innføring ville det føra for langt å gje døme frå alle gammalgermanske språka.

Etter Verners lov (sjå ovanfor s. 18–19) vart dei ustemde spirantane i visse høve stemde i samsvar med plasseringa av aksenten i urspråket. Her er nokre fleire døme:

$p > \text{ḫ}$:¹³ ieur. **upéri* 'over' = got. *ubar* ($b = \text{ḫ}$); ghty. *ubar*
 $t > \text{ð}$: ieur. **bhéretai* 'vert boren' = got. *baírada* ($d = \text{ð}$)
 $k > g$: ieur. **swekrú-* 'vermor' = ghty. *swigur*

I indoeuropeisk kunne aksenten etter visse reglar flytta seg i samband med bøying og ordlaging, noko som også er kjent frå moderne språk som russisk og litauisk. Særleg tydeleg er dette ved bøyinga av verb, der ein vanleg type hadde aksentuert rotstaving i presens og perfektum¹⁴ eintal, derimot aksentuert endestaving i perfektum fleirtal og perfektum partisipp. Lat oss sjå på nokre former av verbet **wert-* 'snu (seg), venda, verta'. Formene er i denne rekkjefølgja: 1. pers. eintal presens, 1. pers. eintal perfektum, 1. pers. fleirtal perfektum og perfektum partisipp.

Ieur. **wértō* : **wórte* : **wṛtmé* : **wṛtonós*

På grunn av Verners lov måtte dei germanske formene sjå slik ut:

**werpō* : **warp(e)* : **wurðum* : **wurðanas*

Vi ser her at ustemd og stemd frikativ vekslar i samsvar med trykkplasseringa i indoeuropeisk. Dette vert kalla *grammatisk veksels*, og den er framleis vanleg ved bøyinga av sterke verb i gammalgermansk. Tydeleg er dette i gammalsaksisk (den eldste litterært overleverte varianten av nedertysk). Dei aktuelle formene ser der slik ut:

wirthu ($th = \text{p}$) : *warth* : *wurdun* ($\text{ð} > d$) : *wordan*

I moderne tysk er det enno nokre sterke verb som har grammatisk veksels. Dei to mest kjende er

ziehen : *zog* : *zogen* : *gezogen* og *leiden* : *litt* : *litten* : *gelitten*

Formene viser at vekselen er utjamna i preteritum mellom eintal og fleirtal. Eigentleg høyrer også eng. *was* : *were* heime her ettersom ieur. *s*, som ikkje vart råka av lydfor-skyvinga, også syner verknaden av Verners lov. Den vart først til stemd lyd: *z*, og denne gjekk vidare til *r* i engelsk, og også i dei andre vest- og nordgermanske språka.

Av slike døme går det fram at den mobile indoeuropeiske aksenten framleis har eksistert i urgermansk. Seinare vart den som nemnt trekt fram til første staving.

¹³ Denne lyden har ein t.d. i spansk uttale av *Havana*.

¹⁴ Det indoeuropeiske perfektum ligg til grunn for det sterke preteritum i germansk (s. 81).

Stemde plosivar: $b, d, g, g^w > p, t, k, k^w$

Døme: $b^{15} > p$: ieur. **dheub-* 'djup' = got. *diups*; gno. *djúpr*
 $d > t$: ieur. **dent-/dont-* 'tann' = got. *tunþus*; gno. *tõnn*
 $g > k$: ieur. **gnew-* 'kne' = got. *kniu*; gno. *kné*
 $g^w > k^w$: ieur. **g^wem-* 'komma' = got. *qiman* ($q = kw$)

Stemde aspirerte plosivar: $bh, dh, gh, g^wh > \text{b̥}, \text{d̥}, g, g^w$

Dei germanske lydane var stemde frikativar, dei same som vi allereie lærde å kjenna som eit resultat av Verners lov. Dei viste likevel tidleg tendens til å gå over til stemde uaspirerte plosivar i framlyd og etter nasal. Denne utviklinga er slutført i dei eldste overleverte tekstane. I nederlandsk har germ. *g* likevel halde seg som frikativ i framlyd like til i dag.

Døme: $bh > \text{b̥}(b)$: ieur. **bher-* 'bera' = got. *baíran*; gno. *bera*
 $dh > \text{d̥}(d)$: ieur. **dhē-/dhō-* 'gjera' = got. *ga-dēþs* 'gjerning'; gno. *dáð* 'dåd'
 $gh > g(g)$: ieur. **ghayd-* 'geit' = got. *gaitis*; gno. *geit*
 $g^wh > g^w(g^w)$: ieur. **g^whormos* 'varm' = got. *warms*;¹⁶ gno. *varmr*

Vi ser at alle plosivane – ustemde, stemde og stemde aspirerte – er råka av lydforskyvinga. Likevel er dei tre rekkjene skilde også i det eldste germansk, ingen opposisjon har gått tapt.

Det er uvisst korleis denne omfattande prosessen har gått føre seg. Fleire, m.a. den franske indoeuropeisten ANTOINE MEILLET (1866–1936), har peika på at det kan ha byrja med dei ustemde plosivane. I indoeuropeisk var desse uaspirerte, slik dei enno er i moderne romanske, baltiske og slaviske språk. Så er dei blitt aspirerte, dvs. følgde av eit pust. Aspirerte plosivar er i det heile mindre stabile enn uaspirerte; dei går lettare over til andre lydar. Såleis kan ein [t] bli til affrikaten [ts]. Det har skjedd i tysk, jamfør ty. *Zahn* og no. *tann*. Også i dansk ser vi ein liknande tendens; t.d. vert eit ord som *ti* gjerne uttalt [tsi]. Nærliggjande er også utviklinga til frikativ, slik det er tilfellet med dei indoeuropeiske plosivane ved overgangen til germansk.

Dersom dette var første trinnet i den germanske lydforskyvinga, må språket i ein viss periode ha mangla ustemde plosivar. Eit slikt konsonantsystem ser ut til å vera svært sjeldsynt. Systemet er blitt "normalisert" ved at dei stemde plosivane vart ustemde ($b > p$ osv.), det er nemleg ikkje uvanleg at eit språk har p, t, k , men manglar b, d, g , t.d. finsk.

¹⁵ *b* tykkjest å ha vore ein sjeldan lyd i indoeuropeisk. Sikre døme med *b* i framlyd finst neppe. Dette er grunnen til at få germanske arveord byrjar med *p*. Ord som no. *pil, påle, plate, prest* er lånte frå latin og gresk lenge etter den germanske lydforskyvinga.

¹⁶ Rota finst i dei gotiske tekstane berre i verbet *warmjan* 'varma', men språket hadde visseleg også adjektivet. I framlyd er *g^w* seinare blitt til *w*.

Når det gjeld dei stemde aspirerte lukkelydane *bh*, *dh*, *gh*, var dei òg ustabile og artikulatorkisk ikkje nærliggjande. Innanfor indoeuropeisk har dei halde seg berre i indiske språk. Det er såleis ikkje å undrast over at også dei vart endra. Som vi ser, skjedde det først ei frikativisering og deretter i visse posisjonar overgang til (uaspirerte) stemde plosivar.

Det har vore hevda – og truleg med rette – at lydforskyvinga kan ha samanheng med språkskifte i førhistorisk tid. Truleg kom indoeuropeisk til Nord-Europa i bronsealderen (ca. 1500 – 500 f.Kr.). Dei som budde i området frå før, bytte språk, noko som var vanleg den gong, og som det òg finst mange døme på i den historiske perioden (latiniseringa av Gallia osv.). Ved slike skifte overfører folk lett uttalevanar frå det gamle språket, ofte med vidtrekkande verknader på uttalen av det nye. Den germanske lydforskyvinga byrja altså truleg med aspirasjonen av dei ustemde plosivane.

Her er eit kort oversyn over dei ulike stadia i lydforskyvinga, slik utviklinga kan ha vore.

- | | |
|--|---|
| 1. Urindoeuropeisk: | <i>p, t, k, k^w</i>
<i>b, d, g, g^w</i>
<i>bh, dh, gh, g^wh</i> |
| 2. Etter første trinnet av lydforskyvinga: | <i>f, þ, x, x^w < ieur. p, t, k, k^w</i>
<i>b, d, g, g^w</i>
<i>bh, dh, gh, g^wh</i> |
| 3. Tidleg urgermansk: | <i>p, t, k, k^w < ieur. b, d, g, g^w</i>
<i>f, þ, x, x^w < ieur. p, t, k, k^w</i>
<i>þ, ð, ǥ, ǥ^w < ieur. bh, dh, gh, g^wh/p, t, k, k^w</i> |
| 4. Sein urgermansk: | <i>p, t, k, k^w < ieur. b, d, g, g^w</i>
<i>b, d, g, g^w < ieur. bh, dh, gh, g^wh</i>
<i>f, þ, x, x^w < ieur. p, t, k, k^w</i>
<i>þ, ð, ǥ, ǥ^w < ieur. bh, dh, gh, g^wh/p, t, k, k^w</i> |

Den einaste indoeuropeiske **frikativen** *s*, som vi kjenner frå rota **sed-* 'sitja', heldt seg uendra i framlyd. Som nemnt vart den i inn- og utlyd stemd til *z* når Verners lov verka, og den gjekk i nord- og vestgermansk seinare over til *r*. Det ser vi òg når vi jamfører nominativformer som got. *dags* og gno. *dagr*.

Nasalar og **likvidar** er som vi hugsar *m, n, l, r*. I germansk vart dei for det meste ståande utan endringar. Det viser fleire av orda vi har nytta tidlegare, m.a. i døme frå den germanske lydforskyvinga, jamfør got. *qiman*, *kniu*, *þreis*; no. *lysa*. Når desse lydane danna stavingskjerne, fekk dei ein *u* som støttevokal framfor seg: *ṃ, ṅ, ʎ, ṛ > um, un, ul, ur*. Også dette går fram av døme vi alt har nytta: got. *tunþus* kjem av ieur. **dṃt-*, dvs. her har vi nulltrin, medan ordet i dei andre germanske språka har *o*-fulltrin (ieur. **dont-*). Vi såg òg at former som ieur. **wṛtmé* og **wṛtonós* vart til germ. **wurðum* og **wurðanas*.

Halvvokalane *y* og *w* heldt seg best i framlyd framfor vokal. I nordisk fall dei likevel i fleire tilfelle bort i denne stillinga. Jamfør det tidlegare nemnde ieur. **yugum*, som på norsk altså har forma *åk*, men som på tysk og engelsk heiter *Joch* og *yoke*. Eit døme på bortfall av *w* er no. *ord* mot eng. *word* og ty. *Wort*.

b) Vokalane

Vi har allereie fått kjennskap til det indoeuropeiske vokalsystemet, slik særleg dei junggrammatiske granskarane rekonstruerte det. No skal vi i store trekk sjå korleis det utvikla seg i tidleg germansk.

Dei **korte monoftongane** *i* og *u* – eigenleg vokaliserte halvvokalar (sjå ovanfor s. 25) – har for det meste halde seg uendra i trykksterk staving.

Døme: ieur. **pisk-* 'fisk' = got. *fisks*; gno. *fiskr*
ieur. **sunus* 'son' = got. *sunus*; gno. *sunr*¹⁷

Framfor *a* og *o* vart *i* og *u* i nord- og vestgermansk ofte senka til *e* og *o* (assimilasjon).

Døme: ieur. **wiros* 'mann' = germ. **wiraz* = ghty. *wer*; gno. *verr*
ieur. **yugom* 'åk' = germ. **yukam* = ghty. *joh*; gno. *ok*

Ieur. *e* vart i germansk ståande uendra framfor *a* og *o*.

Døme: ieur. **nem-* 'ta, gripa' = ghty. *neman*; gno. *nema*
ieur. **bher-* 'bera' = ghty. *beran*; gno. *bera*

Framfor *y* (halvvokalen), *i* og *u* gjekk germ. *e* ofte over til *i*. Same overgangen er lydrett gjennomført framfor nasalgruppe. Særleg aktuell er gruppa *nd*.

Døme: ieur. **leghyono-* 'liggja' = ghty. *liggen*; gno. *liggja*
ieur. **esti* 'er' (3. pers., eintal, presens) = germ. **esti/ist(i)* = got., ghty. *ist*
ieur. **peku* 'fe' = germ. **fehu/fihu* = ghty. *fihu*
ieur. **bhendh-* 'binda' = got. *bindan*; gno. *binda*

Særleg i tysk får ein i mange tilfelle ein veksling mellom *e* og *i* avhengig av vokalen i følgjande staving. Såleis heiter ghty. *neman* i 1. pers. eintal presens (*ih*) *nimu* og i 3. pers. (*er*) *nimit*. Vekselen er seinare utjamna i 1. pers., men gjeld framleis i 2. og 3. pers.: *neh-men* : *nimmst* : *nimmt*.

Som vi ser får kortvokalane *e* og *i* langt på veg det ein kallar komplementær distribusjon i gammalgermansk, dvs. dei opptrer i kvar sine omgjevnader. Det same gjeld *o* og *u*. Det dreier seg om eit nytt prinsipp. I indoeuropeisk var vokalane uavhengige av det fonetiske

¹⁷ I gno. finst også forma *sonr*, som lever vidare i moderne norsk.

naboskapet, i germansk vert dei derimot ofte farga av dette. Gotisk skil seg noko ut frå vest- og nordgermansk. I dei to sistnemnde gruppene er det i mange tilfelle vokalane i følgjande trykklette staving som er avgjerande for distribusjonen. I gotisk vert både ieur. *e* og *i* etter hovudregelen til *i*, cf. got. *niman* 'ta' (ieur. **nem-*) og *fisks*. Derimot er resultatet kort *e*-lyd (skriven *ai*) framfor *r*, *h*, *hv*: *waír* 'mann', *faíhu* 'pengar' (etymologisk same ordet som ghty. *fihu*), *saihvān* 'sjå'. Framfor dei same konsonantane vert kort *u* til kort, open *o*-lyd (skriven *au*): *haúrn* 'horn' (< germ. **hurna-*), *daúhtar* 'dotter' (< germ. **duhtar*).

Ieur. *o* går alltid over til *a* i germansk. Seinare kan denne bli til *e* framfor *i* og *y* gjennom det ein kallar omlyd.

Døme: ieur. **ghostis* 'framand' (substantiv) = got. *gasts* 'gjest'; gno. *gestr* (omlyd)
ieur. **nom-* 'namn' = got. *namō*; ghty. *namo*; gno. *nafn*

Den viktige avlydsvekselen ieur. *e* : *o* har etter dette i germansk forma *e* : *a* eller *i* : *a*, jamfør gno. *gefa* : *gaf* og *binda* : *batt*.

Ieur. *a* held seg uendra i det eldste germansk, men får seinare omlyd framfor *i* og *y*. Det er såleis samanfall mellom ieur. *o* og *a* i germanske språk.

Døme: ieur. **agros* 'jordstykke, åker' (sjå s. 15) = got. *akrs*; gno. *akr*
ieur. **kap-* 'gripa, ta, heva' = got. *hafjan*; ghty. *heffen* (omlyd); gno. *hefja* (omlyd)

Endeleg skal vi merka oss at **reduksjonsvokalen** *ə* (s. 26) også vart til *a* i germansk.

Døme: ieur. **pətēr* 'far' = got. *fadar*; gno. *faðir*

Dei **lange monoftongane** *ī* og *ū* har i trykksterk staving halde seg uendra inn i urgermansk og også i dei overleverte gammalgermanske språka. Seinare vart dei til dels diftongerte. Særleg gjeld dette for engelsk, tysk og nederlandsk.

Døme: ieur. **swīn*-¹⁸ = got. *swein*;¹⁹ gno. *svín*
ieur. **sūros* 'sur' = ghty. *sūr*; gno. *súrr*

Ieur. *ē* vart ståande i urgermansk og i gotisk. I nord- og vestgermansk gjekk utviklinga vidare til *ā*, som igjen kunne bli endra i einskildspråka.

Døme: ieur. **dhētis* 'gjerning' (til rota **dhē-/dhō-*) = got. *gadēþs*; ghty. *tāt*; gno. *dáð*
ieur. **mēn-* 'måne' = got. *mēna*; ghty. *māno*; gno. *máni*

¹⁸ Dette er eigentleg eit adjektiv med tydinga 'som har med svinet å gjera'. I germansk vart det substantivert.

¹⁹ Got. *ei* = *ī*.

Langvokalane \bar{a} og \bar{o} fall i germansk saman liksom dei tilsvarande korte, men resultatet er her \bar{o} .

Døme: ieur. **mātēr* 'mor' = ghty. *muoter* ($uo < \bar{o}$); gno. *móðir*
ieur. **bhrātēr* 'bror' = got. *brōþar*; gno. *bróðir*
ieur. **bhlō-* 'blom' = got. *blōma*; gno. *blómi*
ieur. **plō-* 'flyta, flod' = got. *flōdus*; gno. *flóð*

Vi såg at ieur. *o* og *a* fall saman i tidleg germansk. Begge vart til *a*. Same lydendringa gjeld også for **diftongane**: ieur. *oy*, *ay* > germ. *ay* og ieur. *ow*, *aw* > germ. *aw*.

Døme: ieur. **woyda* 'eg veit' (eigentleg 'har sett') = got. *wait*; gno. *veit*
ieur. **ghayd*²⁰ 'geit' = got. *gaits*; gno. *geit*
ieur. **rowdhos* 'raud' = got. *rauþs*; gno. *rauðr*
ieur. **awg-* 'auka, veksa' = got. *aukan*; gno. *auka*

I moderne språk har germ. *ay* og *aw* halde seg best i vestnordisk (norsk, islandsk, færøysk) og i høgtysk;²¹ t.d. no. *stein – draum*; isl. *steinn – draumur*; ty. *Stein – Traum*. Innanfor eit stort sentralområde, som omfattar nederlandsk, nedertysk og austnordisk (svensk og dansk), er dei blitt til monoftongar: ndl. *steen – droom*; da. *sten – drøm*; sv. *sten – dröm*. Dette er eit godt døme på at randspråk stundom er meir konservative i lyd- og formverket enn sentralspråk.

Dei to andre diftongane – ieur. *ey* og *ew* – har vore mindre stabile. Det er likevel mogleg at dei har overlevd inn i det eldste germansk, og ein nyttar dei difor i rekonstruksjonar av urgermanske former. Når det gjeld *ey*, har gotisk skrivemåten *ei* (sjå døme), men mykje tyder på at uttalen var lang *i* [i:]. Dei andre gammalgermanske språka har også lang *i*. For ieur. og germ. *ew* har gotisk *iu*, gammalhøgtysk *io*, *iu* og gammalnorsk *jó*, *jú*.

Døme: ieur. **steygh-* 'stiga' = got. *steigan*; ghty. *stīgan*; gno. *stīga*
ieur. **bhewdh-* 'byda' = got. *biudan*; ghty. *biotan*; gno. *bjóða*

Hittil har vi berre skildra utviklinga i t r y k k s t e r k e stavingar. På grunn av at aksenten i germansk tidleg vart festa til første staving i ordet, vart dei følgjande stavingane tidleg utsette for lydleg reduksjon, som i mange tilfelle førde til bortfall. Eller ein langvokal kunne bli redusert til kortvokal. Emnet er omfattande, og mangt er enno uklårt. Vi skal ikkje gå inn på detaljar, men berre visa tendensen ved hjelp av eit par døme. Som nemnt ovanfor omfattar ei indoeuropeisk ordform ofte tre deler, jamfør verbforma **bher-e-ti* 'han/ho ber'. Det same gjeld også mange substantivformer, t.d. **ghost-i-s* 'ein frammand'. Der er **ghost-* det ein kallar rota, som er berar av den leksikalske tydinga. *-i-* er eit såkalla stammedannande element (sjå s. 57 og 100) og *-s* er kasusending for nomi-

²⁰ *ay* var ein sjeldan diftong i indoeuropeisk, på same måte som *a* var ein sjeldan monoftong. Ordet *geit* er avgrensa til germansk og italisk, og det er ikkje sikkert at det fanst i urspråket. Lat. *haedus* 'buk' tyder likevel på *ay* (og ikkje *oy*) som opphavleg diftong.

²¹ Høgtysk er dialektane i Mellom- og Sør-Tyskland. Dei ligg til grunn for det tyske standardspråket.

nativ. I moderne germansk er det berre islandsk og færøysk som i nokon mon har halde på denne strukturen. Den aktuelle forma er der *gestur*. Den er likevel ikkje så opphavleg som det kan synast ved første augnekast. Analysen ser slik ut: *gest-ur*, dvs. forma omfattar rot og kasusending, den gamle stammevokalen *-i-* har falle bort.²² Elles heiter det i dag som kjent no. *gjest*; eng. *guest* og ty. *Gast*, alle utan ending i nominativ eintal. Denne reduksjonsprosessen kan ein følgja ved å sjå på dei overleverte formene. Urnord. *gastiR*²³ har den opphavlege strukturen med *-i-* som stammevokal. Under overgangen til norrønt fall vokalen bort, men valda først omlyd. *r* var framleis nominativending. Seinare gjekk også denne or bruk, men med dei nemnde unntaka.²⁴ I got. *gasts* var sameleis stammevokalen bortfallen, men kasusendinga stod uendra ved lag. Denne gjekk først tapt i vestgermansk, jamfør ghty. *gast* og geng. *giest*. I gammalhøgtysk hadde preteritumformene av svake verb ein bindevokal mellom rot og ending: *legita* (til *leggen* 'leggja'), *salbōta* (til *salbōn* 'salva'), *lebēta* (til *lebēn* 'leva'). Vi ser at fleire vokalkvalitetar, og også langvokalar, kunne stå i trykklett posisjon. På overgangen til mellomhøgtysk (dvs. på 1000- og 1100-talet) vart dei reduserte til *e*: *legete*, *salbete*, *lebete*. Det same vart *a* i absolutt utlyd. Seinare har bindevokalen falle bort: *legte*, *salbte*, *lebte*.

Vi gjer no eit langt sprang og går vidare med

4.2 INDO-IRANSK

Innanfor denne greina har alltid sanskrit vore viktigast for dei som driv med indoeuropeisk språkgranskning, og vi skal difor gje ei kort skildring av lydutviklinga i språket.

a) Konsonantane

Som vi har sett, var det indoeuropeiske konsonantsystemet etter tradisjonell oppfatning rikt på plosivar. I sanskrit har dette halde seg med berre nokre mindre endringar. Det skil seg såleis sterkt frå det vi har sett i germansk, og det er ikkje å undrast over at språket spelte ei viktig rolle ved rekonstrueringa av dette delsystemet i indoeuropeisk.

Ustemde plosivar: *p, t, k, k^w* > skt. *p, t, ś,*²⁵ *k* (*c* [tʃ] framfor fremre vokalar)

Døme: ieur. **pətēr* 'far' = skt. *pitā*
 ieur. **tenu-* 'tunn' = skt. *tanus*
 ieur. **kṛtom* 'hundre' = skt. *śatam*

²² *u* er ein innskoten vokal som kom til i sein norrøn tid for å letta uttalen. Den "klassiske" forma var som vi såg *gestr*.

²³ *R* var ein spesiell *r*-lyd med ein *i*-aktig klang. Den kom av (stemd) *s* og fall saman med gammal *r* i norrønt.

²⁴ I nokre dialektar (m.a. i Sunnfjord) heiter det [jestə], der ə er rest av eit vokalinnskot likt det vi såg i *gestur*.

²⁵ *ś* liknar mykje på *ich*-lyden i tysk [ç].

ieur. **k^woteros* 'kven av to' = skt. *kataras*
ieur. **k^wetwōres* 'fire' = skt. *catvāras* (jf. s. 20)

Stemde plosivar: *b*,²⁶ *d*, *g*, *g^w* > skt. *b*, *d*, *j* [dʒ], *g*

Døme: ieur. **bel-/bol-* 'sterk' = skt. *balam* 'kraft'
ieur. **dekṛṇ* 'ti' = skt. *daśa*
ieur. **gen-* 'stamme, rase' = skt. *janas*
ieur. **g^wem-* 'komma, gå' = skt. *gacchati* 'han/ho går'²⁷

Stemde aspirerte plosivar: *bh*, *dh*, *gh*, *g^wh* > skt. *bh*, *dh*, *h*, *gh*

Døme: ieur. **bher-* 'bera' = skt. *bharati* 'han/ho ber'
ieur. **dhūmos* 'røyk' = skt. *dhūmas*
ieur. **gheyem-* 'vinter, frost' = skt. *himas*²⁸
ieur. **g^wher-/g^whor-* 'brenna, varm' = skt. *gharmas* 'glo'

Innanfor indoeuropeisk er det berre indisk som har halde på dei stemde aspirerte plosivane. Ikkje berre var dei vanlege i sanskrit, dei finst også i nyindiske språk som urdu og hindi.

Frikativen *s* vart ståande i alle posisjonar i ordet: *sanas* < ieur. **senos* 'gammal', *janasas*²⁹ (genitiv av *janas* 'stamme') < ieur. **genesos*. I tillegg fekk, som vi såg, sanskrit *ś* av ieur. *k*.

Når det gjeld **nasalane** og **likvidane**, skal vi merka oss at stavingsdannande *m* og *n* vart vokaliserte til *a*, jamfør dei nemnde talorda *śatam* < **kṛtom* og *daśa* < **dekṛṇ* og forma *datas* (genitiv av *dant-* 'tann') < ieur. **dnt-os*. Vidare gjekk ieur. *l* (også stavingsdannande) ofte over til *r*(*r*). Her er likevel ein del vakling, noko som kan ha si forklaring i dialektskilnader, t.d. ieur. **alg^whos* 'pris, verdi' = skt. *arghas*, ieur. **w!^kos* 'ulv' = skt. *vrkas*. Elles held desse lydane seg godt i indo-iransk, noko som fleire av døma viser: *dhūmas*, *śatam*, *tanus*, *gharmas*, *bharati*, *balam* (i sistnemnde ord har *l* ikkje gått over til *r*). Vi merkar oss at *r* i sanskrit fell bort i utlyd av fleirstavingsord: *mātā* 'mor' (nominativ). Akkusativforma er *mātaram*. Typisk er dette i fleire slektskapsnemningar og ord for den som utfører ei handling (agenssubstantiv), t.d. *dātā* 'gjevar'.

Halvvokalane *y* og *w* heldt seg i indo-iransk godt i alle stillingar i ordet. Døme: ieur. **yekṛ-* 'lever' = skt. *yakṛt*, ieur. **woyda* 'eg veit' = skt. *vēda*,³⁰ ieur. **treyes* 'tre' =

²⁶ *b* var som nemnt ein sjeldan lyd, og det er vanskeleg å finna gode døme.

²⁷ Presensforma er her utvida med suffikset *-sk-* (s. 77).

²⁸ Vi finn ordet i namnet på fjellkjeda *Himalaya*.

²⁹ I utlyd hadde den likevel ein svak uttale. Lyden fekk også eit eige teikn i det indiske alfabetet, i moderne handbøker ofte transkribert som *ḥ*. Vi nyttar i denne framstillinga *s* også i utlyd.

³⁰ Etter det indiske grammatikarar skriv, vart *v* i sanskrit uttala omlag som *v* i norsk *vår*.

skt. *trayas*, ieur. **newos* 'ny' = skt. *navas*, ieur. **medhyos* 'midtre' = skt. *madhyas*,
ieur. **swesōr* 'syster' = skt. *svasā*.

b) Vokalane

Vi ser igjen på vokalsystemet i indoeuropeisk (s. 24) og tek for oss dei ein-skilde lydane slik dei ligg føre i sanskrit.

Kort *i* og *u* vert ståande i alle stillingar av ordet. Bortfall eller overgang til andre vokal-lydar – slik som i germansk – førekjem sjeldan.

Døme: ieur. **widhewā* 'enkje' = skt. *vidhavā*
ieur. **esti* 'han/ho er' (sjå s. 20–21) = skt. *asti*
ieur. **kunos* 'hund' (genitiv) = skt. *śunas*
ieur. **sunus* 'son' = skt. *sūnus*³¹

Dei tre kortvokalane ieur. *e*, *o*, *a* fall i sanskrit saman i *a*, noko som allment førte den eldre generasjonen av språkfolk på avvegar.

Døme: ieur. **dekṃ* 'ti' = skt. *daśa*
ieur. **esti* 'han/ho er' = skt. *asti*
ieur. **potis* 'herre' = skt. *patis*
ieur. **k^woteros* 'kven av to' = skt. *kataras*
ieur. **agros* 'jordstykke, åker' = skt. *ajras*
ieur. **ageti* 'han/ho køyrer' = skt. *ajati*

Reduksjonsvokalen ieur. *ə* vert i alle indo-iranske språk (og berre der) til *i*.

Døme: ieur. **pətēr* 'far' = skt. *pitā*
ieur. **dhətos* 'gjort' = skt. *hitas* (< **dhitas*)

Langvokalane *ī* og *ū* held seg uendra i sanskrit.

Døme: ieur. **g^wīwos* 'levande' = skt. *jīvas*³²
ieur. **dhūmos* 'røyk' = skt. *dhūmas*

Vi såg at *e*, *o*, *a* alle vart til *a*. Dette samanfallet finn vi også ved dei lange vokalane, altså *ē*, *ō*, *ā* > *ā*.

Døme: ieur. **rēg-* 'konge' = skt. *rāj-* (dette er stammeforma, difor bindestrek)
ieur. **mē* 'ikkje' = skt. *mā*

³¹ I dette ordet har rotstavinga fått lang vokal. Det same er tilfellet i baltisk og slavisk.

³² Ieur. *g^w* > *j* framfor fremre vokal.

ieur. **dōnom* 'gåve' = skt. *dānam*
 ieur. **bherō* 'eg ber' = skt. *bharā-mi*
 ieur. **mātēr* 'mor' = skt. *mātā*
 ieur. **bhrātēr* 'bror' = skt. *bhrātā*

Når det gjeld **diftongane**, er endringane større i sanskrit enn i det eldste germansk. Typisk er ei langt på veg gjennomført monoftongering. Også her er det mykje samanfall. Alle y-diftongane vert nemleg til *ē*, og alle w-diftongane vert til *ō*. Altså

ey, oy, ay > *ē* og *ew, ow, aw* > *ō*

Døme: ieur. **eyti* 'han/ho går' = skt. *ēti*
 ieur. **woyda* 'eg veit' = skt. *vēda*
 ieur. **aydh-* 'brenna' = skt. *ēdhas* 'brensel'
 ieur. **gews-* 'smaka' = skt. *jōsati* 'han/ho smakar'
 ieur. **klownis* 'lår' = skt. *śrōnis*
 ieur. **sawsos* 'turr' = skt. *śōsas* (med *ś* istf. *s*).

Framfor vokal vert diftongane spalta, slik at glideelementet går over til følgjande staving. Såleis har *ēti* i konjunktiv forma *ayati* < **ey-e-ti* 'måtte han gå'.

Samanfattande kan vi seia at sanskrit er konservativt i konsonantismen med heller små endringar i høve til det rekonstruerte indoeuropeiske systemet. Derimot har det skjedd mykje med vokalane gjennom samanfall og monoftongering.

4.3 GRESK

Dette språket kan ein, som vi såg, følgja over eit tidsrom på bortimot 3500 år. Det metodisk mest korrekte ville vera å sjå på lyd- og formverket i den eldste kjende varianten (mykensk), ettersom den står det indoeuropeiske urspråket nærast. Den mykenske stavingsskrifta gjev likevel eit ufullstendig bilete av lydar og former, og vi nyttar her, som vanleg elles også, døme frå det klassiske språket, først og fremst i sin jonisk-attiske variant. På denne skreiv dei fleste filosofar og diktarar i klassisk tid. Ein kan òg hevda at jonisk-attisk reint språkleg var den sentrale dialekten, den som alle hellenane lettast skjønna. Etter kvart kom den joniske komponenten meir i bakgrunnen, og det seinare fellesspråket, koiné, har ein tydeleg basis i attisk.

a) Konsonantane

Ustemde plosivar: *p, t, k, k^w* > *p, t, k, p (t)*³³

Døme: ieur. **pātēr* 'far' = gr. *patēr*

³³ *p* står framfor bakre og *t* framfor fremre vokalar.

ieur. *plew- 'flyta, symja, sigla' = gr. *pleō* 'eg sigler'
 ieur. *treyes 'tre' (talordet) = gr. *treis*
 ieur. *klew- 'ære' = gr. *kle(w)os*
 ieur. *dekṃ 'ti' = gr. *deka*
 ieur. *k^woteros 'kven av to' = gr. *poteros*
 ieur. *k^wis 'kven' = gr. *tis*

Stemde plosivar: *b, d, g, g^w > b, d, g, b (d)*³⁴

Døme: ieur. *bel-/bol- 'sterk' = gr. *beltiōn* 'betre' (eigentleg 'sterkare')
 ieur. *dekṃ 'ti' = gr. *deka*
 ieur. *ed- 'eta' = gr. *edō* 'eg et'
 ieur. *gen- 'avla, føy' = gr. *genos* 'slekt, ætt'
 ieur. *agros 'jordstykke, åker' = gr. *agros*
 ieur. *g^wem- 'komma, gå' = gr. *bainō* 'eg går'
 ieur. *ṃg^wēn 'kjertel' = gr. *adēn*

Stemde aspirerte plosivar: *bh, dh, gh, g^wh > ph, th, kh, ph (th)*³⁵

Det greske alfabetet har for desse lydane teikna φ = *ph*, θ = *th* og χ = *kh*. I klassisk gresk var dette ustemde klusilar med aspirasjon. Seinare gjekk dei over til spirantar: [f], [b] og [ç]. Dette er uttalen i moderne gresk.

Døme: ieur. *bherō 'eg ber' = gr. *pherō*
 ieur. *nebhos 'sky' = gr. *nephos*
 ieur. *dhūmos 'røyk' = gr. *thūmos* 'lyst, sinnelag, tanke' o.a.³⁶
 ieur. *gheyem- 'vinter, frost' = gr. *kheimōn*
 ieur. *steygh- 'gå, stiga' = gr. *steikhō* 'eg stig'
 ieur. *g^when-/g^whon- 'slå, drepa' = gr. *theinō* 'eg slår', *phonos* 'drap' (subst.)
 ieur. *g^whermos/g^whormos 'varm' = gr. *thermos*

Frikativen *s* vert ståande i utlyd. Det same gjeld stort sett i konsonantgrupper. Elles går den i framlyd framfor vokal over til *h*, som stundom svinn. Mellom vokalar fell *s* via *h* bort i gresk. Døme på det første har vi i det allereie velkjende ordet *agros*. Jamfør vidare det nyss nemnde *steikhō*. Overgangen *s > h* i framlyd framfor vokal ser vi i *hepta* 'sju' < **septṃ* og bortfall mellom vokalar ligg føre i ei form som *geneos*³⁷ (genitiv av *genos*) < ieur. **genesos*.

³⁴ Fordelinga av *b* og *d* er den same som for *p* og *t* av ieur. *k^w*.

³⁵ *ph* står framfor bakre, *th* framfor fremre vokalar.

³⁶ Dette er eit døme på tydingsendring, men formelt stemmer formene heilt med kvarandre.

³⁷ I klassisk gresk og i koiné er *genous* den vanlege forma. Når vi likevel ofte finn *s* mellom vokalar i gresk, kan det ha si forklaring i at den har ein grammatisk funksjon. Dette er vanleg t.d. i futurum: *lusō* 'eg skal løysa' : *luō* 'eg løyser'.

Dei stavingsdannande **nasalane** *m* og *n* har same utviklinga som i sanskrit: dei vert vokaliserte til *a*. Såleis har talorda 'hundre' og 'ti' i gresk forma *he-katon*³⁸ og *deka*. Jamfør òg det nyss nemnde *hepta*. Det såkalla privativprefikset, no. *u-* (*umoden*), eng. *un-* (*unripe*) osv. var i indoeuropeisk *h-*. Dette er i gresk *a-*, kjent frå mange framandord, t.d. *atomos* 'udeleleg' = 'atom'. Framfor vokal finn vi varianten *an-* som i ordet *an-oreksia* 'appetitløyse, anoreksi'. Vidare går *m* over til *n* i utlyd. Det ser vi m.a. i akkusativendinga *-on* < ieur. *-om*: *logon* (akkusativ av *logos* 'ord, tale'). Elles held nasalane seg uendra: *mētēr* 'mor', *neos* 'ny, ung'.

Likvidane *l* og *r* er stabile i gresk: *leukos* 'kvit', *mētēr* osv. *l* står berre i fram- og innlyd av greske ord, aldri i utlyd. Dette er truleg ein arv frå indoeuropeisk. I stavingsdannande funksjon utviklar likvidane ein *a* som støttevokal. Denne kan stå både før og etter konsonanten, altså *la, al; ra, ar*. Døme: *alkē* < **!kā* 'elg', *kardia* (*kradia*) < **krd-* 'hjarta'.

Halvvokalane *y* og *w* viser i gresk ein sterkare tendens til endring eller bortfall enn det som er vanleg elles. Såleis går *y* i framlyd oftast over til *h*: ieur. **yos* 'som' (relativpronomen) = gr. *hos*. I nokre ord finn vi overgangen *y* > *dz*. Det oftast siterte dømet er *dzugon* 'åk' < ieur. **yugom*. Mellom vokalar fell *y* alltid bort som i talordet 'tre'. Det heiter *treis* < ieur. **treyes*. Særleg ustabile er i gresk samband av konsonant + *y*. Såleis vert *dhy* til *s(s)* som i ordet *mes(s)os* 'midtre' < ieur. **medhyos*. Resultatet er i mange tilfelle konsonantvekslingar ved bøyning og ordlaging, som når adjektivet *megas* 'stor' i komparativ har forma *meidzōn* < ieur. **megyōn*. *w* er i framlyd til stades i det eldre språket, seinare fell den bort. T.d. heiter 'eg veit' *woida* i førklassisk og *oida* i klassisk gresk. Vi såg at 'ny, ung' er *neos* på gresk. Der har *w* svunne mellom vokalar, jf. skt. *navas*.

b) Vokalane

I det følgjande vil det visa seg at vokalane i gresk er lite endra i høve til indoeuropeisk. Dette gjeld det klassiske språket, som vi konsentrerer oss om. Den seinare utviklinga er derimot prega av monoftongering og av at tidlegare skilde vokalar har falle saman i [i].

Kort *i* er stabil i gresk. Når det gjeld ieur. *u*, fekk lyden i jonisk-attisk i alle posisjonar ein *y*-aktig uttale, men skrivemåten heldt seg: *υ* (ypsilon = [y]).³⁹ I nygresk er uttalen [i]: *nukhta* 'natt' [niçta].

Døme: ieur. **k^wis* 'kven' = gr. *tis*
 ieur. **esti* 'han/ho er' = gr. *esti*
 ieur. **kunos* 'hund' (genitiv) = gr. *kunos*
 ieur. **yugom* 'åk' = gr. *dzugon*

³⁸ *he-* er ein rest av talordet for 'ein' (s. 69). Bindestreken manglar i vanleg ortografi.

³⁹ Greske lånord i mange moderne språk, m. a. i norsk, har av den grunn <y> i ortografien og eventuelt i uttalen, t. d. *psyke* 'sjel(eliv), sinn'.

Ieur. *e, o, a* viser heller ingen endringer i høve til urspråket. *a* førekjem likevel langt of-
tare enn i indoeuropeisk, m.a. på grunn av overgangen $m, n > a$.

Døme: ieur. **bherō* 'eg ber' = gr. *pherō*
ieur. **dekṃ* 'ti' = gr. *deka*
ieur. **gombhos* 'pæl, tann' = gr. *gomphos* 'pæl'
ieur. **potis* 'herre' = gr. *posis* 'ektemann'
ieur. **agros* 'jordstykke, åker' = gr. *agros*
ieur. **woyda* 'eg veit' = gr. *oida*

Reduksjonsvokalen ieur. *ə* går i gresk, som i dei fleste andre språka, over til *a*, men der er også tilfelle med overgang til *e* eller *o*, særleg der reduksjonsvokalen i bøyings- eller avleiingsformer vekslar med langvokalane *ē* eller *ō*.

Døme: ieur. **pətēr* 'far' = gr. *patēr*
ieur. **dhətos* 'gjort, sett, lagt' = gr. *thetos*⁴⁰
ieur. **dətos* 'gjeve' = gr. *dotos*⁴¹

Langvokalane *ī* og *ū* held seg uendra bortsett frå at *ū* på same måte som den tilsvarende kortvokalen i jonisk-attisk uttale går over til *y*, som her naturleg nok er lang.

Døme: ieur. **wīsos* 'gift' = gr. *īos*⁴²
ieur. **dhūmos* 'røyk' = gr. *thūmos* 'lyst, sinnelag' o. a.
ieur. **mūs* 'mus' = gr. *mūs*

Ieur. *ē* og *ō* er stabile vokalar i klassisk gresk. *ā* derimot går regelrett over til *ē* i jonisk, og i dei fleste stillingane også i attisk. Typisk for nygresk er overgangen *ē* (både den gamle indoeuropeiske og den som kjem av ieur. *ā*) til *i*-lyd: *ēmera* [i'mera] 'dag'.

Døme: ieur. **dhē-* 'gjera, setja, leggja' = gr. *tithēmi* 'eg gjer, set, legg'
ieur. **mē* 'ikkje' = gr. *mē*
ieur. **dōrom* 'gåve' = gr. *dōron*⁴³
ieur. **bherō* 'eg ber' = gr. *pherō*
ieur. **mātēr* 'mor' = gr. *mētēr* (dorisk *mātēr*)

⁴⁰ Rota er ieur. **dhē-* 'gjera, setja, leggja', som i gresk (og sanskrit) har presensformer med reduplikasjon: *tithēmi* osv. Meir om reduplisert presens s. 78.

⁴¹ Rota er ieur. **dō-* 'gjeve', også her med reduplikasjon i presens, gr. *didōmi* 'eg gjev'. *thetos* og *dotos* kan ha fått *e, o* i analogi med dei tilsvarende langvokalane.

⁴² Etter det som er sagt ovanfor om ieur. *w* og *s* i gresk, er forma heilt lydrett. Språkhistorisk same ordet er *virus*, som er den latinske forma med *s > r* mellom vokalar. Derifrå er ordet lånt inn i moderne språk.

⁴³ *n*-varianten **dōnom* kjenner vi frå skt. *dānam*. Vi skal òg møta den i latin. Begge har vid utbreiing i indoeuropeisk, men manglar m.a. i germansk.

Også **diftongane** er mykje godt uendra i klassisk gresk, iallfall i ortografien. I uttalen vart *ei* og *ou* tidleg monoftongerte til *ē* og *ū*. *eu* og *au* fekk etter kvart uttalen *ev* og *av*.

Døme: ieur. **eyti* 'han/ho går' = gr. *eisi*
ieur. **deyk-* 'visa, peika' = gr. *deiknumi* 'eg viser',⁴⁴
ieur. **woyda* 'eg veit' = gr. *oida*
ieur. **oynos* 'ein' = gr. *oinē* 'eittal',⁴⁵
ieur. **aydh-* 'brenna' = gr. *aithō* 'eg brenn',⁴⁶
ieur. **lewkos* 'kvit' = gr. *leukos*
ieur. *(*a*)*kows-* 'høyra' = gr. *akouō* 'eg høyrer'
ieur. **tawros* '(ur)okse' = gr. *tauros*

4.4 ITALISK

Her vil vi konsentrera oss om latin, som etter det vi såg er det best kjende av dei italiske språka. Dei to eldste innskriftene er frå 500-åra f.Kr., seinare aukar talet. Den eigentlege litteraturen byrja med komediediktarane Plautus (251–184 f.Kr.) og Terents (ca. 195–160 f.Kr.). Språket var enno "uferdig" som litterært medium, men den munnlege stilen i komediane gjev eit godt innblikk i talespråket på den tid. Høgdepunktet når det galdt normering, stilistisk nyansering osv. vart nådd i gullalderen frå det første hundreåret f.Kr. til ei stund inn i det første e.Kr. Latinen overlevde oppløysinga av Romarriket på to måtar. For det første lever den, som vi såg, vidare i dei romanske språka. Med eit metaforisk uttrykk vert dei ofte kalla dotterspråka til latin. For det andre var latin gjennom heile mellomalderen og langt inn i nytida kyrkje- og lærdomsspråk i Vest-Europa.

I det følgjande skal vi sjå på nokre trekk ved lydutviklinga frå indoeuropeisk til latin. Endringar frå latin og fram til dei moderne romanske språka vil vi ikkje gå inn på i denne innføringa.

a) Konsonantane

Ustemde plosivar: *p, t, k, k^w* > *p, t, c, qu*⁴⁸

Døme: ieur. **pətēr* 'far' = lat. *pater*
ieur. **plew-* 'flyta' osv. = lat. *pluit* 'det regner'
ieur. **treyes* 'tre' = lat. *trēs*
ieur. **wert-* 'venda' = lat. *vertō* 'eg vender'
ieur. **kmtom* 'hundre' = lat. *centum*

⁴⁴ I nygresk er *ei* blitt monoftongert til *i*: *eimai* ['ime] 'eg er'.

⁴⁵ I nygresk er også *oi* blitt monoftongert til *i*: *poios* [pi'os] 'kven'.

⁴⁶ I nygresk er *ai* blitt monoftongert til *e*: *eimai* ovanfor.

⁴⁷ Dette er skrivemåten. Lyden vart i klassisk tid alltid uttalt [k].

⁴⁸ *qu* (eldre skrivemåte *qv*) vart uttalt om lag som norsk *kv*, men den vart rekna som éin konsonant.

ieur. **dekṃ* 'ti' = lat. *decem*
 ieur. **k^wis* 'kven' = lat. *quis*
 ieur. **leyk^w* - 'forlata, leiva' = lat. *linquō*⁴⁹ 'eg forlèt'

Stemde plosivar: *b, d, g, g^w* > *b, d, g, v (gu)*⁵⁰

Døme: ieur. **bel-/bol-* 'sterk' = lat. *de-bilis* 'svak'
 ieur. **dekṃ* 'ti' = lat. *decem*
 ieur. **gen-* 'avla, fø' = lat. *genus* 'slekt, kjønn'
 ieur. **agros* 'jordstykke, åker' = lat. *ager*
 ieur. **g^wem-* 'komma, gå' = lat. *veniō* 'eg kjem'
 ieur. **ṅg^wēn* 'kjertel' = lat. *inguen* 'lyske, underliv'

Stemde aspirerte plosivar: *bh, dh, gh, g^wh* > *f(b),⁵¹ f(d),⁵² h, f(gu, v)*⁵³

Døme: ieur. **bher-* 'bera' = lat. *ferō* 'eg ber'
 ieur. **nebh-* 'sky, tåke' = lat. *nebula* 'tåke'
 ieur. **dhūmos* 'røyk' = lat. *fūmus*
 ieur. **medhyos* 'midtre' = lat. *medius*
 ieur. **gheyem-* 'vinter' = lat. *hiems*
 ieur. **wegh-* 'køyra' = lat. *vehō* 'eg køyrrer, fører'
 ieur. **g^whermos/g^whormos* 'varm' = lat. *formus*
 ieur. **sneyg^wh-/snig^wh-* 'snø' = lat. *ninguit*⁵⁴ 'det snø', *nivem* 'snø' (akkusativ)

Vi ser altså at ieur. *bh, dh, g^wh* i latin har falle saman i framlyd med *f* som resultat. Det er grunnen til at så mange ord i dette språket byrjar med *f*.

Frikativen *s* vert ståande uendra i fram- og utlyd som i orda *septem* 'sju' og *genus*. I innlyd mellom vokalar går den over til *r*, noko som ved bøyning ofte fører til ein veksling mellom *s* og *r*: *genus* – *genera* (fleirtal) < **genesā*. Verbet *gerō* 'eg (ut)fører' heiter i perf. part. *gestum* osv. Når klassisk latin likevel i mange tilfelle har *s* mellom vokalar, er det oftast fordi den var lang (dobbelstkriven) på den tida då overgangen *s* > *r* var verksam. Det gjeld t. d. ordet *causa* 'grunn, årsak', som i førklassiske tekstar ligg føre som *caussa*. Stundom dreier det seg om lånord – mest frå gresk – som t. d. *poesis* 'poesi, dikt-kunst'. Slike lån kom inn etter at overgangen *s* > *r* hadde slutta å verka. Vidare kan vi merka at *s* i visse konsonantgrupper går tapt gjennom assimilasjon. Det gjeld m. a. *ls* > *ll* som i *collum* 'hals' < **kolsom*.⁵⁵

⁴⁹ Verbet har i latin nasalinfix i presens (sjå s. 77).

⁵⁰ Etter nasal står *gu*, elles *v*.

⁵¹ *f* står i framlyd, *b* i innlyd.

⁵² *f* står i framlyd, *d* i innlyd. I nokre ord står *b* i innlyd: *ruber* 'raud' < ieur. **rudh-*. Dette kan ha si forklaring i dialektblanding.

⁵³ *f* står i framlyd, *gu* etter nasal, elles *v*.

⁵⁴ Verbet har i latin nasalinfix i presens.

⁵⁵ Det er etymologisk same ordet som *hals* i norsk og andre germanske språk.

Nasalane *m* og *n* er også i latin stabile lydar, noko vi ser av former som *mater*, *centum*, *novus* (akk. *novum*) 'ny' osv. I stavingsdannande funksjon utviklar dei *e* eller *i* som støttevokal. Det viser talordet *centum* > **k̑mtom*. Her er *m* gjennom assimilasjon blitt *n* framfor *t*. Jfr. vidare *decem* < ieur. **dek̑m*. *i* har vi særleg i prefikset *in-/im-*, som svarer til *un-* i germansk (*u-* i nordisk) og *a-* i gresk og sanskrit: *in-dignus* 'uverdigg', *im-possibilis* 'umogeleg'.

Likvidane *l* og *r* held seg like eins uendra. Det er tydeleg i former som *linquō*, *pluit*, *ruber*, *vertō*. Ieur. *r* har i latin *o* som støttevokal. Eit døme på det er *cor* < **k̑rd-* 'hjarta'. Ordet er, når det gjeld rottdelen, identisk med gr. *kard-ia*. For *l* i latin finst berre nokre få døme. Eitt er adjektivet *mollis* < **m̑ld-* 'veik, blaut'. Konsonantgruppa har assimilasjon *ld* > *ll*.

Halvvokalane *y* og *w* vert ståande i framlyd: *jugum*,⁵⁶ *vertō*. *y* fell som *i* gresk bort mellom vokalar: *trēs*. Derimot held *w* seg i denne stillinga: *novus* 'ny', *ovis* 'sau'.

b) Vokalane

Frå indoeuropeisk og fram til førklassisk latin skjedde det etter det vi kan sjå heller lite med vokalane. Under den vidare utviklinga mot det klassiske trinnet gjorde derimot to hovudtendensar seg gjeldande. For det første vart dei fleste diftongane monoftongerte, og for det andre vart kortvokalane *e*, *o*, *a* i trykklett posisjon i mange tilfelle heva. Dette siste er eit heller mangslunge emne, og vi skal berre nemna eit par hovudtrekk. Men først ser vi litt på *i* og *u*.

Kort ieur. *i* og *u* står som regel uendra i latin.

Døme: ieur. **k̑^wis* 'kven' = lat. *quis*
ieur. **ghostis* 'ein framand' = lat. *hostis* 'fiende'
ieur. **yugom* 'åk' = lat. *jugum*
ieur. **peku* '(små)fe' = lat. *pecu*

Som vi alt har sett av presensforma ieur. **esti*, har utlydande *i* falle bort i lat. *est*. Det same gjeld også for andre presensformer. Når den *i* utlyd var dekkja av *s*, vart den dels ståande som i *hostis*. I andre tilfelle fall den bort, ofte saman med ein føregåande *t*, som i **gentis* 'slekt, stamme' > *gens*.⁵⁷

I trykksterk stilling vart også kortvokalane *e*, *o*, *a* som regel ståande uendra.

Døme: ieur. **bherō* 'eg ber' = lat. *ferō*

⁵⁶ Klassisk latinsk ortografi nytta bokstaven <i> også for halvvokalen. Moderne tekstutgåver, grammatikkar og ordbøker har for det meste <j>.

⁵⁷ I genitivforma *gentis* kjem *i* av eldre *e*. Sjå s. 62.

ieur. **dekṃ* 'ti' = lat. *decem*
 ieur. **ghostis* 'ein framand' = lat. *hostis* 'fiende'
 ieur. **oktō* 'åtte' = lat. *octō*
 ieur. **agros* 'jordstykke, åker' = lat. *ager*
 ieur. **agō* 'eg køyrer, driv' = lat. *agō*

Som nemnt viser dei korte vokalane *e*, *o*, *a* tendens til heving i trykklett posisjon. Då skal vi hugsa at trykket på eit tidleg stadium av latin låg på første stavinga i ordet. Seinare vart det flytt bakover til nest siste staving når denne var lang, elles til tredje siste. Ved ordlagging og bøyning oppstår det ofte vokalvekslingar som resultat av denne tendensen. Eit par døme kan syna dette. Det heiter *faciō*⁵⁸ 'eg gjer', perf. partisipp *factus*. I samansetninga *conficiō* 'eg lagar, gjer i stand' har *a* gått over til *i* fordi trykket opphavleg låg på *con-*. Partisippet er *confectus*.⁵⁹ Her har hevinga stansa på *e* framfor konsonantgruppe. Like eins er trykklett *o* i bøyingsendingar ofte blitt heva til *u*. Det gjeld m. a. alltid substantivendingane *-os* (nom. eintal hankjønn) og *-om* (nom-akk. eintal inkjekjønn og akk. eintal hankjønn).⁶⁰ Hit høyrer også verbalendinga *-onti* (3. pers. fleirtal presens), som i klassisk tid har forma *-unt*: *feronti* 'dei ber' (kjend frå førklassisk språk) > *ferunt*.

Reduksjonsvokalen *ə* vart i latin som stort sett elles til *a*: *pater* 'far', *factus* 'gjort' osv.

Alle **langvokalane** heldt seg uendra i trykksterk⁶¹ og for det meste også i trykklett staving.

Døme: ieur. **g^wiṽos* 'levande' = lat. *vīvus*
 ieur. **wīsos* 'gift' = lat. *vīrus*
 ieur. **dhūmos* 'røyk' = lat. *fūmus*
 ieur. **mūs* 'mus' = lat. *mūs*
 ieur. **dhē-* 'gjera, setja' = lat. *fēcī* 'eg har gjort'
 ieur. **sē-* 'så' = lat. *sēmen* 'sånad'
 ieur. **dōnom* 'gåve' = lat. *dōnum*
 ieur. **oktō* 'åtte' = lat. *octō*
 ieur. **bhrātēr* 'bror' = lat. *frāter* (med korting av *ē* i trykklett staving)
 ieur. **mātēr* 'mor' = lat. *māter* (med korting av *ē* i trykklett staving)

Som nemnt viser **diftongane** ein tydeleg tendens til monoftongering i latin. Denne kan ein langt på veg følgja i dei overleverte tekstane, og utviklinga går vidare i talespråket (vulgærlatin). Ieur. *ey* gjekk via *ē* over til *ī*. Den nye *ē*-lyden må ha vore trongare enn den gamle, som ikkje vart til *ī*. Ieur. *oy* er i det klassiske språket blitt til *ū*. Også *ay* vart monoftongert. Skrivemåten var i klassisk tid *ae*, og den mest utbreidde uttalen var truleg *æ*. Ieur. *ew* og *ow* vart også monoftongerte til *ū*. Einast *aw* heldt seg som diftong i klassisk

⁵⁸ At *a* her kjem av *ə* spelar inga rolle i denne samanhengen.

⁵⁹ Jf. *konfekt* og *konfeksjon*.

⁶⁰ Dette går fram av døme som *fūmus*, *jugum* o.a.

⁶¹ Eit unntak er stillinga framfor ein annan vokal, der ein langvokal vart korta: *flēre* 'gråta' heiter i 1. pers. eintal presens *flēō*. I latinsk ortografi er lengda vanlegvis ikkje markert: *vivus*, *feci* osv.

latin, men i talespråket finn vi ofte monoftongering, t. d. *oru(m)*⁶² i staden for *aurum* 'gull'.

Døme: ieur. **deyk-* 'visa, peika' = lat. *dīcō* 'eg seier' (tydingsending)
ieur. **bheydh-* 'stola på' o.a. = lat. *fīdō* 'eg stolar på'
ieur. **oynos* 'ein' = lat. *ūnus*
ieur. **laywos* 'venstre' = lat. *laevus*
ieur. **ewsō* 'eg brenn' = lat. *ūrō*
ieur. **dewkō* 'eg dreg' = lat. *dūcō* 'eg fører, leier'
ieur. **lowkos* 'open plass i skogen' = lat. *lūcus* 'lund vigd til gudane'
ieur. **awg-* 'veksa, auka' = lat. *augeō* 'eg aukar, gjer større'
ieur. **awsis* 'øyra' = lat. *auris*

4.5 SLAVISK

Som nemnt tidlegare sette slavarapostlane Kyrillos og Methodios på 800-talet om Bibelen til ein sørslavisk dialekt. Dette er den eldste slaviske teksten av noko omfang, og språkforma er som venta den mest alderdommelege innanfor denne greina av indoeuropeisk. Det er difor vanleg å nytta døme herifrå i språkhistorisk framstilling. I denne elementære innføringa vil vi likevel for det meste la russiske ordformer visa lydovergangane. Russisk er trass alt betre kjent enn kyrkjeslavisk, og skilnadene mellom dei to lydsystema er heller små. Der ikkje russisk har passande døme, nyttar vi andre slaviske språk.

a) Konsonantane

Ustemde plosivar: $p, t, k, k^w > p, t, s, k$

Døme: ieur. **plew-/plow-* 'flyta, symja, sigla' = russ. *plyvu* 'eg sym'
ieur. **swep-/sup-* (avlyd; $w > u$ mellom konsonantar) 'sova' = russ. *spat*⁶³
ieur. **treyes* 'tre' = russ. *tri*
ieur. **mātēr* 'mor' = russ. *mat*
ieur. **kerd-* 'hjarta' = russ. *serdce* ($c = ts$)
ieur. **k^woteros* 'kven av to' = russ. *kotoryj* 'kva for ein'

⁶² I vulgærlatinske innskrifter fell utlydande *m* svært ofte bort. Andre vanlege døme er *centu*, *novu*.

⁶³ ' viser at føregåande konsonant har palatalisert uttale. Sjå s. 47.

Stemde plosivar: *b, d, g, g^w > b, d, z* (stemd *s*), *g*

Døme: ieur. **bel-/bol-* 'sterk' = russ. *bol* 'šoj' 'stor'
ieur. **slāb-* 'svak, slapp' = russ. *slabyj*
ieur. **dwō(w)* 'to' = russ. *dva*
ieur. **kerd-* 'hjarta' = russ. *serdce*
ieur. **gombhos* 'pæl, tann' = russ. *zub*⁶⁴ 'tann'
ieur. **gnō-* 'kjenna, vita' = russ. *znat*
ieur. **g^wōws* '(stor)fe' = russ. *govjado* (utvida med eit kollektivsuffiks)
ieur. **bheg^w-* 'flykta, springa' = russ. *begat*

Stemde aspirerte plosivar: *bh, dh, gh, g^wh > b, d, z, g*⁶⁵

Døme: ieur. **bherō* 'eg ber' = russ. *beru* 'eg tek'
ieur. **nebho-* 'sky, himmel' = russ. *nebo* 'himmel'
ieur. **dhūmos* 'røyk' = russ. *dym*
ieur. **medhu* 'honning' = russ. *med* (etymologisk same som no. *mjød*)
ieur. **gheyem-* 'frost, vinter' = russ. *zima* 'vinter'
ieur. **wegh-* 'køyra' = russ. *vezu* 'eg køyrer'
ieur. **g^wher-/g^whor-* 'brenna, varm' = russ. *goret* 'brenna'
ieur. **sneyg^wh-/snoyg^wh-/snig^wh-* 'snø' = russ. *sneg*

Vi kan føya til at dei velare plosivane urslav. *k* og *g* alt før dei eldste skriftlege kjeldene framfor fremre vokal gjekk over til *č* (= *ch* i engelsk *church*) og *ž* (= *j* i fransk *journal*).⁶⁶ Dette ser vi tydeleg når vi jamfører visse ord i slavisk med tilsvarande i andre indoeuropeiske språk. Såleis heiter 'fire' på russisk *četyre* og på litauisk *keturi* – sistnemnde har halde på *k*-lyden. Jf. også russ. *železo* 'jern' og lit. *geležis*. Eit resultat av denne endringa er også vekslingar mellom *k* og *č*, *g* og *ž* ved bøyning og ordlaging. Slike er enno hyppige i alle slaviske språk, t. d. russ. *peku* 'eg baker' – *pečet* 'han/ ho baker' eller *Bog* 'Gud' (nominativ) – *Bože* (vokativ). Same verknaden har halv vokalen *y*. Også dette ser vi enno tydelege spor etter. Såleis hadde t.d. verbet *plakat* 'gråta' i presens ein *y* framfor personendingane (meir om det s. 77.). Difor heiter det russ. *plaču* (< ursl. **plakyu*) 'eg græt' osv.

Frikativen *s* held seg også i slavisk best i framlyd; jf. alt kjende ord som russ. *slabyj*, *sneg*, eller *sol* (< ieur. **sali*) 'salt'. Eit døme på *s* i innlyd er russ. *rosa* 'dogg'. I innlyd etter *i* og *u* gjekk *s* truleg alt i urslavisk over til *ch* (*ach*-lyd): russ. *tichij* (< ieur. **teys-*) 'stille, roleg', russ. *ucho* (< ieur. **aws-*) 'øyra'. Viktig – særleg med tanke på vekslingar i dagens språk – er overgangen *sy* (halv vokalen) > *š* (som i eng. *shoe*). Dette forklarar former som russ. *pišu* < **pisyu* 'eg skriv' – *pisat* (inf.).⁶⁷ I utlyd fall ieur. *s* bort alt før den skriftlege overleveringa tok til, jf. former som *tri*, *zub*, *dym*.

⁶⁴ *m* har falle bort med nasalering av føregåande vokal. Så er vokalen blitt denasalert med *u* som resultat.

⁶⁵ Her ser vi for første gong at dei to rekkjene med stemde klusilar har falle saman.

⁶⁶ Dette er palatalisering av same type (men litt anna resultat) som *k*, *g* + fremre vokal i norsk.

⁶⁷ Same overgangen har austnorsk uttale av ord som *sjø*, *sju*.

Døme der dei ieur. **nasalane** og **likvidane** framleis står ved lag er dei alt nemnde orda russ. *mat*, *dym*, *nebo*, *znat*, *slabyj*, *sol*, *rosa*, *goret*. Når det gjeld stillinga i opphavleg utlyd, merkar vi at ieur. *m* tidleg gjekk tapt, noko som førde til at mange substantiv vart like i nominativ og akkusativ. Såleis representerer *zub* og *dym* begge kasus. Frå omtalen av *zub* hugsar vi at ein opphavleg *m* hadde falle bort med nasal vokal som resultat. Dette gjeld generelt for vokal + nasal når dei stod mellom to konsonantar, jf. **gombhos*. Slavisk utvikla på denne måten to nasalvokalar: *ɛ* som i det franske ordet *vin* og *ɔ* som i *bon* fr. Begge var vanlege i kyrkjeslavisk, t. d. *pęta* < ieur. **pentā* 'hæl' og *zǫbŭ*⁶⁸ 'tann'. Seinare miste dei den nasale uttalen: russ. *pjata*, *zub*. Einast polsk har halde på nasalvokalane, men der er utviklinga no i ferd med å gå tilbake til det opphavlege. Ord som *pięta* og *zǫb* har no oftast uttalen [pjenta] og [zomp]. Stavingsdannande nasalar og likvidar fekk i slavisk *i*⁶⁹ som støttevokal, t.d. ieur. **w!k^wos* 'ulv' > gruss. *v!lkü*. *m*, *n* + føregåande *ǐ* danna som venta nasalvokal: ieur. **dekmtos* 'tiande' > ursl. **desimtŭ* > ksl. *desętŭ*. *ɛ* av *ǐm*, *ǐn* følgjer den generelle utviklinga med overgang til oral vokal i dei fleste moderne språka: russ. *desjatyj*, bulg. *deseti* osv. Polsk har *dziesiąty* med [ǔ] eller [on]. Gruppene *ǐl* og *ǐr* utvikla seg ulikt i dei ulike språka, noko orda for 'ulv' viser: russ. *volk*, po. *wilk*, serb. *vuk* (med vokalisering av *l*), tsj. *v!lk*. Den siste forma har tap av støttevokalen og dermed gjenoppretting av den stavingsberande likviden.

Halvvokalane *y* og *w* lever vidare som frikativane *j* og *v*, dvs. dei har litt meir artikulasjonsstøy enn dei tilsvarande lydane i norsk. Døme er po. *jar* 'vår' < ieur. **yēro-/yōro-* 'år, sommar', ksl. *trǐje* < ieur. **trejes* 'tre'; russ. *vezu* < ieur. **weghō* 'eg køyrer', russ. *novyj* < ieur. **newos* 'ny'.

Generelt viser konsonantane i slaviske språk ein tendens til palatalisert uttale framfor dei fremre vokalane *i* og *e*, dvs. framtunga vert heva mot den harde ganen (palatum) under artikulasjonen av konsonantane. Sterkast er tendensen i polsk og russisk. T.d. vert ei form som russ. *deti* 'born' uttalt [d'et'i].

b) Vokalane

Ein tendens i slavisk språkhistorie er at skilnaden mellom korte og lange vokalar vert utviska. Lengst har dette gått i russisk og polsk, der motsetningen kort – lang ikkje lenger har nokon funksjon, dvs. ein vil der ikkje finna par av typen *takk* – *tak* i norsk. I slike språk er det kan henda rettast å sjå på vokalane som halvlange. På den andre sida har tsjekkisk og slovakisk halde oppe skilnaden, jamvel i trykklett posisjon. T.d. har komponistnamnet *Dvořák* kort vokal i den trykktunge første stavinga, men lang vokal i siste staving, som er trykklett. I fleire språk har vi sett at diftongane er blitt monoftongerte. Dette gjeld også i utprega grad for slavisk.

⁶⁸ Dette var ein kort og flyktig *u*-lyd.

⁶⁹ Dette var ein kort og flyktig *i*-lyd. Litt meir om dei to finn ein under omtalen av kortvokalane i slavisk.

Kortvokalane ieur. *i* og *u* er i slavisk blitt til *ĩ* og *ũ*,⁷⁰ som vi allereie kjenner. Seinare fall dei anten bort eller utvikla seg til fullvokalar. Difor vil vi her nytta former frå kyrkjeslavisk, der dei stod ved lag uendra.

Døme: ieur. **widhewā* 'enkje' = ksl. *vidova*
ieur. **mighlā* 'tåke' = ksl. *mĭgla*
ieur. **snusā* 'verdotter' = ksl. *snŭcha*
ieur. **sūnus* 'son' = ksl. *synŭ*

Det nemnde bortfallet av *ĩ* og *ũ* har ført til at slavisk, særleg i framlyd, har fått konsonantgrupper som ikkje finst i andre indoeuropeiske språk. Såleis heiter 'enkje' på russisk *vdova* og på polsk *wdowa*. 'Tåke' heiter på dei to språka *mgla* og *mĭgla*. Reglane for denne synkopen er til dels kompliserte. I dei to døma dreier det seg om tap av vokalen i første staving når følgjande staving hadde fullvokal. Utviklinga av *ĩ* og *ũ* har også resultert i påfallande vekslingar innanfor bøyinga. Såleis hadde ordet for 'søvn' i dei eldste kjeldene forma *sŭnŭ* i nominativ og *sŭna* i genitiv. I genitivforma vart *ũ* synkopert i samsvar med den nyss nemnde regelen. Dermed vart denne *sna*. I nominativ gjorde andre reglar seg gjeldande. Der fall *ũ* bort i utlyd, og same vokal i rotstavinga vart "forsterka" til fullvokal. Den kunne vera *a*, *e* eller *o* alt etter språk. På denne måten oppstod bøyingar som russ. *son* – *sna*, serb. *san* – *sna* osv. Typen omfattar ei rad ord i alle moderne slaviske språk. Fleire preposisjonar enda tidlegare på *ũ*, som gjekk tapt fordi preposisjonen i uttalen slutta seg nært til styringa: gruss. *kŭ njemu* 'til han' > *k njemu*, *vŭ gorode* 'i byen' > *v gorode* osv.

Av dei andre kortvokalane fall *o* og *a* saman som i germansk, men resultatet var i slavisk *o*. Ieur. *e* vart for det meste ståande uendra i det eldste slavisk, men med overgang til *o* i visse lydlege naboskap, såleis framfor halv vokalen ieur. *w*, jfr. **widhewā* > *vidova*.

Døme: ieur. **bherō* 'eg ber' = russ. *beru* 'eg tek'
ieur. **weghō* 'eg køyrer' = russ. *vezu*
ieur. **noktis* 'natt' = russ. *noč* (*kti* > *č* i russisk)
ieur. **owis* 'sau' = ksl. *ovī-ca*, russ. *ovca* (*-ca* er opphavleg eit diminutivsuffixs)
ieur. **sali-* 'salt' = russ. *sol*
ieur. **aksis* 'akse' = russ. *os*

Reduksjonsvokalen ieur. *ə* vart i slavisk til *o*. Truleg gjekk den først over til *a* som i dei fleste andre språka. Så følgde den utviklinga *a* > *o*. Eit døme er russ. *stojat* 'stå', som er danna til ei rotform ieur. **stə*.⁷¹

Av seinare endringar kan nemnast at *o* i russisk uttale i trykklett staving har uttalen [a] eller [ə], t.d. *goroda* [gəradá] 'byar'. Like eins er det vanleg å uttala trykklett *e* som [i]: *beru* [b'irú].

⁷⁰ I urslaviske rekonstruksjonar, og like eins i former frå kyrkjeslavisk står ofte dei kyrilliske teikna ѣ og ѝ. Vi nyttar også i det følgjande *ĩ* og *ũ*.

⁷¹ Standarddømet **pətēr* er ikkje kjent frå slavisk.

På same måte som kortvokalane *o* og *a* fall **langvokalane** ieur. \bar{o} og \bar{a} saman i slavisk. Her er resultatet \bar{a} . Ieur. \bar{u} vart alt i urslavisk trekt framover og avrunda. På den måten oppstod ein vokal som er lik ein norsk *u* utan lepperunding. Slik er framleis uttalen i russisk, der det kyrilliske alfabetet har eit eige teikn (*u*) for denne lyden. Elles vert bokstavteiknet *y* nytta. I nokre språk har den glide vidare framover og falle saman med *i*. Dette gjeld t.d. serbisk. For det slaviske motstykket til ieur. \bar{e} nyttar ein i urslaviske rekonstruksjonar og i transkripsjon av kyrkjeslavisk teiknet \bar{e} . Truleg dreidde det seg om ein lang, open *e*-lyd. I russisk har den som resultat av den nemnde tendensen til korting falle saman med ieur. *e*. Sjølv sagt viser også ieur. \bar{i} same tendensen, men den fell ikkje saman med ieur. *i* > \bar{i} (sjå ovanfor).

Døme: ieur. $*g^w\bar{i}wos$ 'levande' = russ. *živoj* (*g* > *ž* framfor *i*)
 ieur. $*sw\bar{i}nos$ 'som høyrer til svinet' = russ. *svinoj*
 ieur. $*dh\bar{u}mos$ 'røyk' = russ. *dym*
 ieur. $*m\bar{u}s$ 'mus' = russ. *myš'*
 ieur. $*dh\bar{e}$ - 'gjera, setja, leggja' = russ. *det'* 'leggja'
 ieur. $*bh\bar{e}los$ 'kvit' = russ. *belyj*
 ieur. $*d\bar{o}rom$ 'gåve' = russ. *dar*
 ieur. $*y\bar{o}s$ - 'reim, belte' = russ. *po-jas* 'belte'
 ieur. $*bhr\bar{a}t\bar{e}r$ 'bror' = russ. *brat*
 ieur. $*m\bar{a}t\bar{e}r$ 'mor' = russ. *mat'*

Dei indoeuropeiske **diftongane** vart tidleg monoftongerte i slavisk. Til dels fall dei saman med langvokalane og utvikla seg vidare liksom dei. Det gjeld *ey* > *i* og *oy*, *ay* > \bar{e} (*y*-diftongane). Når det gjeld *w*-diftongane, har vi *ew* > *ju* og *ow*, *aw* > *u*, som ikkje fall saman med ieur. \bar{u} (sjå ovanfor).

Døme: ieur. $*ey$ - 'gå' = russ. *itti*
 ieur. $*gheyem$ - 'frost, vinter' = russ. *zima* 'vinter'
 ieur. $*loyk^wos$ 'til overs' = russ. (*ot*)*lek* 'rest'
 ieur. $*snoy^ghos$ 'snø' = russ. *sneg*
 ieur. $*laywos$ 'venstre' = russ. *levyj*
 ieur. $*dayw\bar{e}r$ 'verbror, svoger' = russ. *dever'*
 ieur. $*lewbhos$ 'kjær' = russ. *ljubyj*
 ieur. $*lewdhos$ '(fritt) menneske' = russ. *ljudi* (flt.) 'folk'
 ieur. $*rowdhos$ 'raud' = russ. *ruda* 'malm' (p.g.a. raudfargen)
 ieur. $*sawsos$ 'turr' = russ. *suchoj*
 ieur. $*tawros$ '(ur)okse' = russ. *tur* 'urokse, steinbukk'

4.6 BALTISK

Her er det mest nærliggjande å henta døme frå litauisk. Dei eldste tekstane er rett nok på gammalprøyssisk og stammar som vi har sett frå det 16. og 17. hundreåret. Men dei er ikkje særleg omfangsrrike, og på mange måtar er dei mangelfulle. M.a. er ortografien lite

konsekvent, noko som gjer det vanskeleg å få eit klårt bilete av lyd- og formverket. Truleg er dei skrivne av tyske omsetjarar med heller små kunnskapar i dette baltiske språket. Der ikkje litauisk har høvelege former, nyttar vi latvisk eller gammalprøyssisk.

a) Konsonantane

Ustemde plosivar: $p, t, k, k^w > p, t, š, k$

Døme: ieur. **pēd-/pōd-* 'fot' = lit. *pėda* 'fot(spor)'
 ieur. **plew-/plow-* 'flyta, symja, sigla' = lit. *plauti* 'vaska' (tydingsendring)
 ieur. **treyes* 'tre' = lit. *trys*
 ieur. **mātēr* 'mor' = lit. *motina* (endring av suffikset)
 ieur. **kṛtom* 'hundre' = lit. *šimtas*
 ieur. **kunos* 'hund' (genitiv) = lit. *šuns* (nominativ *šuo*)
 ieur. **k^woteros* 'kven av to' = lit. *katras*
 ieur. **k^wos* 'kven' = lit. *kas*

Vi ser at tre av dei omtalte greinene (indo-iransk, slavisk og baltisk) har to fellestrekk når det gjeld utviklinga av dei ustemde klusilane. a) Ieur. *k* vert til spirant, jfr. ordet 'hundre': skt. *śatam*; ksl. *sūto*;⁷² lit. *šimtas*. b) Ieur. *k^w* mister lepperundinga: *kataras*; *kotoryj*; *katras*. Dette gjeld ikkje dei vestlege språka vi har sett på. Av den grunn var det tidlegare vanleg å dela dei indoeuropeiske språka inn i to store grupper med namn etter orda for 'hundre', nemleg vestlege *centumspråk* og austlege *satemspråk*.⁷³ Det viser seg likevel at tokarisk lengst i aust også er eit centumspråk. Der heiter 'hundre' *kānt(e)*. Jf. s. 10.

Stemde plosivar: $b, d, g, g^w > b, d, ž, g$

Døme: ieur. **dheub-/dhub-* 'djup' = lit. *dubus*⁷⁴
 ieur. **dent-/dont-* 'tann' = lit. *dantis*
 ieur. **dwō(w)* 'to' = lit. *du*
 ieur. **gnō-* 'kjenna, vita' = lit. *žinoti*
 ieur. **gṛn-* 'korn' = lit. *žirnis* 'ert'
 ieur. **g^wōws* '(stor)fe' = latv. *guovs*
 ieur. **g^wem-* 'komma' = lit. *gimti* 'komma til verda, bli fødd'

Utviklinga er den same som i dei ustemde klusilane: *g* vert til spirant og *g^w* mister lepperundinga. Indo-iransk, slavisk og baltisk ter seg også her likt. Såleis svarer til den rekonstruerte forma **gombhos*, som vi alt kjenner, skt. *jambhas* 'tann'; russ. *zub* 'tann' og lit. *žambas* 'spiss gjenstand'. Derimot har gr. *gomphos* 'pæl' og no. *kam* framleis klusil. Tokarisk (centumspråk) har *kam* 'tann'. Tap av lepperunding ser vi i russ. *govjado* og latv. *guovs*. Til dei svarer i sanskrit *gāus*.

⁷² Slav. *ŭ* < ieur. *m* er problematisk. Men *s* i framlyd er som venta.

⁷³ *satəm* er den gamle iranske varianten av dette ordet.

⁷⁴ Sikre døme med ieur. *b* i framlyd finst neppe i baltisk.

Stemde aspirerte plosivar: *bh, dh, gh, g^wh* > *b, d, ž, g*

Døme: ieur. **bhendh-* 'binda (saman)' = lit. *bendras* 'felles'
ieur. **bhrātēr* 'bror' = lit. *brolis* (nydanning med *l*-suffiks)
ieur. **dhē-/dhō-* 'gjera, setja, leggja' = lit. *dėti* 'leggja, setja'
ieur. **rowdh-* 'raud' = lit. *raudonas* (utvida med *n*-suffiks)
ieur. **gheyem-* 'frost, vinter' = lit. *žiema* 'vinter'
ieur. **wegh-* 'køyra' = lit. *vežu* 'eg køyrer'
ieur. **g^whermos/g^whormos* 'varm' = gpr. *gorme* 'varme'
ieur. **snoyg^whos* 'snø' = lit. *sniegas*

Av dette går det fram at dei stemde og dei stemde aspirerte klusilane også i baltisk fell saman på same måten som i slavisk. Dette er heller sjeldan, men gjeld også for nokre språk som vi ikkje kjem inn på her, m.a. iransk og keltisk.

Frikativen *s* vert for det meste ståande uendra. Såleis lever ieur. **senos* 'gammal' vidare i baltisk som lit. *senas* og latv. *sens*. Som vi ser har formene halde på *s* også der den alt i indoeuropeisk tid stod i utlyd. Dette er eit arkaisk trekk ved baltisk, som her kjem i klasse med t.d. sanskrit, gresk og latin.⁷⁵ I litauisk går *s* i visse lydlege naboskap, særleg etter *r*, ofte over til *š*, jfr. lit. *pirštas* 'finger'. Latv. *pirsts* er på dette punktet meir opphavleg.

Som det går fram av dei alt nemnde ordformene *motina*, *žiema*, *šuns*, *plauti*, *raudonas*, *katras*, vert **nasalane** og **likvidane** ståande i fram- og innlyd. I opphavleg (indoeuropeisk) utlyd har *m* og *n* falle bort med nasalering av føregåande vokal. Dei aktuelle vokalane har no oral artikulasjon men dei er framleis lange og vert i litauisk skrivne med ein liten hake under: *sniegą* (akkusativ av *sniegas*), *dantį* (akkusativ av *dantis*). Særleg gjeld dette akkusativformer. Den formelle skilnaden mellom nominativ og akkusativ er såleis intakt. I syllabisk funksjon utviklar nasalane og likvidane i baltisk liksom i slavisk *i* som støttevokal.⁷⁶ Dei baltiske gruppene *im*, *in*, *il*, *ir* er stabile i litauisk, men vert av og til endra i latvisk. Vi kjenner allereie orda *šimtas* og *žirnis*. Andre døme er lit. *vilkas* < **w|k^wos* 'ulv' og *ginti* < **g^whŋ* - 'jaga, driva'. Eit tilfelle som syner ulik utvikling i litauisk og latvisk er *minti* – *mīt* 'trø, trakka', der *n* i sistnemnde språk har falle bort med kompensatorisk lenging av føregåande vokal.

Halvvokalane *y* og *w* har som regel blitt ståande som i *jungas* 'åk' (*n* er sekundær), *stoja/stojo* 'stiller/stilte seg'. I litauisk har *ty*, *dy* gjeve *č*, *dž*, noko som har ført til vekslingar ved bøyning, t.d. *dviratis* 'sykkel' (eig. 'tohjular') – genitiv *dviračio* (< **-tyō*), *sėdi* 'du sit' – *sėdžiu* (**-dyō*) 'eg sit'. Den labiovelare halvvokalen ligg føre i ord som *vilkas* og *avis* 'sau'. Den har no om lag same uttale som *v* i norsk.

⁷⁵ Vi ser at lit *senas* står urforma ieur. **senos* nærare enn skt. *sanas* gjær.

⁷⁶ I begge språkgreinene førekjem *u* i denne funksjonen, men langt sjeldnare enn *i*.

b) Vokalane

Kortvokalane ieur. *i* og *u* held seg for det meste uendra.

Døme: ieur. **widhewā* 'enkje' = gpr. *widdewū*
ieur. **owis* 'sau' = lit. *avis*
ieur. **rudhos* 'raud' (avlydsvariant til **rowdhos*) = lit. *rudas* 'brun'
ieur. **sūnus* 'son' = lit. *sūnus*

Ieur. *o* og *a* fall i baltisk saman liksom i germansk og slavisk. Resultatet var *a* som i germansk. Ein kan merka seg at *e* og *a* i litauisk ofte vert lengde i trykksterk staving (både open og lukka). Såleis har *senas* uttalen [ˈsɛːnas], og *esti* vert uttala [ˈɛːsti]. Ordet *rak-tas* 'nøkkel', som frå gammalt hadde kort vokal i første stavinga, vert no uttala [ˈraːktas]. Typisk for litauisk er endinga *-as* < *-os*. I latvisk har *a* falle bort. Dette går fram av alt nemnde døme som *pirštas* – *pirsts* og *senas* – *sens*.

Døme: ieur. **esti* 'han/ho er' = lit. *esti*⁷⁷
ieur. **senos* 'gammal' = lit. *senas*
ieur. **oktō(w)* 'åtte' = lit. *aštuoni*
ieur. **owis* 'sau' = lit. *avis*
ieur. **aksis* 'akse' = lit. *ašis*

Reduksjonsvokalen *ə* vart som i dei fleste andre språka til *a*. Som i slavisk manglar standarddømet **pətēr*, men ieur. **stə-* lever vidare i lit. *statyti* 'setja, reisa (opp).

Også når det gjeld **langvokalane**, legg vi mest vekt på litauisk. Tendensen til lenging av *e* og *a* i trykksterk staving har i mange tilfelle ført til sekundær langvokal. På den andre sida vert nedarva langvokalar normalt ikkje korta i trykklett stilling. Til adjektivet *gyvas* [ˈgiːvas] 'levande' høyrer verbet *gyventi* 'leva, bu', som framleis har [iː] i første staving trass i at den er trykklett: [giːˈventi]. Lengda går som oftast fram av ortografien. Såleis står vokalteikn med hake alltid for lange vokalar: *ą*, *ę*, *į*, *ų*. Men lenginga er her altså sekundær etter bortfall av nasal. Ieur. *ī* vert skriven *y*. Lit. *é* [eː] svarer til ieur. *ē*. Bokstavteiknet *o* står for lang *ā*-lyd, som kjem av ieur. *ā*. Ieur. *ō* vart diftongert til *uo*. Det gjeld både litauisk og latvisk. Lit. *ū* (lengdeteikn også i ortografien) svarer til ieur. *ū*.

Døme: ieur. **g^wīwos* 'levande' = lit. *gyvas*
ieur. **wīros*⁷⁸ 'mann' = lit. *vyras*
ieur. **dhūmos* 'røyk' = lit. *dūmai* (vert berre brukt i fleirtal)
ieur. **sūnus* 'son' = lit. *sūnus* (trykk på siste staving, som har kort vokal)
ieur. **dhē-* 'gjera, setja, leggja' = lit. *dėti* 'setja, leggja'
ieur. **sē-* 'så' = lit. *sėti*
ieur. **dō-* 'gje' = lit. *duoti*
ieur. **oktō(w)* 'åtte' = lit. *aštuoni*
ieur. **bhrātēr* 'bror' = lit. *brolis* (suffiksveksel)
ieur. **mātēr* 'mor' = lit. *motina* (suffiksveksel)

⁷⁷ 1. pers. *esmi* har kort *e* og trykk på siste staving. Vi har s. 20 og 21 nemnt at *esti* og *esmi* er gammaldage former.

⁷⁸ Ein variant med kort *i* ligg føre i vestlege språk som germansk (s. 31) og latin.

Diftongane med *y* som gliding i indoeuropeisk har ei dobbel utvikling i litauisk – vi ser her bort frå latvisk og gammalprøyssisk: *ey* > *ei/ie*, *oy* > *ai/ie*, *ay* > *ai/ie*. Samanfallet *oy*, *ay* > *ai* har si forklaring i overgangen *o* > *a*. Varianten *ie* er av nyare dato. Ieur. *ew*, *ow*, *aw* vart alle til *au*.

Døme: ieur. **ey-* 'gå' = lit. *eiti*
ieur. **gheyem-* 'frost, vinter' = lit. *žiema* 'vinter'
ieur. **loyk^wos* 'til overs' = lit. *atlaikas* 'rest'
ieur. **snoyg^whos* 'snø' = lit. *sniegas*
ieur. **daywēr* 'verbror, svoger' = lit. *dieveris* 'bror til mannen'
ieur. **tewtā* 'folk, land' = lit. *tauta*
ieur. **rowdhos* 'raud' = lit. *raudonas*
ieur. **klownis* 'lår' = lit. *šlaunis*
ieur. **awg-* 'veksa' = lit. *augti*
ieur. **tawros* '(ur)okse' = lit. *tauras*

5

FORMLÆRE (MORFOLOGI)

5.1 INNLEIANDE MERKNADER

Dei fleste språka har eit grammatisk system med bøyning av orda for å uttrykkja grammatiske kategoriar som *kasus* og *numerus* (tal) ved substantiv, adjektiv og pronomen⁷⁹ eller *tempus* (tid), *person*, *numerus*, *modus* ved verb. Men omfanget av bøyning varierer mykje frå eitt språk til eit anna. Dette ligg til grunn for ein av måtane å klassifisera språka på. Ein skil då mellom *syntetiske* og *analytiske* språk. I den førstnemnde typen kjem dei grammatiske funksjonane i stor utstrekning til uttrykk gjennom bøyning. I den sistnemnde er ordstilling og hjelpeord som preposisjonar viktigast. Lat oss sjå litt på setninga

Per slår Paul.

Normalt vil ein tolka den slik at Per er subjekt. Det er han som utfører handlinga. Paul er objekt, her den handlinga er retta mot eller går ut over. Dette går fram av ordstillinga,

⁷⁹ Ved personlege pronomen også *person*.

som i norsk normalt er subjekt – verbal – objekt.⁸⁰ Annleis er dette i tilsvarende latinske setning. Den kan ha forma

Petrus caedit Paulum.

Ordstillinga er her den same som i norsk, men den er ikkje avgjerande for kven som gjer kva. Det går fram av endingane. *Petrus* er nominativ (subjektskasus). *Paulum* er akkusativ (objektskasus). Rollene er dei same om dei to skifter plass, berre fokuseringa endrar seg:

Paulum caedit Petrus.

Typisk for dei indoeuropeiske språka er at dei har utvikla seg i analytisk retning. Det er den generelle tendensen, men farten har ymsa mykje. Såleis har moderne norsk eit langt enklare formverk enn gammalnorsk og islandsk med sine fire kasus, si person- og numerusbøying av verb osv. Nokolunde midt imellom desse ligg færøysk – ikkje berre geografisk, men også når det gjeld bøyingsformene. Av og til kan ein lett observera endringane i talemålet. Nokre målføre – t.d. i Nordfjord og på Sunnmøre – har enno dativformer som i setninga

Per gav hesta høy.

Det indirekte objektet *hesta* står i dativ eintal bunden form. Denne er likevel mykje enklare enn den tilsvarende i gammalnorsk: *hestinum*. Det ser ut til at dativ no taper terreng for kvar generasjon. Snart er det vel ingen som meistrar bruken lenger. Dette heng visseleg saman med trekk ved språkstrukturen men òg med utanomspråklege ovringar i det moderne samfunnet, t.d. større mobilitet enn tidlegare. Såleis er det ikkje å undrast over at dei indoeuropeiske språka som vi kjenner frå gamletida, også er dei mest formrike. Det gjeld m.a. latin, (klassisk) gresk og sanskrit. I vår tid er baltisk og slavisk dei målgreinene som best har teke vare på det gamle formverket.

Vi såg tidlegare (s. 20–22) korleis granskarane ved hjelp av den samanliknande metoden i grove trekk rekonstruerte det indoeuropeiske lydssystemet. Det viste seg også at etableringa av morfologien i nokon mon gjekk hand i hand med studiet av lydane, og ikkje minst gjennom arbeidet til junggrammatikarane fall også her mange brikker på plass. Etersom dei gjekk ut frå språk med stor formrikdom, er det ikkje å undrast over at også det rekonstruerte urspråket var av den syntetiske typen. I det følgjande legg vi dette til grunn for framstillinga. Noko som likevel har ført til ein del diskusjon, er at hettittisk trass i den tidlege overleveringa har eit enklare formverk enn dei andre gamle språka, jf. s. 10. Det *kan* ha sin grunn i at språket tidleg kvitta seg med mange av dei gamle formene, men som vi nemnde, er det dei som meiner at hettittisk skilde lag med urspråket før dette hadde utvikla det komplekse systemet vi finn i dei junggrammatiske rekonstruksjonane. Dette er eit vanskeleg og mykje drøfta emne, som vi ikkje skal gå meir inn på i framstillinga vår.

⁸⁰ Det heiter difor gjerne at norsk er eit SVO-språk.

Medan motsetnaden syntetisk – analytisk har med mengda av bøyingsformer å gjera, dreier skiljet mellom *agglutinerande* og *flekterande* språk seg om kor gjennomsynleg systemet er. Eit klassisk døme på den førstnemnde typen er tyrkisk. Her er det mykje ”bøyning”. Mange endingar kan følgja kvarandre innanfor ei og same ordform. Såleis tyder *göz* ’auga’. Fleirtalsendinga er alltid *-ler*.⁸¹ Vidare kan ei substantivisk ordform omfatta possessivsuffixs svarande til våre eigedomspronomen, t.d. *-üm* for 1. pers. eintal. Det finst kasusendingar som fungerer liksom preposisjonar i norsk, t.d. *-de* ved påstadnemning. På denne måten kan den talande lett laga ei ordform som *gözlerümde* ’i augo mine’. Kvart suffiks har ei bestemd tyding, og grensene mellom dei let seg lett fastsetja.

Dei indoeuropeiske språka har derimot frå gammalt eit flekterande formverk. ’I augo mine’ heiter på latin *in oculis meis*. Preposisjonen *in* er grei. Den styrer ved påstadnemning *ablativ* – ein kasus vi skal sjå litt meir på s. 62. Endinga *-is* har som kompleks to tydingar: både *ablativ* og *fleirtal*. Det er altså ikkje slik at *i* markerer kasus og *s* fleirtal eller omvendt. Ikkje nok med det: *ablativ fleirtal* har ved mange substantiv endinga *-bus*, t.d. *rebus* til *res* ’sak, gjenstand’. Vidare kan både *-is* og *-bus* også uttrykkja *dativ fleirtal*. Ved mange substantiv står *-is* for *genitiv eintal*, t.d. *regis* til *rex* ’konge’, medan tilsvarende form av *oculus* er *oculi*. Her ”veit” den talande ut frå systemet kva den aktuelle forma tyder: *oculus* (*nominativ eintal*), *oculum* (*akkusativ eintal*), *oculis* (*dativ/ablativ fleirtal*).⁸² Endinga *-is* ved eigedomspronomenet er den same (kongruens). Som venta er skilnaden mellom *agglutinerande* og *flekterande* bøyning mest utprega innanfor den syntetiske typen, men også *-o* i no. *augo* er *flekterande*. Den omfattar i dømet vårt dei tre tydingane *inkjekjønn*, *fleirtal* og *bunden form*. Av og til ser vi i einskildtilfelle overgang frå det eine til det andre: *gutarne* (*agglutinerande*) > *gutane* (*flekterande*).

Vi skal no gå nærare inn på nokre trekk ved formsystemet i dei einskilde ordklassane og byrjar då med

5.2 NOMENET

Termen vert nytta som fellesnemning for substantiv, adjektiv, pronomen og talord. Grunnen er at desse ordklassane har mykje felles. To viktige grammatiske kategoriar er alt nemnde: kasus og numerus. Vi såg at dei kjem til uttrykk gjennom bøyning. Dei finst i mange språk både innanfor og utanfor indoeuropeisk.

Når det gjeld kasus, reknar ein med at urindoeuropeisk i alt hadde åtte. I tillegg til dei fire som er kjende frå tysk og gammalnorsk (*nominativ*, *akkusativ*, *genitiv*, *dativ*), har meir alderdommelege språk også *vokativ* (tiltalekasus, t.d. lat. *domine* ’herre’), *ablativ* (fråstadskasus, t.d. skt. *samudrād* ’frå havet’), *instrumentalis* (reiskapskasus, t.d. lit. *rašyti piestuku* ’skriwa med blyant’) og *lokativ* (kasus for påstadnemning, t.d. lit. *miške* ’i skogen’). Alle åtte kasus finst i sanskrit. Elles viser allereie dei gamle språka samanfall av to

⁸¹ Vi ser då bort frå varianten *-lar* etter ein bakre vokal (vokalharmoni). Vokalharmonien pregar sterkt heile formverket. Dømet *gözlerümde* inneheld såleis berre fremre vokalar.

⁸² Altså *ablativ* etter *in* ved påstadnemning. Derimot har vi *dativ* i eit uttrykk som *oculis nocere* ettersom *nocere* ’skada’ tek objektet i *dativ*.

eller fleire former. Vi såg at preposisjonen *in* i latin styrer ablativ ved påstadnemning. Det stemmer ikkje med den opphavlege tydinga, men har si forklaring i at ablativ i førhistorisk latin tok over funksjonen til lokativ. Også instrumentalis gjekk her opp i ablativ: *oculis videre* 'sjå med augo'.

Kategorien numerus er ein av dei vanlegaste ved nomenet både i indoeuropeisk og elles. Her dreier det seg om noko som lett kan observerast: *ein båt, to båtar*. Opposisjonen er 'ein' : 'meir enn ein'. Likevel byr bruken av numerusformene på ei rekkje fenomen som ikkje er lette å forklara. Det gjeld ikkje minst mange såkalla *pluralia tantum*, dvs. substantiv som berre finst i fleirtal. At no. *briller* t.d. høyrer hit, overraskar ikkje. Derimot er det verre å forklara at litauiske ord som *dūmai* 'røyk', *sultys* 'saft' og mange andre er av denne typen.

I tillegg til dei velkjende *eintal* og *fleirtal* har m.a. sanskrit også *total* (dualis) som arv frå urspråket. Mest brukt var *total* ved substantiv som ofte opptre parvis, t.d. *aksī* '(dei to) augo'.

Ein tredje nominal kategori er *genus* (grammatisk kjønn). Denne er velkjend frå m.a. norsk: *ein gut, ei jente, eit barn*. Ein bør vera merksam på at substantiva ikkje bøyest i kjønn. Kvart substantiv har, bortsett frå nokre tilfelle med vakling, sitt bestemte kjønn. Det finst neppe noka logisk forklaring på kategorien *genus*, og den er mindre utbreidd enn kasus og numerus. Ved *gut* og *jente* er det tydeleg samanheng med naturleg kjønn. Ordet *barn* derimot omfattar som nøytrum begge naturlege kjønn. Vidare kan *genus* vera avhengig av forma. Såleis er substantiv på *-ing* hokjønnsord når dei er avleidde av verb, jf. *løysing* til *løysa*. Men ofte er det grammatiske kjønnet frå ein moderne synsstad reint vilkårlig: *ein båt, ei bok, eit hus*. Det er såleis ikkje å undrast over at eitt og same substantiv kan vera tvikjønna: *ein/ei tekst, ein/ei lov*. Heller ikkje er *genus*skifte uvanleg. T.d. var orda for 'vår', 'sommar', 'haust' nøytra i gammalnorsk: *eitt vár* osv. Ordet 'strand' representerer alle tre kjønn i moderne germansk: no. *stranda*; ty. *der Strand*; ndl. *het strand*.

Alt tyder på at urindoeuropeisk – iallfall i ein sein periode – hadde dei velkjende tre *genus*. Mange granskarar reknar likevel med ein eldre opposisjon levande – ikkjelevande, der førstnemnde har gjeve opphav til hankjønn og hokjønn og sistnemnde til inkjekjønn. Ein arv frå dette tidlege stadiet kan vera at inkjekjønnsorda overalt manglar skilnaden mellom nominativ og akkusativ; jfr. lat. hankjønn *servus* 'træl, tenar' (nom.) : *servum* (akk.). Derimot er t.d. inkjekjønn *dōnum* 'gåve' likt i dei to kasus. Etter forma er det akkusativ. Det kan sjå ut som om dei "livlause" inkjekjønnsorda frå først av ikkje kunne fungera som subjekt.

Adjektiv, pronomen og nokre talord har samsvarsbøying med substantivet dei står til når det gjeld *genus*: *ein liten båt, ei lita bok, eit lite hus; denne båten/boka, dette huset*. Grunntala med unntak av *ein, ei, eitt* manglar samsvarsbøying i moderne norsk, men i gammalnorsk og mange andre språk med eit rikt formverk finst den til og med *fire*, t.d. gno. *tveir bátar, tvaer bækr, tvau hús* eller lat. *duo librī* 'to bøker', *duae mensae* 'to bord', *duo bella* 'to krigar'. Vi ser at *duo* berre har to *genus*former.

Tre genus, som berre til ein viss grad er motivert etter tyding og form, er typisk for indo-europeisk, men finst knapt i andre språkætter. Det vanlege er at denne kategorien manglar. I historisk tid ser vi tydelege tendensar til reduksjon eller bortfall. Såleis har substantiva i romanske og baltiske språk berre hankjønn og hokjønn. Innanfor germansk har nederlandsk, dansk, svensk og norsk riksmål samanfall av han- og hokjønn: ndl. *een man/vrouw*; da. *en mand/kone* osv. Lengst har engelsk og armensk gått på denne vegen. Dei har mista genuskategorien bortsett frå ved personlege pronomer: *he, she, it*.

5.2.1 STAMMEDANNING AV SUBSTANTIV OG ADJEKTIV

Dei fleste ieur. substantiv- og adjektivformer kan analyserast i tre deler (s. 33): t.d. **wiro-s*. Først kjem det ein kallar rota (**wir-*). Den er berar av den leksikalske tydinga, her 'mann'. *-o-* er eit ordlagingsselement, opphavleg av same type som t.d. *-skap* og *-leik* i orda *venskap* og *dugleik*. Men då denne og liknande former er svært gamle, er det ofte vanskeleg å peika på nokon annan funksjon enn den stammedannande.⁸³ **wiro-* kallar vi altså ei *o*-stamme. Det tredje elementet *-s* er kasusending for nominativ eintal, som tener som nemneform og subjektsform. Meir om den s. 61.

Vi skal sjå litt nærare på dei vanlegaste stammetypane og byrjar med *substantiva*.

o-stammene har vi alt gjeve eit rekonstruert døme på. Dette finst i sanskrit som *vīras* og i litauisk som *vyras*.⁸⁴ Vi har òg nemnt det greske ordet *tonos*. Eit anna ord som høyrer hit er *logos* 'ord, tale'. I gresk er stammevokalen uendra. I latin er *-os* blitt til *-us* (s. 44) som i *fūmus*.⁸⁵ I germansk finst *a < o* (s. 32) som stammedannande vokal framleis i urnordisk, t.d. *dagaR* 'dag', men den fall bort på overgangen til norrønt: *dagr*.

Dei fleste orda som høyrer hit, er maskulina eller nøytra. Døme på det siste er eit allereie velkjent ord for 'gåve': skt. *dānam*; gr. *dōron*; lat. *dōnum*.

ā-stammene (NB lang *ā*) er for det meste feminina: skt. *āsvā* 'hoppe, merr'; lat. *equa* (*a* er forkorta i nominativ). I gresk endar orda som høyrer til denne klassen stort sett på *ē* (s. 40): *timē* 'ære'. I attisk står likevel *ā* etter m.a. *r: khōrā* 'land'.

i-stammene omfattar alle tre kjønn, men storparten er maskulina eller feminina: skt. *avis*; gr. *ois* (med bortfall av ieur. *w*); lat. *ovis*; lit. *avis*. Alle har tydinga 'sau', og ein ser lett at dei er språkleg nærskyldige. Den rekonstruerte forma er som alt nemnt **ow-i-s*. Vokalen *i* er som vi tidlegare har sett (s. 25) nulltrin av *ey, oy*. *e*-trinet av det aktuelle stammesuffik-

⁸³ I visse tilfelle har *-o-* som oppgåve å laga substantiv og adjektiv av verb. Gr. *tonos* 'tone' t.d. høyrer til eit verb med tydinga 'strekka, dra ut'. Meir om dette i samband med ordlagings, s. 100.

⁸⁴ Den lange rotvokalen er nemnd i fotn. 78. Jf. vidare s. 36 og s. 52 om overgangen *o > a* i indo-iransk og baltisk.

⁸⁵ Ieur. **wiros* er også velkjent frå latin, men då endinga har falle bort etter *r (vir)*, passar det ikkje som døme her.

set er også velkjent frå bøyinga av slike ord. Såleis heiter skt. *avis* i nominativ fleirtal *avayas* < **ow-ey-es*.

***u*-stammer** er m.a. skt. og lit. *sūnus* 'son'; gr. *ikhthus* 'fisk'; lat. *fructus* 'frukt'. Vi ser at *o*- og *u*-stammene i latin har falle saman i nominativ (og akkusativ) eintal. Elles er dei skilde, t.d. dativ/ablativ fleirtal *oculis*, *fructibus*. Fordelinga av genus er om lag som i føregåande type. Også når det gjeld avlydsveksel av stammesuffikset er det stor likskap mellom dei to klassane. Skt. *sūnavas* < **sūn-ew-es* (nominativ fleirtal) er strukturelt heilt lik *avayas*.

Desse fire typene har som høveleg fellesnemning *vokalstammer*. Der var også *konsonantstammer*. Av dei skal vi berre nemna dei to viktigaste klassane.

I dei gamle språka finn vi mange ***n*-stammer**. Også ved desse stammene viser suffikset avlydsveksel: *-en/-on/-ēn/-ōn/-n-*. Ordet for 'gjætar' er på gresk *poimēn*, som i genitiv har forma *poim-en-os*. Bindestreka syner analysen i dei tre nemnde delene av ordforma.⁸⁶ I sanskrit og latin manglar nasalen i nominativ eintal: skt. *rājā* 'konge' (akkusativ *rājānam*); lat. *homō* 'mann, menneske' (akkusativ *hominem*). *n*-stammene var talrike i dei gamle språka, og dei omfatta alle tre kjønn. I germansk er det enno lett å kjenna att denne typen substantiv. Det dreier seg om det vi kallar svak bøying: ty. *der Held: den Helden: die Helden*. I norsk endar slike substantiv på vokal: *bonde, kone,*⁸⁷ *auga*.

Avlydsveksel har likeins suffikset til ***s*-stammene**: *-es/-os/-ēs/-ōs/-s-*. Ei rekonstruert form som **genos* 'art, slekt' må analyserast som **gen-os* der kasusending manglar. Latin har *genus*,⁸⁸ også her med lydendinga *-os* > *-us*. Genitivforma er *generis* < ieur. **gen-es-es*. Her er avlydsvekselen i suffikset tydeleg. Dessutan minner vi om overgangen *s* > *r* mellom vokalar (s. 42). Med omsyn til grammatisk kjønn er *s*-stammene for det meste nøytra.

Nokre mindre klassar skal vi ikkje gå nærare inn på, men vi nemner til slutt at det i indoeuropeisk var ei gruppe substantiv der kasusendinga vart føydd direkte til rota slik som i skt. *pāt* 'fot' < **pōd-s*. Dette er ein gammal type, og i historisk tid ser ein ikkje sjeldan at slike vert utvida med eit stammesuffiks. Såleis høyrer lat. *cor* (gen. *cordis*) 'hjarta' til denne gruppa. I germansk er ordet derimot *n*-stamme, noko som er tydeleg i tysk med former som *Herz-en-s* (genitiv eintal) og *Herz-en* (dativ eintal og alle kasus i fleirtal). Trass i dette var slike såkalla *rotnomen* vanlege i m.a. eldre germansk. Enno let dei seg lett identifisera i norsk ved at dei ikkje skifter tonelag i fleirtal, jf. *fot* : *føter*, *bok* : *bøker*, *natt* : *netter*, *geit* : *geiter*. Derimot høyrer vi lett tonelagsskifte i ord som *hest* : *hestar*, *benk* : *benker* osv. Grunnen er at fleirtalsformer som gno. *fætr*, *bækr*, *naetr*, *geitr* berre hadde ei staving. Vi kjem litt tilbake til slike substantiv s. 100.

⁸⁶ I nominativ eintal manglar kasusendinga (sjå s. 61).

⁸⁷ Dette ordet var i indoeuropeisk *ā*-stamme, jf. ru. *žena*. I germansk har det saman med fleire andre gått over til *n*-bøying.

⁸⁸ Det er sjølv sagt dette vi bruker som grammatisk term 'kjønn'.

Adjektiva hadde i urspråket same inndelinga i stammetypar som substantiva. Men som vi alt har sett (s. 56), kongruerer adjektivet i genus med substantivet det står til. Dette er eit gammalt drag og ter seg i mange tilfelle slik at han- og inkjekjønnsformene er *o*-stammer medan hokjønnsformene er *ā*-stammer. Tydelegast ser vi dette i gresk, der stammevokalane har halde seg godt. Såleis har *mikros* 'liten' i nøytrum forma *mikron* – også det *o*-stamme. Derimot er eit slikt adjektiv *ā*-stamme når det er bestemming til eit substantiv av hokjønn. Nokre døme kan visa dette:

mikros anēr 'liten mann' (hankjønn)
mikron teknon 'lite barn' (inkjekjønn)
mikrā gunē 'lita kvinne' (hokjønn)

Desse adjektiva kan vi etter dette kalla *o*-/*ā*-stammer. Truleg var dette den vanlegaste typen i indoeuropeisk, men også adjektiv som er *i*-stammer og *u*-stammer, er velkjende frå fleire språk. Døme er gr. *idris* 'klok, kunnig'; lat. *brevis* 'kort og gr. *hēdus* 'søt'; lit. *saldus* 'søt'.

Konsonantstammer er sjeldne ved adjektiv bortsett frå i germansk, der *n*-typen ligg til grunn for den såkalla svake bøyinga. Dette er ikkje ein arv frå indoeuropeisk, men ei germansk nydanning. Vi kjem tilbake til den s. 65.

Derimot finst det i fleire av dei gamle språka adjektiv utan stammesuffiks, t.d. gr. *ptōks* 'redd huga'; lat. *velox* 'rask, snøgg'. Eit særtrekk ved desse adjektiva er at dei i nominativ eintal – og også i dei fleste andre formene – er like i alle tre kjønn, noko som kan stamma frå ei tid då kategorien genus enno ikkje eksisterte.

Typisk for adjektiva er *gradbøyinga*:

stor (positiv) : *større* (komparativ) : *størst* (superlativ)

Ein reknar med to opphavlege suffiks for komparativ. Vanlegast var *-yes/-yos/-is-* (avlyd), som i skt. *navyas-* til *nava*⁸⁹ 'ny'. Vi merkar oss at varianten *-is-* lever vidare i m.a. germansk, her med overgang *s* > *r* i nord- og vestgermansk (s. 30): no. *lengre* ; ty. *länger* ; eng. *longer*. Det andre komparativsuffikset, ieur. *-tero-*, finst i denne funksjonen berre i sanskrit og gresk (i tillegg til det førstnemnde), t.d. skt. *āmataras* 'råare, villare'; gr. *ōmoterōs* ds.

På same måten som i komparativ finn vi også i superlativ to ulike former. Størst utbreiing har varianten *-isto-*, som er velkjend frå germansk: no. *lengst*; ty. *längst*; eng. *longest*. Eit døme frå gresk er *hēdistos* 'søtast'. Forma let seg lett analysera. *-is-* kjenner vi frå komparativ. Det er i superlativ blitt utvida med *-to-*, som også var eit mykje nytta ordlagings-element. Dei adjektiva som i sanskrit og gresk har *-tero-* i komparativ, har *-tama-* (skt.) og *-tato-* (gr.) i superlativ: skt. *āmatamas*; gr. *ōmotatos*.

⁸⁹ Dette er stammeformer, difor bindestrek.

Ved gradbøying har nokre ofte nytta adjektiv det vi kallar *suppletivisme*, dvs. etymologisk heilt ulike ord (røter) utfyller kvarandre. Særleg hyppig er dette i ord som tyder 'god' og 'liten'.⁹⁰ Følgjande former viser dette:

no. *god* : *betre* : *best*
 lat. *bonus* : *melior* : *optimus*
 gr. *agathos* : *ameinōn* : *aristos*

no. *liten* : *mindre* : *minst*
 lat. *parvus* : *minor* : *minimus*
 gr. *mikros* : *elattōn* : *elakhistos*

Her ser det ut til at ord (røter) med tilnærma lik tyding, men frå først av fullstendig bøying, har komme til å utfylla kvarandre, jf. no. *gammal* : *eldre*, der positivforma til *eldre* lever vidare i vestgermansk: ty. *alt*; ndl. *oud*; eng. *old*.

5.2.2 KASUSFORMER AV SUBSTANTIV OG ADJEKTIV

Som vi har sett, stemmer substantiv og adjektiv langt på veg overeins når det gjeld stammeforming. Det same kan seiast om kasusformene, noko som er tydeleg i eit språk som latin:

<i>dominus bonus</i>	'ein god herre' (nominativ eintal hankjønn)
<i>dominum bonum</i>	(akkusativ eintal)
<i>dominī bonī</i>	(genitiv eintal)
<i>dominō bonō</i>	(dativ/ablativ eintal)

<i>dominī bonī</i> ⁹¹	(nominativ fleirtal)
<i>dominos bonos</i>	(akkusativ fleirtal)
<i>dominōrum bonōrum</i>	(genitiv fleirtal)
<i>dominīs bonīs</i>	(dativ/ablativ fleirtal)

Samsvarsbøyinga (kongruensen) er likevel ikkje alltid så tydeleg som her. Eit gammalt prinsipp i indoeuropeisk formlære er nemleg at kasusendingane til ein viss grad skifter alt etter stammeklasse. Ordet *dominus* er *o*-stamme. Det same er *bonus* i hankjønn og inkjekjønn. Difor bøyes substantiv og adjektiv her nøyaktig likt. Byter vi derimot *dominus* ut mot *n*-stamma *sermo* 'tale', vil biletet bli endra:

⁹⁰ Sistnemnde adjektiv har i norsk suppletivisme også i positiv: *liten*, *vesle*, *små*.

⁹¹ At genitiv eintal og nominativ fleirtal er like, overraskar ikkje i eit flekterande språk som latin. Kva form det dreier seg om, vil alltid gå fram av samanhengen.

<i>sermo bonus</i>	'ein god tale' (nominativ eintal hankjønn)
<i>sermōnem bonum</i>	(akkusativ eintal)
<i>sermōnis bonī</i>	(genitiv eintal)
<i>sermōnī bonō</i>	(dativ eintal)
<i>sermōne bonō</i>	(ablativ eintal)
<i>sermōnes bonī</i>	(nominativ fleirtal)
<i>sermōnes bonos</i>	(akkusativ fleirtal)
<i>sermōnum bonōrum</i>	(genitiv fleirtal)
<i>sermōnibus bonīs</i>	(dativ/ablativ fleirtal)

Vi kan her sjå to viktige prinsipp som frå gammalt gjeld for indoeuropeisk og som framleis er tydelege i språk av ein meir alderdommeleg type. Begge har si forklaring i det flekterande formverket:

1. Kasusendingane varierer delvis etter stammeklasse.
2. Kasusendingane varierer etter tal (eintal/fleirtal).

I det følgjande skal vi sjå på nokre kasusendingar slik dei kan rekonstruerast for urspråket.

a) *Eintal*

Nominativ. Her kjenner vi allereie endinga *-s* (**wiro-s*), som også held seg i dei klassiske språka: skt. *vīra-s*; gr. *logo-s*; lat. *fūmu-s*. Innanfor germansk har gotisk på 300-talet former som *dag-s*, *wulf-s*. Vi har sett at endinga opptretr som *-r* i nordisk: gno. *dag-r*, *ulf-r* osv. Islandsk har *dag-ur*, *úlf-ur* med eit sekundært vokalinnskot (s. 34). Enno står *-s* uendra i litauisk: *vyra-s*, noko som viser kor arkaisk dette språket er på visse punkt. Også *i*-stammer og *u*-stammer har *-s* i nominativ når dei er maskulina og feminina, jfr. dei rekonstruerte formene **owi-s* og **sunu-s*. Derimot manglar *ā*-stammer og *n*-stammer ending i nominativ eintal: skt. *aśvā*, *rājā*; gr. *khōrā*, *poimēn*; lat. *equa*, *homō*.

Døma ovanfor er substantiv, men det same gjeld også for adjektiva, jf. lat. *dominus bonus*; gr. *mikrā gunē*.

Vokativ. Ei tiltaleform som lat. *domine* har frå ein historisk synsstad inga kasusending, *-e* er nemleg ein avlydsvariant av stammesuffikset *-o*. Kommunikativt er dette ei fullstendig ytring som såleis ikkje har nokon syntaktisk samanheng med andre ledd og difor heller inga kasusending. Også dei fleste andre stammene har i eintal eigne former for vokativ, men kasusmarkør manglar alltid. I fleirtal er vokativ lik nominativ.

Akkusativ. Endinga er her *-m*: **wiro-m*, **ekwā-m*, **owi-m*, **sunu-m*⁹² osv. I sanskrit ligg desse føre som *vīra-m*, *aśvā-m*, *avi-m*, *sūnu-m*. Latinske døme er *fūmu-m*, *equa-m*, *ove-m*, *fructu-m*. I gresk er endinga *-n* (sjå s. 38 – 39): *logo-n*, *khōrā-n*, *poli-n* 'by', *ikhthu-n*. Vi nemnde s. 46 og 50 at utlydande ieur. *m* tidleg fall bort i slavisk og baltisk. Det same gjeld for germansk: got. *dag*; ksl. *zōbŭ*; lit. *vyra*.

Når det gjeld samsvarbøyinga mellom substantiv og adjektiv, jf. lat. *dominu-m bonu-m* eller gr. *mikrā-n gunē-n*.

Som vi hugsar frå s. 56, fungerer *-m* ved nøytra også som nominativending. Det gjeld for *o*-stammene og berre for dei: skt. *dāna-m*; gr. *dōro-n*; lat. *dōnu-m*. Elles manglar inkjekjønnsorda ending i nominativ/akkusativ eintal, jfr. lat. *genus-*. Typisk er det at desse orda enno har same form i dei to kasusa, t.d. ty. *das Haus*; ru. *oko* 'auga'.

Genitiv har som kjenneteikn endingar som inneheld lyden *s*. Han finst framleis i moderne germanske språk: no. *manns*; ty. *Mannes*; eng. *man's*. Tre variantar kan rekonstruerast. a) Her har suffikset forma ieur. *-syo* og er avgrensa til *o*-stammene. Best kjend er denne varianten frå indo-iransk, t.d. skt. *aśvasya* 'hestens'. Størst utbreiing har b) *-es/-os/-s* (avlyd). Hit høyrer lat. *gener-is*; gr. *pod-os*; lit. *sūnau-s*. Dei germanske formene let seg lettast forklara etter variant c) *-so*, der *s* har halde seg fordi den opphavleg var dekkja av vokal.

Det er verdt å merka seg at nokre språk i genitiv eintal har andre endingar. I latin er *-ī* typisk for *o*-stammene og *ā*-stammene: *servī* 'trælens, tenarens', *mensae* 'bordets' < **mensā-ī*. Det har ikkje lukkast å finna sikker forklaring på denne forma, som også er kjend frå keltisk. Truleg dukka ho først opp ved *o*-stammene, og har så ved analogi spreidd seg til *ā*-stammene, der den gamle *s*-endinga er kjend frå stivna uttrykk av typen *pater familias*. Baltisk og slavisk nyttar til dels ablativendinga *-ōd* i genitiv: lit. *vyro* 'mannens'; ru. *goroda* 'byens'. Endinga kjem frå *o*-stammene (sjå nedanfor) og er i litauisk avgrensa til desse. På slavisk område har den i russisk breidd seg til dei aller fleste substantiv av han- og inkjekjønn. Nedanfor kjem vi attende til den nære skyldskapen mellom genitiv og ablativ når det gjeld form. Også med omsyn til tyding har dei ein del felles. Såleis er i mange moderne språk genitiv bytt ut mot konstruksjonar med ein "ablativisk" preposisjon: no. *oppfinninga av fjernsynet*; ty. *das Haus von meinem Vater* (munnleg); eng. *the house of my father*; fr. *la maison de mon père* osv.

Etter dette er det nærliggjande å halda fram med **ablativ**. Her var det berre *o*-stammene som frå gammalt hadde eiga ending. Denne var truleg *-ed*, som gjennom samantrekning med stammesuffikset førde til *-ōd*. Endinga ligg føre uendra i gamle latinske innskrifter. Eit kjent døme er forma *Gnaivōd* til personnamnet *Gnaivos*, seinare *Gnaevus*. Tidleg fall *-d* bort, slik at vi i klassisk latin får *serv-ō*, *lup-ō* 'ulv' osv. Særleg i sanskrit er det berrsynt at ablativ i dei andre stammeklassane har same ending som genitiv. Såleis har t.d. *manas-as* til *s*-stamma *manas* 'tanke' begge kasusfunksjonane.

⁹² Etter konsonant var nasalen stavingsdannande. Det forklarar former som gr. *pod-a* < **pod-ṃ* 'fot' og lat. *ped-em* < **ped-ṃ* 'fot'. Om utviklinga sjå s. 39 og 43.

Dativ hadde opphavleg endinga *-ey*. Også den finst uendra i gammallatinske innskrifter, t.d. *virtutei* til nominativ *virtus* (stamme *virtut-*) 'dygd'. Seinare vart denne diftongen monoftongert til *-ī* (s. 44): *virtutī*. Ved *o*-stammene og *ā*-stammene kan vi rekna med samantrekking med stammevokalen: *-o + -ey > -ōy* og *-ā + -ey > -āy*, jfr. førklassiske latinske dativformer som *Numasioi* og *Fortunai* av særnamna *Numasios* og *Fortuna*. I klassisk tid er endingane *-ō*: *servō*, *lupō* (samanfall med ablativ) og *-ae*: *equae*, *mensae* (samanfall med genitiv).

Også dativformene i andre språk kan langt på veg forklarast etter desse rekonstruksjonane. Jfr. t.d. gr. *logōi*⁹³; lit. *vyruī* (*o*-stammer) og gr. *khōrāi*⁹⁴; got. *gibai* 'gåve'; lit. *rankai* 'hand'; russ. *žene* 'kone' (*ā*-stammer).

Instrumentalis vart i eintal av vokaliske stammer danna ved lenging av stammevokalen utan noka særskild ending: ieur. **wirō* 'med mannen'. I historisk tid finn vi den i former som vedisk *vīrā*⁹⁵; lit. *vyru*; ghty. *swertu* 'med sverd'.⁹⁶ *ā*-stammene var etter dette umarkerte i instrumentalis eintal, ettersom vokalen der allereie var lang: **ekwā* 'med hoppa' = vedisk *aśvā*.⁹⁷ Som nemnt s. 56 har i latin ablativ og instrumentalis falle saman. Det kan ha byrja med *o*-stammene, der **wirōd* og **wirō* på grunn av bortfallet av *-d* begge førde til *virō*. Baltisk og slavisk har til dels *m*-endingar. I litauisk er såleis *-mi* typisk for *i*-stammer og *u*-stammer: *avimi*, *sūnumi*. I russisk er desse endingane einerådande i hankjønn og inkjekjønn: *bratom*, *imenem* 'med namnet'.

Lokativ mangla til dels eiga ending i eintal på same måte som instrumentalis. Vanlegare var likevel endinga *-i*, som ved vokaliske stammer danna diftong med stammevokalen, jfr. gr. *oikoi* 'heime' (*oikos* 'hus') og lat. *Romai* > *Romae* 'i Rom'.⁹⁸

b) Fleirtal⁹⁹

Som flekterande språk hadde indoeuropeisk her til dels andre endingar enn i eintal. I denne innføringa skal vi ikkje ta føre oss alle kasus i plural, men avgrensa oss til nominativ, akkusativ og genitiv.

Nominativ hadde i hankjønn og hokjønn *-es* som ending i alle stammeklassane. I si mest opphavlege form finn vi den ved konsonantstammer og rotnomen, t.d. gr. *poimen-es*, *pod-es*. Den er og tydeleg ved *i*- og *u*-stammer (s. 57). Ved *o*- og *ā*-stammer vart stammesuffiks og kasusending trekte saman: *-o + -es = -ōs* og *-ā + -es = -ās* som i skt. *vīrās* (*ō > ā*, s. 36), *aśvās*; got. *gibōs* 'gåver'; lit. *rankos* 'hender'. Dei to sistnemnde døma har overgangen *ā > ō* (s. 33 og 52). *-s* har i nominativ fleirtal halde seg betre enn i

⁹³ *i* vart ikkje lenger uttalt i klassisk tid.

⁹⁴ *i* vart ikkje lenger uttalt i klassisk tid.

⁹⁵ I klassisk sanskrit heiter det *vīrēna* med ei pronominal ending.

⁹⁶ Dette dømet frå *Hildebrandslied* (ca. 850) er arkaisk språkbruk. Tidleg kom preposisjonen *mit* i bruk, og forma fall etter kvart saman med dativ.

⁹⁷ Skt. *aśvayā* er også ei nydanning.

⁹⁸ Bynamn manglar i latin vanlegvis preposisjon ved påstadnemning. Når bynamnet er *ā*-stamme som her, har lokativ falle saman med genitiv.

⁹⁹ Som nemnt s. 56 hadde indoeuropeisk også total (dualis), men vi ser bort frå det her.

tilsvarende eintalsform. Såleis er *-s* i eng. *boys, girls* osv. eit direkte framhald av den indoeuropeiske endinga. Nordisk har overgangen $s > z > r$ (s. 30): *gutar, gjenter*. Når *-s* har vore mest motstandsfør i fleirtal, er det visseleg fordi kategorien numerus er like viktig i dag som i førhistorisk tid, medan kasus som vi har sett (s. 53), langt på veg er bytte ut mot andre grammatiske middel.

I nokre språk (gresk, latin, baltisk og slavisk) har *o*-stammene i nominativ fleirtal overteke den pronominale endinga *-oy* (s. 65): gr. *lukoi*; lat. *lupī*¹⁰⁰; lit. *vilkai*; russ. *volki*, alle med tydinga 'ulvar'. Inkjekjønnsorda enda i nominativ (og akkusativ) fleirtal på *-ā*, jfr. skt. *yugā*; gr. *dzuga*; lat. *juga*, som alle tyder 'åk'. I nyno. *born* har den utlydande vokalen før den via *u* fall bort, valda omlyd $a > o$ av rotvokalen.

Akkusativ. Her var *-ns* den karakteristiske endinga i hankjønn og hokjønn. I historisk tid er den likevel endra i dei fleste språka. Såleis kjenner ein frå greske dialektar forma *lukons* 'ulvar'. I klassisk gresk heiter det derimot *lukous* (*-ons > -ous*). Uendra *-ns* har innanfor germansk halde seg i gotisk, som på dette punktet er alderdommeleg: *dagans, gastins, sununs*.

Genitiv hadde i indoeuropeisk endinga *-ōm*, jfr. vedisk *vīrām* (seinare *vīranām*); gr. *lukōn* ($n < m$). I latin ligg den føre ved konsonantiske stammer og rotnomen: *hominum, pedum*, og like eins ved *i*- og *u*-stammer: *hostium* (*hostis* 'fiende'), *fructuum*. Elles har språket utvida former: *dominorum, mensarum*. Germansk har tidleg bortfall av *-m* i utlyd. Den trykklette vokalen har til dels ulik utvikling alt etter språk, t.d. gno. *daga*; ghty. *tago*.

5.2.3 PRONOMEN

Vi skal her kort sjå på tre punkt der bøyinga av pronomen skil seg frå bøyinga av substantiv.

1. Velkjend er suppletivismen (s. 60) ved personlege pronomen i 1. person eintal og fleirtal. Den finst overalt både i gamle og moderne språk:

skt. <i>aham</i> 'eg' (nominativ)	:	<i>mām</i> 'meg' (akkusativ)
gr. <i>egō</i>	:	<i>eme, me</i>
lat. <i>ego</i>	:	<i>me</i>
got. <i>ik</i>	:	<i>mik</i>
lit. <i>aš</i>	:	<i>mane</i>
ru. <i>ja</i>	:	<i>menja</i>

skt. <i>vayam</i> 'vi' (nominativ)	:	<i>asmān</i> 'oss' (akkusativ)
got. <i>weis</i>	:	<i>unsih, uns</i>
ru. <i>my</i>	:	<i>nas</i> ¹⁰¹

¹⁰⁰ I endestaving har latin utviklinga *-oy > -ey > -ī*. Elles gjeld overgangen *oy > ū* (s. 44). Latin og gresk har pronominal ending også ved *ā*-stammer: *mensae* 'bord'; *khōrai* 'land' osv.

¹⁰¹ Gresk, latin og litauisk har ikkje suppletivisme i fleirtal.

Som vi ser, er der også suppletivisme mellom eintal og fleirtal, t.d. skt. *aham* : *vayam*. Også det vanlegaste demonstrativpronomenet har suppletivformer:

skt. <i>sa</i> 'den/denne' (nominativ) :	<i>tam</i> (akkusativ)
gr. <i>ho</i>	: <i>ton</i> ¹⁰²
got. <i>sa</i>	: <i>þana</i>

2. Mellom rot og bøyingsending finn vi stundom eit innskot, t.d. skt. *ta-sm-ai* 'den/denne' (dativ eintal hankjønn) og liknande i gotisk: *þamma* < **to-sm-ē*. Vidare har vi av same pronomen skt. *tē-s-ām* (genitiv fleirtal hankjønn) = got. *þi-z-ē*.
3. I visse tilfelle har pronomen andre kasusendingar enn substantiv (og adjektiv), såleis i nominativ fleirtal hankjønn av demonstrativpronomen, der endinga er ieur. *-oy*, jf. gr. (dial.) *toi* 'desse'; got. *þai*. Nominativ-akkusativ eintal inkjekjønn enda ved nokre pronomen opphavleg på *-d*: ieur. **to-d* 'dette', **k^wo-d* 'kva'. Her kan vi jamføra med dei engelske formene *that* og *what* med *t* < *d* etter den germanske lydforstykinga.

5.2.4 MEIR OM ADJEKTIV

Det gamle prinsippet at kasusformene til adjektiv og substantiv stemmer overeins, er brigda i fleire språk. Det har først og fremst skjedd ved at adjektivet morfologisk er blitt påverka av pronomenet. Etter at vi no er blitt kjende med nokre særdrag ved denne ordklassen, skal vi venda attende til adjektivbøyinga og sjå kort på tilhøva i tre greiner av indoeuropeisk.

Tydeleg er den pronominal påverknaden i germansk. Det viste seg at den gotiske dativforma *þamma* stemmer overeins med skt. *tasmāi*; begge inneheld det nemnde innskotet *-sm-*. I adjektivet *gōþs* 'god' er tilsvarende form (dativ eintal hankjønn og inkjekjønn) *gōdamma*. Likskapen mellom *þamma* og *gōdamma* er lett å sjå. Substantivet *dags* 'dag' derimot heiter i dativ eintal *daga*. I nominativ fleirtal hankjønn er den pronominal påverknaden like tydeleg. Forma der er *gōdai*, som stemmer med *þai*. Begge skil seg frå *dagōs* 'dagar'. Det er likevel ikkje slik at alle adjektivendingane i gotisk – og i germansk generelt – har pronominalt opphav. Nokre former er framleis felles for adjektiv og substantiv. Såleis er nominativ eintal hankjønn *gōþs* og *dags* heilt like med omsyn til ending. Denne blandingsbøyinga finn vi i alle gammalgermanske språk. Men når det gjeld fordelinga av typane er det likevel ikkje alltid samsvar. T.d. har got. *gōdai* som dativ eintal hankjønn same substantiviske endinga som *gibai* (til *giba* 'gåve'), medan tilsvarende ghty. form *guoteru* har pronominal ending (*deru*). Av og til er begge typane mogelege. Såleis

¹⁰² Dette pronomenet fungerer allereie i klassisk gresk som bunden artikkel. Sjå s. 67. Som demonstrativum overtok særleg den utvida forma *houtos*.

kan det i gammalhøgtysk heita *ein guot man* 'ein god mann' (nominativ eintal hankjønn, substantivisk form) eller *ein guotēr man* (pronominal form). I dagens tysk har ein ikkje lenger noko val; det heiter alltid *ein guter Mann*. Det er i det heile tysk som har gått lengst i å tilmåta den såkalla sterke adjektivbøyinga til pronomena. Regelen er at adjektivet har dei same endingane som den bundne artikkelen, som igjen er ein trykklett variant av demonstrativpronomenet *der*. Einaste unntaket er genitiv eintal han- og inkjekjønn, der adjektivet endar på *-en*: *guten Wetters*, medan artikkelforma er *des*: *des Wetters*.

Dette var litt om den sterke adjektivbøyinga i germansk. Særleg i kasusspråk som tysk og islandsk kjem som ein arv frå gammalgermansk den svake bøyinga i tillegg, dvs. endingane er dei same som ved *n*-stammene (s. 58): *der gute Mann* (nominativ) : *den guten Mann* (akkusativ) = *der Junge* 'guten' : *den Jungen* osv. Denne er einfelt ettersom artikkel eller eit anna bestemmingsord viser kjønn, tal og kasus.

Også i baltisk og slavisk har adjektivet til dels fått pronominal endingar. I desse språka dreier det seg om samansetningar. Dei gamle substantiviske formene er blitt utvida med former av det personlege pronomenet i 3. person, slik at mange adjektiv har både korte (substantiviske) og lange (pronominal) variantar. Når det gjeld bruken av desse, må det visast til grammatikkar over einskildspråka. Her skal vi berre sjå på nokre få døme. På litauisk heiter 'kvit' *baltas* (nominativ eintal hankjønn, kortform) og *baltasis* (tilsvarande langform, jf. *jis* 'han'). Frasen *baltas lokys* tyder '(ein) kvit bjørn'. Med langforma *baltasis lokys* er tydinga 'den kvite bjørnen' og 'kvitebjørn' dvs. 'isbjørn'.

I eit språk som russisk finn vi no – med unntak av nokre faste uttrykk – berre langformer av adjektiv i attributiv funksjon: *staryj čelovek* 'ein gammal mann', 'den gamle mannen'. Som predikativ nyttar ein gjerne kortformer: *čelovek star*¹⁰³ 'mannen er gammal'. Ein kan likevel merka seg at mange adjektiv berre har langformer og at desse som predikativ er på frammarsj også der begge typene finst. Såleis er *čelovek staryj* no mogleg.

Enklare er tilhøvet i polsk, som ikkje berre i attributiv funksjon men òg langt på veg som predikativ har generalisert langformene: *stary człowiek* og *człowiek jest stary*.

5.2.5 ARTIKLAR

Velkjend er i mange moderne språk bruken av artiklar:

no. *ei bok* : *boka*
ty. *ein Buch* : *das Buch*
eng. *a book* : *the book*
fr. *un livre* : *le livre*

¹⁰³ Presensformene av verbet *byt* 'vera' vert som oftast utelatne.

I tillegg kjem gjerne det ein kallar nullartikkel: *bok*; *Buch*; *book*; *livre*. Funksjonane er omhandla i grammatikkar over dei aktuelle språka, og vi skal difor berre nemna eit par punkt i denne samanhengen. Jamfør dei to setningane

- 1) *Det sit ein katt på trappa.*
- 2) *Katten sit på trappa.*

Setning 1) har ubunden artikkel, som viser at det dreier seg om ein katt som ikkje har vore nemnd tidlegare i teksten eller samtalen: *ein katt* presenterer noko nytt og ukjent. Den bundne forma *katten* i setning 2) refererer derimot til noko kjent. Det aktuelle eksemplaret kan ha vore omtala tidlegare, eller det kan vera snakk om katten som høyrer til i huset. Legg òg merke til ordstillinga. I første setningen er det naturleg at *ein katt* som ny informasjon rykkjer bakover til plassen etter verbalet. I frontposisjon står det vi gjerne kallar eit formelt subjekt.¹⁰⁴ I andre setningen er det normal ordstilling at *katten* står fremst. Den nye informasjonen er at den sit på trappa. Vidare kan artiklane ha ein generaliserande funksjon:

- 1) *Katten er eit rovdyr.*
- 2) *Eit dårleg tre kan ikkje bera god frukt* (jf. nedanfor).

Det indoeuropeiske urspråket mangla artiklar. Utviklinga av kategorien kan langt på veg følgjast i dei overleverte tekstane. Truleg var gresk først ute. Den bundne artikkelen finst allereie hos Homer (ca. 700 f.Kr.), og det er tydeleg at den er ein trykklett variant av demonstrativpronomenet.

Klassisk latin hadde ikkje artiklar. Uttrykket *mensa rotunda* kan etter samanhengen svara til 'rundt bord', 'eit rundt bord' eller 'det runde bordet'. Av innskrifter og munnleg farga innslag i litteraturen går det likevel fram at pronomenet *ille* 'hin' i talespråket kunne fungera som artikkel, og dette lever vidare som bunden artikkel i dei romanske språka. Pronomenet/artikkelen kunne vera anten framforstilt eller etterstilt: *ille lupus* eller *lupus ille* 'hin ulv', 'ulven'. Dei vestlege språka har generalisert typen *ille lupus*: fra. *le loup*; sp. *el lobo*; it. *il lupo*. Rumensk har som nemnt (s. 13) etterstilt artikkel: *lupul*.

Innanfor germansk finn vi demonstrativpronomen med artikkelfunksjon alt i gotisk på 300-talet. Bruken er likevel ofte uklår. T.d. er det i Matt. 7.12 tale om *witōþ jah praufeteis* 'lova og profetane'. Grunnteksten har her artiklar: *ho nomos kai hoi profētai*. I Matt. 7.17 les vi om *sa ubila bagms*, der tydinga er generaliserande. Norsk har *eit dårleg tre* og gresk manglar artikkel: *sapron dendron*. Truleg dreier det seg i mange tilfelle – men som vi ser ikkje alltid – om påverknad frå den greske teksten. I gammalgermanske tekstar frå dei næraste hundreåra før og etter år 1000 har den bundne artikkelen langt på veg dei same funksjonane som i dag. Slektskapen med demonstrative pronomen er overalt lett å få auga på. Tydelegast er den i tysk: *der Mann* = 'mannen' eller 'den mannen' avhengig av om *der* er trykklett eller trykktungt.

¹⁰⁴ Dette er obligatorisk her, ettersom verbalet i norsk ikkje kan ha førsteplassen i ein forteljande setning.

Nordisk nyttar som bunden artikkel ei trykklett form av pronomenet *inn* 'den, hin',¹⁰⁵ og den er som kjent etterstilt: gno. *hestrinn* > *hesten*.¹⁰⁶ Ei trykklett form av *den* vert brukt som såkalla adjektivartikkel: *den gamle mannen*.¹⁰⁷

Den ubundne artikkelen er av yngre dato enn den bundne. Såleis manglar den i klassisk gresk. Også i romansk og germansk er dette tydeleg. T.d. har gammalnorsk ofte nullartikkel der dette ville verka unaturleg i dagens norsk:

- 1) *Maðr er nefndr Emundr*. 'Ein mann er kalla Emund.'
- 2) *Þar fæddi hon barn, þat var sveinn*. 'Der fødde ho eit barn, det var ein gut.'¹⁰⁸

Av moderne indoeuropeiske språk som ikkje har artiklar, merkar ein seg særleg baltisk og slavisk (bortsett frå bulgarsk). Desse er også elles konservative i den grammatiske strukturen. M.a. har som nemnt kasussystemet halde seg godt med seks og til dels sju kasus – her igjen med unntak av bulgarsk. Ein kan spørja om det er nokon samanheng mellom utviklinga av gamle kasussystem og framveksten av artiklar. Tilhøva i romansk, slavisk og baltisk kan tyda på det. Også i germansk ser vi at auke i bruken av artiklar går hand i hand med bortfall av kasus. Her avvik rett nok tysk og islandsk, som har både kasus og artiklar.¹⁰⁹ Ein del av forklaringa kan vera at kasus i nokon mon har same funksjon som artiklane – også som nullartikkel, jf. russisk:

- 1) *On kupil chleba*. 'Han kjøpte brød.'
- 2) *On kupil chleb*. 'Han kjøpte eit brød/brødet.'

I første setningen står objektet i genitiv og uttrykkjer ubestemd mengd, difor nullartikkel i norsk. I andre setningen finn vi akkusativ, som viser at det dreier seg om eit bestemt kvantum.

Ordstilling er òg ein måte motsetnaden bestemt/ubestemt kan komma til uttrykk på, som i russisk

- 1) *Utka plyvët na vode*. 'Anda sym på vatnet.'
- 2) *Plyvët utka na vode*.¹¹⁰ 'Det sym ei and på vatnet.'

Når *utka* i siste setningen står etter verbalet, har det si forklaring i den alt nemnde og vidt utbreidde tendensen til at ledd som uttrykkjer ny informasjon rykkjer bakover. Stundom verkar kasus og ordstilling saman:

- 1) *Najechalo gostej* (genitiv). 'Det kom gjester.'
- 2) *Gosti najechali* (nominativ). 'Gjestene kom/er komne.'

¹⁰⁵ Dette kan vera ein variant av *hinn* med bortfall av *h* når ordet vart etterledd i ei samansetning. Den eldre forma *enn* kan likevel tyda på at det ikkje er nokon historisk samanheng mellom dei to. Sjå t.d. H.S. Falk og A. Torp, *Norwegisch - Dänisches etymologisches Wörterbuch I*, s.405

¹⁰⁶ I vestjyske målføre er den framforstilt: *æ hest*.

¹⁰⁷ Merk dobbelbestemminga i norsk og svensk, men ikkje i dansk og islandsk.

¹⁰⁸ Døma er frå M. Nygaard, *Norrøn syntaks*, s. 27.

¹⁰⁹ Islandsk manglar ubunden artikkel.

¹¹⁰ Dette er ikkje ei spørjesetning. I så fall ville spørjepartikkelen *li* ha vore med.

Artiklane er nyttige småord eller endingar, men eit språk kan fungera framifrå også utan desse.

5.2.6 TALORD

a) Grunntal

Vi såg s. 56 at indoeuropeiske grunntal til og med *fire* har genusbøying avhengig av substantivet dei står til. Dei nemnde formene er nominativ, men der er òg særskilde former for andre kasus. T.d. heiter gno. *tveir bátar* i genitiv *tveggja báta* og i dativ *tveim bátum*.¹¹¹ Latin har i genitiv *duōrum librōrum* og *duārum mensārum* og i dativ/ablativ *duobus librīs*, *duobus mensīs*.

Slik bøying er det lite att av i dei fleste moderne språka, men også på dette punktet har baltisk og slavisk halde godt på det gamle. Og ikkje nok med det; baltisk har jamvel genus- og kasusformer også ved talorda 5 – 9: *penki sūnūs* 'fem søner', *penkios dukterys* 'fem døtrer'. Tilsvarande dativformer er *penkiems sūnūms* og *penkioms dukterims*. Også visse høgare talord som t.d. det tidlegare nemnde *šimtas* har bøying.

I slavisk er talorda frå *fem* og oppover substantiv med tydinga 'eining på fem' osv.¹¹² Det fører til at det talde står i genitiv. Lat oss sjå på eit uttrykk som russ. *pjat' domov* 'fem hus'. Der er *pjat'* nominativ eller akkusativ. Og det er den overordna delen eller kjernen i frasen. Forma *domov* er ein attributiv genitiv. I dei andre kasusa er der likevel samsvar: *v pjati domach* 'i fem hus'. Her står både *pjati* og *domach* i lokativ.

Talorda 1 – 10 høyrer til den eldste delen av det indoeuropeiske vokabularet, og fleire av dei er lette å kjenna att i dei fleste språka. Nokre har alt vore nytta som døme i samband med lydutviklinga. Det gjeld ieur. **oynos* 'ein', som har ei heilt regelrett utvikling i germansk og italisk (latin). Den greske forma *oinē* (hokjønn) vert berre brukt som substantiv med tydinga 'eittal'. Lit. *vienas* har fått *v-* i framlyd. Det er inga sikker forklaring på den. Kan henda dreier det seg om resten av eit prefiks, men det er vanskeleg å finna eitt som høver. Dei slaviske formene ksl. *jedinŭ*, russ. *odin* osv. verkar framande. Dei fleste slavistane ser likevel i *jed-* eit prefiks som førekjem elles også.¹¹³ *-inŭ*, *-in* kan anten vera ein avlydsvariant **eynos* eller vi kan ha å gjera med ei særutvikling *oy > i*. På sanskrit heiter 'ein' *ēkas*. Ein *n* vert aldri til *k* i dette språket – og neppe i noko anna heller. Her er det grunn til å rekna med ei opphavleg rot **oy-*, som er blitt utvida med ulike suffiks.¹¹⁴ I tillegg finst det også eit heilt anna ord for 'ein'. Dette hadde rotforma **sem-* og er først og fremst kjent frå gresk (*heis*, *mia*, *hen*) og armensk (*mi*). Det dukkar òg opp i ordformer som got. *simplē* 'ein gong' og lat. *similis* 'lik, av eitt slag'. Variasjonar av denne typen

¹¹¹ Formene *tveggja* og *tveim* gjeld også for hokjønn og inkjekjønn.

¹¹² Jf. no. *tylft* '12 stykke'.

¹¹³ Ru. *od-* er ein lydrett austslavisk variant av dette prefikset.

¹¹⁴ Også andre suffiks er kjende; jf. gpers. *aiva-* 'ein, åleine' < **oy-wo-*.

viser at heller ikkje det rekonstruerte indoeuropeiske urspråket var heilt einsarta på alle punkt. Truleg har vi her å gjera med dialektskilnader; slike møter vi i alle språk.

Ettersom fleire av dei andre talorda 1 – 10 allereie er nemnde i lydlæra, skal vi her berre føra opp rekonstruksjonane og kort kommentera nokre av dei: **dwō(w)*, **treyes*, **k^wetwōres*, **penk^we*, **s(w)eks*, **septm*, **oktō(w)*, **newn*, **dekṃ*. Vi ser at framlyden til ieur. **k^wetwōres* ikkje stemmer i germansk, der vi regelrett skulle venta *h^w*- (s. 27). Når alle formene byrjar med *f*:- got. *fīdwōr*; gno. *fjōrir* osv., kan det vera påverknad frå **penk^we*. Men heller ikkje dette ordet stemmer heilt med lydreglane, ettersom germansk også her har *f* < *k^w*, jf. got. *fīmf*; ty. *fünf* osv. I dette tilfellet er det truleg konsonanten i framlyd som har påverka innlyden (assimilasjon): **penk^we* > **pempe* > *fīmf*. I baltisk og slavisk har ordet for 'ni' teke over framlyden til 'ti'; jf. lit. *devyni*; russ. *devjat*' med *d*-som *dešimt*, *desjat*'.

På grunn av titalsystemet er orda 11 – 19 for det meste samansetjingar av typen 1 + 10: skt. *ēka-daśa*; gr. *hen-deka*; lat. *un-decim*. Slavisk har som bindelekk preposisjonen *na* 'på': ru. *odin-na-dtsat*' osv. Ikkje sjeldan støyter vi likevel på avvik. Nærliggjande er det å nemna orda *elleve* og *tolv* i germansk. Dei avvik tydeleg frå *trettan*, *fjortan* osv., som lett let seg analysa. Dei gotiske formene *ainlif* og *twalif* viser at det her òg dreier seg om samansetjingar med *ains* og *twa* som førsteledd. Tidleg jamførde granskarane desse med lit. *vienuolika*, *dylyka* og kom til at *-lif*, *-lika* høyrer til same rot som verbet *leiva*. Grunntydinga skulle såleis vera 'ein/to til overs' (når ein har trekt frå ti). Ein skilnad er at litauisk held fram på same måten til og med *devyniolika* '19'. Også elles støyter vi på avvik frå tiarteljinga. Såleis heiter '18' og '19' på latin *duodeviginti* '2 frå 20' og *undeviginti* '1 frå 20'.¹¹⁵

Tiarane 20 – 90 er tydelegast laga i litauisk: *dvi-dešimt*, *tris-dešimt* osv. Russisk har *dvadtsat*', *tridtsat*' osv.¹¹⁶ Sjølvforklarande er former som no. *femti*, *seksti*, *åtti*, *nitti*. Vridnare er *tjuge* < gno. *tuttugu* < **twō-tugū*.¹¹⁷ I fleire gammalgermanske språk går det ei grense mellom '60' og '70', jf. got. *saīhs tigjus* og *sibuntehund*, geng. *sixtig* og *hundsefontig*, ghty. *sehszug* og *sibunzo*. Bortsett frå dei avvikande formene i gammalgermansk dreier det seg så langt om samansetjingar av einartal som førsteledd og eit substantiv med tydinga 'tiar' som andreledd. Det same er òg tilfellet i sanskrit, gresk og latin, der andreleddet for det meste er skt. *-sat*, gr. *-konta* og lat. *-gintā*. Såleis heiter '50' på dei respektive språka *pañcāśat*, *pentēkonta*, *quinqūāgintā*. Til grunn for dette ligg ieur. **(d)komt-*, **(d)kmt-*, som er suffiks- og avlydsvariantar av **dekṃ*.

Bortsett frå titalsystemet finn vi stundom restar av ein teljemåte med '20' som basis, der ein i tillegg til fingrane også har talt tærne. Kan henda er dette forklaringa på den omtala grensa mellom '60' og '70' i gammalgermansk. Vi har gjerne undrast over danske talord som *tres* '60' og *firs* '80'. Her kjem dei eldre og meir omstendelige formene *tresindstye*

¹¹⁵ Ved sida av desse har latin også *decem et octo* og *decem et novem*.

¹¹⁶ Endå greiare er dei kyrkjeslaviske formene: *dūva desęti*, *tri desęti*.

¹¹⁷ Truleg er **twō-* ei gammal dualform. Andreleddet er eit ord for 'tiar'.

og *firsindstyve* oss til hjelp. Tydinga er '3 gonger 20' og '4 gonger 20'.¹¹⁸ På fransk heiter '80' *quatre-vingt* dvs. '4 gonger 20'. Enno førekjem talsubstantiv som no. *sneis* '20 stykke'; ty. *Stiege*; ndl. *steeg* ds. Alt dette *kan* vera ein arv frå språk som i førhistorisk tid vart tala i Europa, men sjølvsagt er vi her på usikker grunn.

'100' byd ikkje på større vanskar. Vi kjenner grunnforma **kṛntom*, som dei fleste historiske formene greitt let seg føra attende til. Som nemnt s. 50 fotn. er slavisk **sŭto* litt problematisk. Når det gjeld no. *hundre* og tilsvarande i andre moderne germanske språk, er det eigentleg ei samansetjing, urgerm. **hunda-rafta-*, der andreleddet har tydinga 'tal', jf. got. *raftjan* 'telja'. Men også den usamansette varianten er kjend frå gammalgermansk, t.d. got. *hund*; ghty. *hunt*.

Orda for '1000' kan ikkje førast tilbake til ei fellesform. Skt. *sa-hasram* let seg forklara ut frå **sm-gheslom*, der førsteleddet er nulltrinn av **sem-* '1'. Gr. *khīlio* høyrer truleg også hit, men manglar førsteleddet. Problematiske er lat. *mille*. Ein viss likskap er det mellom orda i germansk, baltisk og slavisk: got. *þūsundi*; lit. *tūkstantis*; russ. *tysjača*, men som vi ser avvik dei òg frå kvarandre.

b) Ordenstal

Dei er adjektiviske avleiingar av grunntala. Den eldste måten å laga ordenstal på var å nytta det stammedannande suffikset *-o-* (hokj. *-ā-*), som vi alt kjenner. Såleis vart det til **dekṛm* laga eit **dekṛm^m-o-s* 'tiande', jf. skt. *daśamas*; lat. *decimus*. Større utbreiing har det utvida suffikset *-to-* i denne funksjonen. Det ligg føre uendra i gr. *dekatos*, og er like eins velkjent frå språk som germansk, latin og baltisk, t.d. got. *saiḥsta*; no. (bokm.) *sekste*; lat. *sextus*; lit. *šeštas*. Gammalt er det at ordenstala *første* og *andre* er laga av røter som avvik frå tilsvarande grunntal: no. *ein* – *første*; skt. *ēkas* – *prathamās*; gr. *eis* – *prōtos*; lat. *ūnus* – *primus*; lit. *vienas* – *pirmas*; russ. *odin* – *pervyj* og vidare no. *to* – *andre*; lat. *duo* – *secundus*; lit. *du* – *antras*;¹¹⁹ russ. *dva* – *vtoroj*.¹²⁰

c) Andre typar talord

Latin har eit velutvikla system av det ein kallar **distributive talord** (fordelingstal). Tydinga er 'så og så mange (til) kvar'. Eit slikt er *dēni* 'ti (til) kvar' som i følgjande setning:

Adduxerunt denos libros in castra. 'Kvar tok med seg ti bøker inn i borga.'

Til kvart grunntal i latin finst eit fordelingstal, t.d. *centēni vicēni singuli* '121 (til) kvar', men som venta vart dei lågaste mest nytta.

¹¹⁸ Mellomleddet *-sinds-* er det same som no. sinne i nokosinne 'nokon gong'. Dansk har også halv-treds(indstyve) '2½ gonger 20' = '50', halvfjerds(indstyve) '70' og halvfems(indstyve) '90'.

¹¹⁹ Dette er same ordet som no. *andre*.

¹²⁰ Nydanningar til grunntala er skt. *dviṭīyas* (*dvau*); gr. *deuteros* (*duō*) og ty. *zweite* (*zwei*).

Ein type talord er like eins **taladverba**: 'så og så mange gonger'. Vi har alt nemnt got. *simlē* 'ein gong' (s. 69). Ettersom dette er danna til ieur. **sem-*, må det vera gammalt. Elles spelar dei lita rolle i germansk bortsett frå gno. *tvisvar*, *brisvar*; eng. *once*, *twice*, *thrice*.¹²¹ Men også her har latin ei fullstendig rekkje. I *semel* 'ein gong' kjenner vi lett att ieur. **sem-*. Dei andre taladverba er laga til dei aktuelle grunntala,¹²² t.d. *duodeciēs* '12 gonger' (*duodecim*). Gresk har frå og med *tettares* '4' avleiingar med suffikset *-(t)akis*: *tetrakis*, *pentakis* osv. Dei tre lågaste er *hapaks*, *dis* og *tris*.

Baltisk og slavisk har **kollektive talord** for grupper av folk, dyr eller gjenstandar, jf. lit. *ketvertas arkliū*¹²³ 'fire hestar'. Ein oppfattar her hestane som ei kollektiv gruppe (firspann). Med grunntal vert det *keturi arkliai*, der *arkliai* er nominativ og med fokus på det einskilde individet.

5.3 VERBET

Også verbet er i eldre indoeuropeisk av den syntetiske typen. På s. 17 vart vi kjende med den gotiske forma *habaidēdum* 'vi hadde', som i tillegg til rota *hab-* omfattar ordlagings-suffikset *-ai-* og bøyingsendinga *-dēdum* med informasjon om person, numerus, tempus og modus. Dei moderne formene no. *hadde* og eng. *had* viser isolert berre tempus. Person og numerus går i slike tilfelle fram av subjektet, som er naudsynt for å laga ein grammatisk fullstendig setning. Utviklinga har altså gått i analytisk retning. Men også her er det som ved bøyinga av nomen store skilnader mellom språka. Såleis har romansk halde heller godt på det formrike latinske verbsystemet, medan kasusbøyinga for det meste er borte. I dei fleste slaviske språka derimot er nomenet rikast på former. Stundom er vi vitne til ei utvikling i motsett retning, dvs. analytisk → syntetisk, som når verb og refleksivpronomen i nordisk til dels har smelta saman og gjeve nye passivformer, t.d. no. *kalla seg* > *kallast* = 'verta kalla'. I særtilfelle går endringane begge vegar. Latin uttrykte futurum ved hjelp av eigne endingar: *amabo* 'eg skal/vil/kjem til å elska'. Folkespråket gjekk alt i seinantikken over til ein konstruksjon med *habere* 'ha' som hjelpeverb: *amare habeo* 'eg skal elska'. Under den vidare utviklinga smelta dei to saman til nye syntetiske former: it. *amerò*; sp. *amaré*; fr. *aimerai* osv.

5.3.1 DEI GRAMMATISKE KATEGORIANE TIL VERBET

a) Person og numerus

Begge desse var særst viktige i eldre indoeuropeisk – og fanst sikkert alt i urspråket. Kvar person hadde si eiga ending i **eintal** (singularis), **fleirtal** (pluralis) og **total** (dualis), slik

¹²¹ Tysk har *einmal*, *zweimal*, *dreimal* osv., men det er samansetjingar av ny dato.

¹²² Det gjeld også *bis* til *duo* med ei særutvikling av framlyden.

¹²³ *arkliū* er genitiv fordi dei kollektive talorda er substantiv. Tilsvarande uttrykk i russisk er *četvero lošadej*.

at eit pronominalt subjekt vart utelate dersom det ikkje skulle framhevast. Latin er eit språk med fullstendig person- og numerusbøying. (Total finst ikkje lenger):

Eintal		Fleirtal	
1. pers. <i>scribo</i>	'eg skriv'	<i>scribimus</i>	'vi skriv'
2. pers. <i>scribis</i>	'du skriv'	<i>scribitis</i>	'de skriv'
3. pers. <i>scribit</i>	'han, ho skriv'	<i>scribunt</i>	'dei skriv'

Her har utviklinga i fransk ført til mindre bøying og meir bruk av pronomen, noko tilsvarende former i dette språket viser:

<i>j'écris</i>	<i>nous écrivons</i>
<i>tu écris</i>	<i>vous écrivez</i>
<i>il, elle écrit</i>	<i>ils, elles écrivent</i>

Vi ser at 1. og 2. pers. eintal har falle saman i skrift. I uttalen er alle eintalsformene like. Endå lenger har engelsk gått, der stort sett berre 3. pers. eintal har eiga ending: *he, she writes*. Typisk er det likevel at eit høgfrekvent verb som *to be* bøyest i person og numerus. Heilt avskaffa er slik bøying i dei fastlandsnordiske språka.¹²⁴

b) Tempus

Denne kategorien viser tidspunktet for ei handling eller ein tilstand i høve til tidspunktet for ytringa, som alltid er notid. Når handlinga (tilstanden) er samtidig med dette, eller når den er heilt tidlaus, står verbet i **presens**. Men presens kan også uttrykkja framtid og fortid. Forma har såleis ein nokså fri bruk. Døme:

- 1) *Boka ligg på bordet* (dvs. i denne augneblinken).
- 2) *Jorda går rundt sola.*
- 3) *Per kjem i morgon.*
- 4) *I 1814 vert Noreg skilt frå Danmark.*

Presens med framtidsreferanse er i norsk og fleire andre språk særleg nærliggjande når setninga inneheld eit tidsadverbial av typen *snart, i morgon, om ei veke* osv. Også verbalaspekt (sjå nedanfor) verkar inn på valet av tempusform. I dømet vårt omfattar *kjem* tydingskomponenten 'momentan', noko som motiverer for bruk av presens. Døme 4) har *historisk presens*, som gjerne vert nytta som stilmiddel for å gjera framstillinga meir levande eller dramatisk. Dette er vanlegast i skriftspråket.

¹²⁴ Vi ser då bort frå alderdommelege restar i nokre norske dialektar, t.d. *eg bit* : *me bita* (pres.) og *eg beit* : *me bete* / *bito* (pret.) med numerusbøying.

Ved bruk av **preteritum**¹²⁵ er handlinga fortidig i høve til taletidspunktet. Vi ser det tydeleg når vi skifter ut presens med preteritum i tre av døma:

- 1) *Boka låg på bordet* (dvs. ein gong i nær eller fjern fortid).
- 2) *Per kom i går.*
- 3) *I 1814 vart Noreg skilt frå Danmark.*

I siste setninga verkar preteritum stilistisk meir nøytralt eller ”fargelaust” enn historisk presens.

Norsk – og mange andre språk – har i tillegg til presens og preteritum også omskrivne tempusformer som **perfektum** (*har lese*) og **pluskvamperfektum** (*hadde lese*). Det finst likeins omskrivingar for **futurum** (framtid): *skal/kjem til å lesa*.

c) *Aspekt*

Denne kategorien viser korleis den talande ser på handlinga med omsyn til avgrensing. Ho/han kan oppfatta den som ein prosess under utvikling. Ein ser denne så å seia innifrå. Handlinga vert framstilt som uavgrensa i høve til byrjing, avslutning eller resultat. I slike tilfelle seier vi at verbet er eller vert brukt **imperfektivt**. Motstykket til det imperfektive aspektet er det **perfektive**. Her ser den talande handlinga utanfrå, dvs. som ein heilskap. Den kan vera momentan, eller fokus kan vera på byrjing, avslutning eller resultat, medan ein eventuell prosess kjem i bakgrunnen. Aspekt kan komma til uttrykk på fleire måtar. Norsk og andre germanske språk nyttar gjerne omskriving som i det følgjande setningsparet:

- 1) *I går las eg i boka.*
- 2) *I går las eg boka.*

Kombinasjonen *las i* vil vi oppfatta som imperfektiv. Sjølve prosessen vert framheva utan omsyn til byrjing eller avslutning. I den andre setninga er det omvendt. Også der er det ein prosess – det tok ei stund å komma seg gjennom boka, men prosessen er nedtona. Derimot omfattar *las* i setning 2) både byrjing og avslutning.

Kategorien aspekt er nærskyld den føregåande (tempus), jf. setningen med *kjem* som verbal. Dei romanske språka har to fortidstempus som primært uttrykkjer skilnad i aspekt. Det er tydeleg når vi set om dei to norske setningane til fransk:

- 1) *Hier je lisais le livre* (imparfait, imperfektivt aspekt).
- 2) *Hier je lus le livre* (passé simple¹²⁶, perfektivt aspekt).

¹²⁵ Dette er no den vanlege termen når det er tale om norsk og andre germanske språk. *Imperfektum* ’ikkje avslutta, ufullenda’ høver betre som nemning for visse former i romansk og eldre indoeuropeisk. Dei viser at noko varer eller tek seg opp att i fortida. Vi kjem tilbake til dette.

¹²⁶ Passé simple er skriftspråkleg. Talespråket nyttar heller perfektum: *J’ai lu*.

Denne måten å få fram aspektskilnad på er gammal i indoeuropeisk. Vi kjem tilbake til det s. 76.

Slavisk har eit system med parverb, der det usamansette verbet som oftast er imperfektivt og eit tilsvarande med prefiks er perfektivt. Døma våre ser på russisk slik ut:

- 1) *Včera ja čital knigu.*
- 2) *Včera ja pročital knigu.*

d) Modus

Her handlar det om haldninga den talande har til den aktuelle ytringa. Ho/han kan oppmoda den tiltalte til å utføra ei viss handling. Det kan gjerast på mange måtar. Den mest direkte av desse er grammatikalisert, dvs. språket har ei bestemt verbform, **imperativ**, til dette føremålet som i følgjande setning:

Kom innom neste gong du går forbi.

Ytringa kan òg gje uttrykk for eit ønske, ein eventualitet eller noko tenkt. Mange språk har her eigne modusformer: **optativ** og **konjunktiv**. Norsk nyttar i staden oftast preteritum eller pluskvamperfektum, men har i presens særskilde former for konjunktiv:

- 1) *Leve kongen* (eit ønske som kan oppfyllest, særskild konjunktivform).
- 2) *Kunne du låna meg ti kroner* (ein eventualitet, varsam uttrykksmåte).
- 3) *Hadde eg vore 30 år yngre, skulle eg (ha) kjøpt meg ein gard* (tenkt vilkår).
- 4) *Hadde eg berre vore 30 år yngre* (tenkt ønske som ikkje kan oppfyllest).

Den nøytrale eller umarkerte modus er **indikativ**. Den framstiller setningsinnhaldet som noko verkeleg – men det treng ikkje vera tilfellet, som når einkvan lyg eller er feil informert.

e) Verbalt genus (diatese)

Det er her tale om motsetninga mellom **aktiv** og **passiv**. I aktiv er det grammatiske subjektet i setninga også logisk subjekt, dvs. den som utfører den aktuelle handlinga. I passiv derimot kjem det logiske subjektet til uttrykk gjennom ein preposisjonsfrase, eller det er utelate. Lat oss sjå litt på setningane

- 1) *Entreprenør Olsen A/S utfører arbeidet.*
- 2) *Arbeidet vert utført av entreprenør Olsen A/S.*
- 3) *Hunden vart omsider funnen.*

Aktiv er det langt vanlegaste av dei to genusa. Likevel er det gode grunnar for bruk av passiv i to av døma våre. Tenkjer vi oss eit skilt til opplysning på ein anleggsplass, er passivvarianten den mest naturlege. Som tidlegare nemnt (s. 67), vil gjerne det som er kjent gjennom samanheng eller situasjon, stå langt framme i setninga. Her er det arbeidet som føregår på staden. Kven som utfører arbeidet, er ny informasjon, som høver best mot slutten. Den aktiviske uttrykksmåten i setning 1) er ikkje så nærliggjande. I det siste dømet er passiv nytta fordi det spelar mindre rolle kven som fann hunden.

Den syntetiske passiven med endinga *-s* eller *-st* (s. 72) er i norsk vanlegast i bokmål; nynorsk har heller den omskrivne varianten:

- 1) *Ingenting gjøres med problemet.*
- 2) *Ingenting vert gjort med problemet.*

Dei kategoriane vi har omhandla her, utgjer det vi kallar *det finitte verbet*. Typisk for desse formene er at dei gjeld for det verbale setningsleddet. I tillegg kjem *dei infinitte formene*, som det vert meir om s. 87 ff.

5.3.2 DET FINITTE VERBET FRÅ EIN INDOEUROPEISK SYNSSTAD

a) *Person og numerus*

Vi skal i denne innføringa ikkje ta for oss alle endingane, men konsentrerer oss om dei mest eintydige, dvs. dei som med rimeleg god grunn kan rekonstruerast for urspråket. Frå s. 21 kjenner vi formene **esmi* og **esti*, der *-mi* og *-ti* viser person og numerus (1. og 3. pers. eintal). Vi hugsar òg skiljet mellom atematiske og tematiske bøyning: **es-ti* og **bher-e-ti*. Denne såkalla temavokalen viser avlydsveksel *e – o* (s. 19), noko som er særleg tydeleg i gresk: *pher-e-te*¹²⁷ : *pher-o-men* (1. pers. fleital). Endingane er med unntak av 1. pers. eintal dei same for begge bøyingstypene. Denne forma har *-ō* i tematiske og *-mi* i atematiske verb; jf. gr. *pherō – eimi* < **esmi*; got. *baíra (-a <- ō) – im* (<**esmi*). Sanskrit har i 1. pers. eintal *-mi* også ved tematiske bøyning: *bharāmi*. Her er endinga overført frå atematiske verb: **bherō + -mi*.

Som vi har sett, har nokre av personendingane utlydande *-i*. Det gjeld forutan *-mi* og *-ti* også *-si* (2. pers. eintal) og *-nti* (3. pers. fleital). Desse er typiske for presens indikativ, til dels òg konjunktiv, og kallast *primærendingar*. Parallelt til dei har vi *sekundærendingane* *-m, -s, -t, -nt*, som vi etter kvart kjem tilbake til.

b) *Tempus og aspekt*

Dei to kategoriane er som nemnt nærskyldige og grip over i kvarandre. Vi skal difor omtala dei saman og går ut frå dei tre greske verbformene *pheugō* 'eg er på flukt' (1. pers. eintal presens), *epheugon* 'eg var på flukt' (1. pers. eintal imperfektum) og *ephugon* 'eg flykta,

¹²⁷ Dette er 2. pers. fleital. 3. pers. eintal *pherei* er ei omdanning og ikkje eit lydrett framhald av ieur. **bhereti*.

kom meg bort' (1. pers. eintal aorist). Både presens og imperfektum har *e*-fulltrin (s. 25). Ettersom verbet er tematisk, er primærendinga *-ō* i 1. pers. eintal presens. *-n* i imperfektum er den tilsvarende sekundærendinga *-m* med overgang til *-n* i utlyd (s. 39). Svært viktig er det at begge har felles stammeform, noko som ved dette og mange andre verb altså kjem til uttrykk gjennom avlydstrinnet. Det er her tale om **presensstamma**, som har imperfektivt aspekt. Med primærendingar uttrykkjer den notid og med sekundærendingar fortid; aspektet er det same ved begge formene. Prefikset *e-* er ein fortidsmarkør som ein kallar *augment*, eigentleg 'auke'. Forma *ephugon* har nulltrin, som viser at vi har den perfekte **aoriststamma**. Denne kan berre ta sekundærendingar. Også aoriststamma har augment.

Hittil har vi lært å kjenna to tempus-/aspektstammer. Presensstamma er imperfektiv og kan ha både primær- og sekundærendingar. Dei siste kombinerte med augment har fortidsreferanse. Då er det tale om **imperfektum**. Aoriststamma er perfektiv og har berre sekundærendingar i kombinasjon med augment. I dømet vårt er det avlyden som skil mellom dei to stammene. Slik er det ved fleire verb, t.d. *leipō* : *eleipon* : *elipon* 'forlata, leiva', *trephō* : *etrephon* : *etraphon* (*r* > *ra* s. 39) 'næra, underhalda'. Tydelege parallelar finn vi òg i sanskrit, t.d. *rōhāmi* (*ō* < *ow*, s. 37) : *arōham* : *aruham* 'vekse'. Det er såleis grunn til å rekna med at typen fanst alt i det indoeuropeiske urspråket.

Likevel var det vanlegare å skilja mellom dei to stammene ved hjelp av ordlagings-element (affiks). Fleire *suffiks* (etterfeste) markerte presensstamma og mangla dermed sjølvstøtt ved aoriststamma. I tillegg til suffikset kunne også avlyden verka, slik at ei og same verbalrot kunne variera frå det eine språket til det andre. Mange verb hadde i eldre indoeuropeisk difor nokså uregelrett bøyning. T.d. danna rota **g^wem-* 'gå, komma' i gresk presens ved hjelp av suffikset *-ye-/yo-*, der *e/o* er temavokalen. Dette var kombinert med nulltrin av rota slik at 1. pers. eintal presens har forma *bainō* < **g^wṃ-yō*. Aorist har langtrin (ieur. *ē*): *ebēn* 'eg kom'. Same rota har i sanskrit *-ske-/sko-* som suffiks i presens, også her med nulltrin av rota: *gacchati* 'han går' < **g^wṃ-ske-ti*. Hyppige er nasalsuffiks i presens, t.d. *-new-/nu-*. Vi merkar oss at suffikset har avlydsveksel mellom fulltrin og nulltrin, slik at eintal har *-new-* og fleirtal *-nu-*. Nasalsuffiks fører òg ofte til nulltrin i rota. Eit døme er **ster-* 'strø, breia ut', som i sanskrit har former som *strnōmi* (*ew* > *ō*) 'eg breier ut' : *strnumas* 'vi breier ut'. Imperfektum, som altså er laga av presensstamma, har same suffikset. 1. pers. eintal er *astrnavam* (*ew* > *av* framfor vokal, s. 37). Aorist har fulltrin av rota og manglar suffiks: *astaram* 'eg breidde ut'. Augmentet ieur. *e-* har i sanskrit forma *a-* (s. 36).

Nasalen *n* kan som presenselement også føyast inn i rota. Då snakkar vi om *infiks*. Også her gjer avlyden seg gjeldande slik at infikset får variantane *-ne-/n-* heilt parallelt med *-new-/nu-*. Distribusjonen er òg den same. Eit døme frå sanskrit er rota¹²⁸ *rudh-* 'hindra, hemma', som i presens har former som *runadhmi* 'eg hindrar, hemmer' og *rundhmas*¹²⁹ 'vi hindrar, hemmar'. Tilsvarende former i imperfektum er *arunadham* og *arundhma*. 1.

¹²⁸ Som leksikalske former (oppslagsformer) av verb nyttar ein i sanskrit – som i indoeuropeiske rekonstruksjonar – gjerne rota, ofte med nulltrin.

¹²⁹ Analysen *ru-na-dh-mi* og *ru-n-dh-mas* viser at vi har å gjera med innføring. Også avlydsvekselen torde vera tydeleg.

pers. eintal aorist er *arōdham* utan infiks og med fulltrin av rota: **rewdh-*. Også latin har ein del presensformer med nasalinfiks. Det gjeld t.d. *findō* 'eg kløyver, spaltar'. Tilsvarande form i perfektum¹³⁰ er *fīdī*. Av moderne språk har litauisk halde best på nasalinfigeringa. Såleis heiter 'det snør' på det språket *sninga*. Preteritum er *snigo* og infinitiv *snigti*. Jamvel eit så "moderne" språk som engelsk har ein rest av dette i bøyinga *stand* : *stood*.

Også presensdannande *prefiks* (førefeste) finst ved nokre gamle røter. Det handlar då om *reduplikasjon*, dvs. første konsonanten i ordet pluss vokalen *e* eller *i* vert sette framfor rota.¹³¹ Såleis har rota **dō-* 'gje' presensreduplikasjon i gresk og sanskrit; jf. følgjande former:

1. pers. eint. pres.	1. pers. eint. imperf.	1. pers. eint. aorist
gr. <i>didōmi</i>	<i>edidoun</i>	<i>edōka</i>
skt. <i>dadāmi</i>	<i>adadām</i>	<i>adām</i>

Aorist kan òg ha visse affiks som kjenneteikn. Vidast utbreiing har suffikset *-s-*. Ein nyttar då gjerne nemninga *s-aorist*. Hit høyrer **deyk-* 'visa, syna'. Aoriststamma har forma **e-deyk-s-/e-dik-s-*, som er kjend frå fleire språk: gr. *edeiksa* 'eg viste'¹³² ; skt. *adiksam* ds. (nulltrin både i presens og aorist) ; lat. *dīxī* (*x=ks*) 'eg sa'.¹³³

Ved sida av presens- og aoriststamma hadde indoeuropeisk også ei **perfektumstamme**, som uttrykte ei fortidig handling med eit resultat som rakk inn i notida. Den svarte altså nokolunde til det omskrivne perfektum i t.d. norsk: *eg har lese brevet* kan tyda 'eg veit kva som står i det' o.l.

Særleg formene i gresk og sanskrit gjer det nærliggjande å rekna med at det indoeuropeiske perfektum hadde reduplikasjon.¹³⁴ Fenomenet kjenner vi allereide frå presensstamma av nokre verb (ovanfor). I perfektum var dette likevel systematisert i høgare grad. Vokalen var oftast *e*, men kunne også vera den aktuelle rotvokalen. Når eit verb hadde vokal i framlyd, var reduplikasjonen *e-* åleine med kontraksjon til langvokal som resultat. T.d. hadde **ed-* 'eta' perfektumstamma **ēd-* som i lat. *edō* : *ēdī*. Sær viktig var avlyden.

¹³⁰ Det latinske perfektum er historisk ei blanding av indoeuropeiske aorist- og perfektumformer. Sistnemnde kjem vi straks attende til. Infikset har ikkje lenger avlyd i latin. Meir opphavleg er i så måte skt. *bhinadmi* : *bhindmas* 'eg/vi kløyver'.

¹³¹ Vi kjem attende til reduplikasjon i samband med perfektum.

¹³² Dette verbet har dobbelmarkering av tempusstammene i gresk ettersom presensforma er *deiknūmi* med *n-*suffiks.

¹³³ Latin har ikkje lenger aorist som eige tempus, men ei rad aoristformer har som nemnt gått inn i perfektum. Vi merkar oss også at augmentet manglar i latin og ein del andre språk.

¹³⁴ I desse språka er reduplisert perfektum regelen. I språk som latin, germansk og keltisk er reduplikasjonen meir sporadisk. T.d. heiter lat. *canō* 'eg syng' i perfektum *cecīnī* < **kekanei*. Her ser det ut til at den har markert tempusstamma når rotvokalen ikkje hadde avlydsveksel. Kan henda er dette det mest opphavlege.

Når presensstamma hadde *e*-trin eller nulltrin, hadde perfektumstamma gjerne *o*-trin i eintal og nulltrin i fleirtal. T.d. hadde **k^wer-* 'gjera' i perfektum stammeformene (med reduplikasjon) **k^we-k^wor-* (eintal) og **k^we-k^wŕ-* (fleirtal) som i skt. *cakara* 'eg har gjort' : *cakŕma* 'vi har gjort'. Endeleg hadde perfektum til dels eigne personendingar – tydelegast er dette i eintal. Samanlikninga med andre språk viser at endinga i skt. *cakara* (1. pers. eintal perfektum) var *-a* alt i urspråket: **k^we-k^wor-a*. Den skilde seg altså tydeleg frå endingane i presens og aorist.

Dette gammalvorne perfektum har halde seg best i sanskrit, difor dømet derfrå. I gresk er avlydsvekselen mellom eintal og fleirtal oftast utjamna som i *leloipa* 'eg har forlate' : *leloipamen* 'vi har forlate'.¹³⁵ Også den typiske personendinga *-tha* (2. pers. eintal) er bytt ut med *s*-ending frå presens-aorist: *leloipas* 'du har forlate'.¹³⁶

Vi såg at ymse affiks, mest suffiks, var karakteristiske for presens-, og i mindre mon, for aoriststammene. Det er difor rimeleg at slike også dukka opp i perfektum. Her kan nemnast det greske *k*-perfektum som i *le-lu-k-a* (*leluca*) 'eg har løyst' (presens *luō*).¹³⁷ Latin har ved mange verb eit *v*-perfektum, t.d. *vocā-v-ī* 'eg har kalla', *audī-v-ī* 'eg har høyrte'. Men desse formene kan ikkje førast tilbake til urindoeuropeisk. Perfektum var frå først av langt meir einsarta enn presens og aorist.

Korvidt det indoeuropeiske urspråket hadde eit eige **futurum**, er omstridt. Vi såg at norsk t.d. ofte nyttar presens med framtidsreferanse. Det har vel til alle tider vore mogeleg. På grunn av det usikre som hefter ved framtida har konjunktivformer vore nærliggjande. I latin har dei ved mange verb veksla frå modus- til tempustydning. Hit høyrer t.d. *esse* 'å vera'. Presens er som vi har sett *est* (3. pers. eintal). Konjunktiv vart laga ved innskot av temavokalen *e* (sjå s. 84): **es-e-ti*. Resultatet vart i latin *erit* 'han/ho skal vera'.¹³⁸ Vidare har latin eit futurum med *b*-element: *vocābō* 'eg skal kalla', *monēbō* 'eg skal minna om'. Dette er truleg gamle omskrivingar med hjelpeverb. Nokre språk har futurum med eit *s*-haldig suffiks: *-s/-sye/-syo-*. Dette gjeld gresk, baltisk og indo-iransk, t.d. gr. *dōsō* 'eg skal gje'; lit. *duosiu* ds. ; skt. *dāsyāmi* ds. Særleg godt stemmer dei to sistnemnde greinene overeins på dette punktet.

Gresk og sanskrit er etter vanleg oppfatning dei språka som har halde best på dette "klassiske" tempus-/aspektsystemet. Språkgranskarane på 1800-talet bygde mest på desse to under arbeidet med rekonstruksjonane. Systemet gjeld for eit seint stadium av urspråket, og det er tvillaust resultatet av ei lang utvikling som vi ikkje skal gå nærare inn på. Derimot skal vi sjå litt på tempussystemet i den greina dei fleste av oss truleg kjenner best,

¹³⁵ Den finst i t.d. *gegona* 'eg er/vart fødd' : *gegamen* (< **gegŕmen*) 'vi er/vart fødte', men tidleg dukka jammingsforma *gegonamen* opp, og den vart stadig vanlegare.

¹³⁶ Endinga er den normale i sanskrit: *cakartha*. Gresk har den i den gamle reduplikasjonslause perfektum-forma *oistha* 'du veit' (eigentleg 'du har sett'). *th* kjem kan henda av *t* + laryngal (sjå s. 26).

¹³⁷ *k* har òg komme inn i nokre aoristformer som den tidlegare nemnde *edōka*.

¹³⁸ Den gamle optativforma *siet*, seinare *sit*, fungerer som konjunktiv.

nemleg germansk. Det kan forklarast som ei forenkling av det systemet som vi kort har skildra.¹³⁹

Eit første steg i utviklinga mot germansk er truleg at perfektum er blitt eit reint fortids-tempus. Som vi såg, hadde denne tempusstamma i indoeuropeisk òg ein viss referanse til notida; den uttrykte at den aktuelle handlinga resulterte i ein notidig tilstand. I nokre tilfelle kunne ei perfektumform få rein notidstydning. Eit standarddøme er den reduplikasjonslause forma **woyda* 'eg har sett' til **wid-* 'sjå'. Alt i indoeuropeisk må den ha fått notidsreferanse med endra leksikalsk innhald: 'eg veit' (som resultat av at eg har sett). Her stemmer fleire språk overeins: skt. *vēda* 'eg veit'; gr. *oida* ds.; no. *veit*. Formelt er den norske presensforma *veit* heilt lik preteritumforma *beit*. Vi seier difor at *vita* : *veit* er eit *preterito-presentisk verb*. Normalt har det indoeuropeiske perfektum i germansk likevel mista notidsreferansen.¹⁴⁰ Det har så trengt vekk imperfektum og aorist (typane gr. *epheugon* og *ephugon*) og blitt einerådande som uttrykk for fortid.¹⁴¹

Som vi såg, er det uvisst om indoeuropeisk hadde eigne former for futurum. Av det nemnde *s*-futurum finst ikkje restar i germansk, heller ikkje av det "konjunktiviske" futurum (lat. *erit*).

Det er altså først og fremst presens og perfektum som lever vidare i germansk, sistnemnde som (det sterke) preteritum. Dette einfelde systemet er kjent frå gotisk, seinare utviklar det seg omskrivne former; dei skal vi straks komma tilbake til.

Av omtalen (s. 78) ser vi at det indoeuropeiske perfektum var heller regelrett ved at stammedannande affiks mangla (evt. bortsett frå reduplikasjonen). Avlyd og karakteristiske personendingar var dei viktigaste kjenneteikna. Avlydsvekselen mellom eintal og fleirtal heldt fram i germansk som eit typisk trekk ved det sterke preteritum. Slik er det i alle gammalgermanske språk:

1. pers. eintal preteritum

got. *graip*
gno. *greip*
geng. *grāp* (*ā* < *ay* < *oy*)
ghty. *greif*

:
:
:
:

1. pers. fleirtal preteritum

gripum
gripum
gripon
griffum

¹³⁹ Vi held oss til dei sterke verba, som har avlyd (sjå s. 25). Dei svake verba er for ein stor del avleidde av andre ord, *snøa* av *snø* t.d., og dannar preteritum ved hjelp av eit dentalsuffiks: *snødde*, eller dei har (i nynorsk) inga ending i fortid: *kastar* : *kasta*.

¹⁴⁰ Parallellar til dette finn vi i mange moderne språk som når perfektum i fransk t.d. også kan ha rein fortidsreferanse: *je l'ai vu hier* 'eg såg han i går'.

¹⁴¹ På den måten har også den gamle skilnaden mellom imperfektivt og perfektivt aspekt gått tapt. Det ser ut til at den seinare i nokon mon er blitt gjenoppretta ved bruk av perfektiverande prefiks som når t.d. 'sjå' i gotisk kan uttrykkjast gjennom verbparet *saihwān* : *gasaihwān*, det siste med tydinga 'få auga på' o.l. Typen *ephugon* kan ha overlevd inn i (vest)germansk, men er blitt ein del av det sterke preteritum (2. pers. eintal), t.d. ghty. *du fundi* 'du fann'.

Denne vekselen har halde seg til no ved verbet *wissen* i tysk: *ich weiß* : *wir wissen*.¹⁴² I nokre norske dialektar finn vi framleis preteritumformer som *eg greip* : *me grepə/gripo* (fotn. 124), men dei vert stadig sjeldnare. Også den nemnde personendinga *-tha* (2. pers. eintal) er velkjend frå gotisk og nordisk: *graipt*; *greipt*. Vestgermansk har som vi såg her truleg ei gammal aoristform (ghty. *griffi*). Endeleg tek vi med at nokre verb i gotisk har reduplikasjon, t.d. *haitan* : *haihait* 'heita', *haldan* : *haihald* 'halda'. Dei fleste manglar avlyd, slik at reduplikasjonen har ei viktig oppgåve som stammemarkør.

Dette heller einfelte preteritum har i tidleg germansk som einaste fortidstempus hatt ein nivellerande innverknad på presens. Den omfattande bruken av affiks (s. 76 – 77) gav presensstamma eit sjølvstendig preg i indoeuropeisk. Ein kunne sjeldan slutta frå aorist eller perfektum korleis presens måtte sjå ut. Til mange røter fanst det òg to eller fleire presensvariantar.¹⁴³ I slike tilfelle har germansk berre halde på den affikslause varianten, som i si form var best tilpassa det nye fortidstempus (preteritum). T.d. har got. *bar* som sin einaste presenstype *baírīþ*, som stemmer nøyaktig med skt. *bharati*. Slik er det også i dei andre germanske språka. Ei reduplisert presensform av **bher-* er ukjend innanfor denne greina. Like eins er det i tilfellet gr. *leipō* – *limpanō*. Berre motstykket til *leipō* ligg føre i germansk: got. *leihwan* osv.

Av og til finst eit tematisk presens med *e*-trin berre i germansk. Det er då rimeleg å tru at dette er ei analogisk nydanning til preteritum. Såleis har rota **ghewd-* 'gyta, strøyma ut' o.l. berre i germansk eit presens av typen **ghewdeti*: got. *giutan*; gno. *gjóta*¹⁴⁴ osv. Andre språk har affiksformer som lat. *fundō* med nasalinfixs. Derimot har perfektum ieur. **(ghe)ghowd-* vidare utbreiing. Vi nemner at til got. *gaut* svarer nøyaktig lat. *fūdī*. Det er tydeleg at got. *giutīþ* : *gaut* er meir regelmessig enn lat. *fundō* : *fūdī*. Den gamle rota **bheyd-* 'spalta' lever vidare i sanskrit, latin og germansk. Dei to førstnemnde språka har som *fundō* presensformer med nasalinfixs: skt. *bhinadmi* 'eg spaltar'; lat. *findō* ds. Igjen har germansk eit regelrett, tematisk presens med *e*-trin: got. *beitan* 'bita'; gno. *bíta* osv.¹⁴⁵ Dette er visseleg ei nylaging til perfektum ieur. **(bhe)bhoyd-* > germ. **bayt-*.

Prinsippet er tydeleg ved desse verba: når ei rot i indoeuropeisk hadde fleire moglege presensvariantar, har germansk valt den som formelt var best tilmåta preteritum (ieur. perfektum), nemleg den med *e*-trin og temavokal, men utan tempusaffiks. Når ei slik mangla, er det blitt laga nye presensformer som got. *giutīþ*, *beitīþ* osv. På denne måten har avlyden i større mon enn i indoeuropeisk komme til å markera motsetninga presens : preteritum, og presens er i høgare grad enn elles blitt assosiert med *e*-trinet.¹⁴⁶

¹⁴² Altså gamle perfektumformer. Same forklaring har vekslingar som *kann* : *können*, *darf* : *dürfen* o.a.

¹⁴³ Såleis har rota **bher-* i sanskrit presensformene *bharati* 'han/ho ber' (tematisk) og *bibharti* ds. (atematisk med reduplikasjon). Til ieur. **leyk^w-* 'lata, forlata' finn vi i gresk variantane *leipō* 'eg forlèt' og *limpanō* ds. (med nasalinfixs og -suffiks). Truleg var det frå først av tydingsnyansar mellom dei ulike variantane. Dei er i historisk tid ofte utviska.

¹⁴⁴ Infinitiv er i germanske språk laga av presensstamma.

¹⁴⁵ Tydingane 'spalta' og 'bita' er nærskyldte.

¹⁴⁶ Ein del sterke verb har *a* < *o* som vokal i presens, t.d. no. *mala*, *grava*, *fara*. Dei er gjerne avleiingar med *o*-trin og hadde frå først av modifisert tyding (intensivitet, oppattaking o.l.). Stundom har andre språk verb med det eldre *e*-trinet som russ. *gresti* < **greb-ti* 'grava, rota'.

Utjamninga kunne òg gå andre vegen, altså frå presens til preteritum, men det var sjeldnare. På s. 77 er det presensdannande suffikset *-ske/-sko-* nemnt. Det finst i fleire språk. Døme frå latin er *gnōscō : gnōvī* 'kjenna' og *crēscō : crēvī* 'vekse'. I germansk er suffikset ført over til preteritum som i ghty. *leskan : lask* 'sløkkja', *dreskan : drask* 'treskja', *waskan : wuosk* 'vaska'.¹⁴⁷ I ghty. *fehtan : faht* 'fekta' høyrde *t* opphavleg til i presens, slik den framleis gjer i latin: *pectō : pexī*. Vi har òg gjort merksam på den påfallande arkaismen *stand : stood* i engelsk (s. 77).¹⁴⁸ Gammalhøgtysk derimot hadde allereie på 800-talet bøyinga *stantan : stuont* med generalisering av nasalinfikset.

Eit anna tilfelle viser klårt vekselverknaden mellom presens og preteritum i førhistorisk germansk. Vi har belegg for dei to verba **sleykan-* 'luska, smyga (seg), stiltra seg' og **slinkan-* ds.¹⁴⁹ Begge har same tyding, og det er rimeleg at dei har oppstått gjennom spalting av eitt og same verb i indoeuropeisk. Vi kan gå ut frå ei rot ieur. **sleyg-* med presensdannande nasalinfiks, altså **slineg-/sling-* : (*se*)*sloyg-*. I germansk er det så til presens **slink-* blitt nydanna eit preteritum **slank-* og til preteritum **slayk-* eit presens **sleyk-*.

Dei omskrivne og nydanna tempusformene i germansk er først og fremst perfektum/ pluskvamperfektum og futurum. Lat oss sjå på to norske setningar.

- 1) *Vi har butikken lukka grunna vareoppteljing.*
- 2) *Vi har lukka butikken grunna vareoppteljing.*

Setning 1) er fullt brukeleg i norsk; forf. såg den nyleg på ei butikkdør. I den er *har* hovud verbet; *butikken* er objekt til dette. Partisippet *lukka* står som ei predikativ bestemming til objektet og uttrykkjer ein tilstand som er resultatet av ei føregåande handling. Tydinga er passiv på same måte som når partisippet er attributt: *ein lukka butikk* (sjå s. 92). I konstruksjonar av denne typen har det skjedd ei grammatisk omtolking: *butikken* er ikkje lenger objekt for *har* men for *har lukka*. Det passive partisippet i 1) er i 2) uttrykk for den aktuelle handlinga, og det har fått aktiv tyding. Som vi ser, eksisterer den opphavlege typen framleis ved sida av den yngre, men den er langt sjeldnare. Nydanninga har derimot gripe om seg. Først var den avgrensa til transitive verb, seinare vart den førd over til intransitive: *vi har arbeidd/sove/vakt* osv.¹⁵⁰

Perfektum viser altså at handlinga har eit resultat som rekk inn i notida. Den er framleis på ein eller annan måte aktuell etter at den er avslutta (s. 78). Dette er tydelegast i nordiske språk og i engelsk. I tysk derimot er perfektum langt på veg blitt eit reint fortids-tempus, noko som viser seg ved at det godt kan kombinerast med tidsadverbial som

¹⁴⁷ I norsk har desse verba fått svak bøyning. Ein slik overgang er nokså vanleg.

¹⁴⁸ Slik er det og i eldre nynorsk *standa : stod*.

¹⁴⁹ **sleykan-* er eit vanleg verb i tysk: *schleichen : schlich*. **slinkan-* er velkjent frå engelsk: *slink : slunk*.

¹⁵⁰ Ved intransitive verb som uttrykkjer forandring i tilstand eller posisjon, fungerer *vera* som hjelpeverb: *han er kommen*. Bokmål nyttar også ved slike verb ofte *ha*: *han har kommet*.

gestern 'i går', *vorigen Sonntag* 'sist søndag', *vor zwei Jahren* 'for to år sidan' osv.: *ich habe ihn vorigen Sonntag getroffen* 'eg møtte han sist søndag'.

Pluskvamperfektum nyttar dei same hjelpeverba som perfektum, men no med preteritalformene. Den aktuelle handlinga er her fortidig i høve til ei anna fortidig handling: *etter at vi hadde gjort leksene, sparka vi fotball*.

Det er interessant at dei romanske språka har eit perfektum av same typen og med same opphavet som det germanske. I seinlatin, særleg i talespråket, var setningar som *habeo arborem plantatam* 'eg har eit tre (som er) planta' vanlege. Omtolkinga til eit nytt omskrive perfektum er den same som i germansk, jf. fr. *j'ai planté un arbre* 'eg har planta eit tre'. Det er her rimeleg å rekna med påverknad mellom dei to språkgruppene.¹⁵¹

Det *omskrivne* futurum er i germansk eit vidt emne. Her skal vi berre seia litt om hjelpeverba. Allereie i gotisk førekjem slike konstruksjonar, gjerne med *haban* 'ha' som hjelpeverb (sjå s. 72 om ein meir levedyktig parallell i romansk). Såleis finn vi i 2. Kor. 11.12 *taujan haba* for gr. *poiēsō* 'eg skal gjera'. Også *duginnan* 'byrja' vert nytta i denne funksjonen, t.d. Luk. 6.25 *gaunōn jah grētan duginnīþ* der gresk har *penthēsete kai klausetē* 'de skal klaga og gråta'. Dei vanlegaste hjelpeverba både i gammal og ny tid er likevel *vilja* og *skulla*. Men dei er ikkje alltid like veileigna, ettersom slike konstruksjonar lett vert modalt farga i tillegg til tempustydninga. Det ser vi av følgjande setningar:

- 1) *Eg skal stikka innom på tilbakevegen* (lovnad).
- 2) *Møtet skal haldast i morgon* (plan).
- 3) *Eg vil kjøpa meg ny sykkel* (vilje).
- 4) *Dette vil du seint gløyma*.

Berre 4) er (tilnærma) reint temporal. Futurum utan modal farge uttrykkjer vanlegvis *komma til å* som i setningen *dette kjem du til å angra på*. Svensk har ein liknande konstruksjon med *komma att*.

Ein særeigen type er den tyske med *werden* + infinitiv utan *zu*, som vart vanleg først etter ca. år 1500. Den er ikkje i nemneverdig grad modal; i nokon mon vert den likevel nytta med notidsreferanse som uttrykk for noko den talande reknar med, t.d. *jetzt wird er zu Hause sein* 'no er han (truleg) heime'.

c) *Modus*

Vi skal her sjå litt nærare på **konjunktiv** og **optativ**, som truleg fanst alt i indoeuropeisk, men samspelet mellom dei to er òg kjent frå fleire greiner i historisk tid. Først og fremst gjeld dette gresk og indo-iransk, men dei er framleis skilde også i t.d. albansk.

¹⁵¹ Også når det gjeld eit eldre perfektum, er utviklinga parallell i germansk og romansk. Som nemnt lever det indoeuropeiske perfektum i germansk vidare som sterkt preteritum. I romansk har det latinske perfektum gjeve opphav til perfekte fortidsformer som italiensk *passato remoto*, fransk *passé simple* osv. Døme: lat. *plantāvī* 'eg har planta' > it. *piantai*; fr. *plantai* 'eg planta' (perfektivt), lat. *scripsī* 'eg har skrive' > it. *scrissi*; fr. *écrivis*.

Konjunktiv er i hovudsetningar uttrykk for oppmoding, forbod eller for noko uvisst. I leddsetningar har bruken ofte samanheng med visse konjunksjonar. Det gjeld m.a. slike som innleier føremålssetningar. Danninga av konjunktiv er grei. Modusmarkøren er *-e/o-* (avlyd). Ved tematiske verb smeltar den saman med temavokalen med lang vokal som resultat. Difor får vi i gresk former som *poiomen* 'vi gjer' (indikativ) : *poiōmen* (konjunktiv) eller *pherete* 'de ber' (indikativ) : *pherēte* (konjunktiv). Konjunktiv av eit atematisk verb ser ut som indikativ av eit tematisk verb, t.d. gr. *i-men* 'vi går' (indikativ) : *i-omen*¹⁵² (konjunktiv). Vi kjenner allereie forma ieur. **es-ti* (s. 21). Konjunktiv må bli **es-e-ti*, som etter det vi har sagt (s. 79) fungerer som futurum i latin (*erit*). Den språkhistorisk nøyaktig like forma skt. *asati* er framleis konjunktiv. Følgjande døme frå gresk kan visa bruken av konjunktiv i hovudsetningar:

- 1) *Iomen* . 'Lat oss gå' (oppmoding).
- 2) *Mē touto poiēis*. 'Gjer ikkje dette' (forbod).
- 3) *Eipōmen ē sigōmen?* 'Skal vi tala eller teia?' (noko uvisst).

Nokre språk, først og fremst italisk, keltisk og tokarisk, har ein konjunktivtype med *ā* som kjenneteikn.¹⁵³ Såleis er lat. *ferāmus* 'lat oss bera' konjunktiv til *ferimus* 'vi ber'. Andre språk har mista konjunktiv, eller dei har aldri hatt den som eigen modus. Dette gjeld t.d. germansk; det vi der kallar konjunktiv, er eigentleg indoeuropeisk optativ. Vi kjem straks litt tilbake til det.

Optativ uttrykkjer m.a. ønske som kan oppfyllest, og mogelegheit/eventualitet. Suffikset er her *-yē-/-ī-*. Vekslinga er truleg gammal avlyd (sjå s. 26), der trinnet *yə > ī*. Vi merkar oss særleg at berre *ī* vert nytta ved tematiske verb, og at temavokalen alltid er *o*. Resultatet vert diftongen *oy* som typisk kjenneteikn for optativ. Vidare har optativ sekundære personendingar (s. 76). I konjunktiv finst begge endingstypene. Vi gjev også her døme frå gresk:

- 1) *Eipoi tis tēn alētheian*. 'Gjev einkvan seier sanninga' (ønske).
- 2) *Ei touto poiēsaimi, hamartoimi*¹⁵⁴ *an*. 'Dersom eg gjorde dette, ville eg feila'.
- 3) *Elthoimi an*. 'Eg kan/kunne (eventuelt) komma'.

Som nemnt er det vi kallar konjunktiv i germanske språk, eigentleg indoeuropeiske optativformer. Lat oss sjå på eit par som tysk *bindet* 'bind' (3. pers. eintal indikativ) og *binde* (3. pers. eintal konjunktiv). Indikativforma kan vi med hjelp av reglane s. 29 og 31 rekonstruera som ieur. **bhendh-e-ti*. Temavokalen er *e* og vi har primær personending i

¹⁵² *iomen* er einerådande i eldre gresk, t.d. hos Homer. Seinare får vi her langvokal (*iōmen*) etter analogi med tematiske verb.

¹⁵³ Dette er eitt av trekka som tokarisk har felles med vestlege språk (s. 10).

¹⁵⁴ I 1. pers. eintal optativ har gresk primærendinga *-mi*; *an* er ein modalpartikkel. Vi nemner at gresk i hypotetiske vilkårsperiodar (irrealis) har indikativ med *an*: *Ei touto epoiēsa, hēmarton an* 'dersom eg hadde gjort dette, ville eg ha feila'.

indikativ. Utlydande *i* har rett nok falle bort, men har først hindra tap av føregåande *t* > *b(ð)*. Til grunn for konjunktiv *binde* ligg ieur. **bhend-o-ī-t* > **bhendoyt*. Temavokalen er altså *o* og modusmarkøren har varianten *ī*. I germansk gjekk *b(ð)* tidleg tapt i absolutt utlyd; den gotiske forma er *bindai*. Tysk har monoftongering *ay* > *ē* i trykklett staving. Seinare er langvokalen blitt korta, og vi får *binde*. I preteritum, som altså kjem av det atematiske perfektum, har *ī* valda omlyd: *bānde*.

d) Verbalt genus

I tillegg til aktiv og passiv (s. 75) kjenner vi frå eldre indoeuropeisk også **medium**. Nemninga tyder 'det som er i mellom' (nemleg aktiv og passiv). Vi kan sjå det slik at i aktiv går handlinga ut frå subjektet, som då vert *agens* 'den handlande'. I passiv er den derimot retta mot subjektet, som ein då gjerne kallar *patiens* 'den lidande'. I medium føregår handlinga innanfor subjektområdet. Det kjem vi snart tilbake til.

Sett frå ein indoeuropeisk synsstad spørst det likevel om nemninga er treffande. Det ser nemleg ut til at kategorien verbalt genus i indoeuropeisk berre har omfatta aktiv og medium. Former og bruk stemmer langt på veg overeins i gamle språk som (klassisk) gresk og sanskrit. Det er viktig å vera merksam på at motsetnaden mellom verbale genus kom til uttrykk gjennom ulike endingar og ikkje gjennom omskrivingar med hjelpeverb som i mange moderne språk. Vi skal no jamføra mediumformene for 3. pers. presens eintal og fleirtal i gresk og sanskrit, og vel former av dei respektive orda for 'bera' som mønsterord:

3. pers. eintal presens

skt.	<i>bharatē</i>
gr.	<i>phertai</i>

3. pers. fleirtal presens

<i>bharantē</i>
<i>pherontai</i>

Formene stemmer godt overeins. Vi minner likevel om at *ē* i sanskrit historisk er fleirtydig. Den kan vera ei vidareutvikling av både *ey*, *oy* og *ay* (s. 37). Det viser seg at i staden for utlydande *i* i dei aktive primærendingane *-ti* og *-nti* har medium ein diftong. Truleg var denne *ay*, som har halde seg i gresk. Også gotisk har former som stemmer med desse: *baírada*¹⁵⁵ : *baíranda*.

Ved sida av desse "r-lause" mediumendingane har nokre språk *r*-endingar. Det er dei same som har *ā*-konjunktiv: italisk, keltisk og tokarisk. Hit høyrer òg hettittisk. Utbreiinga tyder på at også desse er gamle. Truleg dreier det seg om ulike dialektområde innanfor urindoeuropeisk. Dei latinske formene som svarer til dei siterte frå sanskrit, gresk og gotisk er *fertur*¹⁵⁶ (3. pers. eintal presens) og *feruntur* (3. pers. fleirtal presens).

Vi skal no sjå litt på bruken av medium. Kva vil det seia at handlinga føregår innanfor subjektområdet? Her er det tale om fleire bruksmåtar:

¹⁵⁵ Her er temavokalen *o* > *a* generalisert. Utviklinga *t* > *p* > *ð* samsvarar med Verners lov (s. 18). Også *ay* > *a* i utlyd er truleg regelrett i gotisk.

¹⁵⁶ Også aktivforma er atematisk: *fer-t*.

- a) Subjektet kan vera objekt for eiga handling. Den greske aktivforma *enduō* tyder 'eg kler' (dvs. ein annan). Mediumforma er *enduomai* 'eg kler meg'. Denne bruken svarer altså til refleksivkonstruksjonen i norsk og fleire andre språk. Setninga kan gjerne innehalda eit objekt: *enduomai to imation* 'eg tek på meg kappa'. Framleis ligg handlinga innanfor interesseområdet til subjektet. Den refleksive bruken av medium er kan henda den opphavlege i indoeuropeisk.
- b) Frå denne til den intransitive er det ikkje så langt sprang; jf. gr. *pauō ton hippon* 'eg stansar hesten' og *pauomai* 'eg stansar' (intransitivt). Også i mange moderne språk vert refleksivkonstruksjonen nytta intransitivt. T.d. vil dei to siste setningane i fransk lyda såleis: *j'arrête le cheval* og *je m'arrête*.
- c) Mediumformene kan òg nyttast resiprokt: *dialefontai* 'dei snakkar med kvarandre'. Også her finn vi moderne parallellar som ty. *sie sehen sich oft* 'dei ser kvarandre ofte'.
- d) Her er den refleksive grunntydinga på det næraste borte; medium vise at subjektet handlar i eiga interesse. Eit ofte nytta døme er gr. *thuō* 'eg ofrar' : *thuomai* 'eg ofrar for å oppnå eitt eller anna'.

Ikkje sjeldan fjernar aktiv- og mediumformene seg så langt frå kvarandre at det er rimeleg å snakka om to ulike verb: gr. *haireō* 'eg tek' – *haireomai* 'eg vel, føretrekkjer'. Kor innfløkt tilhøvet er, viser seg ikkje minst ved at genusformene kan veksla innanfor tempusbøyinga av eitt og same verb, t.d. gr. *klaiō* 'eg græt' (presens, aktiv form) : *klausomai* (futurum, medial form). Endeleg finst det ei rad verb med berre mediale former, m.a. *boulomai* 'eg ønskjer', *ergadzomai* 'eg arbeider'.¹⁵⁷

Om det alt i det indoeuropeiske urspråket fanst eigne former for passiv, er eit omstridd spørsmål. Der alle tre verbale genera eksisterer ved sida av kvarandre (sanskrit, gresk) er passiv ei nydanning, og den er avgrensa til visse tempus. Medium med si refleksive grunntyding har tidleg vore brukt passivisk. I gotisk er former av typen *baírada* : *baíranda* (altså opphavleg medium) reint passiviske, t.d. *all bagmē ni taujandanē akran gōþ usmaitada jah in fōn atlagjada* 'kvarter tre som ikkje ber god frukt vert hogge ned og lagt på elden' (Mat. 7.19).

Gresk skil i presens, imperfektum¹⁵⁸ og perfektum formelt ikkje mellom medium og passiv, dvs. dei gamle mediale formene har her begge funksjonane. Dersom t.d. setningen *ho hippos pauetai* 'hesten stansar' får tillagt ein agensfrase, får vi passiv: *ho hippos pauetai hyp' emou* 'hesten vert stansa av meg'. Eigne passivformer har gresk berre i futurum og

¹⁵⁷ Noko liknande har vi òg i nordisk: no. *lukkast, ottast, reddast* 'vera redd', *trivast*; sv. *håppas*, der *-s(t)* er ein rest av refleksivpronomenet. Latin har ei rad såkalla *deponente verb*. Vi seier at dei har passiv form men aktiv tyding, t.d. *vereor* 'eg ottast', *sequor* 'eg følgjer'.

¹⁵⁸ At presens og imperfektum på dette punktet ter seg likt, er rimeleg; begge er som vi har sett (s. 77), laga av presensstamma.

aurist. Begge har suffikset *-thē-* som passivmerke. I futurum er endingane mediale. Jf. setningane

- 1) *Ho hippos pausetai.* 'Hesten vil stansa' (futurum medium).
- 2) *Ho hippos pauthēsetai hyp' emou.* 'Hesten vil bli stansa av meg' (futurum passiv).

Dei tilsvarande setningane ser i aurist slik ut:

- 1) *Ho hippos epausato.*
- 2) *Ho hippos epauthē hyp' emou.*

I aurist (her *s*-aurist) er *-to* sekundær medialending. I passiv 3. pers. eintal aurist manglar personending. Historisk dreier det seg om den *aktive* sekundærendinga *-t*, som har falle bort i utlyd.

Sanskrit har eit genussystem som på det nærmaste er omvendt av det greske. Her er det presens og imperfektum som har eigne former for passiv. Suffikset *-ya-* markerer passiv, medan personendingane er dei mediale. Rotstavinga har nulltrin når verbet er atematisk.¹⁵⁹ 3. pers. eintal presens av rota *dvis-* 'hata' vil såleis ha desse genusformene:

Aktiv	Medium	Passiv
<i>dvēsti</i>	<i>dvistē</i>	<i>dvisyatē</i>

I dei andre tidene fungerer medium som passiv også i sanskrit. Det er difor tvilsamt om passiv fanst som eige verbalgenus alt i det indoeuropeiske urspråket.

5.3.3 DEI INFINITTE VERBFORMENE

Desse kallar ein òg *verbalnomen* ettersom dei sameinar både verbale og nominale trekk. Vi skal først sjå på

a) Infinitiv

Dette er ei substantivisk form av verbet, noko som går tydeleg fram av at infinitiv kan ha dei same leddfunksjonane som eit substantiv. Jf. desse to setningane:

- 1) *Å lesa er eit fint tidtrøyte* (subjekt).
- 2) *Per likar å lesa* (objekt).¹⁶⁰

¹⁵⁹ Det same er òg tilfellet i medium.

¹⁶⁰ Fleire funksjonar vil ein finna i grammatikkar over norsk.

På den andre sida kan infinitiv ta dei same ledda som eit finitt verb – bortsett frå subjekt. I setningen *Per likar å lesa dikt* er *å lesa dikt* objekt for *likar*, og på neste trin av analysen er *dikt* objekt for *å lesa*.

Også frå ein språkhistorisk synsstad er det tydeleg at infinitiv opphavleg var eit substantiv. I dei ulike greinene av indoeuropeisk vert infinitiv nemleg laga ved hjelp av suffiks som er typiske for substantiv (og adjektiv), men suffiksa varierer frå den eine greina til den andre, noko som viser at eintydige infinitivformer neppe fanst i urspråket.

Vi skal sjå nærmare på infinitiv i nokre av språka og byrjar med **germansk**. Det aktuelle ordlagingselementet er her ieur. *-no-* > germ. *-na-* med fulltrin av rota. Til ei rot som ieur. **wert-* 'snu, venda' har det tidleg blitt laga eit nøytralt abstraktord **wert-o-no-m*.¹⁶¹ Dette er kjent frå sanskrit, der det sjølvstg har forma *vartanam* 'det å snu, venda'. I germansk måtte dette etter lydreglane gje **werþanam* med bortfall av *-am* alt i førhistorisk tid. Og då er vi ved dei historiske formene: got. *wairþan*; ghty. *werdan*; gno. *verða* osv.¹⁶² Den germanske infinitiven var frå først av nøytral med omsyn til motsetninga aktiv : passiv, noko som ikkje minst er tydeleg i bibelomsetjinga til gotisk. I fleire tilfelle er infinitiv på *-an* der nytta for å gje att passiv infinitiv i den greske teksten, t.d. *jah sa sunus mans atgibada du ushramjan* 'og menneskesonen vert overgjeven for å krossfestast'. I moderne språk har den aktiv tyding.¹⁶³

I **latin** har infinitiv tempusbøying, og den skil mellom aktiv og passiv på same måten som finite former.¹⁶⁴ Best kjend er vel *presens infinitiv aktiv*, som ved dei fleste verba har endinga *-re*: *amāre* 'å elska', *dormīre* 'å sova' osv. I førhistorisk latin var endinga *-se* (jf. s. 42 om overgangen *s > r*), noko som går tydeleg fram av ei form som *es-se* 'å vera'. Suffikset er i dette tilfellet *-s-*. Vi har såleis å gjera med opphavlege *s*-stammer (s. 58). Utlydsvokalen *-e* kjem av den gamle lokativendinga *-i* (s. 63). Ein infinitiv som *dormire* tydde såleis opphavleg 'i svevne'. Endinga *-se* finn vi òg i *perfektum infinitiv aktiv*: *amavisse*¹⁶⁵ 'å ha elska', *dormivisse* 'å ha sove'. Døme på *presens infinitiv passiv* er *amarī* 'å bli elska', *scribī* 'å bli skriven' osv. Verb som bøyest slik som *scribere* 'skriva' (3. konjugasjon) får *-ī* lagd direkte til rota. Dei andre har *r < s* også i infinitiv passiv. Som mange moderne språk har latin også nokre omskrivne infinitivformer, t.d. *amātum esse* 'å ha blitt elska' (perfektum passiv).¹⁶⁶

¹⁶¹ Forma har *o* som bindevokal mellom rot og suffiks. *-m* er kasusending i nøytrum (s. 57, 62)

¹⁶² Tydingsovergangen 'snu, venda' til 'verta' er nærliggjande, jf. eng. *turn ill* o.l.

¹⁶³ I visse konstruksjonar er infinitiven likevel passivisk, såleis i nordisk og tysk saman med verbet *vera/sein*: *boka var ingen stad å finna*; *das Buch war nirgends zu finden*. Engelsk har derimot *to be found*.

¹⁶⁴ I moderne germanske og romanske språk finn vi her omskrivne konstruksjonar som no. *å ha lese, å bli/verta lesen, å lesast*; fr. *avoir lu, être lu* osv.

¹⁶⁵ Eigentleg *ama-v-is-se*, der *-is-* er eit suffiks som vi også finn i visse finite perfektumformer som t.d. *ama-v-is-ti* 'du har elska'. Truleg har det samanheng med *s*-aorist (s. 78).

¹⁶⁶ Ein konkurrent til infinitiv er i latin eit verbalsubstantiv som er laga med suffikset *-nd-* (gerundium). Dette står m.a. etter preposisjon og som attributt: *ad arandum bos natus est* 'oksen er fødd til å pløya,' *spes vincendi* 'von om å vinna.'

Gresk har liksom latin fleire infinitivar alt etter tid og verbalt genus. I *presens* og *aurist aktiv* er endinga *-ein*, t.d. *manthanein* 'å læra' (presens infinitiv) : *mathein* (aurist infinitiv). På same måten som i dei finitte formene dreier det seg om skilnad i aspekt (s. 76). Desse infinitivane på *-ein* er ikkje sikkert forklarade. Frå s. 77–78 hugsar vi *s-aurist*, som i gresk har si eiga infinitivending: *-sai*, t.d. *deiksai* 'å visa'. Det er nærliggjande å identifisera *s* her med tilsvarande i dei finitte formene (*edeiksa* osv.), men *-sai* kan òg vera dativ av gamle *s*-stammer. I det tilfellet er endinga språkhistorisk i slekt med *-re* i latin. Vi nemner også *presens infinitiv medium/passiv* med *-sthai* som karakteristisk suffiks, t.d. *pheresthai* 'å bera i eiga interesse, å bli boren'. Heller ikkje for denne forma har vi noka eintydig forklaring. Som i andre tilfelle kan også her *s*-stammer vera med i biletet. *th* er truleg same elementet som vi finn i passivmarkøren *-thē-* (sjå s. 87), men dette har heller inga sikker forklaring. Truleg er utlydande *-ai* også her opphavleg dativending. Mangt er såleis frå ein språkhistorisk synsstad uvisst med omsyn til dei greske infinitivformene.

I **sanskrit** har infinitiv endinga *-tum*: *kartum* 'å gjera'. Det er akkusativ av eit verbal-substantiv på *-tu-* og er einaste typen i det klassiske språket. Vedisk har derimot ei ei rekkje former (ca. 10) med infinitivfunksjon. Også her dreier det seg om kasusformer av verbalabstrakta. Ofte er det dativendinga *-ē* som er føydd direkte til rota med nulltrin som i *bhuv-ē* 'å vera', *drś-ē* 'å sjå'. Andre gonger er der eit ordlagingsuffiks framfor endinga. Då har rota gjerne fulltrin: *ay-as-ē*¹⁶⁷ 'å gå', *dā-man-ē* 'å gje'.

Baltisk og **slavisk** lagar infinitiv ved hjelp av suffikset *-ti-*: lit. *skaityti* 'å lesa'; ru. *pisat* 'å skriva'. Også dette er gamle verbalsubstrakta, jf. no. *drift* til *driva*, *fart* til *fara*. Eit alderdommeleg trekk er at infinitiv i desse språka ofte er formelt uavhengig av tempusstammene. Såleis heiter 'å snø' på litauisk *snigti*. Derimot har presens nasalinfixs (s. 77): *sninga* 'det snør'. I russisk har *stat* 'å bli, byrja' i presens nasalsuffiks: *stanu* 'eg blir, byrjar'. Eller vi kan nemna russ. *beru* 'eg tek'.¹⁶⁸ Der er infinitiv *brat*. Dei to formene har ulike avlydstrin, nemleg fulltrin og nulltrin (s. 25).

Dette vesle oversynet viser at dei ulike greinene av indoeuropeisk stort sett går sine egne vegar når det gjeld danninga av infinitiv. Felles for alle er at det dreier seg om gamle substantiviske former av verba. Som nemnt mangla urspråket truleg infinitiv, og som eit kuriosum kan vi ta med oss at nokre av språka på Balkan, m.a. bulgarsk, i så måte er på veg tilbake til utgangspunktet.

b) Presens partisipp

Dette er ei adjektivisk form av verbet. Slik vi kjenner presens partisipp frå norsk og andre språk, fungerer det først og fremst som attributt som i uttrykket *streikande lærarar*. Bruken som predikativ er sjeldnare, t.d. *sjefen var rasande*, men ikkje **lærarane var streikande*. Når vi snakkar om *presens partisipp*, er det fordi former som dei nemnde er laga til presensstamma av verbet. Særleg tydeleg er det ved sterke verb: *bitande*,

¹⁶⁷ Vi kjenner her att den tilsvarande latinske forma *īre* < **ey-s-i*.

¹⁶⁸ Etymologisk er dette same ordet som no. *bera*. I slavisk har det fått endra tyding.

vinnande. Tidsreferansen er den same som til det finitte verbet i setningen: *streikande lærarar sperrar/sperra vegen*. Frå ein indoeuropeisk synsstad er likevel nemninga *nt*-partisipp høvelegare, fordi det aktuelle suffikset i nokre språk også kan føyast til aorist- og futurumstammer, og det er truleg gammalt.

Forma går tilbake til det indoeuropeiske urspråket, og ho er levedyktig i dei fleste greinene. Når **germansk** har *nd*, har det si forklaring i Verners lov (s. 18–19). *nt*-partisippet finst i alle germanske språka med unntak av moderne engelsk. I gammalengelsk var det derimot vanleg, t.d. *bītende, bærnende* 'brennande'. Når det gjeld bøyning, har presens partisipp i germansk stort sett same bøyning som adjektiv. Vi kan likevel merka oss at norsk – og nordisk i det heile – har generalisert den svake bøyinga, difor *e* i utlyd. I dei aller fleste tilfelle er tydinga aktiv: *eit tilfredsstillande resultat = eit resultat som tilfredsstillar*. Likevel brukar vi nokre former mest passivisk. Desse uttrykkjer i tillegg modalitet, t.d. *etande sopp = sopp som kan etast, vinen er ikkje drikkande = kan ikkje drikkast*. Noko liknande finn vi òg i tysk, der med *zu* framfor partisippet: *ein zu lösendes Problem = ein Problem, das gelöst werden kann/muss*. Etter *sein* står infinitiv: *das Problem ist zu lösen*.

Også i **latin** er *nt*-partisippet presentisk i den forstand at det vert laga av presensstamma. Verbalt genus er aktiv som i germansk: *amans* 'elskande', *scribens* 'skrivande'. I desse formene (nominativ eintal) har *t* falle bort framfor *s*, men den kjem fram i andre former, t.d. genitiv eintal: *amantis, scribentis*. Eit karakteristisk – og truleg alderdommeleg – trekk ved presens partisipp i latin er at det for det meste manglar bøyning i genus. Såleis gjeld dei nemnde døma for alle tre kjønn. Berre inkjekjønn skil seg ut frå dei to andre i akkusativ eintal og nominativ/akkusativ fleirtal: *amans, scribens* (som nominativ) : *amantia, scribentia*. Tilsvarende i hankjønn og hokjønn er *amantem, scribentem* : *amantes, scribentes*.

I **gresk** dannar suffikset *-nt-* aktive partisippformer både av presens- futurum- og aoriststammene. I motsetning til i latin har dei genusbøyning: *luōn* < **luonts*'løysande' (hankj.) : *luousa* < **luontya* (hokj.) : *luon* < **luont* (inkjekj.). Dette er nominativ av presens partisipp. I andre kasus er suffiksforma tydelegare, t.d. *luontos* i genitiv eintal han- og inkjekjønn. I futurum partisipp finn vi att *-s-* som i dei finitte formene (s. 79): *lusōn* osv. Ettersom dette verbet dannar *s*-aorist, får partisippet i hankjønn forma *lusas* (*lusantos*).

Ved sida av dei nemnde har gresk også *mediale/passive* former med *-meno-* som karakteristisk suffiks. Eit uttrykk som t.d. *teknon pheromenon* tyder 'eit barn som vert bore' (eigentleg 'eit vertande bore barn').

Også **sanskrit** har *-nt-* som markør for aktive partisipp. Dei vert laga både til presens- og futurumstammene. Vi nemner nokre døme i sine stammeformer, altså utan bøyingsendingar.

Presens partisipp: *bhavant-* 'verande', *tudant-* 'slåande', *bhindant-* 'spaltande'.
Futurum partisipp: *bhavisyant-* 'skullande vera'.¹⁶⁹

I visse bøyingsformer kan det sjå ut som om *n* fell bort. Såleis har genitiv eintal hankjønn av *tudant-* forma *tudatas*. Her dreier det seg om ein stavingsberande *ṇ* som er blitt *a* (sjå s. 35). Altså kjem *tudatas* av eldre **tudṇtos*. Derimot lyder akkusativ *tudantam*.

Vi kjenner alt det mediale/passive suffikset *-meno-* i gresk. Eit tilsvarande suffiks har òg sanskrit, nemleg *-māna-*: *bharamānas* 'som vert boren'.

Ved første augnekast saknar ein gjerne *nt*-partisippet i dei **slaviske** språka, men det har si forklaring i spesielle lydlover som gjeld for denne språkgreina. Vi kan gå ut frå suffiksvarianten *-ont-* med bindevokal – eigentleg temavokalen – som finst i mange språk (sjå alt nytta døme). Denne har saman med *n* danna nasalvokal (s. 47). Ettersom desse vokallane som nemnt berre har halde seg i polsk, tek vi eit par døme derfrå. Presens partisipp til *czytać* 'lesa' er *czytający*¹⁷⁰ (hankjønn). Til *robić* 'gjera' er forma *robiący*. Det er for det aller meste imperfektive verb som har presens partisipp.

Som dei to føregåande greinene har også slavisk eit presens partisipp passiv med nasal-suffiks, men her er berre *-m-* med, t.d. russ. *nosimyj* 'som vert boren' (hankjønn), *ljubimyj* 'som vert elska, elskeleg', *vidimyj* 'som vert sedd, synleg'. Av omsetjingane ser vi at formene i tyding kan nærma seg reine adjektiv.

I **baltisk** er *nt*-partisippet lett å kjenna att. Såleis har litauisk til verbet *dirbti* 'arbeida' former som *dirbantis* (nominativ eintal hankjønn) og *dirbanti* (hokjønn).

Baltisk har eit presens partisipp passiv som er språkhistorisk identisk med det vi alt kjenner frå slavisk, t.d. *sukamas* 'som vert vend' (*sukti*), *daromas* 'som vert gjord, laga, skapt' (*daryti*). Dette passive *m*-partisippet er eit karakteristisk trekk dei to greinene har felles.

Vi har sett at *-nt-* dannar presens partisipp *aktiv* i alle språka vi har omhandla. I nokre språk føyer det seg òg til aorist- og futurumstammene. Det kan såleis neppe vera tvil om alderen. Derimot er presens partisipp *passiv* truleg yngre. I germansk t.d. finn vi ikkje spor av noko slikt. Dei aktuelle suffiksa har også mindre utbreiing.

c) *Perfektum partisipp*

Her er suffiksa ieur. *-no-* og *-to-* dei viktigaste. Som vi skal sjå, finst dei med partisippdannande funksjon i dei fleste språka.¹⁷¹ Opphavleg dreidde det seg om verbaladjektiv. Eit slikt er adjektivet *full*, som kjem av ieur. **plāno-* til rota **pelə-/plē-* 'fylla'. Det har vid utbreiing: skt. *pūrnas*; lat. *plēnus*; russ. *polnyj*; lit. *pilnas* osv., alle med tydinga 'full'.

¹⁶⁹ Ei slik omsetjing verkar sjølvstykkt kunstig i norsk, som ikkje har futurum partisipp, men den er fullt brukbar i sanskrit som partisipp til *bhavisyati* 'han/ho skal vera'.

¹⁷⁰ Lydendringa *t > c* [ts] har si forklaring i at *t* på eit tidlegare språktrin var følgt av halv vokalen *y*.

¹⁷¹ Det er språkhistorisk same *-no-* som lagar infinitiv i germansk.

Albansk har *to*-varianten *plot* 'full'. Denne finn vi òg i *kald*, som høyrer til verbet *gno. kala* 'frysa'. Eng. *old*; ty. *alt* er *to*-adjektiv til rota i verbet *no. ala*. Formelt identisk er lat. *altus* 'høg' til *alere* 'gje næring, fø'. Hit høyrer også adjektivet *viss* < **witto*-¹⁷² < **wid-to*- til **weyd-/woyd-/wid-* 'sjå, vita'.

I mange greiner av indoeuropeisk, m.a. i **germansk**, har dei to suffiksa tidleg slutta seg til verbalsystemet og danna perfektum partisipp. Ettersom aksenten opphavleg låg på suffikset, måtte *-to-* i germansk få forma *-ða-* etter Verners lov (s. 18–19). Det går m.a. klårt fram av bøygde former i gotisk som *salbōda* 'salva' (nominativ eintal hokjønn), *nasidana* 'redda' (akkusativ eintal hankjønn). Bøyinga var som for vanlege adjektiv, sterk og svak. Typisk for germansk er fordelinga av dei to variantane, slik at svake verb fekk *-to-* og sterke *-no-*. Dette ser vi framleis i norsk (særleg i nynorsk): *ljåen er slipt, stilen er skriven*. Endå tydelegare er det i tysk: *gekauft, gelöst* men *gebissen, gefunden*. Mange sterke verb har frå gammalt nulltrin i desse formene: *skrive(n); gebissen, gefunden* osv.

Når verbet er transitivt, hadde perfektum partisipp opphavleg passivisk tyding (jf. døma). Til intransitive verb, som ikkje tek objekt, kan det derimot ikkje lagast passivformer.¹⁷³ Mange slike mangla perfektum partisipp. Truleg var partisippet mogleg berre når verbet var eller vart brukt perfektivt. Og då var det aktivt. Enno har språkbruken spor etter dette. Vi kan seia *eit utsove barn*, men ikkje **eit sove barn*. Det går ikkje med **ein sprungen hund*. Derimot vil vi godta *ein sprungen sikring*, fordi *springa* etter tydinga her er perfektivt.

Tidlegare har vi vore inne på det omskrivne perfektum/pluskvamperfektum i germanske og romanske språk (s. 82–83). Vi nemnde der at det passive partisippet i setninga *vi har butikken lukka* etter omtolkinga vart aktivt: *vi har lukka butikken*. Den nye konstruksjonen førde med seg at det vart laga perfektum partisipp også til intransitive verb med imperfektivt aspekt: *barnet har sove, katten har male*.

Indoeuropeisk hadde frå gammalt også eit perfektum partisipp *aktiv* med to suffiksvariantar, begge med avlyd, nemleg *-wes-/wos-/us-* og *-wet-/wot-/ut-*. I germansk mista det tidleg sin produktivitet, men begge variantane har som stivna restar halde seg inn i historisk tid. Når 'foreldre' på gotisk heiter *bērusjōs*, kan ein gå ut frå eit eldre **bērusi* 'havande bore, ho som har bore', altså mora. Seinare vart det brukt i fleirtal om begge foreldra. Den andre varianten ligg føre i got. *weitwōps* 'vitne'. Det er formelt identisk med gr. *eidōs* (gen. *eidotos*)¹⁷⁴ 'havande sett, som har sett'.

Latin har suffikset *-no-* berre ved reine verbaladjektiv; vi kjenner alt *plenus*. Derimot er *-to-* blitt einerådande som passivt fortidspartisipp ved transitive verb: *amātus* 'elska', *actus* 'driven', *auditus* 'høyrtd' osv. Vi merkar oss at når verbrotta endar på *d* eller *t*, har partisippet forma *-(s)sus*. Det har si forklaring i at den lydovergangen som var nemnd i fotn. 172 for germansk (*tt* > *ss*), den gjeld òg for latin. Eit døme er *fissus* 'kløyvd, spalta'

¹⁷² *tt* vert *ss* i germansk.

¹⁷³ Vi ser då bort frå såkalla upersonleg passiv av typen *her vert det dansa*.

¹⁷⁴ Førklassiske former er *eidwōs* : *eidwotos*. *ō* i gresk og gotisk viser langtrin av suffikset.

(*findo*). Etter konsonant, lang vokal eller diftong står *s*: *mansus* 'tygd' (*mando*), *fūsus* 'slegen ut' (*funido*), *caesus* 'skoren, slegen' (*caedo*).

Ved såkalla deponente verb, dvs. verb som etter skulegrammatikken har passiv form men aktiv tyding, der er partisippet aktivt, t.d. *secutus* 'som har følgt' til *sequor* 'eg følgjer'.

I **gresk** lever *-to-* vidare i gamle partisippformer som *dotos* til *didōmi* 'eg gjev', *thetos* til *tithēmi* 'eg set, legg', *statos* til *histēmi* 'eg steller, set på plass'. Desse har motstykke i fleire språk. Andre er på veg eller har gått over til verbaladjektiv. Det gjeld m.a. *praktos* 'gjort, som kan gjerast' (*prassō*) og *klutos* 'høyrleg, vidgjeten' til rota ieur. **klew-*, 'høyra'. Derimot har *-no-* i historisk tid neppe noka tilknytning til verbalsystemet.¹⁷⁵

Vi nemnde ovanfor det aktive perfektum partisipp med to variantar. Begge er levande i gresk. Såleis har *luō* 'eg løyser' i genitiv eintal hankjønn partisippforma *lelukotos* (< *-wot-os*) 'havande løyst, som har løyst'. Nominativ eintal hokjønn er *lelukaia* (< *-us-yə*). Partisippet har som vi ser reduplikasjon på same måten som perfektum: *leluka* osv. Også det karakteristiske *k*-suffikset (s. 79) er med.

Produktivt ved danninga av perfektum partisipp *passiv* er i gresk det alt omtala suffikset *-meno-*: *lelumenos* 'løyst', *pepemmenos* 'send' til *pempō* 'eg sender'. Her manglar *k*-suffikset ettersom det er typisk for aktiv. I perfektum passiv (og medium) heiter det *lelumi* i 1. person eintal.

I **sanskrit** dannar både *-to-* og *-no-* perfektum partisipp (fortidspartisipp) som i germansk. Vanlegast er *-to-*. Også her har rota gjerne nulltrin. Dei fleste er laga til transitive verb og får såleis passivisk tyding. Men ein del former høyrer til intransitive verb og er då aktive. Døme: *kṛtas* 'gjort' (*kṛ-*), *bhṛtas* 'boren' (*bhṛ-*), *śrutas* 'høyrd' (*śru-*), *suptas* 'sove' (*svap-*), *jātas* 'fødd' (*jan-*), *bhinnas* 'kløyvd, spalta' (*bhid-*),¹⁷⁶ *vignas* 'skremd' (*vij-*).¹⁷⁷ Desse partisippa vert mykje nytta som finitte former, t.d. *pitā gṛham gatas* 'far(en) er reist heim', *rājā ciram suptas* 'kongen har sove lenge'.

Liksom gresk har òg sanskrit eit perfektum partisipp aktiv med suffiksvariantane *-wes-/-wos-/-us-* og *-wet-/-wot-/-ut-* (s. 92) som vert føydde til perfektumstamma. Bøyinga er heller innfløkt, og vi nemner berre to former, der suffiksa er tydelege: *cakrvat* 'havande gjort' (nom./akk eintal ikkjejønn) og *cakrusas* (gen./abl. eintal han- og inkjønn). Også desse fungerer ofte som finitte former, t.d. *cakrvān* 'han gjorde' (nominativ eintal hankjønn).

Slavisk har både *-to-* og *-no-* som suffiks for perfektum partisipp *passiv*. Forma er mest nærliggjande ved perfekte verb. Vi gjev nokre døme frå russisk, der suffikset er tydelegast ved dei substantiviske kortformene (s. 66). Såleis har *nakazat* 'straffa' formene *nakazan* (hankjønn eintal) : *nakazana* (hokjønn) : *nakazano* (inkjønn) : *nakazany* (fleirtal). Dei pronominala langformene (s. 65) har oftast lenging av *n*: *nakazannyj* :

¹⁷⁵ Eit ord som *teknon* 'barn' er truleg eit substantivert *no*-partisipp til *tiktō* 'eg avlar, før'.

¹⁷⁶ Forma *bhinnas* kan analyserast som **bhid-na-s* med assimilasjon *dn > nn*.

¹⁷⁷ *j > g* framfor *-na-*.

nakazannaja osv. I slavisk er suffiksvarianten *-no-* vanlegast. Den er m.a. regel ved den store gruppa av verb med infinitiv på russ. *-at'*; po. *-ać* osv. Suffikset *-to-* er einerådande ved verb på russ. *-nut'*; po. *-nać*: *obmanut* : *obmanuta* osv. til *obmanut'* 'lura, narra'.

Det aktive fortidspartisippet på ieur. *-wes-/wos-* osv. ligg truleg føre i former som russ. *skazavšij* 'havande sagt', *obmanuvšij* 'havande lurt'. Men desse er no sjeldne bortsett frå i nokre faste vendingar. Svært viktig er derimot eit *l*-partisipp som saman med former av verbet 'vera' dannar eit omskrive perfektum, som i aust- og vestslavisk er vorte den eine-rådande fortidsforma både til perfektive og imperfektive verb. Nokre døme kan syna utviklinga. Den opphavlege konstruksjonen finn vi i tsjekkisk: *ja videl jsem* tyder 'eg såg/har sett (eigentleg 'eg er havande sett') sagt av ein mann. Ei kvinne seier *ja videla jsem* ettersom partisippet vert bøyggt. I polsk har partisipp og finitt form smelta saman slik at det der heiter *ja widziałem* og *ja widziałam*. I russisk, som for det meste sløyfer pre-sensformene av 'vera' (fotn. 103), er dei tilsvarande setningane *ja videl* og *ja videla*.

I motsetning til germansk og slavisk men likt latin og gresk har **baltisk**¹⁷⁸ gått bort frå *no*-partisippet; *-to-* er einerådande ved danninga av perfektum partsipp *passiv*. Døme: *darytas* (hankjønn) : *daryta* (hokjønn) til *daryti* 'gjera, laga', *rašytas* til *rašyti* 'skriva'.

Også baltisk har eit aktivt fortidspartisipp, der den nemnde nulltrinsforma *-us-* er viktig, t.d. *rašusi* 'havande skrive' (nominativ eintal hokjønn), *rašusio* (genitiv eintal hankjønn). Formene for nominativ eintal og fleirtal hankjønn er likevel noko avvikande og ikkje heilt sikkert forklarte: *rašęs* og *rašę*. På same måten som *l*-partisippet i slavisk dannar dette med 'vera' som hjelpeverb omskrivne fortidsformer – både perfektum og pluskvam-perfektum: *aš esu rašęs/rašusi* 'eg har skrive', *aš buvau rašęs/rašusi* 'eg hadde skrive'. Begge målgreinene manglar derimot det *ha*-perfektum som vi kjenner frå romansk og germansk.

Ein del språk, særleg av meir alderdommeleg type, har fleire nominalformer av verbet. Det latinske gerundium er alt nemnt i fotn. 166. Andre vil ein finna i gramatikkar over dei aktuelle språka (latin, gresk osv.).

¹⁷⁸ Alle døma er frå litauisk.

6

ORDLAGING

6.1 INNLEIANDE MERKNADER

Vonleg har det gått fram av dei føregåande sidene at språket er i stadig endring. Vi har sett at lydar, former og setningsstrukturar skifter form. Minst stabilt torde likevel ordtilfanget vera. Det speglar til ei kvar tid att tilhøva menneska lever under; samfunnsstrukturar, arbeidsliv, teknologi, kommunikasjon osv. T.d. gjekk mange ord tapt og nye kom til som følgje av det store hamskiftet innanfor jordbruket. Mange veit ikkje no kva ord som *hes*, *hovel* og *stutturv* tyder. I samband med innhaustinga er *rundball* (også kalla *traktoregg*) og *forhaustar* i vår tid meir aktuelle. Dei fanst ikkje for eit par generasjonar sidan.

Ei viktig kjelde for nye ord i eit språk er innlåning. Slik har det vel alltid vore. Ord som t.d. *vin* og *sekk* spreidde seg alt i førhistorisk tid over store deler av Europa saman med den aktuelle drykken og gjenstanden. I seinmellomalderen og tidleg nytid fekk norsk og andre nordiske språk eit stort tilsig av lån frå (neder)tyisk, og i vår tid er som vi veit engelsk hovudleverandøren. Det dreier seg her likevel om eit emne som ikkje høyrer heime under denne overskrifta og som vi difor ikkje skal gå nærmare inn på.

Vi skal heller ikkje seia mykje om lydhermande (onomatopoetiske) ord. Kan henda høyrer *gauk* heime her. Det gjer i alle høve nemningane for denne fuglen i mange språk: ty. *Kuckuck*; eng. *cuckoo*; fr. *coucou* osv. Eit lydhermande preg har truleg òg verb som *susa*, *brusa*, *klirra*, *krasja*. Herifrå er ikkje spranget langt over til lydsymbolikken. Det har vore peika på at ord for 'liten' i mange språk har ein [i] som (trykksterk) vokal. Her høver det norske ordet. Det gjer like eins eng. *little*; ty. *winzig*; fr. *petit*; it. *piccolo*; gr. *mikros*; fin. *pieni* o.a. Derimot skal ein bakre vokal symbolisera det motsette som i no. *stor*; ty. *groß*; fr. *grand*; fin. *suuri*. Men i så måte ter eng. *big* seg heilt atypisk. Det er i det heile vanskeleg å slutta frå lyd til innhald, og sidan F. de Saussure (s. 26) har det vore hevda at tilhøvet mellom uttrykk og innhald er vilkårleg.

I det følgjande vil det bli tale om to viktige typar av ordlaging, nemleg *samansetjing* og *avleiing*.

6.2 SAMANSETJING

Eit døme på dette er det alt nemnde *rundball*. Formelt er det eit uproblematisk tilfelle. Adjektivet *rund* og substantivet *ball* utgjer saman det nye ordet. Ingen av dei to vert endra når det gjeld forma. Tydinga er likevel ikkje opplagd. Ein rundball er noko anna enn ein rund ball. I siste tilfellet er elles *rund* uturvande ettersom ein ball etter definisjonen er rund. Det viser seg altså at det nye ordet som jordbruksterm har fått ei tyding som ein ikkje utan vidare kan slutta seg til ut frå kvar av komponentane. I det heile vil tilhøvet mellom delene av ei samansetning ymsa mykje med omsyn til tyding. Det ser vi når vi t.d. jamfører *damesko* 'sko laga for damer' og *tresko* 'sko laga av tre' med kvarandre. Kor vanskeleg dette er, kan ordet *løvetann* visa oss. Sjølvstapt kan det vera tanna til ei løve – jf. *hundetann*, *hestetann* osv. Best kjenner vi likevel ordet i tydinga 'plante som har blad som liknar på tennene til ei løve'. Eller vi kan ta orda *grågås* og *gråbein* 'ulv'. Førstnemnde er grei. Det er som kjent ei gås som har fått namn etter fargen. *Gråbein* er derimot ikkje (eit) grått bein, men tyder 'eit dyr som har grå bein'. På grunn av tydingskomponenten 'ha' snakkar vi her gjerne om *possessivkomposita*. Vi kjem tilbake til denne typen seinare.

Grammatisk er andreleddet kjernen i ei samansetning. Vi ser det m.a. av at det som regel avgjer ordklassen, dvs. samansetninga høyrer til same ordklassen som andreleddet.

6.2.1 NOMINALE SAMANSETNINGAR

Desse er som oftast substantiv, men dei kan òg vera adjektiv eller talord (s. 70). Dei same ordklassane fungerer også som førsteledd. I dei gamle språka står dei då vanlegvis i si stammeform (s. 57–59). Det kan tyda på at dei som type rekk tilbake til ei tid då kasusbøyinga enno ikkje var utvikla. Nokre døme vil visa dette. Vi gjer merksam på at *ā*-stammer og *n*-stammer som førsteledd har ieur. *o* som bindevokal lik *o*-stammene.

o-stammer: skt. *aśva-haya-* 'jaging av hestar' (med overgang *o* > *a*); gr. *hippo-dromos* 'veddelaupsbane, hippodrom'; got. *guda-faiúrhts* 'gudfryktig'; russ. *vino-del* 'vinprodusent'.

ā-stammer: skt. *ūrna-mrada-* 'mjuk som ull'; gr. *hūlo-tomos* 'som feller tre, trefellande'; got. *airþa-kunds* 'jordisk'; russ. *vodo-pad* 'vassfall, foss'.

i-stammer: skt. *agni-dagdha-* 'brend av eld'; got. *gasti-gōþs* 'gjestmild'.

u-stammer: skt. *bandhu-ksit-* 'som bur hos slektningar'; gr. *polu-pous* 'som har mange føter'; lat. *manu-factura* 'handarbeid, manufaktur; got. *faihu-gairns* 'pengekjær'.

n-stammer: skt. *rāja-putra-* 'kongeson'; got. *guma-kunds* 'av hankjønn'.

Ein vil merka at der er heller få døme frå språk som italisk (latin), slavisk og baltisk. Grunnen er at samansetjing i desse aldri har vore ein produktiv måte å laga nye ord på. I norsk går det fint å kombinera t.d. *gull* og *ring* til *gullring*. Det er ikkje mogeleg i latin med *aurum* 'gull' og *anulus* 'ring'. I staden lagar ein til *aurum* det avleidde adjektivet *aureus* 'som er av gull': *anulus aureus*. Slik er det òg i slavisk og baltisk, der det på russisk heiter *zolotoje kol'co* og på litauisk *auksinis žiedas*.¹⁷⁹ I norsk har vi som kjent den formelt identiske uttrykksmåten *ein gyllen ring*, men det tyder noko anna enn *gullring*.

Vi nemnde ovanfor dei såkalla possessivkomposita. Ettersom typen er talrik, særleg i eldre språk, skal vi sjå litt nærare på den. I latin finn vi ordet *tripēs* 'som har tre føter/bein'. Førsteleddet er ein variant av *tres* 'tre'. Andreleddet *pēs* er ein avlydsvariant av *rota* ieur. **pōd-* 'fot'. *Tripēs* fungerer likevel som eit adjektiv: *mensa/sedes tripēs* 'eit bord/ein stol med tre føter'. Her er det altså skifte av ordklasse. Nøyaktige motstykke frå sanskrit og gresk er *tripād-* og *tripous*. Frå germansk kan nemnast gno. *raudlitr* 'raud -farga', *raudhár* 'raudhærd'; gs. *gladmōd* 'gladværug'; geng. *glædmōd* ds.

Særleg i språk som utvikla ei eiga adjektivbøying (s. 65 – 66), ville slike ord lett bli oppfatta som ein anomali, og få har overlevd uendra inn i notida. Eitt er ty. *barfuß* 'berføtt'. Det fungerer likevel berre som predikativ, der bøying ikkje er aktuelt. Elles vart mange possessivkomposita tidleg brukte som substantiv, noko som var nærliggjande med eit substantiv som andreledd. Dette har vi mange døme på i germansk. Ikkje minst gjeld det plantenamn. Såleis vert ei plante med mørkeraude blomar som ser ut som kammen til ein hane, kort og godt kalla *hanekam*. Også ein del person- og dyrenemningar høyrer heime her. Eit døme er *hardhaus* med den opphavlege tydinga 'som *har* hard haus'. Ein krossnebb er ein fugl som *har* nebb som ligg i kross osv. Ordet *gråbein* har vi alt vore inne på. Mange samansetningar av denne typen har seinare fått adjektiviske suffiks for å høva betre inn i det grammatiske systemet. Vi såg at ty. *barfuß* berre vert nytta som predikativ. Som attributt har det forma *barfüßig*. Der gammalnorsk hadde *hann er raudhár*, må det no heita *han er raudhåra/raudhærd*.¹⁸⁰

Hittil har det dreidd seg om stammekomposita, der stammevokalen rett nok i mange tilfelle har falle bort. Vi kallar dei også gjerne *ekte* komposita. Yngre som type er dei *uekte* samansetningane, som har ei kasusform som førsteledd. Også desse finst likevel alt i dei gamle språka. Såleis har sanskrit former som *divas-pati-* 'herre over himmelen, himmelherre', der førsteleddet står i genitiv, og *divi-ksit-* 'som bur i himmelen' med lokativ av same ordet (*dyaus* 'himmel'). Eit døme frå gresk er *dios-kouroi* 'sønene til Zevs', der *dios* er språkhistorisk identisk med skt. *divas*. Latin har m.a. *aquae-ductus* 'vassleidning' og *agri-cola* 'bonde', begge med genitiv. I got. *baúrgs-waddjus* 'bymur' er *baúrgs* like eins genitiv. Det er i det heile denne kasusen som er vanlegast som førsteledd i uekte komposita. Grunnen er at genitiv har som viktig funksjon å stå som attributt til substantiv. Så kan dei to komponentane i frasen rykkja saman til eit nytt ord: *Guds hus* > *gudshus*. Førsteleddet vert ikkje lenger oppfatta som genitiv, og typen der *-s-* fungerer som såkalla *fugeformativ*, er produktiv i fleire germanske språk: no. *årstid*, *bruksverdi*, *månadsløn*,

¹⁷⁹ Også genitivkonstruksjonen *aukso žiedas* er mogeleg.

¹⁸⁰ Varianten *raudhærðr* fanst alt i gammalnorsk.

arbeitsglede; ty. *Jahreszeit, Gebrauchswert, Monatslohn, Arbeitsfreude*;¹⁸¹ ndl. *gebruiks-
waarde, arbeidsvreugde, liefdesgedicht*. Også fugeformativane *-e-* i norsk og *-en-* i tysk
stammar frå gamle genitivformer: no. *bygdefolk* < gno. *bygðarfolk, barnemat* < gno.
barnamatr, der *barna-* er gammal genitiv fleirtal. Ty. *Sonnenschein* kjem av ghty.
sunnūnskīn med *sunnūn* som genitiv eintal av *sunna* 'sol'.

Som regel har andreleddet same forma som grunnordet. Det går fram av døma så langt. I visse tilfelle vert det likevel utvida med eit suffiks, t.d. ieur. *-yo-* (s. 102), noko som òg kan føra med seg genusskifte til nøytrum. Slik er det m.a. ved lat. *aequi-noctium* 'jamdøgn', der etterleddet er ei *yo*-utviding av rotomenet *nox* 'natt' (s. 58). Gresk har *meso-nuktion* 'midnatt' (*nuks*). Også i germansk har dette vore ein måte å laga nye ord på. Med same etterleddet som i dei to føregåande døma finn vi i gotisk samansetninga *anda-nahti* 'det som er før natta, kveld' (*nahts*) og i gammalnorsk *mið-nætti* 'midnatt'. Spor etter denne ordlagingsstypen finst enno i germansk, t.d. no. *godmenne* (*mann*). Tysk har ei rad ord med *ge-* og kollektiv tyding: *Gebirge* (*Berg*), *Gefieder* 'fjørfe' (*Feder*), *Gefilde* 'mark' (*Feld*) osv. Truleg var desse formene frå først av adjektiviske *yo*-avleiingar (s. 103), som seinare er blitt substantiverte. Til gr. *nuks* finn vi adjektivet *meso-nuktios* 'som er /hender midt på natta'. Så har dette gjeve to *meso-nuktion* 'det som er midt på natta, midnatt'.

6. 2. 2 VERBALE SAMANSETNINGAR

Her er eit verb etterledd og såleis kjerne i det nye ordet. Med *nomen* som førsteledd er typen sjeldan i dei gamle språka, særleg gjeld det sanskrit. Eit døme derfrå er likevel *ēki-bhū-* 'bli ein/eitt' (*ēkas*). Vanlegare er slike i gresk, t.d. *hudro-phoreō* 'eg ber vatn', *homo-logeō* 'eg tilstår, innrømmer'. Latin har m.a. nokre samansetningar med *-ficāre* til *facere* 'gjera' og *-cipāre* til *capere* 'ta': *aedi-ficāre* 'byggja' (*aedes* 'rom'), *magni-ficāre* 'gjera stor, høgakta', *parti-cipāre* 'ta del'. I moderne germansk er typen derimot produktiv. Vi gjev nokre døme frå norsk: *saumfara, tidfesta, heimsøkja, godkjenna, finlesa*. Stundom er der vakling, særleg når kvart av ledda har halde på si eigentlege tyding: *delta/ta del, vanskeleggjera/gjera vanskeleg*. Her kan ein merka seg skilnaden mellom bokmål og nynorsk.

Dei fleste verbale samansetningane har eit *partikkelord* (preposisjon, adverb) som førsteledd. Opphavleg var dei heller lause, dvs. partikkel og verb kunne skiljast, jf. lat. *vos ob secro* ved sida av *vos obsecro* 'eg bønfell, tryglar dykk'. I gotisk kunne ein annan partikkel stå imellom: *þu ga-u-laubeis* 'trur du?' (Joh. 9, 35) med *-u-* som spørjepartikkel. Frå tysk er dei uekte samansette verba velkjende, der komponentane vert skilde etter faste reglar: *es hört auf – es hat aufgehört* til *aufhören* 'slutta, opphøyra'. Samansetningar med partikkelord fanst det ei mengd av alt i dei gamle språka. Her følgjer nokre døme frå sanskrit, gresk og latin: skt. *ni-patati* 'han/ho fell ned', *vi-yunakti* 'han/ho skil'; gr. *eis-*

¹⁸¹ Her er det tydeleg at *-s-* har komme til etter mønster av andre ord. *Arbeit* har som femininum aldri hatt *s*-genitiv. Andre døme er *Liebesgedicht, Armutsgrenze*.

erkhomai 'eg går/kjem inn', *peri-pateō* 'eg går omkring'; lat. *inter-dicere* 'forby', *satisfacere* 'fullnøya, tilfredsstillt'.

Av døma ser vi at delene av slike samansetningar i større eller mindre grad kan mista si eiga tyding. I dei greske orda har partiklane berre som oppgåve å presisera rørsle (*eis* 'inn i', *peri* 'rundt'). Slik er det òg i skt. *nipatati* (*ni* 'ned'). Skt. *viyunakti* er det motsette av *yunakti* 'han/hoføyer saman' (*vi* 'frå einannan'). Derimot er det vanskeleg å slutta frå komponentane kva lat. *interdicere* tyder (*inter* 'mellom', *dicere* 'seia'). I endå høgare grad gjeld det *interficere* 'drepa'. Stundom, særleg i moderne språk, har det aktuelle partikkelordet gått tapt og finst berre som prefiks, gjerne i redusert form, t.d. ty. *entsprechen* 'svara til', *ge-stehen* 'tilstå'.¹⁸²

Vi har alt nemnt (s. 75) at i slavisk er prefigering ein vanleg måte å laga perfektive verb på: ru. *pisat* – *napisat* 'skriva', *delat* – *sdelat* 'gjera'. I desse døma, og mange andre, har vi "rein" perfektivering. I andre tilfelle kjem det i tillegg til perfektivering også tydingsendring: ru. *podpisat* 'skriva under', *pripisat* 'føya til' (i skrift) osv. Her lagar ein nye imperfektive verb ved hjelp av suffiks: *podpisyvat*, *pripisyvat*.

6.3 AVLEIING

Ved avleiing lagar vi nye ord ved å føya suffiks utan sjølvstendig eksistens til ord/stammer som alt finst. Skilnaden frå føregåande type er tydeleg i eit par som no. *bispefrue* og *bisp-inne*.¹⁸³ I *bispefrue* er dei to orda *bisp* og *frue* kombinerte til eit nytt med *-e* som fugeformativ (s. 97). Derimot kan *-inne* ikkje fungera som eige ord. Frå ein språkhistorisk synsstad er det likevel inga skarp grense mellom dei to måtane å laga nye ord på. Det syner seg ved at andreleddet i ei samansetning med tida kan mista sitt sjølvstende og til slutt bli eit reint suffiks. Om grunnordet lever vidare, vil det for språkkjensla ikkje lenger vera nokon samanheng mellom det og suffikset. Eit døme er germ. **dōma-*, som er det vi har som *dom* i moderne norsk. Det germanske ordet hadde eit vidare tydingsomfang, m.a. 'tilstand'. Det er framleis tilfelle i gammalnorsk, der vi finn uttrykk som *heiðinn dómr* og *kristinn dómr*. Språkb Bruken førde med tida til samansetningane *heiðindómr* og *kristindómr*. Etter kvart fekk *dom* det snevrare innhaldet det har i dag, og samanhengen mellom det og *-dom* vart meir og meir utviska. Endå lenger har utviklinga gått i tysk, der det tilsvarande *ghty.* og *mhty.* *tuom* no knapt finst som eige ord, berre som suffiks: *Heidentum*, *Christentum*, *Reichtum* osv.

I germansk har fleire suffiks utvikla seg frå andreleddet av samansetningar. Det gjeld m.a. *-skap* som i no. *landskap*. Her kan det diskuteras kva type ordlaging vi har. Tilknypinga til *skap* og *skapa* er opplagd. Meir utviska er den i t.d. *latskap*, *truskap*, *venskap*. Andre komposisjonssuffiks, som vi kallar dei, er *-heit/-het* og *-leik* (*venleik*, *kjærleik*). Det siste er historisk det same som substantivet *leik*, som i gammalnorsk m.a. kunne tyda

¹⁸² Språkhistorisk same *ge-* har vi også i perfektum partisipp: *gestanden*, *geglaubt* osv.

¹⁸³ Begge orda, særleg det siste, er no forelda, men likevel godt skjønlige.

'åtfærd'. Særleg viktig ved danning av adjektiv er germ. *līka- 'lekam, kropp'. Ordet vart tidleg nytta som andreledd av possessivkomposita (s. 95). Alt i gotisk finn vi adjektivet *waíra-leiks*¹⁸⁴ 'som har kroppen til ein mann, mannleg'. Enno er det produktivt overalt i germansk: no. *mannleg*; ty. *männlich*; ndl. *mannelijk*; eng. *manly* osv. Kan henda har mange avleiingssuffiks i dei indoeuropeiske språka komme til på denne måten, men i dei einskilde tilfella er det uråd å avgjera.

6.3.1 NOMINALE AVLEIINGAR

Ved denne typen er resultatet eit nomen (s. 55). Døma med komposisjonssuffiks høyrer heime her. Emnet er omfattande, og framstillinga vår er langt frå utførleg. Vi byrjar med

a) Former utan stammedannande suffiks (atematiske rotnomen)

Denne alderdommelege typen er nemnd s. 58. Som vi såg, vert kasusendinga lagd direkte til rota, som kan ha avlydsveksel, t.d. mellom langtrin i nominativ/akkusativ eintal og fulltrin i dei andre formene. Vi vender attende til eit av dei "klassiske" døma, ieur. *pōd- 'fot', jf. skt. nom. *pāt* (< *pōd-s) : gen. *padas* (< *pod-os). Historisk identiske former er gr. *pous* : *podos*. I germansk er langtrinet generalisert til alle formene, t.d. gno. *fótr* : gen. *fótar*. Eit anna rotnomen er skt. *vāk*; lat. *vōx* 'tale, stemme' (ieur. *wōk^w -s). Med omsyn til tyding er desse orda for det meste uttrykk for elementære omgrep som namn på kroppsdelar, dyr og planter. Best har typen halde seg i sanskrit. Elles såg vi at den kunne bli utvida med stammesuffiks. Såleis er ordet for 'fot' *u*-stamme i gotisk: *fōtus*. Det kan vera resultatet av påverknad frå andre *u*-stammer, men *-u-* kan òg ha spreidd seg frå akkusativ, der den er lydrett: ieur. *pōd-*ŋ* > germ. *fōt-*um* (s. 30). Analogisk påverknad er det derimot sikkert når *hjata* er *n*-stamme i germansk (s. 58). Nylaging av ord er dette eigentleg ikkje, men alt eksisterande former får ein ny og meir "moderne" utsjånad.

b) Former med vokaliske stammesuffiks

Dei vanlegaste suffiksa er kort omtala s. 57. Her skal vi sjå litt nærmare på dei.

Suffikset -o- (temavokalen) var alt i urspråket vanleg ved nomen laga av verbale røter (jf. fotnote 83, s. 57). Men også ei rad andre substantiv og adjektiv høyrde til denne gruppa. Rota viser ulike avlydstrin, men ingen veksling slik som mange rotnomen. Særleg vanleg var *o*-trinnet, noko som er tydeleg i gresk. Såleis høyrer dei nemnde orda *logos* og *tonos* til røtene *leg- 'tala, snakka' og *ten- 'dra, strekkja'. Jf. vidare *phor-o-s* 'avgift, skatt' til ieur. *bher- 'bera' og *tok-o-s* 'fødsel' til ieur. *tek- 'fø'. Germansk har òg mange former med *o*-trin, men her må vi hugsa overgangen *o* > *a*. Til ieur. *bhendh- 'binda' finn vi gno. osv. *band* < germ. *band-*a-m* < ieur. *bhondh-*o-m*. Gno. *deigr* 'deig'; ghty. *teig* ds. < germ. *dayg-*a-z* < ieur. *dhoygh-*o-s*, som høyrer til rota ieur. *dheygh- 'kna'. Også andre avlydsvariantar er moglege. T.d. har gno. *vegr* 'veg'; ghty. *weg* ds. *e*-trin til ieur.

¹⁸⁴ Berre adverbforma *waíraleikō* er kjend frå bibelomsetjinga (1. Kor. 16, 13), men også adjektivet må ha funnest i språket.

**wegh-* 'flytta seg, køyra'. Gno. *stig* 'steg'; ghty. *steg* ds. har nulltrin. Germansk stammeform var **stig-a-* til ieur. **steygh-* 'stiga'. Sameleis er ty. *Bund* 'forbund, samband' nulltrin (ieur. **bhñdh-*). Gno. *nám* 'det å ta' (*landnám*) < germ. **nēm-a-*, som viser *ē*-langtrin til germ. **neman-* 'ta'. Ieur. **sed-* 'sitja' har *ō*-langtrin i gno. *sót* 'sot' ('det som har sett seg fast'). Ei tilsvarande form – men med eit heilt anna innhald – er det slaviske ordet *sad* 'hage'. Grunntydinga til det er truleg 'stad der ein set planter'. Av *o*-stammer som truleg *ikkje* høyrer til verbale røter, kan nemnast to som vi alt kjenner: ieur. **wir-o-s* 'mann' og **gombh-o-s* 'pæl, tann'.

Gresk og latin har nokre *o*-stammer av hokjønn, t.d. gr. *hē hodos* 'vegen', *hē nosos* 'sjukdomen', *hē nēsos* 'øya', *hē phēgos* 'eika'; lat. *fāgus* 'bøk',¹⁸⁵ *humus* 'jord', *alvus* 'buk, mage'.

Suffikset -*ā-*, som er typisk for *ā*-stammene (s. 57), hadde alt i urindieuropeisk som viktig oppgåve å laga hokjønnsformer av adjektiv som i han- og inkjekjønn var *o*-stammer (s. 59). Eit par som finst i fleire språk er skt. *navas* : *navā* 'ny'; gr. *neos* : *neā* 'ny, ung'; lat. *novus* : *nova* 'ny'; got. *niujis* : *niuja* ds.; ru. *nov* : *nova* ds. (kortformer, s. 66). Her møtest bøying og ordlaging. Ein liknande funksjon finn vi i tilfelle som gr. *theos* 'gud' – *theā* 'gudinne'; lat. *deus* – *dea* ds.¹⁸⁶ Ved sida av ei maskulin *o*-stamme finst ei feminin *ā*-stamme. Eit anna døme er skt. *asvas* 'hest' – *asvā* 'hoppe'; lat. *equus* – *equa* ds.; lit. *ešvas* – *ešva* ds. I denne typen ser *ā*-stammene likevel ut til å vera av nyare dato; gresk har *hippos* for begge, men med ulikt grammatisk kjønn: *ho/hē hippos*. Homer har *hē theos* mot den yngre forma *hē theā*.

Som nemnt s. 64 hadde inkjekjønnsorda i nominativ og akkusativ fleirtal endinga *-ā*. Truleg har vi her å gjera med gamle kollektiva. Former som gr. *dōra* 'gåver'; lat. *dōna* ds. tydde opphavleg 'ei mengd (med) gåver', noko som forklarar at slike ord som subjekt i gresk tar verbalet i eintal, t.d. *ta dzōa trekhei* 'dyra spring' (standarddøme).

Vidare er også *ā*-stammene ofte avleidde av verbale røter med alle avlydstrin; jf. gr. *phorā* 'det å bera, bering' (*pherō*); lat. *toga* 'kappe' til *tegere* 'dekkja'; gno. *greip* 'greip, hand'; ghty. *greifa* 'gaffel' < germ. **grayp-ō* til **greypan-* 'gripa'. Alle desse, og mange andre, har *o*-trin. *e*-trin har t.d. gno. *bjōrg*¹⁸⁷ 'berging, redning'; ghty. *berga* ds. til germ. **bergan-* 'berga, redda'. Nulltrin finn vi i gr. *phugē* 'flukt' (*pheugō*). Ghty. *bāra* 'bør' har *ē*-trin (germ. **bēr-ō*) til **beran-*.

Suffikset -*i-* er nulltrin av *-ey/-oy-* (s. 57). Når vi kallar denne gruppa *i*-stammer, så er det fordi *-i-* er regelen i nominativ eintal, som er nemneforma. Også her finn vi mange nomen som er avleidde av verbrøter. Vanlegast er nulltrin i rota: gno. *drykk* 'drykk'; ghty. *trunk* ds. < germ. **drunk-i-z* til **drenkan-* 'drikka'. Fulltrin har m.a. gno. *reykr* 'røyk'; ghty. *rouh* ds. < germ. **rawk-i-z* til **rewkan-* 'ryka'. Ei gammal personnemning er lat. *hostis* 'fiende'; got. *gasts* 'gjest'; ru. *gost* 'ds. < ieur. **ghost-i-s* 'framand'. Dei klas-

¹⁸⁵ Dette er etymologisk same ordet som gr. *phēgos* og no. *bøk*.

¹⁸⁶ Dei to orda er trass i likskapen neppe i slekt. Gr. *th* og lat. *d* samstavar ikkje. Sjå lydlæra.

¹⁸⁷ Germ. **berg-ō* > urnord. *berg-u* > gno. *bjōrg* med det vi kallar *u*-bryting.

siske språka har ein god del adjektiviske *i*-stammer: skt. *śucis* 'rein'; gr. *idris* 'klok, kunnig'; lat. *dulcis* 'mjuk, søt'.

Suffikset -u- er nulltrin av *-ew-/-ow-* (s. 58). To gamle nøytra høyrer heime her, begge med vid utbreiing i indoeuropeisk, nemleg skt. *madhu* 'honning, søt drykk'; gr. *methu* 'vin'; gno. *mjođr* 'mjød' (overgang til hankjønn i germansk); ru. *měd* (også hankjønn) 'honning' < ieur. **medh-u* og skt. *paśu* 'fe'; lat. *pecu* ds.;¹⁸⁸ got. *faīhu* 'pengar' < ieur. **pek-u*. I gotisk er *u*-stammene lette å kjenna att, ettersom stammevokalen er intakt, jf. *magus* 'gut, tenar', *hairus* 'sverd', *handus* 'hand'. Det siste er som *fōtus* tidlegare rot-nomen som har gått over til *u*-bøying. Ei adjektivisk *u*-stamme som vi finn i fleire språk er skt. *svādus* 'søt'; gr. *hēdus* ds.; gno. *sætr*¹⁸⁹ < ieur. **swādu-*.

c) Former med konsonant + vokalisk stammesuffiks

Vi byrjar med eit konkret døme, nemleg det norske ordet *barn*. Dei etymologiske ordbøkene reknar med at rota er den velkjende ieur. **bher-* 'bera' med *o*-trin (**bhor-*). Det er eigentleg òg *o*-stamme, men i tilfelle som dette har vi å gjera med eit sekundært suffiks *-no-*, som kan ha oppstått ved at *n*-stammer (s. 58) er blitt utvida med temavokalen *-o-*. Seinare har dette blitt produktivt på den måten at det kan føyast til røter utan omvegen om eksisterande *n*-stammer. Det er uvisst om stammeforma **bhor-no-* fanst alt i indoeuropeisk,¹⁹⁰ derimot kan vi rekna med eit urgerm. **bar-na-*, ettersom ordet er kjent frå alle gammalgermanske språka: got. *barn*; geng. *bearn*; ghty. *barn*. Eit anna ord som er laga ved hjelp av dette suffikset er no. *svevn*. Eit identisk motstykke finn vi i gammalindisk som *svapnas* 'svevn' < ieur. **swep-no-s*. Gr. *hupnos* har nulltrin (ieur. **sup-no-s*). Rota er ieur. **swep-/swop-/sup-* 'sova'.

Også adjektiv er laga av verbrøter med tilføyning av *-no-*. Det gjeld m.a. no. *full* (s. 91). Det er ikkje lett å sjå fordi konsonantgruppa *ln* i germansk vert *ll* (assimilasjon). Tydelegare er det ved gno. *gjarn* 'huga (etter)';¹⁹¹ geng. *georn* 'ivrig'; ghty. *gern* ds. Germ. **ger-na-* høyrer til rota ieur. **gher-* 'lika, trå etter', som vi også finn i ty. *begehren*. Om *-no-* som del av infinitiv i germansk og perfektum partisipp i fleire språk, sjå s. 88 og 91 ff.

Som parallellar til ieur. *-no-* finn vi *-nā-*, *-ni-* og *-nu-*. Som venta (s. 58) lagar *-nā-* hokjønnsformer av adjektiv og partisipp på *-no-*. Såleis har skt. *pūrnas* forma *pūrnā* når det er bestemming til eit ord av hokjønn. Tilsvarande i latin er *plēnus* : *plēna* og i gotisk *fulls* : *fulla*. Eit ord laga med *-ni-* er adjektivet *skjønn* (bokmål). Det finst i gotisk som *skauns*, og bøyst som *i*-stamme.¹⁹² Den germanske rekonstruksjonen er **skaw-ni-z*¹⁹³ til rota **skew-*, som lever vidare i no. *skue* (bokmål); eng *show*; ty. *schauen*. Enno skimtar vi *-nu-* i ordet *bjørn*. Det høyrer til germ. **ber-* 'brun', og har altså fargen som det vi kallar

¹⁸⁸ I latin er ordet *s*-stamme i dei bøygdte formene (gen. *pecoris*).

¹⁸⁹ Gotisk hadde visseleg forma **swōtus*, men den er ikkje overlevert. I latin fekk adjektiviske *u*-stammer tidleg *i*-bøying: *svāvis* 'søt'.

¹⁹⁰ Ein parallell med *e*-trin er lit. *ber-na-s* 'gut, ungar'.

¹⁹¹ Som adjektiv har det gått or bruk, men det lever vidare som adverbet *gjerne*.

¹⁹² Difor heiter det *skauns* også i hokjønn (og ikkje **skauna* som *fulla*).

¹⁹³ Ordet vart tidleg lånt inn i finsk, der suffikset har halde seg uendra: *kau-ni-s*.

nemnemotiv. Her kan vi gå ut frå germ. **ber-nu-*, der *u* har ført til bryting av *e* (sjå fot-note 187).

Også fleire andre konsonantar, såleis *t*, lagar utvida suffiks saman med stammevokalane. Vi kjenner alt *-to-* frå perfektum partisipp (s. 91). I denne samanhengen skal vi kort nemna at *-ti-* i mange språk er viktig ved verbalabstrakta og andre avleiingar av verb. På grunn av konsonanten held det betre stand mot slitasje enn stammevokalen åleine. Såleis var det til rota **dhē-* 'gjera' eit substantiv **dhē-ti-* 'gjerning'. Dette har halde seg godt i germansk: no. *dåd*; eng. *deed*; ty. *Tat*, alle av germ. **dē-ði-*.¹⁹⁴ Her er nokre fleire former i moderne norsk med verbet i parentes: *skrift* (*skrive*), *byrd* (*bera*), *kluft* (*kløyva*) – alle med nulltrin – *ferd* (*fara*), *gift* (*gjeva*).¹⁹⁵ Eit par der det ikkje er lett å få auga på samanhengen, er *sikt* (*sjå*). Substantivet er lånt frå tysk, der det heiter *Sicht*. Det er eit *ti-*abstraktum germ. **seh-w-ti-* til **sehwan-* 'sjå'. No er *-ti-* ikkje lenger produktivt i germansk, dvs. det lagar ikkje fleire nye ord.

På s. 89 såg vi at *-ti-* i baltisk og slavisk er karakteristisk for infinitiv, noko som ikkje er merkeleg, ettersom denne forma er eit verbalsubstantiv.

d) Former med halvokal + vokalisk stammesuffiks

Eit mykje nytta ordlagingselement i indoeuropeisk var *-yo-*. Det hadde som ein viktig funksjon å laga adjektiv av substantiv (s. 98). Hokjønnsforma hadde sjølvstg varianten *-yā-*. Hit høyrer m.a. skt. *aśv-ya-s* 'som har med hesten å gjera' (*aśv-a-s*); gr. *hipp-io-s* ds. (*hipp-o-s*), *patrios* 'faderleg' (*patēr*); lat. *patrius* ds. (*pater*). I fleire tilfelle er possessivkomposita (s. 96–97) blitt utvida med *-yo-*. Det var nærliggjande ettersom dei formelt var substantiv, men etter tyding og funksjon var adjektiv. Lat. *tripes* heldt seg uendra. Derimot vart **acupes* 'som har raske føter, er rask til beins' alt i førlitterær tid utvida til *acupedi-us*. Det same er det fleire døme på i germansk òg. Til gr. *homopatrios* 'som har same far' svarer i gammalnorsk det språkhistorisk nøyaktig like *samfeðr* < germ. **-faðr-ya-*. Vi har nemnt (s. 97) gs. *gladmōd*; geng. *glædmōd* < germ. **-mōð-a-*. Tilsvarande form i gammalhøgtysk er *glatamuoti* < germ. **-mōð-ya-*. Parallelt er tilhøvet mellom ty. *barfuß* og no. *berrføtt*. Andreleddet i den norske forma er germ. **-fōt-ya-* der halvokalen har valda omlyd.

Ein del *yo-*stammer er substantiv avleidde av verb. Til dei høyrer i germansk got. *kuni* 'stamme, slekt'; gno. *kyn* 'kjønn, ætt, avkjøme'; ghty. *kunni* 'slekt' < germ. **kun-ya-*. Rota er ieur. **gen-* 'fø, avla', som òg ligg til grunn for lat. *gen-ius* '(skyts)ånd'. Jf. vidare got. *badi* 'seng'; geng. *bedd* ds.; ghty. *betti* ds. < germ. **bað-ya-*, som dei fleste etymologane knyter til ieur. **bhedh-/bhodh-* 'grava'.¹⁹⁶ No. *grev* < germ. **grab-ya-* er sjølvstg ei avleiing til **graban-*. Vanskelegare er det å sjå samanhengen mellom no. *høy* og *hogga*. Substantivet kjem av germ. **haw-ya-* 'det som er hogge av, høy' > got. *hawi*; gno. *hey*; ghty. *hewi*. Til grunn for verbet ligg rotvarianten **haww-* med dubling av halv-

¹⁹⁴ *t > ð* er i samsvar med Verners lov (s. 18–19). Trykket låg frå først av på suffikset.

¹⁹⁵ Det norske substantivet har i tyding fjerna seg frå verbet, men jf. eng. *gift*.

¹⁹⁶ Lægjet må i så fall ha vore ei grop i jorda. Ein nyare etymologi er at ordet høyrer til same rot som *bad*, med opphavleg tyding 'den varme staden'. Suffikset er likevel det same.

vokalen. Denne vert i nordisk (og gotisk) til *ggv*; på gammalnorsk heiter det framleis *hoggva*. Storparten av *yo*-stammene som er avleidde av verb, er nøytra. Frå andre språk nemner vi skt. *vid-ya-m* 'funn' (*vindati*¹⁹⁷ 'han/ho finn'); lat. *gaudium* 'glede' (*gaudere* 'gle seg'), *studium* (*studere* 'driva med vitskaplege sysler').

Hokjønnsvarianten *-yā-* finst ikkje berre ved adjektiv (skt. *aśvyas* : *aśvyā*), men òg ved substantiv av ymse slag: gr. *phrātriā* 'brorskap' (*phrātēr*); lat. *patria* 'fedreland' (*pater*); got. *banja* 'slag, sår'; gno. *ben* ds. (ieur. **bhen-* 'slå').

Suffikset *-wo-* (*hokjønn -wā-*) var mindre brukt enn føregåande. Vanlegast var det ved adjektiv. Eit ord for 'levande' kan førast tilbake til urindoeuropeisk: skt. *jī-va-s*; lat. *vivus*; got. *qiwa-* (stammeform);¹⁹⁸ lit. *gyvas*; ksl. *živũ* < ieur. **g^wī-wo-s*. Fleire fargeadjektiv har dette suffikset. Særleg finn vi dei i latin, germansk, baltisk og slavisk, t.d. lat. *helvus* 'honninggul; ghty. *gelo*¹⁹⁹ 'gul'; lit. *želvas* 'grønaktig' (ieur. **ghel-wo-s*).

e) Former med konsonantgruppe + vokalisert stammesuffiks

Suffikset *-tro-* lagar som fleire andre vi har nemnt, substantiv av verb. Ei kulturhistorisk interessant reiskapsnemning er gr. *aro-tro-n* 'plog'; lat. *aratrum* ds.; gno. *arðr* ds. (ieur. **ar-* 'pløya'). Andre ord med dette suffikset er skt. *śrō-tra-m* 'høyrsele' (ieur. **klew-* 'høyra'), skt. *vastram* 'klede' (ieur. **wes-* 'kle'), *mantram* 'mantra' (ieur. **men-* 'tenkja'); gr. *lek-tro-n* 'seng, lægje' (ieur. **legh-* 'liggja'), *daitron* 'del, tildelt mål' (*dainūmi* 'eg deler ut, tildeler'), *loutrov* 'bad' (*louō* 'eg vaskar, badar'); gno. *aldr* 'alder' < germ. **al-ðra-* (Verners lov) til **al-* 'veksa', gno. *rōðr* 'roing, ror' til *róa* 'ro'.

I latin og germansk er suffikset ofte utvida til *-stro-* (germ. *-stra-*). Frå latin nemner vi *clau-stru-m* 'stenge'²⁰⁰ (*claudere* 'lukka, stengja'), *rostrum* 'nebb, snute' (*rodere* 'gnaga'). Germanske ord med *-stra-* er t.d. gno. *blástr* 'blåst(er), blest' (*blása*), *bakstr* 'bakst(er)' (*baka*), *fóstr* 'foster, oppaling' (*fæðā*). Vi merkar oss at det gotiske ordet for 'saudefjøs' er *awistr*. Det viser at ieur. **owis* 'sau' framleis fanst i førhistorisk germansk. Når det gjeld framvoksteren av *s* i varianten *-stro-/stra-*, kan vi tenkja oss at den har byrja i ord der rota endar på *s* som gno. *blástr*. Den kan òg ha kome inn som ein overgangsljud mellom rot og suffiks når nylaginga resulterte i uvanlege konsonantgrupper: **baktr* > *bakstr*; **claudtrum* > **clauttrum* > *claustrum*. Så har den spreidd seg til andre former.²⁰¹

I dei ymse språka finn vi også andre suffiks med denne strukturen. Her nemner vi berre ieur. *-two-/twā-*. Det er viktig i sanskrit, der det m.a. lagar verbaladjektiv som *kar-tva-s* 'som må gjerast'. Hokjønnsforma er *kar-tvā*. Gotisk har former som *þiwadw* 'trældom' <

¹⁹⁷ Nasalen *n* er infiks i presens av dette verbet, jf. s. 77.

¹⁹⁸ Nominativforma, som ikkje er overlevert, var **qius* med vokalisering av *w*.

¹⁹⁹ Dette er den 'ubøygde' forma. Bøygde former er *gelwes* : *gelwan* osv. Overgangen *hw* > *lb* har ført til nhty. *gelbes* : *gelben* (og *gelb*).

²⁰⁰ I norsk og tysk har vi ordet som *kloster/Kloster*.

²⁰¹ Meir om denne suffiksvarianten, jf. O. Nes, 'Nokre norske stadnamn *Fister, Luster og Oster*'. *Studia Onomastica. Festskrift till Thorsten Andersson*, 1989, s. 251 – 259.

germ. **pewa-ðwa-* (Verners lov) til **pewa-* 'træl' og *fijaþwa* (hokjønn) 'fiendskap'. Det motsette er *frijaþwa* 'kjærleik'.

f) Former med stammesuffiks som endar på konsonant

Suffikset -en/-on/-ēn/-ōn/-n- kjenner vi allereide (s. 58). Det var eit mykje nytta ordlagingsselement i eldre indoeuropeisk; også i moderne språk finn vi tydelege spor etter denne typen. Hovudfunksjonen var å laga personnemningar eller ord for andre levande skapningar²⁰² av substantiv, adjektiv eller verb. Eit døme på det første er lat. *homo* : gen. *hom-in-is* 'menneske'. Tilsvarande former i gotisk er *guma* : *gum-in-s* og i gammalnorsk *gumi* : *guma* (< germ. **gum-an-az*).²⁰³ Dette er ei avleiing av eit gammalt ord for 'jord', som vi m.a. finn i lat. *humus*. Mennesket var den jordiske skapningen i motsetning til dei himmelske gudane.

Individualiserande verkar suffikset i germansk saman med bunden artikkel eller demonstrativpronomen. Slik har vi fått den svake adjektivbøyinga (jf. s. 66). Her kan frå gammalt adjektivet fungera som substantiv, jf. got. *sa blinda* 'den blinde (mannen)' – *sō blindō* 'den blinde (kona)'. Men svak bøying og substantivisk bruk av adjektiv kunne òg komma i stand utan støtte frå artikkel eller pronomen. Såleis var ghty. *bero* 'bjørn' (eigentleg 'den brune') *n*-stamme. Det same gjeld nhty. *Bär* : *Bären*.²⁰⁴ Gotisk har *weiha* 'prest' til *weihs* 'heilag', *liuta* 'hyklar' til *liuts* 'hyklersk'.

Også andre språk har substantivering ved hjelp av *n*-suffikset. I gresk finn vi t.d. *ouraniōn* 'guddom' (*ouranios* 'himmelsk'), *trērōn* 'villdue' (*trēros* 'reddhuga'), *pheidōn* 'gjerrigknark' (*pheidōs* 'gjerrig'). Latin har personnamn av denne typen, t.d. *Cato* : gen. *Cat-on-is* (*catus* 'snill, klok'), *Rufo* (*rufus* 'raudhærd').

Ei anna oppgåve var å laga nemningar for den som utfører ei viss handling (agens-substantiv). Her ligg som venta verb til grunn for avleiinga. Døme: gr. *arēgōn* 'hjelpar' (*arēgein* 'hjelpa'), *phagōn* 'etar' (*phagein* 'eta'); lat. *rapo* 'røvar' (*rapere* 'røva'), *bibo* 'drikkar' (*bibere* 'drikka'), *erro* 'landstrykar' (*errare* 'streifa omkring, ta feil av vegen'). Talrik er denne avleiingstypen i germansk, t.d. got. *wilwa* 'røvar' (*wilwan* 'røva'), *skula* 'skuldnar' (*skulan* 'skulda'), *un-wita* 'ein som ikkje veit' (*witan* 'vita'); gno. *naut-reki* 'gjetar' (*reka* 'driva, jaga'), *þing-logi* 'ein som ikkje møter på tinget' (*ljúga* her: 'ikkje møta'); ghty. *gebo* 'gjevar' (*geban* 'gje'), *hūs-eigo* 'huseigar' (*eigan* 'eiga'). Som vi ser er fleire av orda samansetningar. Det kan òg vera avlydsveksel mellom avleiing og verb.

Ofte er suffikset utvida med ein halvokal, altså ieur. **-yen/-yon-** osv. Eitt døme har vi allereie sett: gr. *ouraniōn* til *ouranios*. Her er halvokalen til stades i ordet som er basis for avleiinga. Seinare er varianten blitt produktiv, m.a. i germansk, jf. got. *fiskja* 'fiskar', *kasja* 'pottemaker' (*kas*), *af-ētja* 'storetar'; ghty. *burgio* 'borgar' (*burg*).

²⁰² Jf. at dei fleste såkalla svakt bøygde substantiv i tysk har ei slik tyding.

²⁰³ Med tydinga 'mann' lever ordet vidare i no. *brud-gom*; ty. *Bräutigam*.

²⁰⁴ Som vi såg s. 93 er no. *bjørn* laga til same rota men med eit anna suffiks (-*nu*-).

Suffikset -es-/-os-/-ēs-/-ōs-/-s- (s-stammene, s. 58) er sjeldnare enn det føregående. Mest var det nytta til å laga abstrakta til verb. Men der er òg konkreta. Det nemnde ieur. **genos* finst i tillegg til lat. *genus* også som skt. *janas* og som gr. *genos*, alle med tydinga 'art, slekt'. Rota er **gen-* 'fø'. Dei fleste formene er avgrensa til eitt eller eit par språk. Til ieur. **men-* 'tenkja' (jf. *mantra*) har sanskrit *manas* : gen. *man-as-as* (< ieur. **men-es-es* 'tanke'). Bøyinga av denne ordgruppa er i gresk prega av s-bortfallet mellom vokalar (s. 38). I latin er òg m.a. *corpus* 'kropp' s-stamme: gen. *corp-or-is*. Dette ordet, og fleire andre, har generalisert *o*-trinnet. I germansk høyrer frå gammalt nokre "jordbruksord" til denne gruppa, t.d. *kalv*, *lam*, *egg*. Når dei i tysk har *-er* som fleirtalsending, så er det opphavleg stammesuffikset. Vi kan tenkja oss utviklinga slik: germ. **kalb-ez-ō* > **kelb-ir-u* (omlyd *a* > *e*, *z* > *r*) > ghty. *kelb-ir*, der den gamle fleirtalsendinga *-u* har falle bort, og *-ir* er blitt omtolka. Seinare har *-ir* > *-er* spreidd seg i denne funksjonen: *Häuser*, *Männer*²⁰⁵ osv.

Suffikset -ter-/-tor-/-tēr-/-tōr-/-tr- har størst utbreiing ved nokre gamle nemningar for slektskap. Dei fleste har alt vore nytta i lydlæra, men vi tek dei oppatt her.

Ieur. **mā-ter-* (stammeforma) 'mor' har gjeve skt. *mātā* (med bortfall av *-r* i nominativ, jf. s. 35); gr. *mētēr*; lat. *mater*; gno. *móðir*; ru. *mat* (gen. *ma-ter-i*); lit. *motina*.²⁰⁶

Ieur. **pə-ter-* 'far' ligg føre som skt. *pitā*; gr. *patēr*; lat. *pater*; gno. *faðir*. I slavisk og baltisk manglar dette ordet (s. 48, 52).

Ieur. **bhrā-tar-* 'bror' finn vi som skt. *bhrātā*; gr. *phrātēr* 'medlem av eit brorskap' (*phrātriā*, s. 102); lat. *frater*; gno. *bróðir*; ru. *brat*.²⁰⁷

Ieur. **dhug-ter-* 'dotter' lever vidare som skt. *duhitā*; gr. *thugatēr*; ²⁰⁸ gno. *dóttir*; russ. *doč* (gen. *dočeri*); lit. *duktė* (gen. *dukters*).²⁰⁹

Avlyden er som elles tydelegast i gresk, jf. nom. *pa-tēr* (langtrin) : akk. *pa-ter-a* (fulltrin) : gen. *pa-tr-os* (nulltrin).

Det same suffikset lagar agenssubstantiv i nokre greiner, først og fremst indo-iransk, gresk og italisk. Mange ord finst i alle desse, t.d. skt. *dātā* 'gjevar'; gr. *dōtēr* ds.; lat. *dator* ds. Eit anna døme er skt. *janitā* 'ein som avlar, skaper'; gr. *genetēr* ds.; lat. *genitor* ds. Latin har ved denne typen alltid *o*-trin av suffikset. Gresk har begge, stundom til same rot utan nemneverdig skilnad i tyding: *genetēr* – *genetōr*. Sanskrit skil ikkje lenger mellom *e-* og *o-*trin pga. vokalsamanfallet (s. 36).

²⁰⁵ Den norske endinga *-ar*, *-er* har ei anna forklaring (s. 64).

²⁰⁶ Ieur. **māter-* har med tydinga 'mor' skifta suffiks i litauisk (*-nā-*). *Moteris* = 'kvinne'.

²⁰⁷ Også dette ordet har skifta suffiks i litauisk: *brolis*.

²⁰⁸ Dei gamle indoeuropeiske orda for 'son' og 'dotter' manglar i latin. I staden har språket *filius* og *filia*, som høyrer til same rota som no. *dia* (ieur. **dhē(y)-*).

²⁰⁹ Av dei germanske og slaviske formene ser det ut som om *syster* har same suffikset. Her er likevel *t* sekundær, jf. skt. *svasā*; lat. *soror*.

Slavisk har suffikset *-tel-* som er produktivt ved agenssubstantiv. Om det språkhistorisk er identisk med *-ter-* er uvisst. Det er ikkje lett å forklara ein eventuell overgang $r > l$, ettersom den elles ikkje er kjend frå slavisk. Slektskapsnemningane har *-ter-*, jf. russ. *materi*. Med dei nyss nemnde orda for 'gjevar' kan ein jamføra russ. *da-tel'* og tsj. *da-tel*.

g) Lån av suffiks

Ikkje sjeldan låner språka ordlagingsselement frå kvarandre. Vi skal først stansa litt ved lat. *-ārius*, som laga personnemningar av andre substantiv. Dei viste at vedkommande person hadde ei eller anna tilknytning til det som grunnordet uttrykte. Ved sida av *aqua* 'vatn' dukka det tidleg opp ein *aquārius*. Det kunne vera ein som hadde som arbeid å bera vatn, eller han hadde kan henda oppsyn med tilførsel av vatn til eitt av dei mange offentlege bada i Rom og elles. Ein *argentārius* (*argentum* 'sølv') var ein som laga gjenstandar av sølv. Etter kvart fekk *argentum* tydinga ('sølv)penngar' og *argentārius* vart då pengevekslar eller finansmann med eit moderne uttrykk.

På grunn av nær kontakt med romarane i keisartida lånte germanske stammer nokre slike ordpar. Eitt var *molinārius* 'mylnar' og grunnordet *molīna* 'mylne'. Av grannane i vest lærde germanane å byggja mylner drivne med vasskraft. Dei var meir effektive enn dei gamle handkvernene. Og som så ofte elles overtok dei også nemningane for det nye. Lat. *molīna* fekk i gammalhøgtysk formene *muli* og *mulin(a)*, og *molinārius* vart til *mulināri*. Teknologien spreidde seg med tida over heile det germanske området, og med den dei latinske lånorda. Alt i gammalnorsk støyter vi på både *mylna* og *mylnari*. Med slike innlånte par som førebilete kunne det aktuelle suffikset snart føyast til arveord også. Eit døme på det er ghty. *waganāri* 'vognmann' til *wagan* 'vogn'. Eit anna er ghty. *fiskāri* 'fiskar' til *fisk*. Men ved sida av *fisk* var der òg eit verb, nemleg ghty. *fiskōn* 'fiska'. Her kunne språkbrukaren komma i tvil om det var substantivet eller verbet som låg til grunn for avleiinga. Iallfall i moderne språk torde det siste vera tilfelle. Dagens nordmenn og tyskarar vil oppfatta *fiskar/Fischer* som avleiingar til *fiska/fischen*. Særleg tydeleg er dette ved agensnemningar som no. *gjevar*; ty. *Geber*. Til grunn for dei ligg tvillaust *gje* og *geben*; ikkje *gāve* eller *Gabe*. Men enno finst det par som no. *musikar* – *musikk*; ty. *Wagner* – *Wagen*, *Gärtner* – *Garten* 'hage', der det ikkje er noko verb med i biletet.

Vi såg s. 105 at den eldre typen agenssubstantiv i germansk og elles ofte var *n*-stammer til verbale røter. Den var bortimot einerådande i gotisk,²¹⁰ men vart med tida stadig sjeldnare i dei andre språka: ghty. *gebo* > *gebāri*, *helfo* > *helfāri* osv. Truleg er forklaringa at det nye, innlånte ordlagingsselementet var lydleg meir omfangsrikt enn det gamle og såleis mindre utsett for slitasje i trykklett stilling. Ein rest av det gamle har vi i ty. *Bote* 'bodberar' til *bieten* 'byda'. Substantivet er kjent også frå m.a. gammalnorsk: *boði*. Det er likevel ikkje uventa at dette snart måtte tevla med det nylaga *boðari*.²¹¹

Også dei slaviske språka har lånt lat. *-ārius*. Her er dei aktuelle formene likevel ikkje i same grad avleidde av verb som i (moderne) germansk. Når 'fiskar' t.d. på tsjekkisk

²¹⁰ Dette språket har berre nokre få avleiingar på *-areis* < lat. *-ārius*, t.d. *bōkareis* 'ein skriftlærd' (*bōkōs* 'bok'), *mōtareis* 'tollmann' (*mōta* 'toll').

²¹¹ Begge orda finst hos L. Heggstad, *Gammalnorsk ordbok*, s. 65.

heiter *rybár*, så høyrer det til *ryba* 'fisk'.²¹² Eit anna døme frå dette språket er *lyžar* 'ski - laupar' (*lyže* 'ski'). Verbal avleiing er truleg russ. *pekar* 'bakar'; po. *piekarz* ds.; tsj. *pekar* ds. Det ser ut til at *-ārius* er mest nytta i vestslavisk, noko som er rimeleg frå ein geografisk og kulturhistorisk synsstad.

Andre nærliggjande døme på lånte suffiks er *-heit/-het* og *-else* i nordisk, som begge kjem frå tysk. Det førstnemnde er altså eit komposisjonssuffiks (s. 99). Vi finn det som eige ord i gotisk og vestgermansk: got. *haidus* 'måte'; ghty. *heit* 'måte, stand, rang'; geng. *hād* ds.²¹³ Tidlege samansetningar er ghty. *magad-heit* 'jentestand'; geng. *mægdenhād* ds. På tysk område vart det etter kvart produktivt som suffiks ved adjektivabstrakta: ghty. *fruotheit* 'klokskap' (*fruot* 'klok'), *kuonheit* 'djervskap' (*kuoni* 'djerv'). Særleg i dei siste hundreåra av mellomalderen var slike former mykje nytta i den religiøse litteraturen. Og frå (neder)tysk var ikkje vegen lang til dansk og norsk. T.d. er *friheit* kjent frå 1420 og *sannheit* frå 1446.²¹⁴ I dansk og norsk bokmål har *-heit/-het* som kjent retteleg vore ein gaukunge, som har trengt unna nedervde ordlagingsselement, jf. bokm. *frihet* – nyno. *fridom*.

-else har ein litt uklår bakgrunn, men det tykkjast vera semje om at det stammar frå nedertysk. Si noverande form har det fått i dansk. Frå gammalsaksisk kjenner vi varianten *-isli-*, som laga verbalabstrakta: *mendisli* 'glede' (*mendian* 'gle seg'), *dōpisli* 'dåp' (*dōpian*).²¹⁵ Etter at den kom inn i dansk, bytte konsonantane plass (*metatese*). Eitt av dei eldste låna var det nemnde *dōpisli*. Vi møter det i gammaldansk som *døbælsæ* 'dåp'. Snart vart det produktivt, noko som førde til skifte av suffiks i ein del lånord. T.d. vart det mellomnedertyske ordet *bedrōvenisse* endra til *bedrōvælsæ/bedrōvelse*. Orda på *-else* er framleis for det meste avleidde av verb. Eit mykje nytta unntak både i bokmål og i målføra er *størrelse* til *stor*.²¹⁶

6.3.2 VERBALE AVLEIINGAR

Vi har sett at mange nomen er avleidde av verbale røter. Det gjeld ikkje berre verbalabstrakta og agensnemningar, men òg ord med ei tyding som vi ikkje skulle tru hadde noko med verb å gjera, t.d. no. *greip*, *sot*, *veg* (s. 100 – 101). Det er såleis ikkje å undrast over at også ein stor del av verba har ein slik bakgrunn. Dei er gjerne blant dei eldste og mest nytta i språket og vert ofte kalla

²¹² For verbet 'å fiska' har tsjekkisk uttrykket *lovit ryby* 'fanga fiskar'.

²¹³ Gammalnorsk har den utvida forma *heiðr* 'heider, ære'.

²¹⁴ O. Nes, Om nokre affiks i nynorsk – mest om *-heit*, s. 25.

²¹⁵ Gammalnorsk hadde eit liknande suffiks, jf. *reynsla* 'røynsle' (*reyna*), *geymsla* 'gøymse, gøymestad' (*geyma*). Til same "sl-familien" høyrer og *-sel* som i *fōdsel*, *ferdsel*, *hōyrsel*. Ofte kan vi i nynorsk velja mellom *-sel* og *-sle*: *ferdsel/ferdsle*, *hōyrsel/hōyrsle* osv.

²¹⁶ Det eldste ordet på *-else* i norsk er truleg gno. *reykelsi*, som er lånt frå gammalengelsk *rēcels* etter innføringa av kristendommen. Også gammalengelsk har her *metatese* *sl > ls*.

a) Primærverb²¹⁷

Frå s. 21 og s. 76 hugsar vi verbformer som ieur. **es-mi* og **es-ti* der person- og numerusendingar vert lagde direkte til rota utan temavokal (s. 77) eller noko anna formelement. Vi talar her om **atematiske rotverb**. Karakteristisk for dei er også avlydsvekselen i presens mellom fulltrin i eintal og nulltrin i fleirtal som i skt. *as-ti* : *s-anti* 'han/dei er'. Best held vekselen seg i diftongiske røter som skt. *ē-mi* (< **ey-mi*) 'eg går' : *i-mas* (< **i-mes*) 'vi går'. Det er i det heile dei gamle indo-iranske språka som har flest verb av denne arkaiske typen, men enno møter vi den i former som ty. *is-t* : *s-ind*. Elles får desse verba gjerne ein temavokal mellom rot og ending. Typisk er i så måte motsetnaden mellom skt. *at-ti* (*ad-ti*) 'han/ho et' og got. *it-i-p* ds.

Talrik i dei gamle språka er gruppa av verb med temavokal mellom rot og ending, og som vi såg auka den på kostnad av dei atematiske rotverba. Dette er dei **tematiske rotverba**. Frå dei føregåande skil dei seg òg ved at rota ikkje har avlydsveksel i presens. Her har både eintal og fleirtal av dei fleste verba *e*-fulltrin, jf. skt. *bhar-a-si* 'du ber' : *bhar-a-tha* 'de ber' (*a* < *e*, s. 36). Den korte vokalen ligg enno føre i m.a. dei gammalgermanske språka. Såleis hadde former som gno. *bera*, *gefa*, *lesa* kort *e*.²¹⁸ Nokre tematiske verb har frå gammalt *o*-trin. I germansk har desse *a* i presens og infinitiv pga. overgangen *o* > *a* (s. 32). Gammalnorsk har døme som *fara*, *mala*, *grafa*, *skafa*, *hlaða* 'lessa', alle med kort vokal. Kan henda har avlydstrinet her samanheng med tydinga; mange verb som høyrer hit, viser til rørsler som stadig tek seg oppatt (s. 81, fotn. 146). Vi seier at dei er *iterative*. Fleire språkgreiner har presensformer med nulltrin. Ei slik er got. *digan* 'kna', som er av same rot som no. *deig* (s. 99). Flest av dei finn vi i sanskrit, der dei utgjer den sjetteste av ti presensklassar. Mønsterordet er skt. *tud-a-ti* 'han/ho støyter', som tydeleg viser nulltrinnet av diftongen ieur. *ew*.

Av den korte framstillinga torde det gå fram at det i hovudsak dreier seg om det vi i germansk kallar sterke verb.

Ei tredje gruppe av primærverb er dei som i presens har særskilde tempusdannande affiks, og som vi difor kan kalla **verb med presensaffiks**. Dei er omtala s. 77 – 78. Dette er eit område med fleire problem. Ein kan spørja om vi har å gjera med bøyning eller avleiing. I og med at det dreier seg om ein bestemd grammatisk kategori (tempus), kunne det vera nærliggjande å kalla det bøyning. Når likevel same rot kan ha to eller fleire presensvariantar slik som skt. *bharati* og *bibharti* eller gr. *leipō* og *limpanō* (s. 80), då er det rimeleg å rekna med avleiing. Det er heller ikkje råd å knyta affiksa til bestemte tydingar (s. 80). Truleg førekjem det sjeldan at presens er markert med affiks som manglar i andre tempus, snarare er det omvendt. Derimot er det sikkert at storparten av verba som høyrer hit opphavleg var atematiske: bindevokalen *e/o* manglar bortsett frå ved *-ye/-yo-* og *-ske-/sko-*, der den er ein del av suffikset. Døme på verb med affiksutviding i presens er å finna på s. 77.

²¹⁷ Sjå t.d. H.Krahe/W. Meid, *Germanische Sprachwissenschaft III, Wortbildungslehre*, s. 231.

²¹⁸ Vokalen er enno kort i deler av Gudbrandsdalen og i Ottadalen.

b) Verb avleidde av andre verb (deverbale avleiingar)

Her er det "ferdige" verb som ligg til grunn for avleiinga og ikkje abstrakte røter. Ofte finst begge i same språket. T.d. er *canere* det gamle latinske ordet for 'syngja'.²¹⁹ Alt i førklassisk tid dukka avleiinga *cantāre* opp, og den kom etter kvart til å trengja unna grunnordet. I dei romanske dotterspråka er den einerådande: it. *cantare*; sp. *cantar*; fr. *chanter* osv. I byrjinga var der ein viss tydingsskilnad, avleiinga svarde til vårt 'nynna, småsyngja'. Par som dette er vanlege i latin. Andre er *capere* 'ta' – *captāre* 'snappa, gripa etter', *currere* 'springa' – *cursāre* 'springa hit og dit', *dicere* 'seia' – *dictāre* 'diktera', *salire* 'hoppa' – *saltāre* 'dansa'. Det er at tydeleg at dei nemnde avleiingane er iterative, og suffikset er *-ā-*.²²⁰

Vi har her eitt av dei viktigaste ordlagingselementa ved deverbale avleiing. Germansk har fleire døme. I fleng kan nemnast ghty. *zīhan* 'skulda for' – *zeigōn* 'syna, visa', *grīfan* 'gripa' – *greifōn* 'snappa, gripa etter', *findan* 'finna' – *fantōn* 'leita etter'; gno. *līta* 'sjå, få auga på' – *leita* (< **wlaytōn-*) 'leita'. Vi merkar oss overgangen *ā > ō* i germansk (s. 33).²²¹

Eit viktig suffiks er *-ā-* i slaviske aspektpar, der det ofte lagar den imperfektive varianten, t.d. ru. *sgoret* – *sgorat* 'brenna', *brosit* – *brosat* 'kasta', *stupit* – *stupat* 'stiga', *chvatit* – *chvatat* 'gripa' osv.

På s. 77 er nemnt at suffikset *-ye-/yo-* kan laga presensformer av røter (gr. *bainō*). Det vart i eldre indoeuropeisk òg m.a. nytta til å laga *kausative* avleiingar av primærverb. Slike verb har tydingskomponenten 'få til å'. Tydeleg er dette i germansk, der vi ved sida av eit sterkt verb stundom finn eit svakt såkalla *jan*-verb. Dei mest brukte para i norsk er truleg *liggja* – *leggja* og *sitja* – *setja*. Her har allereie dei sterke primærverba eit presensdannande *-yo-*, noko som enno er tydeleg i nynorsk, og *y* har ført til overgangen *e > i* i rota (s. 31). Avleiingane har *o*-trin, germ. **lagyan-* og **satyan-* (*a < o*), der *a > e* i dei norske formene er omlyd (s. 32). Den kausative grunntydinga er 'få til å liggja', 'få til å sitja'. Eit anna par frå norsk er *fara* – *føra*. Primærverbet har *o*-trin i presens (s. 109) og langtrin i preteritum, germ. **fōr-*. Langtrin har også *jan*-verbet, igjen med omlyd i nordisk og tysk.²²² Samanhengen i tyding er ikkje lenger så opplagd som i dei to første verbpara; den var nok likevel 'få til å fara'. Frå tysk nemner vi vidare *trinken* – *tränken* 'få til å drikka, gje vatn' og *genesen* 'komma seg, bli frisk' – *nähren* 'gje mat/næring'. Stundom har primærverbet gått tapt. Ingen kan i dag utan vidare komma på at *senda* er kausativum til eit verb som er kjent frå m.a. gammalnorsk: *sinna* 'reisa, ferdast'.

²¹⁹ Verbet finst òg i andre indoeuropeiske språk. I germansk lever det vidare i *hane*, som er ei agensnemning med grunntydinga 'songar'.

²²⁰ *t(s)* stammar frå perf. partisipp: *cantus, captus, cursus, dictus, saltus*. *-ā-* har truleg samanheng med det likelydande nominale suffikset (s. 92 – 93). Til *fugire* 'flykta' har latin *fuga* 'flukt', som så ligg til grunn for *fugāre* 'driva på flugt, jaga bort'.

²²¹ Ght. *h – g, d – t* er verknad av Verners lov (s. 18). Ofte er der avlydsveksel mellom grunnverb og avleiing som i germ. **greypan-* : **graypōn-*.

²²² Språkhistorisk identisk er ty. *fahren* – *führen*.

Utanom germansk er denne avleiingstypen lettast å kjenna att i sanskrit, t.d. *sād-aya-ti* 'han får til å sitja' til rota skt. *sad-* 'sitja'. Her har rota langtrin, og forma har ein bindevokal mellom denne og suffikset.²²³ Andre døme er *śrāv-aya-ti* 'han/ho får til å høyra' (*śru-* 'høyra'), *sār-aya-ti* 'han/ho får til å renna' (*śr-* 'renna').

Norsk har ein del verbpar av typen *vaka – vakna*. Typisk for det siste av dei to er at det har eit *n*-suffiks. Med omsyn til tyding seier vi at *vaka* er *durativt*, dvs. det uttrykkjer ei handling eller ein tilstand som varer. *Vakna* viser til overgangen frå ein tilstand til ein annan eller til byrjinga av ein tilstand. Eit slikt verb kallar vi *ingressivt*. Dei to har ulike *aksjonsarter*. Aksjonsart og aspekt er nærskylde kategoriar, og dei vart tidlegare mykje nytta om einannan. No oppfattar ein aksjonsart som noko som objektivt høyrer til tydinga av verbet, medan aspekt er noko subjektivt; det er måten den talande/skrivande ser handlinga eller tilstanden på (s. 74 – 75). Ofte er der samanfall, slik at eit durativt verb er imperfektivt (*vaka*) og eit ingressivt verb er perfektivt (*vakna*). Eit anna par er no. *bryta – brotna*. Vokalskilnaden er avlyd: fulltrin og nulltrin. Det er tydelegare i dei gammalnorske formene *brjóta – brotna* (s. 31 og 33). Vidare er grunnverbet her transitivt. Avleiinga er intransitiv, slik ho alltid er.

Utanom nordisk finn vi slike par også i gotisk. Til det første av dei to norske svarer got. *wakan – ga-waknan*. Særleg i gotisk nærmar denne verbklassen seg ofte passiv, t.d. *weihnai namō þein* 'lat namnet ditt helgast', der *weihnai* gjev att den greske passivforma *hagiasthētō*.

c) *Verb avleide av nomen (denominale avleiingar)*

Suffiksa er langt på veg dei same som i førre type. Vanleg var kombinasjonen av dei to som først var omtala: ieur. *-ā-yo-*. På sanskrit heiter 'kamp' *ṛtanā* (*ā*-stamme). Til det finn vi verbet *ṛtanā-ya-ti* 'han/ho kjempar'. Eit anna døme frå dette språket er *gōpā-ya-ti* 'han/ho gjeter' (*gōpā* 'bøling'). Her er suffikset framleis *-ya-* som analysen viser. Annleis er det i eit tilfelle som *aśv-āya-ti* 'han ønskjer seg hestar', der ei ieur. *o*-stamme ligg til grunn (*aśvas* 'hest'). Vi ser at det kombinerte suffikset spreidde seg ved analogi.

Ei liknande utvikling har òg skjedd i andre språk. Til det latinske ordet *planta* 'plante' finn vi verbet *plantāre* 'planta'. 3. pers. eintal presens er *plantat*. Forma stemmer ikkje heilt med dei vi har møtt i sanskrit; den er enklare ettersom *-yo-* manglar. Anten har personendinga frå byrjinga vore føydd direkte til stammevokalen: **plantā-ti*, eller så har *-yo-* vore med: **plantā-ye-ti*,²²⁴ men har seinare falle vekk. Som i sanskrit har *ā*-verba også i latin gripe om seg ved analogi. Til ieur. *dō-* 'gje' har latin det uregelrette verbet *dare* og substantivet *dōnum* (s. 44). Dette er *o*-stamme, men er likevel basis for *ā*-verbet *dōnāre*. Også her er det den "fyldigare" nylaginga som har vore mest levedyktig. I fransk er den einerådande (*donner*).

²²³ Bindevokalen manglar i passiv: *sādyatē* (s. 87).

²²⁴ Temavokalen er i denne forma *e* (s. 77).

Innanfor germansk har gotisk og gammalhøgtysk også denominale verb med infinitiv på *-ōn*, der langvokalen er gjennomgåande i alle formene. Eit ofte nytta døme i begge språka er *salbōn* 'salva'. 3. pers. eintal presens er got. *salbōþ*; ghty. *salbōt*. Substantivet er germ. **salbō* 'salve'. Her støyter vi på same problemet som ved lat. *plantat*. Hadde dei germanske formene *-ōþi* eller *-ō-yeþi*? Kan henda fanst begge variantane i germansk, evt. med dialektgeografisk variasjon. I alle høve er gammalengelske former som *sealfian* 'salva' (infinitiv) og *sealfie* 'eg salvar' lettast å forklara ut frå den tematiske varianten med *-ye-*.

Også i germanske språk har *ō*-verba synt seg å vera produktive på den måten at dei kan avleiest av ulike nominalstammer, t.d. got. og ghty. *fiskōn* 'fiska'; gno. *fiska* ds. til **fiska-* 'fisk', som er (germansk) *a*-stamme. Ved sida av *u*-stamma *grēdus* 'svolt' finn vi got. *grēdōn* 'svelta' osv.

Ei rad *ā*-verb er avleidde av adjektiv. Det er nærliggjande å gå ut frå hokjønnsforma på *ā*-når adjektivet er *o-/ā*-stamme (s. 59). Så har suffikset også her vore produktivt. Døme frå latin er m.a. *novāre* 'nya oppatt, fornya' (*novus/nova* 'ny'), *laetāri* 'gle seg' (*laetus/laeta* 'glad'),²²⁵ *levāre* 'gjera lettare, lindra' (*levis* 'lett'). Frå germansk nemner vi ghty. *niuwōn* 'nya oppatt' (*niuwi* 'ny'), *ebanōn* 'jamna' (*eban* 'jamn'); gno. *jafna* 'jamna' (*jafn* 'jamn'). Åleine kan suffikset *-ye-/yo-* ikkje berre laga deverbale men òg denominale avleiingar. Vi såg at dei førstnemnde var kausativa til primærverb. Særleg i germansk er mange denominale *jan*-verb avleidde av adjektiv og har ei liknande tyding, noko vi ser av eit par som no. *laus* – *løysa*. Her kjem objektet for *løysa* i den tilstanden som adjektivet *laus* uttrykkjer: *Per løyste kua frå båsen*.²²⁶ Verbet er *faktivt*. Med omsyn til forma har to ting skjedd med *løysa*: halv vokalen *y* har falle bort, men før det valda han omlyd *au* > *øy*. Meir alderdommeleg er i så måte den tilsvarande gotiske forma *lausjan*. Når grunnordet inneheld ein bakre vokal eller diftong, er omlyden i det heile eit godt kjenneteikn på faktitive verb i språk som norsk og tysk. Vi gjev nokre fleire døme som syner dette: no. *fylla* (*full*), *tøma* (*tom*), *bløyta* (*blaut*), *festa* (*fast*), *væta* (*våt*), *lengja*²²⁷ (*lang*); ty. *füllen* (*voll*), *wärmen* (*warm*), *kürzen* (*kurz*), *schwächen* (*schwach*), *stärken* (*stark*). Denominale *jan*-verb kan også ha substantiv som grunnord, men då er ikkje lenger den faktitive tydingskomponenten til stades. Hit høyrer no. *nemna* til *namn*. Ordet finst i dei fleste germanske språka. Den eldste varianten er som venta got. *namnjan*. Frå gammalnorsk kjenner vi *hýsa* 'gje husrom' til *hús*. Dette førekjem enno i moderne norsk: *hysa*.

Denominale *ye-/yo*-avleiingar går som type visseleg tilbake til urindoeuropeisk ettersom dei har vid utbreiing. Opphavleg vart suffikset lagt til stamma, jf. skt. *dēva-ya-ti* 'han/ho ærar gudane' (*dēva-s* 'gud').²²⁸ Lydutviklinga har i fleire språk ført til at dei er blitt mindre tydelege. Det er t.d. berrsynt at got. *hailjan* 'gjera frisk, lækja' er eit *jan*-verb til *hails* 'sunn, frisk'. Eit nøyaktig motstykke er russ. *celit* 'gjera frisk, lækja' til *celyj* 'heil,

²²⁵ Dette verbet har berre passivformer. Infinitiv endar då på *-ri*. Tydinga er medial (s. 86), men latin skil ikkje mellom medium og passiv.

²²⁶ Dette er ikkje så tydeleg når verbet vert brukt i overført tyding: *løysa* eit problem.

²²⁷ Her har den gamle halv vokalen halde seg som *j*-lyd i nynorsk.

²²⁸ Jf. det som er sagt s. 111 om skt. *přtanā-ya-ti*; lat. *plantat* osv.

frisk'. I slavisk er suffikset redusert til *-i-*. Tilsvarende former i norsk og tysk er *heila* og *heilen*, der ingen kan sjå at det er tidlegare *jan*-verb; heller ikkje omlyd var mogeleg.

Det har alt vore tale om *n*-verb i germansk som er avleidde av primærverb. Til slutt skal vi nemna at også verb av denne typen kan vera denominale, og då er det adjektiv som ligg til grunn. Også desse er ingressive; dei uttrykkjer overgangen til den tilstanden som adjektivet uttrykkjer, og dei er avgrensa til gotisk og nordisk. Såleis tyder got. *ga-hailnan* 'bli frisk'. I norsk er det mange slike verb, t.d. *surna* (*sur*), *friskna* (*frisk*), *tetna* (*tett*). Fleire høyrer til fargeadjektiv: *blåna*, *gråna*, *kvitna*, *svartna*, *raudna* osv.

Utanom germansk har slavisk i form og tyding parallellar både til dei deverbale og dei denominale *n*-verba. Døme: Russ. *gasnut* 'slokna' – *gasit* 'sløkkja', *tichnut* 'stilna' (*tichij* 'still'), *sochnut* 'turka, bli turr' (*suchoj* 'turr').

Enno ser vi spor etter dei gamle stammetypane. Såleis manglar i nynorsk *ō*-verb og *n*-verb *d/t*-ending i preteritum og perfektum partisipp. Det har derimot m.a. *jan*-verba:

fiska : *fiskar* : *fiska* : *har fiska* – *gråna* : *-ar* : *-a* : *-a* (bokm. *-e* : *-er* : *-et* : *-et*)
løysa : *løyser* : *løyste* : *har løyst*

Her skimtar vi dei lange linene i språkhistoria.

ORDTILFANG, KULTUR, UTBREIING

Vi går ut frå det indoeuropeiske urspråket som ein (før)historisk realitet. Det hadde som føresetnad eit organisert fellesskap som gjerne kan kallast ein nasjon.²²⁹ Korleis dette fellesskapet har komme i stand, har vi ingen sikker kunnskap om. Det kan vera tale om mindre grupper som slutta seg saman til ei større eining. Kan henda har dei talt nærskyldte språk eller dialektar og så utvikla eit koiné likt det hellenane gjorde langt seinare (s. 10). Men det er òg tenkjeleg at dei frå først av har hatt ulik språkleg bakgrunn, og at eitt av språka med tida har fått ei dominerande stilling om lag som latinen på Appenninhalvøya i hundreåra f.Kr.

Rekonstruksjonane som fellesnemnarar kan gje inntrykk av eit dialektfritt språk, noko som sjølvsagt ikkje var tilfellet. Stundom skimtar vi tydelege dialektskilnader, m.a. innanfor formlæra, som når det ikkje let seg gjera å rekonstruera eintydige grunnformer. Såleis har dativ, ablativ og instrumental i nokre språk *m*-endingar, i andre *bh*-endingar, t.d. got. *gastim* 'til/ for gjestene'; lat. *hostibus* 'til/for fiendane'.²³⁰ På s. 84 og 85 nemnde vi gamle skiljeliner når det gjeld konjunktiv- og mediumformene. Her er det nærliggjande å gjera merksam på uteljande sprik i ordtilfanget. Det er t.d. merkeleg at nemningane for eit så sentralt omgrep som 'hand' ymsar mykje. Det gemanske ordet leitar vi forgjeves etter i andre greiner. Mangfaldet ser vi av former som lat. *manus*; gr. *kheir*; walisisk *llaw*; russ. *ruka*.²³¹ På den andre sida har *fo*t mange slektningar. Nokre av dei har vi støytt på ved fleire høve og rekonstruksjonen ieur. **pēd-/pōd-* er rimeleg sikker. I denne bolken er vi likevel ikkje først og fremst interesserte i "stjerneformene" frå ein lydleg eller grammatisk synsstad. Fleire kan òg opplysa oss om kva naturtilhøve våre språklege forfedrar levde under og såleis hjelpa til å plassera dei geografisk. Andre er med og teiknar eit bilete av kulturen deira i vid forstand. I det heile er det mest ord med elementær tyding som har vidast utbreiing og som gjerne er eldst. Det er slike vi har nytta som døme under framstillinga av lydutviklinga. Hit høyrer talorda frå 'ein' til 'ti' og 'hundre'. Vi kjenner vidare nokre ord som viser til slektskap. Mange verb – eller verbale røter – har like eins tydingar som ligg godt innanfor grensene av det daglegdagse. Ieur. **bher-* er eit døme på det. Vi held fram med

²²⁹ A. Meillet nytta ved fleire høve uttrykket 'nation indoeuropéenne', m.a. i sin *Introduction à l'étude comparative des langues indo-européennes*.

²³⁰ Etymologisk er got. *gasts* og lat. *hostis* same ordet. Den eldre tydinga er 'ein framand'.

²³¹ Det førekjem, men sjeldan, at eitt og same ordet for 'hand' omfattar meir enn to greiner. Gr. *kheir* skal etter dei etymologiske ordbøkene vera språkhistorisk det same som alb. *dorë* 'hand' og arm. *jern* ds.

7.1 DET INDOEUROPEISKE ORDTILFANGET

a) Kulturord

På s. 15 såg vi at ordet *åker* med sine motstykke i gresk, latin og ikkje minst sanskrit var med og bana vegen for den nye samanliknande språkvitskapen. Det var nærliggjande å rekna med ei felles grunnform, som snart fekk utsjånaden **agros*. Dette var viktig – ikkje berre frå ein reint språkleg, men òg frå ein kulturhistorisk synsstad. Med tanke på det siste galdt det å finna fram til den eldste og mest opphavlege tydinga til ordet. Skt. *ajras* svarer til no. 'jordstykke, beite(mark)'. Den var neppe dyrka og evt. tilsådd slik våre åkrar er. Også gr. *agros* og lat. *ager* hadde eit nokså vidt innhald, som ikkje alltid innebar dyrking. Seinare har granskarane analysert ieur. **agros* nærmare og knytt ordet til rota **ag-* 'driva, jaga, køyra'.²³² *-ro-* er eit suffiks av typen vi har lært å kjenna på s. 102. Det dreidde seg altså om eit jordstykke som ein jaga dyra inn på for at dei skulle beita. Vi kan difor rekna med at indoeuropearane dreiv med **krøterhald**, og frå lydlæra kjenner vi fleire gamle husdyrnemningar. For 'hest' hadde dei **ekwos*, som finst i dei fleste greinene: skt. *aśvas*; gr. *hippos*;²³³ lat. *equus*; girsk *ech*; tok. *yakwe*. Gotisk har samansetninga *aīhvātundi* 'tornebusk' (eig 'hestetann'). I gammalnorsk har germ. **ehwaz* gjeve *jór*, som er ei poetisk nemning for 'hest'. Enno lever ordet vidare som førsteledd i personnamn som *Jo-stein*, *Jo-ar*, *Jo-frid*, *Jor-unn*. Også andre språk har namn av same typen; best kjent er gr. *Phil-ippos* 'den som er glad i hestar'. Dette kan tyda på at hesten hadde ein sentral plass i livet til dei gamle indoeuropearane. Veddelaup med hestar framfor vogna kan vi lesa om i vedalitteraturen. Like eins var det ein populær idrett hos hellenane, gallarane og andre folk. Over lengre strekningar tok ein seg gjerne fram på hesteryggen eller i vogna, i krig som i fred. Endeleg hadde hesten ei viktig rolle i den religiøse kulten. I vår eigen sagalitteratur les vi om ofring av hestar ved dei store blota. Truleg var det ein skikk som rakk langt attende i tida.

I lydlæra har vi møtt rekonstruksjonar for 'storfe' og 'sau'. Forma **g^wōws* (s. 46 og 50) ligg òg til grunn for m.a. skt. *gaus* 'storfe' og no. *ku*. Når sanskrit for handyret har *uksā* og tokarisk har *okso*, så kjenner vi lett att vårt eige ord, og kan gå ut frå at både *ku* og *okse* fanst alt i grunnspråket med nokolunde same tyding som i dei historisk kjende språka. Og sjeldan kviler vel ei rekonstruert form på så sikker grunn som ieur. **owis* 'sau'. Vi har møtt etterkommarane i sanskrit, gresk, latin, slavisk, baltisk og gjennom avleiinga got. *awistr* (s. 104) også i germansk.²³⁴ Eit viktig produkt som vi får av sauen, ulla, har like eins ei nemning med vid utbreiing. Den indoeuropeiske forma kan rekonstruerast som **w^lnā*. I germansk får vi overgangen *! > ul* (s. 30) og *ln* vert til *ll* (assimilasjon). Vidare finn vi ordet som skt. *ūrnā*; tsj. *vlna*; lit. *vilna*.

Fleire språk har eit alderdommeleg ord (rotnomen) for 'svin': gr. *hūs*; lat. *sūs*; ghty. *sū > nhty*. *Sau* 'purke'. Sanskrit har det som førsteledd i *sū-karas* 'svin'.²³⁵ Like levedyktig

²³² Den ligg til grunn for m.a. lat. *agō* (s. 44) og no *aka*.

²³³ Ordet er vanskeleg pga. *h-* i framlyd, *-i-* og *-pp-*, men dei fleste etymologiske ordbøkene plasserer det her.

²³⁴ Gotisk har endå ei avleiing til ieur. **owis*: *awēþi* 'sauflokk, bøling. Islandsk har *ær* 'søye, hosau'.

²³⁵ Eigentleg 'som gjer/lagar (lyden) *sū*'. Ordet har altså frå først av vore lydhermande (s. 95).

har avleiinga ieur. **sw-īno-* vore. Den finst ikkje berre i germansk (s. 32), men som adjektiv også i latin: *suīnus* 'svinsk'. I slavisk er den både adjektiv og substantiv: russ. *svinoj* 'svinsk', *svin'ja* 'svin'.

Til husdyra høyrer sjølvsagt hunden, som først av alle vart tamd. Rotvariantane varierer noko, og ei fellesform let seg ikkje lett rekonstruera.²³⁶ Ein av dei har truleg vore **kun-*. I germansk er den utvida med suffikset *-to-* (s. 91, 103): **kunto-* > **hunda-* (Verners lov).

Eit tidleg tamt husdyr er også geita. Det er godt tenkjeleg at indoeuropearane dreiv geitehald, men det finst inga nemning med krav på urspråkleg alder. Germ. **gayt-* kan som rotnomen vera gammalt, men finst elles berre i latin, der det viser til handyret: *haedus*. Gresk har *aiks* (genitiv *aigos*), som det deler med armensk. Elles er orda for 'geit' stort sett avgrensa til ei språkgrein.

Som samlenemning for husdyra – med unntak av hund og katt – har vi *fe*, også det eit ord med vid utbreiing. Utanom germansk finst det i indo-iransk, italisk og baltisk. Fellesforma er ieur. **peku* (s. 31). Truleg var det opphavleg ordet for 'sau', det kan nemleg vera laga til rota ieur. **pek-* 'riva/slita hår av'. Etter kvart har det møtt konkurranse frå **owis* og fått den kollektive tydinga. Kor viktig fenaden var, syner seg ved at **peku* også fekk tydinga 'eigedom'. Lengst har i så måte germansk gått. Got. *faīhu* vert berre nytta med dette innhaldet, også som førsteledd i samansetningar som *faīhufriks* 'havesjuk' og *faīhugairns* 'pengegrisk'. Gammalnorsk skil mellom *gangandi fé* 'krøter' og *liggjandi fé* 'lausøyre'. Og gno. *fégjarn* er både i form og innhald eit noggrant motstykke til got. *faīhugairns*. I latin viser avleiingar som *pecūnia* 'pengar' og *pecūlium* 'eigedom' at også romarane har nytta krøteret som verdimål.²³⁷ Denne sekundære tydinga til **peku* gjer det nærliggjande å tru at det var tale om tamde dyr.

Dersom det er rett at ein **agros* frå først av var beite for krøteret, så kan vi spørja om språket har røter eller ord som tyder på at indoeuropearane også dreiv **åkerbruk** i vår tying av ordet. Svaret må bli 'ja'. På s. 104 er nemnt m.a. gno. *arðr* 'plog'. Det finst enno i norsk som *ard*, og mange kjenner det frå kryssordoppgåvene. Arden var ein einfelt treplog utan veltefjøl, men veleigna til å løysa opp jorda. Vi førde opp formene i tre språkgreiner, men kan gjerne føya til girsk *arathar* og arm. *arawr*. Til same rota men med avvikande suffiks finn vi lit. *arklas* 'plog' og russ. *ralo* 'hakkeplog' < urslav. **ordlo*. Tokarisk har *āre* 'plog'. Alle variantane er avleidde av rota ieur. **ar(ə)-* 'pløya', som også er vidt utbreidd: gr. *aroō* 'eg pløyer'; lat. *arō* ds.; girsk *airim* ds.; got. *arjan* 'pløya'; russ. *orat* ds.; lit. *arti* ds. Rota finst også i andre avleiingar som lat. *arvum* 'korn åker'; girsk *arbe* 'korn'. Som vi ser er det først og fremst indo-iransk som manglar spor etter **ar(ə)-* 'pløya'. Granskarane meiner grunnen kan vera at desse folka slutta med jorddyrking på den lange vandringa søraustover til Framasia og India, og såleis gjekk dei

²³⁶ Problematisk er m.a. rotvokalen i lat. *canis*.

²³⁷ Indoeuropeisten E. Benveniste meiner i artikkelen 'Les valeurs économiques dans le vocabulaire indo-européen' (*Indo-European and Indo-Europeans* 1970, s. 307 ff.) at 'eigedom' er den eldste tydinga til ieur. **peku*, som ikkje høyrer til rota **pek-*. 'Krøter' er yngre. Han viser til fleire parallellar, m.a. eng. *cattle* < lat. *capitale*. I alle høve må vegen ha vore kort mellom 'krøter' og 'eigedom'.

aktuelle orda tapt. Vi kan nok rekna med at **ar(ə)*- og nokre av avleiingane rekk attende til grunnspråket.

Når ein først har pløgd eit jordstykke, er det vanleg å så noko i det. Og i røynda har verbet *så* også vid utbreiing. Den indoeuropeiske rotforma er **sē-*, og vegen fram til no. *så* er rettlinja: ieur. **sē-* > germ. **sē-* (s. 32) > gno. *sá* (lang *a*) > nyno./bokm. *så*. Utan-om germansk finn vi verbet i latin, slavisk og baltisk. Fleire avleidde former er kjende. Med suffikset *-ti-* (s. 103) har vi germ. **sē-đi-* (Verners lov) 'sånad, sæd' > ty. *Saat*; no. *sæd*; eng. *seed*. Eit konsonantisk suffiks *-men-* lagar lat. *sē-men* 'sæd, frø'; ty. *Same* ds.; russ. *semja* ds; gpr. *semen* ds. Trass i at verbet manglar i keltisk, har girsk substantivet *sīl* ($\bar{i} < \bar{e}$) 'sæd, frø'. Gr. *sītos* 'korn, kveite' kan vera ei *to*-avleiing av same rota.

Noko av det første folk tok til å dyrka, var korn. Alle germanske språk har ordet *korn*: got. *kaúrn* (*u > aú*), s. 32) osv. Elles har ordet om lag same utbreiing som *så*: lat. *grānum* 'korn'; girsk *grān* ds.; ksl. *zrīno* ds.; lit. *žirnis* 'ert' (sekundær tydingsendring). Den indoeuropeiske rota er **grā-/grē-* (langvokalisk, s. 26), som er utvida med suffikset *-no-*. Kornet må knusast eller malast for å høva til baking eller koking. Som *korn* har *mala* ei sterk stode i germansk; det manglar rett nok i engelsk. Dei mest like formene i andre språk er lat. *molere* 'mala'; lit. *malti* ds.; arm. *malem* 'eg knuser'. Alle har *o*-trin av rotvokalen, noko som kan tyda på at dei er sekundære (s. 81, fotnote 146). Eldre former med *e*-trin er girsk *melim* 'eg mel' og russ. *melju* ds. Sjølv sagt høyrer *mjøl* til denne rota. Den germanske rekonstruksjonen er **mel-wa-m* med suffikset ieur. *-wo-* (s. 104).²³⁸ *Mylne* og *mylnar* har vi vore inne på s. 107. Gresk har substantivet *mulē* 'mylne' og verbet *mullein* knusa, pulverisera', som i historisk tid ikkje er jordbruksterm.²³⁹ Endå eldre i vårt språk er *kvern*. Lenge vart kverna driven med handemakt. Seinare kunne ordet også nyttast om ei mindre vasskvern. Bortsett frå skilnader i avlyd har slavisk og baltisk like former: ksl. *žrūny* (fleirtal) 'kvern, mylne'; lit. *girnos* (fleirtal) 'handkvern'. Dei ulike kornslaga har nemningar som kvar berre finst i få greiner. Men når desse er spreidde geografisk, kan det vera grunn til å rekna med høg alder. Hit høyrer eit ord som med ulike tydingar er kjent frå indo-iransk, gresk og baltisk: skt. *yavas* 'bygg'; gr. *dzeiā* 'spelt'; lit. *javai* 'korn'. Det siste har komme i staden for *žirnis*, som no altså tyder 'ert'.

Det viser seg at gamle ord som har med åkerbruk (korndyrking) å gjera, alt i alt har mindre utbreiing enn dei som er typiske for krøterdrift. Særleg har dei ein tendens til å mangla i indo-iransk, men også gresk og armensk har færre av dei enn språka lenger nord. Vi såg at rota **ar(ə)*- 'pløya' med avleiingar gjekk tapt i indo-iransk, kan henda på grunn av den lange vandringa på leiting etter nye heimland. Det same kan vera tilfellet når **sē-* t.d. heller ikkje er kjent frå gresk (med unntak av *sītos*?) eller armensk. Men slike endringar kan òg vera eit resultat av nye bruksmåtar eller teknikkar. Trass i ein del leksikalske tomrom er det grunn til å rekna med at indoeuropearane sysla med åkerbruk medan dei framleis budde i sitt "opphavlege" område.

²³⁸ Utviklinga er **melwam > *melwa > *melu* (med vokalisering av *w* i utlyd) > gno. *mjøl* (med såkalla bryting *e > jø* framfor *u* i følgjande staving) > nyno. *mjøl*. Bokm. *mel* er ei austnordisk form utan bryting. Eit noggrant motstykke er alb. *mjel* 'mjøl'. Lit. *miltai* 'mjøl' har nulltrin og eit *t*-suffiks.

²³⁹ For 'mala' har gresk *alein*, som er identisk med arm. *alam* 'eg mel'. Som tekniske termar har dei trengt vekk *mullein* og *malem*.

Korleis var det så med kjennskapen til **metall**? Kan språket fortelja oss noko om det? Då gjer vi først merksam på at ordet *metall* ikkje er indoeuropeisk. Det kjem som så mange andre frå gresk (*metallon*), og gresk har truleg overteke det frå eit førhellenisk substratspråk.²⁴⁰

Dei tre eldste metallar er kopar, gull og sølv. Kjennskapen til og bruken av dei rekk minst 6000 år attende, og alle har gamle nemningar. Vårt ord *kopar* er truleg monaleg yngre. Det er etter vanleg oppfatning laga av namnet på øya Kypros, som i gamletida var hovudleverandør av kopar.²⁴¹ Langt eldre er ordet no. *eir* 'koparrust', som i gammalnorsk vart nytta om metallet. Vi finn det i alle gammalgermanske språk. Gotisk har det som *aiz* 'koparmynt' (Mark. 6.8). Nord- og vestgermansk har overgang $z > r$ (s. 30), difor no. *eir*. Men ordet rekk mykje lenger. Skt. *ayas* 'kopar, jarn' er lett å kjenna att, og like eins lat. *aes* 'kopar, bronse'. Som vi såg s. 15, er det lite rimeleg å rekna med lån frå indo-iransk til europeiske språk eller omvendt i gammal tid. Truleg er *eir* eit arveord som fanst alt i det felles grunnspråket.

For 'gull' er der to nemningar som rekk over fleire språkgreiner. Det norske ordet har motstykke som vi lett kjenner att i dei andre germanske språk. Dessutan er det einrådande i slavisk; t.d. russ. *zoloto* 'gull'. På latvisk heiter det *zelts*. Dei ulike formene er avlydsvariantar av same grunnform: ieur. **ghel-to-* (*e*-trin), **ghol-to-* (*o*-trin) og **ghl-to-* (nulltrin). Same rota ligg òg til grunn for fargeadjektivet *gul*. Den eigentlege tydinga er altså 'det gule metallet'. Suffikset kjenner vi frå s. 91 – men det har fleire funksjonar enn å laga partisippformer. Utviklinga fram til dei tre greinene og einskildspråk er heilt regelrett. Germansk har nulltrinet: **gulpa-*.²⁴² Til grunn for det slaviske ordet ligg *o*-trinet: urslav. **zolto-* > russ. *zoloto*; tsj. *zlato* osv.²⁴³ Latv. *zelts* kjem av varianten med *e*-trin. Her kunne det tenkjast at ordet er lånt frå ei grein til den andre – dei geografiske fråstandane er ikkje særleg store. Skilnaden i avlyd tyder likevel på at vi har å gjera med eit gammalt arveord frå indoeuropeisk tid. Ei avleiing av same rota, men med eit anna suffiks er skt. *hiranya-* 'gull'. Den andre nemninga for dette metallet er først og fremst kjend frå latin: *aurum* av eldre *ausum* (s. 42). Baltisk har den også: lit. *auksas* 'gull'; gpr. *ausis* ds. Vi ser at dei to nemningane møtest i baltisk; latvisk har *zelts*, litauisk og gammalprøyssisk *auksas/ausis*. Her er det meir nærliggjande å rekna med lån. Truleg budde dei seinare italiske folka i førhistorisk tid nord for Alpane og kan der ha vore naboar til baltarane. Det greske ordet for 'gull', *khrusos*, skal vera lånt frå semittisk.

²⁴⁰ H. Krahe, *Sprache und Vorzeit*, 1954, s. 150. Også nokre ord for einskilde metall er lånte frå førhelleniske språk.

²⁴¹ Kan henda er det omvendt. Øya *kan* ha fått namn av metallet.

²⁴² *-lp > -ll-* i nordisk.

²⁴³ Om overgangen ieur. *gh > slav. z*, sjå s. 46.

Også for 'sølv' har germansk, slavisk og baltisk eit sams ord, men formene sprikjer noko. For germansk kan vi rekonstruera forma **silubra-*, som er minst endra i gotisk: *silubr*. Det russiske ordet er *serebro*. Allereie her ser vi at formene ikkje samsvarar heilt; *l* i germansk korresponderer ikkje med *r* i slavisk. Innanfor baltisk finn vi lit. *sidabras*; latv. *sidrabs* og gpr. *siraplis*. Avvika kan tyda på at dette er eit gammalt vandreord; ein har jamvel meint å finna det att i baskisk som *zilhar* 'sølv'. Kan henda stammar det frå semittisk, jf. assyrisk *šarpu*. Ei anna nemning er lat. *argentum*. Den er avleidd av rota ieur. **arg-* 'lysa, skina', og det høver godt. Suffikset er *-nt-* som i presens partisipp (s. 89–91), altså 'det skinande (metallet)'. Forma har vid utbreiing, vi finn den like eins i keltisk, armensk og indo-iransk, noko som tyder på at den er laga i grunnspråket. Same rota, men eit anna suffiks har gr. *arguros*.

Ord for 'jarn' er meir avgrensa. For germansk reknar ein med ei grunnform **īsarna-*, jf. got. *eisarn*; gno. *ísarn* (og yngre *járn/jarn*); ghty. *īsa(r)n*. Av arkeologiske funn og opplysningar i antikk litteratur går det fram at keltarane var dugande smedar, og det er rimeleg å tru at vi har fått både kjennskap til metallet og nemninga derifrå; jf. irsk *iaran* og walisisk *haiarn*. Eit fellesord har også slavisk og baltisk: russ. *želeso*; lit. *geležis* (s. 46). Fleire etymologar meiner det er lån frå eit ukjent språk.²⁴⁴ Latin har *ferrum*. Heller ikkje det er sikkert forklart. Gr. *sidēros* skal liksom *metallon* vera lånt frå eit substratspråk (fotn. 240).

Vi kan etter dette gå ut frå at indoeuropearane har levd i tidleg metallalder, dvs. for 5–6000 år sidan. Dei har kjent kopar gull og sølv, men enno ikkje jarn.

Vidare skal vi stansa litt ved nokre nemningar for **reiskapar**,²⁴⁵ **våpen, klede, teknikkar**. Interessant er det germanske ordet *hammar*, ettersom det truleg viser attende til tida då stein var materialet. Det finst berre i denne greina – bortsett frå at finsk har det som lånord: *hamara*. Samanhengen med ord for 'stein' i slavisk er tydeleg; jf. russ. *kamen*'. Og som kjent har det i norsk enno si meir opphavlege tyding når det vert nytta om ein fjellknaus. *Øks* finst med suffiksutvidingar også i gresk og latin: *aksinē* og *ascia*. Sistnemnde har omstilling av konsonantane (metatase). Til grunn ligg rota ieur. **ak-* 'spiss, kvass'. Kan henda er to ord for 'sverd' og 'spjot' viktigare frå ein indoeuropeisk synsstad. Det eine er lat. *ensis* 'sverd'; skt. *asis* ds. Språkhistorisk er dei identiske; begge kjem av ieur. **ḡs -i-s*.²⁴⁶ Det andre er skt. *śarus* 'spjot' og got. *hairus* 'sverd'; gno. *hjør* ds. Rota er truleg ieur. **(s)ker-* 'skjera'. I så fall må tydinga ordet har i germansk vera den eldste. Også her er det fullt samsvar mellom formene både i rot og stammesuffiks. Avstanden mellom språkgreinene gjer at vi kan sjå bort frå lån.

Med omsyn til klesplagg er det neppe noka nemning i dei historisk kjende språka som kan vera arv frå det indoeuropeiske grunnspråket. Rota **wes-* 'kle seg' er likevel basis for mange avleiingar. Best kjend torde lat. *vestis* 'klednad, drakt' vera. Suffikset er sjølv sagt ieur. *-ti-* (s. 103). Vårt *vest* kunne òg vera eit arveord ettersom konsonantgruppa *st* ikkje

²⁴⁴ M. Vasmer, *Russisches etymologisches Wörterbuch* I, s. 416 er inne på samanheng med gr. *khalkos* 'kopar, bronse'.

²⁴⁵ Plogen er alt omtala.

²⁴⁶ Om utviklinga av den stavingsberande nasalen i framlyd sjå s. 35 (sanskrit) og s. 43 (latin).

vert endra i germansk (s. 27). Ordet er likevel ikkje kjent frå gammalgermansk. Det dukka opp i tysk mot slutten av det 17. hundreåret og er der eit lån frå fr. *veste* 'jakke', som igjen via italiensk kjem frå lat *vestis*. Frå tysk var vegen kort til dansk og norsk. Gotisk har eit liknande ord av same rota: *wasti* 'kappe, klednad', men der er ulike avlyds-trin (*e*-trin og *o*-trin) og ein viss skilnad i stammeklasse. Dei to er laga i einskildspråka uavhengig av kvarandre. Endå eit anna suffiks har skt. *vas-tra-m* 'klede' (s. 104). Like eins har fleire språk verb som høyrer til denne rota: skt. *vas-tē* 'han/ho kler seg'; lat. *vestīre* 'kle (på)'; got. *wasjan* 'kle(på), kle seg' Også for produksjonen av klesplagg rek-nar ein med røter som rekk attende til indoeuropeisk. Såleis finn vi **webh-* 'veva, fletta' utanom germansk også i indo-iransk, gresk og tokarisk. Ieur. **sew-* 'sy' har ætlingar i indo-iransk, gresk, latin, germansk, slavisk, baltisk og den ligg til grunn for avleiingar som no. *saum* og *syl*.

Indoeuropearane kjende og nytta hjulet. No. *hjul*; eng. *wheel* og fris. *weel* kjem av ieur. **k^wek^welo-*, som er ei reduplisert form av rota **k^wel-* 'snu, dreia'.²⁴⁷ Sanskrit har ei tilsvarende form *cakras* 'hjul', med nulltrin av rotstavinga. Hit høyrer òg tokarisk *kukäl* 'vogn'. Dette sistnemnde ordet var truleg også til stades alt i indoeuropeisk. No. *vogn* høyrer til ieur. **wegh-* 'flytta (seg), køyra' (s. 101). Grunnforma er **wogh-no-* med *o*-trin og suffikset *-no-*. Ei tilnærma lik form men med anna tyding er skt. *vahanam* 'skip'. Utan *-n-* (**wogh-o-*) finst ordet i gresk: *okhos* 'vogn' og i slavisk, t.d. russ. *voz* 'vogn, køyrety'. Som vi såg er også *veg* ein ætling av denne rota.

For 'byggja' hadde indoeuropeisk rota **dem-/dom-*, som i nokre greiner har gjeve ord for 'hus'. Best kjent torde lat. *domus* vera.²⁴⁸ Til det høyrer avleiinga *dominus* 'sjefen i huset, herre'. Slavisk har like eins *dom* eller variantar av det. Nemningane i sanskrit og gresk er også lette å kjenna att: *damas* og *domos*. Norsk har *tømmer* < gno. *timbr*. Verbet (med *e*-trin) finn vi som gr. *demō* 'eg byggjer' og got. *timbrjan* byggja. Til ei anna rot, men same tydingsområde, høyrer *dør* med slektningar i mange språk. Vi nemner lat. *foris* 'dør' med overgangen ieur. *dh* > lat. *f* (s. 42) og gr. *thurā* 'dør, port'.

Ei rot som tidleg fekk visse tekniske tydingar var ieur. **dheygh-/dhoygh-* 'laga, forma'. Vi finn det med nasalinfixs (s. 77) i lat. *fingerē*. Objektet kan vera eit bilete, ein vase, eit kar o.a. Til same rota finst det avleiingar som lat. *fig-ūra* 'skap, figur', *fig-ulus* 'pottemaker', *ef-fig-ies* 'bilete', osv. Gresk har *teikhos* 'mur' og *toikhos* 'vegg'.²⁴⁹ Hit høyrer like eins no. *deig*; got. *daigs* ds. og got. *digan* 'kna, forma av leire'.

Dei viktigaste orda som har med **slektskap** å gjera, kjenner vi allereie. Utbreiinga viser at dei går tilbake til fellesspråket. Familiestrukturen var i grove trekk den same som no, men av orda for inngift slektskap går det fram at den var meir mannsdominert. Ein *svigerfar*, *father-in-law*, *beau-père* kan no vera både far til mannen og far til kona. Den norske nemninga, som er lånt frå tysk, vart frå først av berre nytta om far til mannen. Førsteleddet i samansetninga er ieur. **swekuros* 'far til mannen'. Vi finn det som skt.

²⁴⁷ Utan reduplikasjon finn vi gno. *hvel* 'hjul', enno som *kvel* målføra.

²⁴⁸ Etter kvart fekk *domus* ein medtevlar i *casa* 'hytte', som no er det vanlege ordet i dei fleste romanske språka.

²⁴⁹ Gr. *th* – *kh* > *t* – *kh*. Det same skjer med andre aspirerte konsonantar (dissimilasjon).

svašuras; gr. *hekuros*; lat. *socer*; ghty. *swehur*. Derimot ymsar nemningane når det er tale om far (mor, bror, syster) til kona. For 'svigerdotter' har dei fleste greinene eit felles ord: skt. *snusā*; gr. *nuos*; lat. *nurus*; ghty. *snura*;²⁵⁰ russ. *snocha*; arm. *nu*. På den andre sida er der ulike nemningar for 'svigerson'. Frå germanske språk kan nemnast ty. *Eidam* og no. *måg*.²⁵¹ Alt dette vitnar om at kona i høgare grad vart innlema i (stor)familien til mannen enn omvendt. Mannsdominans går òg fram av lat. *dominus* 'husherre' og gr. *despotēs*.²⁵² Vi kan lett sjå føre oss den romerske *pater familias*.

b) Naturord

Desse kan fortelja noko om kva slags tilhøve indoeuropearane levde under og på den måten vera med og peika ut den opphavlege heimstaden.

Vi byrjar med to **treslag** med namn som er vidt utbreidde og såleis rekk langt attende. Då melder bjørka seg først. Dei germanske variantane kan sameinast i rekonstruksjonen **berkō*. Slavisk har språkhistorisk heilt like former som russ. *berëza* og po. *brzoza*, som saman med orda i dei andre språka kjem av urslav. **berzā* (slav. *z* < ieur. *g*, s. 45). Dei to stjerneformene er vidareutvikling av ieur. **bherg-ā*. På litauisk heiter treet *beržas*, som har same rot, men er ieur. *o*-stamme og hankjønn: **bherg-o-s*. Utanom i desse tre nabo-greinene finst ordet i sanskrit og ossetisk (s. 9).²⁵³

Det andre treslaget er bøken. Eit problem er her at den felles nemninga har innhald som ymsar noko frå språk til språk. Fullt samsvar er det mellom germansk og latin, der *fāgus* viser til same treet som no. *bøk*; ty. *Buche* osv. Gr. *phēgos* (*ē* < *ā*, s. 40) har derimot tydinga 'eik'. I russisk og andre slaviske språk vert *buz* og avleiingar av det nytta om hyll. Ordet skal også vera kjent frå kurdisk, der det tyder 'alm'. Nokre granskarar meiner at ieur. **bhāgos* hadde same tyding som i latin og germansk. Når "utvandrarane" så kom til område der det ikkje voks bøk, så vart ordet nytta om andre treslag. Vi kjem litt attende til emnet s. 122. Vakling av denne typen er elles ikkje uvanleg ved namn på tresortar. T.d. er no. *furu* etymologisk i slekt med lat. *quercus* 'eik'.

To nemningar for **viltlevande dyr** høyrer også heime i denne samanhengen. Vi har vore inne på at no. *bjørn*; ty. *Bär* er typiske for germansk (s. 102, 105). Eit gammalt indoeuropeisk ord for dette dyret finst derimot i m.a. sanskrit, gresk og latin. Formene varierer noko, og fellesnemnaren er ikkje heilt innlysande. Her tek vi med gr. *arktos* 'bjørn', etter-som det ligg til grunn for det velkjende områdenamnet *Arktis*. Eit anna ord frå denne gruppa, *ulv*, kan vera like gammalt. Lettast å kjenna att er vel russ. *volk* 'ulv' og lit. *vilkas* ds.

Til naturorda høyrer like eins slike som nemner **årstider**, **nedbør** o.l. Vi har fleire stader møtt rota ieur. **gheyem-* 'vinter, frost' (m.a. s. 35, 42, 46). Men i germansk er den tidleg

²⁵⁰ Som *Schnur* finst det enno i tysk, men er no gammaldags bortsett frå i nokre dialektar.

²⁵¹ *Måg* er eit døme på at tydingane innanfor dette området kan vera ustabile. Fleire stader er det synonymt med *svoger*.

²⁵² Eigentleg ei samansetning med avlydsvarianten *demos* 'hus' som førsteledd.

²⁵³ Variantar av bjørka veks både i Himalaya og i Kaukasus.

bytt ut mot got. *wintrus* osv., som manglar sikker etymologi. Ei gammal rot er òg ieur. **wes-*, som framleis ligg føre i no. *vår*.²⁵⁴ Identisk er lat. *vēr* 'vår'. Gresk har *ear* ds. Med tap av *w* i framlyd (s. 39). Fleire andre språk har variantar av denne rota, noko som vitnar om høg alder. Dei etymologiske ordbøkene syner vidare at no. *sommar* har slektningar i mange språk, t.d. i keltisk og indo-iransk. Derimot er der ikkje noko ord for 'haust' med vid utbreiing. Fleire av nemningane viser til arbeidet som vert gjort denne årstida. T.d. skal russ. *osen* 'haust' vera av same rot som no. *onn*. Rota **wet-* 'år' lever vidare i fleire språk: gr. *etos*; skt. *vat-sa-* o.a.

Når indoeuropearane hadde eit ord for vinter, er det ikkje å undrast over at også *snø* rekk langt attende. Rekonstruksjonen s. 46 er rimeleg sikker. Ordet finst i dei aller fleste språkgreinene. Like eins tyder avlyden på høg alder. Derimot er der mykje variasjon med omsyn til 'is'. Vi merkar oss likevel at germ. **īsa-* etter ordbøkene har slektningar i indo-iransk, nemleg avestisk (s. 9) *isu-* 'iskald'; ossetisk *ič* 'is' o.a. Dei to språkgreinene ligg geografisk langt frå ein annan, slik at lån er utenkjeleg. Men vi kan ikkje sjå heilt bort frå tilfeldig likskap.

7.2 DET INDOEUROPEISKE UROMRÅDET

Som nemnt s. 17, såg dei første granskarane på sanskrit som det mest alderdommelege av dei språka som etter kvart vart bestemte som indoeuropeiske. Ei nærliggjande slutning var då at grunnspråket hadde vore tala ein stad i Asia. Tanken kunne òg støtta seg på fakta som at fleire folkeslag i historisk tid hadde komme frå Asia til Europa. Det galdt især hunarane, tyrkarane og mongolane. Då det med tida viste seg at språka i Europa på fleire punkt, som t.d. i vokalismen, var meir arkaiske enn sanskrit, byrja ein derimot å leita etter "vogga" til indoeuropearane her, og det var først og fremst naturorda ein bygde på. T.d. var det mogleg å kopla trenamn med utbreiinga av dei gjeldande treslaga. Vi såg at *bjørk* truleg fanst alt i grunnspråket (**bhergā*). Treet er vanleg i Europa med unntak av halvøyane i sør. Det veks like eins innover i det sørlege Sibir, men førekjem sjeldan i India og Iran bortsett frå i fjellområda (jf. fotn. 253). Det såkalla bjørkebeltet har altså vid utstrekning, og **bhergā* gjev ikkje noko presist svar på vårt spørsmål. Viktigare har *bøk* vore. Den boken vi kjenner frå Mellom-Europa og frå spreidde førekomstar i vårt eige land (*fagus silvatica*), veks ikkje lenger aust enn til ei line frå Kaliningrad (tidlegare Königsberg) til Krim. Ut frå det kan uområdet ha vore i Sentral-Europa. Men som vi såg (s. 121), er det ikkje heilt visst at ieur. **bhāgos* hadde tydinga 'bøk'. Vi må òg hugsa at der "vår" bøk sluttar, tek den såkalla orientalske boken over og strekkjer seg inn i Asia. Det er godt tenkjeleg at **bhāgos* viste til denne varianten.

Eit anna ord som har vore aktuelt i debatten, men som vi enno ikkje har nemnt, er *laks*. Med det innhaldet vi kjenner, er det felles for germansk, slavisk og baltisk. Det har også dukka opp i tokarisk; der med den generelle tydinga 'fisk'. Lydleg er den tokariske forma identisk med den germanske. Ettersom ordet finst i (minst) fire målgreiner, stammar det truleg frå fellesspråket. Dersom 'laks' er den opphavlege tydinga, er det eit argument for

²⁵⁴ -r er resten av eit suffiks.

å leita etter urområdet i Skandinavia (men der er det lite bøk) eller ved sørkysten av Nordsjøen/Austersjøen. Med 'fisk' som eldste tyding er ordet av lita interesse i denne samanhengen; for fisk er det i alle hav og i mange elvar og innsjøar.

I åra frå 1950-talet og utetter har også arkeologiske funn vorte kopla med språklege data i freistnaden på å finna svar på spørsmålet vårt. Her skal vi først kort nemna det ein gjerne kallar *kurgan*-hypotesen. På steppene nord for Svarte- og Kaspiahavet har arkeologane undersøkt gravhaugar frå yngre steinalder og tidleg metallalder. Ei tyrkisk nemning på ein slik haug er *kurgan*, som også er lånt inn i russisk. Like eins er det gjort talrike funn i restar etter bustader og det vi kan kalla festningar.²⁵⁵ Særleg gjorde den litauisk-amerikanske arkeologen MARIJA GIMBUTAS (1921–1994) eit omfattande arbeid, der ho kombinerte tradisjonell arkeologi med språk- og religionshistorie.²⁵⁶ Resultatet er at vi no har eit nokolunde klårt bilete av kurgankulturen. Blømingstida ser ut til å ha vore i perioden frå ca. 4 500 til ca. 2 000 f.Kr. Funn av bein etter stor- og småfe, griser og særleg hestar syner at kurganfolket heldt husdyr. Fint utskorne hestehovud fortel at dette dyret hadde høg status. Vognfunn tyder på at hesten m.a. var trekkdyr.

Sigdar av flint og steinar som vart nytta til å knusa korn med, vitnar om åkerbruk. Det same gjer funn av hirsekorn. Men truleg var husdyrhald ein viktigare næringsveg.

Gjenstandar av metall mangla heller ikkje. I den eldste delen av perioden var kopar einerådande. Av den laga "kurganarane" sylv, knivar, øksar og dolkar. Etter kvart vart dei kjende med gull og sølv. Desse metalla nytta dei til m.a. vasar, perler og ringar. Derimot ser det ut til at bronse var ukjent.

På steppene voks det meir skog enn i dag, når det meste av landet er dyrka. Bjørka var utbreidd; om det vitnar talrike pollenfunn. Elles var eik, alm og ask vanlege treslag. Bøk mangla heller ikkje. I skogane levde villdyr som ulv, bjørn, elg, villsvin og bison. Og sjølvsagt merka folk vekslinga mellom årstidene, som dei hadde sine namn på.

Både M. Gimbutas og andre granskarar har meint at berarane av kurgankulturen var indo-europearar, og at dei så tidleg hadde eit (relativt) einskapleg språk, som dei historisk kjende språka har utvikla seg frå. Ca. 4 000 f.Kr. byrja ei utvandring frå urområdet. Kva årsaka/årsakene var, eller korleis utvandringa har gått føre seg, kan vi berre spekulera over. Det har t.d. vore nemnt at turke kan ha fått jordbruket til å dra ut på leiting etter nytt land. Kan henda har dei lagt ut på herferder med hest og stridsvogn. Sjølvsagt har dei

²⁵⁵ I den arkeologiske litteraturen er *hillfort* ei ofte nytta nemning, av di desse forsvarsverka låg på høgder.

²⁵⁶ Viktig frå ein Indo-Europeisk synsstad er artikkelsamlinga *The Kurgan culture and the Indo-Europeanization of Europe*. Journal of Indo-European Studies monograph 18 (utvalde artiklar frå 1952 til 1993).

teke med seg sitt språk, sitt levevis og sine religiøse førestillingar. Nokre stader har dei støytt på det vi med ei no upassande nemning kallar primitive kulturar, der folk har vore jegerar og sankarar. Mange av desse har etter kvart vorte jordbrukarar. Dei har òg teke etter innvandrarane i språk og truleg religion. Andre stader har indoeuropearane møtt gamle og høgtståande kulturar. Slik var det m.a.i egearhavsområdet. Den førhellenske, såkalla minoiske kulturen, er kjend frå arkeologiske funn både på Kreta og på fastlandet. Men også her var resultatet ei indoeuropeisering i den forstand at det var språket til innvandrarane som overlevde, likevel ikkje utan å bli påverka av det gamle substratspråket. Vi har sett døme på at ord frå det kom inn i gresk og derifrå eventuelt spreidde seg vidare (jf. *metall* s. 118). Gresk har i det heile ei mengd substratord, fleire med framandslege suffiks som gjer dei lett atkjennelege, t.d. *basil-eus* 'konge', *thal-assa* 'hav', *leb-inthos* 'ert' og kjenningar frå vårt eige mål som *labur-inthos* 'labyrint', *nark-issos* 'narsiss', *kol-ossos* 'koloss'. Talrike namn med til dels dei same suffiksa syner at dei stammar frå tida før indoeuropearane kom: *Akillevs*, *Korinthos*, *Ilissos* (elvenamn) osv. Mange meiner at den greske kulturen langt på veg er ei samansmelting av hellenske og førhellenske element. Påverknad av substrat kan vi rekna med har gått føre seg over alt, men få stader er det så tydeleg som i Hellas. Vi var s. 29–30 inne på at den germanske lydforstyvinga kunne ha ei slik årsak. Her er vi likevel på usikker grunn, ettersom vi ingenting veit om substratspråket eller -språka i Mellom- og Nord-Europa. Difor famlar vi òg i mørker når det gjeld ord vi eventuelt har fått frå dette språket/desse språka. Det er m.a. påfallande at fleire ord i germansk som har med sjø og skip å gjera, manglar sikker etymologi; *sjø* er eitt av dei.

Det ser ut til at ein stor del av Europa tidleg har skifta språk, dvs. folk har gått over til indoeuropeisk; einast baskisk har overlevd til inn i vår tid. Den tyske språkgranskaren HANS KRAHE (1898–1967) peikar m.a. i boka *Sprache und Vorzeit* (1954, s. 56–71) på at mange elvenamn i Mellom-Europa og til dels i Skandinavia og Sør-Europa er så gamle at dei lett kan forklarast ved hjelp av indoeuropeiske røter og ordlagingsselement. Ofte er det gamle "vassord" som ligg til grunn, altså røter/ord med tydinga 'elv', 'bekk', 'kjelde' o.l. Det kan òg vera fargenemningar eller andre adjektiv som karakteriserer vatnet, eller verbale røter med innhald som 'flyta', 'renna', 'strøyma'. Såleis finn vi rota ieur. **albh-* 'kvit' att i mange elvenamn, t.d. som *Aube* < **Alba* (sideelv til Seine), *Alb* og *Elbe* i Tyskland, *Albina* > *Alm* og *Alfenz* < **Albantia* i Austerrike, *Albenta* i Litauen, *Albula* i Italia.²⁵⁷ Krahe kallar denne namnegruppa *die alteuropäische Hydronymie*,²⁵⁸ og den stammar etter hans meining frå ei tid då dei einskilde målgreinene enno ikkje var utvikla. Det dreier seg om eit mellomtrin mellom urindoeuropeisk og dei fleste europeiske greinene.²⁵⁹

Bortsett frå elvenamna ser det òg ut til å vera ei del samnamn som er felles for språka som høyrer hit. Krahe nemner m.a. eit ord for 'hav', nemleg det vi t.d. finn som ty. *Meer*.

²⁵⁷ Også no. *elv* høyrer til denne rota.

²⁵⁸ *Hydronymi* 'namn på vassdrag'.

²⁵⁹ Den gammaleuropeiske hydronymien ser ikkje ut til å ha omfatta gresk. På slavisk område er det etter Krahe få namn som høyrer hit.

Ordet er fellesgermansk; jf. got. *marei* 'hav'; gno. *marr* 'hav, sjø',²⁶⁰ ghty. *mari, meri* (omlyd, s. 32) ds. Latin har *mare* 'hav'²⁶¹ og girsk *muir* ds. I slavisk finn vi former som russ. *more* 'hav' og po. *morze* ds. Hit høyrer like eins dei litauiske fleirtalsformene (s. 56) *marios* 'hav' og *marės* 'strandsjø'.

Indoeuropeiseringa, som m.a. går fram av hydronymien, var etter Gimbutas (*The Kurgan culture*, s. 248–276), resultatet av ei utvandring frå kurganområdet til Sentral-Europa og den nordlege delen av Balkanhalvøya. Den gjekk føre seg i tidsrommet ca. 4 400–2 800 f.Kr. På Balkan dreiv folk alt då med åkerbruk og hadde ein heller høgtstående kultur, prega av ein matriarkalsk religion. Innvandringa av kurganfolk førde ikkje berre til språkskifte frå førindoeuropeisk til indoeuropeisk; også religion og samfunnsliv endra karakter. Dette viser seg særleg i gravskikkane, dvs. gravhaugane frå steppelandet spreier seg vestover. Haugane – og ikkje minst innhaldet – vitnar om ein ny og meir lagdelt sosial struktur. Den gamle religionen med gudinner for vekst og grøde måtte vika plassen for ein meir patriarkalsk med gudar som var mest opptekne av kriging. Den indoeuropeiske samfunnsordninga kan vi m.a. skimta gjennom eit ord for 'konge', som vi alt kjenner: skt. *rāj-*; lat. *rēx*, og vi kan føya til girsk *rí*. Alderen går fram både av utbreiing og av strukturen som rotnomen. Men ikkje alt gammalt gjekk tapt. Substratpåverknad på språket har vi vore inne på. Også den nye religionen tok opp i seg trekk frå den gamle. Det er enno synleg i tidleg historisk tid. Såleis kjenner vi frå norrøn religion dei to gudeættene æser (Odin, Tor osv.) og vaner (Njord, Frøy og Frøya). Æsene var i hovudsak ein arv frå indoeuropeisk religion, medan dei fredsæle vanene truleg var endå eldre.

Korleis språkskiftet har gått føre seg, kan vi ikkje vita noko sikkert om. Liknande har skjedd også i historisk tid. Vi har tidlegare nemnt utbreiinga av latin i oldtida. Då var visseleg ein sentralisert samfunnsskipnad med militærstell og omfattande byråkrati ein viktig faktor. Noko slikt fanst neppe for 4–5 000 år sidan. Gimbutas meiner at krigarar på hesteryggen må ha mykje av æra – eller skulda – for det som skjedde. Snart skal vi nemna ein annan teori. Kan henda har begge noko for seg.

Frå dette sentralområdet har så dei ulike europeiske språkreinene vakse fram. Området var for stort og for lite samansveisa politisk og kulturelt til at den relative einskapen kunne vara. Og det vart stadig utvida, slik at det etter kvart nådde Atlanterhavet og Sør-Skandinavia. Dette var kan henda hovudgrunnen til spaltinga. Elles veit vi heller ikkje her konkret kva som hende. Ein har freista å knyta ymse arkeologiske kulturar til dei framveksande språkreinene. T.d. kan tidlege germanskspråklege stammer ha vore berarar av den såkalla stridsøkskulturen (ca. 3 000–ca. 2 000 f.Kr.). Det er likevel tenkjeleg at fleire folkegrupper kan ha stått bak dei tidlege kulturane.

Ikkje alle er samde i at steppene nord for Svarte- og Kaspiahavet er det eldste området for indoeuropeisk. Her skal vi også kort omtala teorien til den engelske arkeologen COLIN

²⁶⁰ Dette er førsteledd i samansetningar som *marhalm*, *marbakke*, *marsvin*, *marulk* og truleg *manet* < gno. **marneta* 'havnesle'.

²⁶¹ Avleiingar er *marin(e)*, *maritim*.

RENFREW (1937–). Han hevdar at dette låg i Anatolia (Vesle-Asia).²⁶² Der oppstod det så tidleg som ca. 7 000 f.Kr. ein jordbrukskultur med hovudvekt på åkerbruk, først og fremst korndyrking. Kulturen var etter Renfrew indoeuropeisk, og den spreidde seg tidleg til Hellas. For å visa dette legg han m.a. vekt på likskapar i arkitektur og keramikk. Den vidare utbreiinga av indoeuropeisk gjekk føre seg på ein meir fredeleg måte enn etter kurgan-teorien. Etter overgangen til jordbruk kunne eit visst areal gje grunnlag for ei mangedobling av folkesetnaden. Dette kom dei jorddyrkande indoeuropearane til gode; dei – eller språket deira – spreidde seg nordover på Balkan og med tida over storparten av Europa.

Her meiner vi at dei to teoriane kan sameinast når det gjeld sjølve indoeuropeiseringa. Den var visseleg komplisert og hadde både krigerske og fredelege trekk. Vi tviler likevel på at Anatolia kan ha vore sjølve urområdet og nemner kort tre punkt: a) Det er tydeleg at **ekwos* 'hest' høyrer til den eldste delen av ordtilfanget. Men etter dei arkeologiske funna kom hesten til Anatolia så seint som i det 4. tusenåret f.Kr.²⁶³ b) Vi såg s. 121 at bjørka truleg høyrde til floraen indoeuropearane var vane med og hadde ei nemning for. Det høver for det euroasiatiske steppelandet. Derimot har Anatolia aldri høyrte til bjørkebeltet. c) Dei finsk-ugriske språka har nokre gamle lånord frå indo-iransk. Best kjent er vel fin. *sata* 'hundre'; ung. *száz* ds. Særleg den finske forma liknar på gpers. *satəm* og skt. *śatam*. Kontaktområdet må ha vore steppene mellom Ural og Kaspihavet, og vi kan tenkja oss at kontakten skjedde medan (seinare) indo-iranske stammer var på veg mot sør-aust til sine nye heimland. Med Anatolia som utgangspunkt ville dei neppe ha komme så langt nordover.

Så spørst det til slutt om det kan vera skyldskap mellom indoeuropeisk og andre språkfamiliar bortsett frå lån og substratpåverknad. Det er det visseleg, men han er fjern og utviska og let seg difor vanskeleg påvisa. Her er det rikeleg tumleplass for fantasien. Vi nemner likvel teorien om ein storfamilie som gjerne vert kalla *nostratisk*, og som utanom indoeuropeisk femner om m.a. uralsk,²⁶⁴ semittisk og hamittisk. Uralsk er truleg den språkgruppa som stiller sterkast. Fleire former i t.d. finsk minner om tilsvarande som vi kjenner frå indoeuropeisk. Såleis endar genitiv-akkusativ eintal på *-n*: *ove-n* 'dør', *käde-n* 'hand'. Jf. skt. *vīra-m*; lat. *viru-m*; gr. *logo-n* (s. 62). Også fleire verbendingar liknar mykje på kvarandre: fin. *laula-n* 'eg syng', *laula-mme* 'vi syng', *laula-tte* 'de syng' – gr. *eluo-n* 'eg løyste', *eluo-men* 'vi løyste', *elue-te* 'de løyste'. Her kan det ikkje vera tale om rein slump, og neppe om lån, ettersom bøyingsendingar sjeldan vert lånte frå eitt språk til eit anna. Sams for begge språkfamiliane er like eins nokre gamle arveord med vid utbreiing, som no. *vatn*; fin. *vesi* (stammeform *vede-*) ds. og no. *namn*; fin. *nimi* ds. Den nærliggjande forklaringa er eit felles opphav langt attende i tid (10–15 000 år?). Kan henda er også dette eit argument for kurganteorien. Avstanden frå dei sørrussiske steppene til Uralfjella er trass alt ikkje så lang.

Spørsmålet om alle språka i verda er i slekt med kvarandre, skal ikkje drøftast her.

²⁶² Vi viser særleg til boka hans *Archaeology and Language. The Puzzle of Indo-European Origins*. London 1987.

²⁶³ Gimbutas, op. cit., s. 303.

²⁶⁴ Dvs. finsk-ugrisk og samojedisk. Dei sistnemnde språka vert tala frå Kvitsjøen og austover om lag til elva Jenisej.

LITTERATUR

a) Litteratur det er vist til i boka

- Falk, H. S. og A. Torp, *Norwegisches – Dänisches etymologisches Wörterbuch I*. Oslo & Bergen 1960.
- Gimbutas, M., *The Kurgan Culture and the Indo-Europeanization of Europe*. Journal of Indo-European Studies. Monograph no. 18. Washington DC 1997.
- Heggstad, L., *Gamalnorsk ordbok*, 2. utgåve. Oslo 1963.
- Indo-European and Indo-Europeans*. Papers Presented at the Third Indo-European Conference at the University of Pennsylvania. Edited by George Cardona, Henry M. Hoenigswald and Alfred Senn. Philadelphia 1970.
- Krahe, H., *Sprache und Vorzeit*. Heidelberg 1954.
- Krahe, H/W. Meid, *Germanische Sprachwissenschaft III, Wortbildungslehre*. Berlin 1967.
- Meillet, A. *Introduction à l'étude comparative des langues indo-européennes*. University of Alabama Press 1964.
- Nes, O., *Om nokre affiks i nynorsk – mest om –heit*, 2. reviderte opplaget. Bergen 1984.
- Nes, O., 'Nokre stadnamn Fister, Luster og Oster'. *Studia Onomastica. Festskrift till Thorsten Andersson*. Stockholm 1989, s. 251 – 259. Prenta oppatt i *Namn och Bygd* 79, 1991, s. 33 – 41 og i *Nes om namn. Heidersskrift til Oddvar Nes på 70-årsdagen 27. desember 2008*, s. 111 – 120.
- Renfrew, C., *Archaeology and Language. The Puzzle of Indo-European Origins*. London 1987.
- Vasmer, M., *Russisches etymologisches Wörterbuch I*. Heidelberg 1953
- Verner, K. 'Eine Ausnahme der ersten Lautverschiebung'. *Zeitschrift für vergleichende Sprachforschung* XXIII, 1877, s. 97 – 130.

b) Annan litteratur om indoeuropeisk

- Bammesberger, A., *Studien zur Laryngaltheorie*. Göttingen 1984.
- Beekes, R. S. P., *Comparative Indo-European Linguistics. An Introduction*. Amsterdam 1995.
- Lockwood, W. B., *A Panorama of Indo-European Languages*. London 1972.
- Mallory, J. P. and D. Q. Adams, *The Oxford Introduction to Proto-Indo-European and the Proto-Indo-European World*. Oxford 2007.
- Meier-Brügger, M. 2000. *Indogermanische Sprachwissenschaft*. Berlin 2000. Boka har ei rikholdig litteraturliste.
- Szemerényi, O., *Einführung in die vergleichende Sprachwissenschaft*, 4. Auflage. Darmstadt 1990.

SPRÅKNEMNINGAR OG TEIKN

alb.:	albansk	gs.	gammalsaksisk
arm.:	armensk	het.:	hettittisk
bulg.:	bulgarsk	ieur.:	indoeuropeisk
da.:	dansk	isl.:	islandsk
eng.:	engelsk	ksl.:	kyrkjeslavisk
fin.:	finsk	lat.:	latin
fr.:	fransk	latv.:	latvisk
fris.:	frisisk	lit.:	litauisk
geng.:	gammalengelsk	ndl.:	nederlandsk
germ.:	germansk.	no.:	norsk
ghty.	gammalhøgtysk	po.:	polsk
girsk.:	gammalirsk	russ.:	russisk
gno.:	gammalnorsk	serb.:	serbisk
got.:	gotisk	skt.	sanskrit
gpers.:	gammalpersisk	sv.:	svensk
gpr.:	gammalprøyssisk	tsj.:	tsjekkisk
gr.:	gresk	ty.:	tysk
gruss.:	gammalrussisk	ung.:	ungarsk

* viser at ei form er rekonstruert. Teiknet står òg framfor setningar eller konstruksjonar som ikkje er grammatisk korrekte, t.d. **eit sove barn*, s. 83.

< 'kjem av'

> 'vert til'

Ved fonetisk transkripsjon nyttar ein hakeparentes: [].

Prikk under nasal eller likvid viser at denne er stavingsdannande: : *ṃ, ṇ, ʃ, ʀ*